Men sidan hev *-e* reint vunne yvertak og trengt *-a* ut or alle desse formene, so Sætedals-målet no er eit *e*-mål, liksom måli i Robyggelag og på Aust-Agder i det heile. Berre ein stad finn ein enno leivor av det gamle. Og det er der ein minst skulde venta det, i Hornnes. Der skil mange den dag i dag millom *-a* og *-e* på gamall vis: *de kann vera*, men *de kann vere so lengje; du lyt hjelpa, men du lyt hjelpe mæg*. Og ikkje er dette noko som horndølene hev fenge vistantil. I granne-bygdene mot vest, Åserall og Bjelland, endar all infinitiv på *-a*, og det er ikkje teikn til at det nokor tid hev vore annleis der.

<sup>1</sup> Sjå *Marius Hægstad Vestnorske maalføre fyre 1350*, II, 2. Fyrste bolken (1916) s. 109.

I Valle kann ein òg stundom høyra *a*-ending både i infinitiv og i linne hokynsord, helst av gamalt folk. Men det er vel uvisst um *det* er evor etter same slag tviskifte som dette i Hornnes-målet. Venteleg heng det heller saman med jamvekts-formene i Bykle.

Det ser elles ikkje ut til at desse formene skal ha nåt, stort lengre ned i dalen fyrr enn no. Men der er ei onnor ljod-jamning, noko i ætt med sjølve jamvekta, som er ålgjengd heile Sætisdal yver.

Gamalnorske tvostavingsord på *-all* og *-arr*, som *gamall* og *hamarr*, hev fyrst fenge lengt siste vokalen til *å*: *gamål* og *hamår*, som det heiter t. d. i Bjelland. So hev denne *å*-en drege fyrste vokalen etter seg att, so det vart *gāmål'e* og *hāmår'i*. Andre slike ord er *kamarr* > *kāmår'i*, (ambar) > *åmbår'i*, og tre-namni *apaldr* > *\*apall* > *åpål'i*, *\*asall* > *åsål'i*, *\*brakall* > *bråkål'i* (bråkån, Hornnes). Var det andre vokalar enn *a* i fyrste staving, so var det verre å vinna med deim. Sume vart dregne eit stykke på veg, men andre heldt seg ubrigda: *koparr* > *kåpår'i*, *sumarr* > *sømår'i* (n. i Valle), *Gunnarr* > *Gønnår*, *utarr* > *òtår* (Hornnes), *innarr* > *innår*, 'når, *sjúkall* > *sjukål'e*, *vesall* > *vesål'e*, *Hreidarr* > *Reiår*.

Noko av det eldste i heile ljodverket i Sætisdals-målet er *det*, at dei kann hava lang vokal framfyre lang konsonant, plent som i gamalnorsk: *sótt* > *sōtt*, *nótt* > *nōtt*, *Nóttólfr* > *Nōtto* (Hornnes, Evje), *Hrólf* > *Rōlv*, *Nikolás* (på 1400-talet skrive *Niels* og *Niils*) > *Nīls*, *léttr* > *lēt't'e*, *sótt* > *sōtt*, *sáði* > *sāddi*.

Og var ikkje vokalen lang frå gamalt av, so hev han ofte vorte det: *svalt* > *svālt*, *taldi* (fyrstid av *telja*) > *tāldi*, *þoldi* > *töldi*; *belgr* > *bælg*, *helgr* > *hælg*, *Helga* > *Hælg*, *Hælj*. I Árdal og Hornnes kann ein òg høyra *hōlk*, *hālv'e*, *kālv*, *hālm*, *mjālk* (mjølk). Dette må ein gong ha vore sagt i heile dalen. Men no hev *l*-en kome burt i Valle og Byggland.

Det som elles sermerkjer den sætisdalske vokal-uttalen mest, det er den *ov*-mengdi av tviljodar. Alle gamle lange vokalar hev tviljoda seg, og som oftast dei nye lange òg. *Timi* vart til *teimi*, *mýr* til *muyr*, *hús* til *heus*, *bók* til *bo<sup>u</sup>k*, *tré* til *tre<sup>i</sup>*, *søtr* til *sø<sup>v</sup>t'e*. Desse nye tviljodane hev so drive dei gamle ut or sitt lægje. Då kvendenamnet *Hlíf* vart til *Leiv*, då laut *Leifr* vika til *Laiv*. *Lýsa* vart til *luyse* og dreiv *løysa* (*leysa*) til *láyse*. *Lús* vart *leus* og *lauss* berga seg med å gjeva tviljoden tydeleg *a*-inngang, *laus'e*, og ikkje *leus'e* som det er lengst ute i dalen, og i det meste av landet.

Elles er det berre i Valle prestegjeld ljod-kløyvingi er fullt gjennomført. Men *der* finst det no mest ikkje lange reine vokalar. So minskar det av med desse tviljodane etter

kvart ut igjenom Byggland. I Árdal er det lite att, og i Hornnes og Evje mest inkje. Der er uttalen normal å segja.<sup>1</sup>

Nokre underlege tviljodar hev Sætisdals-målet òg fenge av vokal + *ð*, serleg framfyre klangfør konsonant: *aðrir* > *airi*, *daðra* (skjelva) > *daire*, *haðna* (ung geit) > *høyne*, *støðva* > *støyve*, *Guðrún* > *Guyro*, *Guðleikr* > *Guyleik*, *støðull* > *støyl'e*, *vaðill* > *vøyl'e* (Vøylann i Hornnes). Desse tviljodane gjeng heile dalen yver; men ein finn noko meir av deim i Valle og Byggland enn i Hornnes og Evje.

Det er fåe stader i landet dei skil so skarpt millom tronge og opne vokalar som i Sætisdal. Serleg kjem dette klårt fram i Árdal, Hornnes og Evje, for der er uttalen reinast vokalisk. Det er stor skilnad på vokalanene i *live seg* og *live væl*, ein *bil* og eit *bil*, ein *syl* og ein *hýl*, å *myse* (taka mus) og ei *mýse*; ei *rot* og eit *rôt*, ei *not* og ei *nôt*; ei *lut* og ein *lüt*, ei *dun* og ein *dün*.

Grensone er òg greie millom *i* og *e*, *ÿ* og *ø*, *ò* og *å*: *spile* på *fele*; der var *mýkje sløkje*; brenna *kòl*, men eta *kål*. Det vert soleis tri ulike vokalar *i*: eit *kot* (liten fisk), eit trongt *kôt*, ein *kåt'e* hest; ein *los*, koma på *lòs*, slå i *lås*; eit *sly* (slim), vera *slýsen* („slumpe-heldig“), *sløg'e*; bite ein *bite*, etc.

Ogso nokre av dei stutte vokalanene er greitt skiljande: eit *kvitt* hus, men *nå æ me kvitt'e dei*; ein *varm'e vøtt*, men eit *vått* berg. Alle horndøler og evdøler skil millom vokalanene i gardsnamni *Hønne* (Horne) og *Vanne* (av gln. *vorn*). Ingen der i bygdene segjer *Hanne*, som uttalen er oppgjeven i „Norske Gaardnavne“ VIII, s. 175 og 188. (Dette verket hev i det heile hoste mange urette namneformer frå Evje prestegjeld).

*Konsonant-verket* i Sætisdals-målet hev òg fenge sine ser-bragder i mange ting.

Eit av dei eldste merki er den *v*-en dei hev i slike ord som *an vrang'e vreist'e*, *a vrist*, *vrie* o *vrengje*. Denne *v*-en er eldgamal i norsk mål, det kann ein sjå av dei eldste norrøne kvedi. Men på Vestlandet og på Island hadde han kome burt alt so tidleg som ikring 1200. Som me veit hev danskane *v* i slike ord. Men *v*-en i Sætisdal hev ingen ting med dansken å gjera. Han må ha halde seg i målet frå gamalt av.

Sætisdølene hev òg halde uppe den gamle uttalen av *nd*, *mb* og *ng*, soleis at siste konstanten kjem greitt fram: *land*, *lamb*, *lang'e*. Men ytst i dalen er det no *lann*, *lamm*, *lang'e*. Og *ld* hev longo vorte til *ll* i heile Sætisdal: *kveld* > *kvell* (i Valle er *kvell* inkjekyn som i gamalnorsk, i Byggland og sunnanfor er det hankyn).

<sup>1</sup> I denne utgreiingi, som ikkje nyttar ljodskrift, kann ein ikkje gjeva uttalen so nogg-vart. Dei nye tviljodane er som oftast ikkje avmerkte, og dei gamle er skrivne på vanleg vis.

Alt i gamalnorsk tid hev dei sume stader sagt *ft* og sume stader *pt* i slike ord som *skapt* og *skepta*. Sætedals-målet hev *pt*: eit *skapt*, ei *tüpt*; *hallt kjepten! sjepte ei øks; han æ i lop'tæ o sjipte klæi*.

Like eins ymsa det i gamalnorsk med *fs* og *ps*. Sætedals-målet hev for det meste *ps*: ein *vapps'e* (kvefs); ei *lepse*, *løpse*; *glepse i seg*; ei *ups*. Men valldølene hev *fs* i sume av desse og dilike ord, t. d. *ufs*.

I Sætedal gjeng det like eins med *ll* som i Vest-Telemarki, at han herder seg til *dd*: *kall* > *kjadd*, *kerling* > *kjelling* (Hornnes, Evje) > *kjedding* (Valle, Byggland), *allir* > *adde*, *illr* > *idd'e*, *einsamall* > *eisemadd'e*, „so datt de ne a todd, so va soga odd“ (oll, ende).

Det er ikkje radt alle ord som fær *dd* for *ll*. Soleis segjer dei alltid *Valle*, men *Vaddebo* um grendi; *gull*, men *jydde*, v.; *stell* og *stelle* (som vel er noko nye ord i Sætedal). Og når det kjem ein annan konsonant etter, vert *ll* standande ubrigda. Soleis er det *fudd'e*, men *fulltakande*; *udd*, men *ullgån*; *stadden*, men *staldynni*; *fjødd* (fjell), men *Fjallskar-evja* (Hylestad).

So langt ute som i Hornnes og Evje er desse formene mykje avlagde no. Men ogso der høyrer ein stundom *kjedding* og *sveinkadd* jamsides det meir vanlege *kjelling* og *sveinkall*. Og i mange ord er det alltid *dd*, som *svadde*, m. (gln. *svallari*), *fjadde*, v. (gln. *fjalla*), *feddeleg* (felleleg, drusteleg), *fuddeleg*, *knydding*, m. (knylling, liten varde). At *dd* hev vore meir i bruk her ute fyrr i tidi, det kann ein sjå av slike stadnamn som *Skrydden* (skryllen), *Skaddann* (skalane), *Pådann* (pallane).

Som alt nemnt vert *l* ofte gløyppt av den konsonanten som etter kjem, i ljodlagi *lf* (*lv*), *lm*, *lp*, *lk*, *ls*, når vokalen framfyre vert lengd: *sjalfr* > *sjāv'e*, *halfr* > *hāāv'e*, *kalfr* > *kāāv'e*; *halmr* > *hāām'e*, *holmi* > *hōmi*; *stolpi* > *stōppi*, *skalpr* > *skāāpp'e*; *fjalgr* > *fjāāg'e*, *sylgja* > *sýgje*, *Helga* > *hēge*; *folk* > *fōkk*, *mjolk* > *mjāākk*, *kjalki* > *kjāākkji*; *hølsti*, adv. > *hōste*, *halsklútr* > *hāasklut'e*, *Torgils* > *Torjūs*, *Veikólfsdalr* > *Vēkūsdal*.

Desse formene er frå Valle og Byggland. I Hornnes og Evje er det berre fåe av deim som er i fullt bruk no, som *sjävilsleg*, ei *sjävils sut* (ei sut ein hev gjort seg sjølv), *fjāāg'e*, *fýggje* (fylgja), *hōste*, *Torjūs*, *Vēkūsdal*. Men det er likt til at det hev vore noko meir av dette fyrr. I Hornnes segjer dei no ein *kjelkje*, men i stadnamn er det *Kjåkkedal*, skrive *Kielckedall* 1611.

Like eins kann *n* koma burt millom lang vokal og *s*: *steinstofa* > *steistoge*, *\*hreinsdýr* > *reisdyr*, *\*nónsbil* > *nōsbil*, *lénsmadr* > *lēsman'n'e*.

Eit anna konsonant-tap, som er lite kjent andre stader enn i Sætedal og Vest-Telemarki, er *det*, at *kn* i framljod

missar *k*-en i sume ord: *knifr* > *niv'e*, *kné* > *nē* (Byggland), *nēt* (Valle), *knappr* > *napp'e*, *kneppa* > *neppe*.

I Valle og Byggland hev dei halde *r*-en framme på tunga og ikkje slept honom inn på drypelen. Er det nokon som hev den skarrande, uvulære *r*, so reknar dei det for eit talemein. I Hornnes og Evje er det baa slag, og den uvulære breier seg.

\*

I *form-bygnad* er Sætedals-målet eit av dei rikaste i landet. Namnordi hev enno sine dativar i fullt bruk både i eintal og fleirtal. Og det gamle nominativs-merket *-r* (utt. *-er*) hev òg halde seg, um det enn hev slitest noko, so det ikkje er anna att enn den slakke *e*-en.

Det er i Valle dei hev det rikaste form-verket. Der vert namnordi bøygd soleis: (Tonelaget er berre avmerkt når det ikkje segjer seg sjølv: einstavings-tonelag med ', fleirstavings med ').

	Eintal			Fleirtal		
	ub.	b.	b. dativ	ub.	b.	b. dativ
m. <i>stav'e</i>	<i>staven</i>	<i>st'avæ</i>	<i>st'va</i>	<i>stavann</i>	<i>st'vo</i>	
<i>veg'e</i>	<i>vegjen</i>	<i>ve'gjæ</i>	<i>ve'gji</i>	<i>ve'gjinn</i>	<i>ve'go</i>	
<i>fo'te</i>	<i>foten</i>	<i>fo'tæ</i>	<i>føta</i>	<i>fötann</i>	<i>fo'to</i>	
<i>hani</i>	<i>hanen</i>	<i>hā'na</i>	<i>hana</i>	<i>hanann</i>	<i>hano</i>	
f. <i>skål</i>	<i>skåli</i>	<i>skå'linn(e)</i>	<i>skå'li</i>	<i>skå'linn</i>	<i>skå'lo</i>	
<i>kleiv</i>	<i>kleivi</i>	<i>klei'vinn(e)</i>	<i>klei'va</i>	<i>klei'vann</i>	<i>klei'vo</i>	
<i>bok</i>	<i>bokji</i>	<i>bo'kjinn(e)</i>	<i>bøka</i>	<i>bøkann</i>	<i>bo'ko</i>	
<i>vise</i>	<i>visa</i>	<i>visunn(e)</i>	<i>visu</i>	<i>visunn</i>	<i>viso</i>	
n. <i>hus</i>	<i>huse</i>	<i>hu'sæ</i>	<i>hus</i>	<i>husi</i>	<i>hu'so</i>	
<i>epli</i>	<i>epli</i>	<i>eplæ</i>	<i>epli</i>	<i>epli</i>	<i>epto</i>	
<i>auga</i>	<i>auga</i>	<i>auga</i>	<i>augu</i>	<i>augo</i> <i>augunn</i>	<i>augo</i>	

I Austad og Sannes endar dativ fleirtal på *-å*: *i skogå*, *um kvellå*. I Byggland og Årdal er det godt som inkje att av dativen anna enn i gardsnamn: *Haugå*, *Tveitå*. Men jamvel i Hornnes og Evje kann ein høyra dativ i visse ordlag, og det merkelegt nok i dei fullaste former: *ho æ i ventom*; *han va kje i lōgom*; *vere i vegom*.

I Austad og ovanfor bøyger dei både gardsnamn og folkenamn som andre namnord: *Berg æ an go'e gar'e*, men *han kaupte a bruk i Ber'ji*. *Rōta*, men *Dreng Rōtunn*. (Etter eit folkenamn stend gardsnamnet i dativ, endå um det ingen preposisjon er). *Hæge*, men „*då han vigde mæ aire Hægunn*“. (Han hadde vore gift med ei Helga fyrr).

Gamle nominativs-former hev: *ljār'e*, *sār'e*, *snjor'e*, *skor'e*.

Mange ord som sjeldan vert ljodbrigda i andre bygdemål, fær her lint ljodbrigde i fleirtal, som *vodd'e*, *veddi* — *vott'e*, *vetti* — *tått'e*, *tætti* — *stol'e*, *stoli* — *lūt'e*, *lyti* — *spon* (skei), *spøni* — *ljār'e*, *ljæ* — *sār'e*, *sæ*.

Hardt ljodbrigde fær inkjekynsord med *a* i stomnen,

liksom i gamalnorsk: *vatn, vótn* — *plass, plöss* — *glas, glós* — *bla, blö* — *kast, kóst* — *land, länd* — *lamb, lāmb*.

Sterke hokynsord som endar på vokal, tek i dei bøygde formene med seg ein *n* frå gamalnorsken: *á*, bundi form *ái* og *áni*, fleirtal *æ* og *æna*. I Årdal, Hornnes og Evje hev denne *n*-en jamvel grott fast til dei ubøygde former: *ei án, lon, ton, brun*.

Inkjekynsord som endar på stomm-vokalen, fær innskote *tt* i bundi form: *høy, b. høytti*. Denne *tt*-en vert òg yverførd til ubundi form, serleg i Valle-målet: *høytt, mgytt, nött* (kne), *trött*.

Adjektiv på *a* fær òg u-ljodbrigde i hokyn: m. *varm'e*, f. *vørm* — *lang'e, lång* — *eisemadd'e, eisemo*; *han æ falsk'e, hu æ følsk*.

Av kasus-formene hev nominativ hankyn halde seg best. Nokre ord som endar med rot-vokalen, hev enno *-r*: *an nyr'e kjoli, an grår'e (blår'e) hest'e*. Dilike former finst no berre i Sættesdal, i Vest-Telemarki og på Romerike. Men det vanlege er at *r*-en er utsliten, so berre den slakke *e*-en stend att, liksom i namnordi: gln. (*einn*) *kvitr hestr* > *an kvit'e hest'e*; *go'e, stor'e, vene', sein'e, laus'e*. Denne adjektiv-endingi er ålgjengd heile dalen yver, og ho hev ògso hengt seg fast ved akkusativ hankyn, og ofte ved hokyns-formene med.

Andre kasus-endingar finst det no berre leivningar av i faste ordlag: *på viann vegg; ti fulls; i gos manns henda; have ti goa; mæ lettom, av nyom* (Hornnes).

Pronomeni: 1. *eg*, akk. *meg*, dat. *me, mi*; fleirtal *me, mi*, akk. og dat. *okko*, gen. *okkå, okkås*. — 2. *du*, akk. *deg*, dat. *de, di*; fl. *de, di*, akk. *dikko (dykko, Byggland)*, gen. *dikkå, dikkås (dykkå, dykkås, Byggland)*. — 3. *han*, akk. *han*, dat. *ho*, gen. *hass*; *hu* (*ho* i dei ytre bygdene), akk. *hæ*, dat. *henni*, gen. *henni, hennis*; fl. *dei*, akk. og dat. *dei*, gen. *deiris*.

Bygdemålet skil soleis enno millom dativ og akkusativ i personlege pronomen. Dei fulle gamalnorske formene *mér, dér (pér), sér* må ha vore kjende heilt til seinstundes på 1600-talet, etter det me kann sjå av ordsamlingi hans David Klim („Ældre norske sprogminster, II, s. VI“).

Når pronomeni er tone-lette, vert dei avstytte, *han* til *an* og *'n*, *ho* til *o*, *hu* til *u*, *hæ* til *æ*, *henni* til *enni* og *'ni*, *dei (dai)* til *da*. Like eins vert artiklane avstytte, *ein (ain)* til *an* og *'n*, *ei* og *eit* til *a*: *her heve komi a bræv ti o Bjug*.

I dei ytre bygdene er formene ikkje so mange. I Hornnes: *æg*, dat. og akk. *mæg*; *du* — *dæg*; *han* — *han*; *ho* — *henne*; *me* — *okk(e)*, gen. *okkå*; *de* — *dykk(e)* — *dykkå*.

Av det refleksive *seg* hev det vakse ut ei serskild fleirtals-form *sikko*, i analogi med *dikko*: *dei sloge sikko*. Genitiv *sikkå, sikkås*: *dei studra hesto sikkå*. I Byggland; *sykko* og *sykkå*.

Av peikande pronomen kann ein merka: *denni* (her) og *denna* (der), *detti* — *detta, dessi* — *dessa*; *sossi* — *sossa*. I Hornnes og Evje: *dennæ* — *dennen, dettæ* — *detten, deiaæ* — *deien*; *syssæ* — *syssen*. (Ogso: *desse* — *dessa*; *sossæ* — *sossa*).

Spyrjande pronomen: *kvænn (kvæ) æ de? kø vi du? kø* segjer dei etter heile dalen, men i Bykle ògso *kött*. Når det er meir enn tvo å velja i, so spør dei: *kosste vi du have?* Men: *kvær vi du have, kaffi hell mjåakk?* (Valle).

Nokre ubundne pronomen: *anni*, f. *onno*, n. *anna*, fl. *aire*; *ingjen*, f. *ingjo, ingjæ*, n. *inkji*, fl. *ingle, ingjo, ingjæ*; *nokon, noken*, f. *noko, nokæ*, n. *noko*, fl. *nokle* (Valle), *noko* (Byggland), *nokæ* (Hornnes, Evje). Ein av tvo heiter *kværjin(d)*, men vert berre bruka etter neitting: „*mi mog' alli gløymast, mi kværjind*“ (Sandnes), me tvo kann aldri gløyma einannan.

*Talordi* hev ingen stad i landet so mange gamle former som i Sættesdal. Heile den gamalnorske kyns-bøyggingi stend urupla enno. m. *ein*, f. *ei*, n. *eitt* — *tvei, tvæ, tvau* — *tri, trjá, trju* — *fjore, fjora, fjogu* (Valle). „*Ko mange bonn have di?*“ „*Mi hav' alli ko fimm, tvæ jentu o tri drengji.*“ *Hesten neggja trju ljo*.

I gjerningsord er det ikkje liten skilnad på målet uppe og ute i dalen. Frå Byggland og ut-etter er det soleis avlagt med fleirtalsformer. I Austad er dei *noko* i bruk, og i Valle prestegjeld stend dei i full makt både i notid og fyrrtid. Notid: *eg kastar, mi kaste*; *eg veit, mi vite*; *eg finn'e, mi finne*. Fyrrtid: *eg fann, mi funne*; *sto, stoge*; *gjekk, gjinge*; *fraus, fruse*; *ba* — *bøe*. „*Mi sate låse i Verdens Gang, her va so ljost mæ Bostikka brann.*“ (Hylestad. Or eit politisk stev frå riksretts-tidi.)

Refleksiv endar på *-st*: *dei slogest* (Valle), *dei slost* (Hornnes); *me lyt'e talast mæ*.

Gamle konjunktiv-former er livs livande enno, serleg hjå dei gamle: *De sille vore gama. Barre de tyr't inkji káme regn.* „*De vore væl um hu finje døytt*“ (um ei gjente som ha talmast sjuk lenge). „*Gjynje de so gali mæ dikko, so vyrte de kallegt.*“

\*

Sættesdølene veit væl um at målet deira hev runne av gode røter. Det skal vera utstokke beinveges or „det gamle bjørkemålet“, segjer dei. Og dei hev alltid havt slik ein age for det som gamalt var. Det laut dei halda i hevd.

Men dei kunde ikkje liva berre på det gamle målet heller. Det trongst friske til-sig etter kvart — nye ord og nye brigde. „*Han kunna kje tale, fekk han kje laga or fysst han trong dei,*“ meiner sætsetsdølen. Og trygg som han er i si mål-kjensle kann han laga nye ord i mengdevis og finna på nye ordfellingar som stend i beste samsvar med det gamle.



Det er vel ingen stad i landet målet hev vore frævare enn i Sætesdal, og ingen stad dei hev dyrka norsk tale upp til større kunst.

„I Gjestebod og Drykkjelag var Kveding og gamalt det gamnaste dei visste. Dei kom ihop um Kveldarne til å høyra gamalt, og der var Stogefyll. Sogemennerne rekna upp gamalt i Kapp; dei heldt det Næter og Dagar, til *ein* var kvitt.“ (Skar.) Og det var ikkje berre *det* dei kappast um, kven som kunde *mest*, men òg um kven som kunde fortelja *best*. „Det skilde kven som var greidare i Ordlaget: *Å sei a grei Meinung me fā Or* — det var Hegdi,“ hermer Skar etter sogemannen *Haddvor Åkri*.

Ja soleis dyrka sætesdølene målet sitt, den eine mannsalderen etter den andre. Dei herde det i sogor og kjemperøddor, og linna det i visor og stev, til det vart so sterkt og mjukt, so djervt og yndefullt som det no er.

Det mjuke og yndefulle er vel det som fell fyrst i øyro på framandfolk. Og *det* er visst: både ordi og tonelaget og heile framburden liksom voggar seg i varme, djupe, dulde kjenslor. Det er som målet vøre sers innstillt for dikt og draum.

Og mykje hev det vore dikta og drøymt i Sætesdals-målet. Ikkje berre av ein og annan „diktaren“, men av *folket*, av aalmenningen. *Stevi* er ikkje få manns verk, som folkevisone. Nei, dei hev sprutte upp or folke-grunnen som blom or eng. Og enno blømer stev-diktingi like friskt som fyrr, um enn blomane frå våre dagar gjerne vil bleikna noko i liten.

\*

Det var lenge fyrr Sætesdals-målet syntte seg i bokheimen. Skrivaren *David Klim* samla ord og talemåtar og stev alt på 1600-talet; men uppskriftene hans hev lege uprenta og ukjende til våre dagar. I 1847 kom *Jørgen Moe* til Sætesdal på samlar-ferd, og han skreiv upp folkedikting på bygdemål. Sidan hev det vore samla og skrive upp meir eller mindre av *Ivar Aasen*, *Hans Ross*, *Aug. Schneider*, *P. M. Søegaard*, *P. Blom*, *Alexander Seippel*, *Knut Jonson Heddi*, *Moltke Moe*, *Richard Steffen* (svenske), *Knut Austad*, *Catharinus Elling*, *Torleiv Hannaas*, *Rikard Berge*, *Karl Aubert*, *Knut Liestøl* og andre. Men det er ikkje alt som hev kome på prent.

Av alle dei diktarane dalen hev fostra, er det fåe som hev sendt noko ut i verdi. Hylbyggen *Gunnar Rysstad* er den einaste som hev fenge noko større namn. Han hev skrive naudende vene dikt på heime-målet sitt. Frenden hans *Jon Bjørgulvsson Rysstad* hev òg gjeve ut ei liti diktsamling med gode ting på bygdemål.

Men den beste avspegling av Sætesdals-målet, den finn ein no hjå *Johannes Skar*. I åtte bøker med „Gamalt or

Sætesdal“ hev han gjeve ei makelaus framsyning av sætesdalsk bonde-kultur. Og det er ikkje minst målføringi hans som gjer dette arbeidet til slikt eit storverk. Ofte skriv han reint bygdemål. Men um han enn før det meste legg rettskrivingi inn under landsmålet, so er han so kav sætesdalsk i ord og vendingar at det vert fullgodt Sætesdals-mål likevel.

Sætesdals-mål skyggjer det òg igjenom alt det *Alexander Seippel* hev skrive.

## MÅLPRØVOR

### SALMUND BREIVI

Bykle-mål. Etter Johannes Skar

Salmund Breivi va so gjetors go 'n skogsmann'e. Eigång 'an va av ette reinè gådd' 'an so fæl 'n bukk'e — de va nor i Svørtepødd; raggji va so langt, 'an drog de ette markjinn. Salmund la fram å skaut bukkjen. Men då 'an kām innat o, då fælt 'an; slik avluts gjerningji ha 'an alli set. I øyro ha 'an so overs ven 'n ring'e; han tottest vera lit som sylv; men ko slag som va i o — de kunna alli menniskjin åhende.

Salmund flette bukkjen å luta 'an sunde. Kjōti mura 'an ne i a ur. Hui tok 'an me si hit i Storhedderen, av di der heldt 'an seg um netann — dei hele sikko i Storhedderè, skogsmennan år å ævorlege. — — —

Salmund notta seg som vani. Hui sveipt' 'an å la punde hovui å bar i sova. Då kadda de so greidt o' Kåpår'e-nutè: „Ringeball, Ringeball stuten!“ sa de. So svōra de o' Storheddere-fjødd:

„Ringeball e kvæst'e på Storheddere-halsè idag,“ sa de.

„So ska eg snart finne skjyttaren!“ grōyste de i att imote.

„Nei, du må inkji; sløkjepipa 'ass fis åt deg!“ sa de — av di der bregda aussmann-mål atti måli.

Då høyre Salmund me der kom eitt stigandi so trykkjelig å tungt å la inn smogji.

„Ser du tranten min,“ sa de.

„Nei,“ sa 'an Salmund; „men tukke di bet'e fram, so ser eg deg,“ sa 'an. So spure de att'e:

„Ser du meg no,“ sa de — augo våre som mundlaugji.

„Ja no ser eg deg,“ sa Salmund å kasta byrsunn attive hæri å skaut. Skrymsli illvåla å humra ti ne liann ut i Rauvatn, so vassgōvi sto; der va 'n susl i vatnè som va kji me måti.

Då lo de seg so godt i Storheddere-fjødd:

„Va de kje de eg sa'i, at sløkjepipa 'ass feis åt deg!“ sa de.

Kjōti fekk Salmund inkji godt av. Då 'an sill klyvje de heim, då va de burti. Ringjen sett 'an tonn i å ha 'an ti halsring'e.

*Mundlaug*: stort vaskefat av metal.

## HU TORE PÅ NUT'Æ

Valle-mål. Etter Ivar Aasen

Der æ ein støy'l'e som dei kadde Nuten, o som ligg'e langt aust å heio; de va ein gar'e i gamle daga, o då budde der ein mann'e som het Knut'e å kåna het Tore. So va de eigong um vet'en neste fyri jol, då hae de lagt ne so mykjen snjor'e, at dei måtte kje kåme so langt at dei funne fokk, for de va so langt o gange, at de va fimm fforånge frå neraste gar'æ i bygginne. So hae dei gløymt dagetali, so dei våre kje rett visse på nær joli sille kåme, å de totte dei va leitt, som de au va; men de va inkji onno rå hell å gange so langt, at dei funne fokk å finge høyre ko lengje de va ti hægjinne. So va de ein goveirsdag'e um morgonen, då ville kjeringsi gange ut i bygdi å mannen silli vere heimi, å so gjekk hu då å brøytt'e i snjor'æ a lite bil, men snjoren va so stor'e, å skavlann våre so håge, at de vart' inkji langt stykkji, fyrr hu va so trøytt i njoo, at hu va reint trota å laut leggje seg ne i snjofånni å kvile. Då høyri hu eitt som tala inn i a ufs i fjødd'æ, å de ropa ti 'enni å sa dei ori: „Dika, dika Tore, baka brau ti jole; notti ei å daganne tvei, so lengji æ de ti jole.“ So reis hu å vende heim-te å nøytt'e seg au: hu tenkte, de va kji mei ti hell 'u turti, nær de va kji ko tvei daga ti jole.

## DER Æ SO VENT Å VESTEHEIO

Av Jon Bjørgulvsson Rysstad, Hylestad

Der æ so vent å vesteheio  
so um midtsumårsti'i,  
myrann æ kvite av fivilblome,  
å lauvi lyser i li'i.

Der æ angjen bå søt å rein,  
å gjeve de goe kveike.  
Um du æ alli so vengjelause,  
du meste i luftinn kan leike.

Aa unelegt æ der å Rjupekjile,  
so sølt å livi i hoddo,  
mæ fluge fjølldragji norafyri  
spegle seg av i poddo.

I søri æ de slane lia  
mæ upsedrag å kvævi.  
— Å kvert einaste krek, du ser der,  
hev de bå stridt å strævi.

Åne renne midt i dale  
i krikka å mange slengji.  
Å bæ lea i slåtteteigo  
sulle se gjentu å drengji.

## PODDA

Austad-mål. Uppskrive av Torleiv Hannaas etter sogemannen  
Olav Eivindsson Austad

So var de a kjedding som gjekk ett' 'an veg'e sossa. So treft' 'u a podde. So spent' 'u 'nå 'æ o sae: „Eg vi vere di ne-kåne“, sa 'u.

Då de ha då yore ein rykk'e, då kåme da o henta kjeddingjè. So fygde hu o va ne-kåne. Då hu so hadde tvege o stella båni, so kåme da mæ a glas, at hu sille smyrje de. Då hu hadde no smurt båni de beste hu kunna, då tek 'u si av 'pi auga o nika si.

So reist' 'u.

De aire åri då da hadde slegji o kjeddigjè gjekk o raka på a høysbreie, so gjekk tussekjeddingjè o raka på same breia.

„Du ska kji rake på mi høysbreie“, sa 'u.

„Ko, — ser du meg?“

„Ja visst ser eg deg.“

„Ko auga ser du meg mæ?“

So sae kjeddingjè de, ko auga hu såg 'æ mæ. So rend' 'u ti mæ riveskapti o stakk o' 'enni auga. O sia såg 'u da alli mei.

## KASLEN Å NORENÅ

Sandnes-mål. Etter Skar

Der kām a tussekvendi ti Norenå jolepdagjen o ville låne noko lepsu — de va me Knut Norenå å Gunne sat å garen. Gunne lånt' æ tri køst. „Du ska få dei att'e nyår,“ sa kvendi. „Å de hastar inkji,“ sa Gunne. So va 'u av ett' øl, Gunne, å kvendi drakk å skrept' av øli som aire. Då 'u ha so drukkji, gjekk 'u. Hu avleita i Juvī. Hu va kji stor'e; håri va svårt.

Nyårs-kvelli kām 'u att'e me lepsunn. „De e lepsunn eg lånti,“ sa 'u. „De ha kji hasta me,“ sa Gunne. Kvendi ha 'n kårpår-kasli: „Denni vi eg gjeve deg,“ sa 'u; men di må kji selj' 'an; vi di selj' 'an, kjem 'an burt,“ sa 'u. „Nei mi vi visst inkje selje kaslen,“ sa Gunne — „men kor e du ifrå; eg kjenner deg inkji,“ sa 'u. „Eg e kje langt ifrå; eg hev heimi her tett innme,“ sa kvendi. Hu sette seg på årestolen, å dei røa a heilt bil, Gunne å hu. So tok 'u ut. Dei såg me 'u gjekk hityve snjoren; men der va kji antel fot ell farveg å sjå.

Kaslen va i husè heile den røkkja me år som Knut å Gunne livdi — Knut va dyvje mann å turte kji selj' 'an hell'e. Men Olav Norenå, son 'ass, sette garen ti å for ti Amerika. Der va aksjon'e nest'e fyrr 'an for. So bar dei kaslen ut i tuni ihop me anna dei ville selje. Då gådde dei alli at, so va 'an burtkvorven. Tussan tok sitt att'e.

## TUSSEN Å BYGGLANDS-PREST'E

Bygglands-mål. Etter Skar

Der va 'n husmann unde prestegaren som ha so mykji me tussann. Presten høyrde gjeti de å alli ville tru de; men då de blei for tidt, daska 'an heim ti mannen.

„De e då kji noko at du dregst me tussann,“ sa 'an.

„Jau, 'an e inn av å ti,“ sa mannen, „å vi du tøvr' a liti bil, so kjem 'an; itt 'er li'e ti klokka toll kjem 'an att'e me eit kast brau 'an hev lånt av meg,“ sa 'an; „han kjem'e so visst; du tar alli tvile. De e so truværdigt noko fokk; de dei lovar hell'e dei. Dei fer alli me noko lort,“ sa 'an.

Me same klokka slo, natta de på dynnè. „Der e 'an,“ sa mannen.

„Kjem 'an kji inn,“ sa presten.

„De e imist 'an vi inn idag,“ sa mannen.

„Kvi då,“ sa presten.

„Han veit so væl at presten e her,“ sa mannen.

„Ko rå e de,“ sa presten.

„De veit han likso godt som du veit de sjav'e,“ sa mannen å gjekk ut ti tussen.

„Eg kjem att'e me braui eg lånti,“ sa tussen å flidd 'an kasti.

„Ha du kji vilt inn,“ sa mannen.

„Nei eg kjem'e barr' i hakk me presten,“ sa tussen; „han vi kji tru mi e ti,“ sa 'an. Men mannen nøydde på 'an, å då fygd' 'an.

„Kor e du ifrå,“ sa presten.

„Eg hev heimi her dikt innme,“ sa tussen; „men du ser okke alli; mi e av hufokkji,“ sa 'an.

„Eg ha alli tenkt di ha vore ti,“ sa presten; „men no ser eg de,“ sa 'an. So slo 'an røa ut på lærdomen; men de va kji rå å feste tussen: „Du e godt lærd'e,“ sa presten; „eg ha tenkt du ha vore prest'e,“ sa 'an.

„Nei, eg e kji prest'e,“ sa tussen; „men eg ha vilt du ha funne broe min; han e prest'e som du,“ sa 'an.

„Si di e so neri innme — ha du vilt av henta 'an,“ sa presten. So sa tussen 'an ville gjere de.

De va kji bil, so kâm tussepresten. Men då blei der bøyu. Dei tok o' bibilen; dei las upp stykkji for stykkji å or for or — de va 'n talemåti me dei, so du alli hev høyr't 'an. Men de bar å presten; seiste fekk 'an alli a or. Han leita seg so 'an alli va den same mei.

Detti e kji noko lyggji: eg hev høyr't de av sjukfai min — han va so at 'an sa de som va satt; å han att'e ha høyr't de av fokk som visste so væl koss alt ha gjengje ti.

eit kast brau: fire leivar — hufokkji: huldefolket, dei dulde — bar å presten: gjekk presten imot.

## OSKOREIÆ

Årdals-mål. Etter Skar

Hev di høyr't um Olav Ånondsson Reiårsdal, då 'an fygde oskoreiæ? Hu tok 'an av sengjæ me 'an kvilti, å susa ti norigjenom Åserall fyst'e. Dei kvilte på Tossland — mann va der tekjen av, helt so Tossdalen norigjenom å reiv me seg Nils Ekjill. På Tveitstøl tok dei hest av stadden ti Olav. I Espeliæ drakk dei seg so godt. I Austegaren drakk dei upp alt de øl der va, å fyllte vatn på tunnunn. So tok dei heiann aust'e ti Årdal. Midnotts bil tok dei sailann av på Klepp. I Klepp-kleivann kasta dei 'an av. Dei kjørde so kjurelaust, å Striarbrøti va so kalleg uppskoti me svodd'e. „Di må kji kjøyre so kallegt!“ sa Olav å la ti 'n ei'e. Då va 'an heime att'e.

Hamen 'ass låg etti i sengjæ; dei tenkte alli anna ell 'an sov. Han fortålde um heile si reise; han mintist bå koss dei låg på Klepp, å koss der va måla.

Olav va spilemann'e — oskoreiæ æ gallnaste ti have dei. Fela 'ass het „Lindarormen“.

## SLÅST-BAE PÅ VETTRUS

Hornnes-mål. Etter Torleiv Hannaas

Ola Vettrus va mægjeten for styrkjen o skjotleikjen sin — som dei he vore alle Vettrusann. Dei kâm lange leiinn dei beste kjempunn å ville prøve sæg. Ola sat Der-heime, o Knut Jonsson som va jipte mæ sysste hass, Knuts-Tora, heit sæg i Vettrus-Håmmen. Han sille vere endå bær'e kar hell Ola.

Eigång i jolæ kâm dei einsless, tvo a dei fælaste kjæmpunn o' Åserall o ville prøvast mæ Vettrusann. De va Ola Svennsson o Gunne Røyddann. Dei kâm ti Der-heim i avdags bil. Ola va kje kâmen o' skogjen endå. Dei va innum so snappt. Men då dei høyrde at Ola inkje va heime, strauk dei ti atte mæ same, o sette nor at Håmmen.

Då Ola kâm heim, skjend' 'an på Guro, kjellingjæ si, før de ho hadde sleppt dei a' før dei hadde fengje mat o drikka. Han dussta a' sæg snøen o sette sæg i kronæ. Men so kâm 'an i hug ko dei for ette. „D'æ nokk best æg nøyte mæg nor at Håmmen“ sa 'an o flaug på dynnæ.

Då 'an kâm nor, hadde dei drukkje noko, o Røydden-ningann sto føruge ti gripe Knut. Men dei stivla seg att'e då dei såg Ola. So ba 'an dei mæ Der-heim alle sam, o der sat dei o drakk eit bil.

Men de varde kje lengje, so fallt dei ut o rauk ihop. Før dei for ti, stengde dei bonnæ inne i kjellarskåpe. Men Guro sille vere på tile o skjile, dersom nokon bar seg uhamlegt.

sail'e: sadel — svodd'e: svoll, is.

Ola Vettrus o Gunne klemde ihop, o Knut Jonsson tok den andre. De blei ei heit'e bøya. Yvegångs kara va dei alle. Men førr-ennen gjekk de so, at åsdøllann fekk hogg. Då Ola tott' 'an hadde gjett Gunne måteleg juling, kasta 'an 'an upp i den eine sengkjæ. Guro tok ei tørespik o gjekk burt-ti o lyste, o ville sjå koss de va mæ 'an. Då låg 'an der so eittrende sinna at 'an spend' ett' 'æ. Ola gådde de, o blei gaste von'e, før de han bar sæg so uhamlegt o spend' ett' eit kvinnfolk. So treiv 'an 'an o drog 'an fram att, o baka 'an upp på nyom. Ti slutt fekk 'an smogje ut. Då de lei på mått' Ola ut o ber' 'an inn att'e. Den andre dagjen fydd' 'an 'an yve heie. Han tore kje styr' 'an aleine.

Knut Jonsson hadde dengt Svennssonen so de va kje mæ nokæ lei. Han blei liggans unyten på Vettrus i fleire dage, før 'an va mann ti tak' yve heie.

Då ota va av-staæ, sleppte dei bonnæ ut att or skåpe. Knut Jonsson sat i ein brugdebek fram-mæ omnen. Då fysts'e kâm sinne o styrkjen yv' 'an før ålvår.

Han bollna upp so de va ugosklegt å sjå. Kne-sprettæ spratt på tile. Han hadde knebuksu, som dei bruka de i dei tiinn. O han skålv heile menneskje so benkjen दौरa unn' 'an. „Nå hadd' 'an tek' okko alle sam,“ sa Ola Vettrus. —

Ola totte tiin hadde forandra seg mykje, de seinste han livde. „Naa legg dei enanni før hat fysts dei slæst. Me kunne slåast o vere like go-vene. Me bar enani i særkje“, sa 'an.

## GAMLE KRIGSMENNA

Evje-mål. Etter J. Løvland

Då æg va liten, livde der i Evje sokn fleire a' dei gamle karann som ha vore i krien. Den eldste va Eirik Bjorå. Han låg i Krestiansann um vetren 1807—1808, då lineskjipe „Prins Christian“ va innum o fekk umbor lannsyldatra; Eirik blei tekjen o va mæ i slagje ve Sjællanns odde den 22de mars 1808; han va fangje i Engelann i tvo år. Då han ha blee gammel, ville han gjønne fortæle um slagje. „Kaptein Jessen va kje meir rædd'e, der han gjekk att o fram på dekkje mæ kjikkeren o roberten, hell um han gjekk på stovetile. Men de va sønnlegt mæ Villemos, — å, fer ven'e kar de va! o so mota o fjåg'e. De va ei kanonkule, som reiv a' eit stykkje a' hoveskålæ, so han dœ før dei fekk bore han ne. Dei va tvo imot okke, men me pala dei a', so dei laut drage sæg unna. Men då dei ha retta sæg kâm dei att'e, o ha tri nye skjip mæ sæg. Endå sto me ei beite, men so laut Jessen set' okke på grunn og gje sæg ti fangje. Dei ville ha tekje skjipe mæ seg, men dei kunne kje få de laust, — de va væl ti dei. So sette dei ell på de. De va harmelegt å sjå, då de gille skjipe flaug ti lufts.

Gjur Høgetveit va ihop mæ Eirik i Krestiansann, men blei kje tekjen ti sjøs. Han o ein annen sto på post utmæ indre Flekkerøyæ, då engelsmennann sat på kastle der. De va mör't o dei kunne bare høyre åreslagjæ på ein båt som lista sæg fram unne upsæ som dei sto uppå. Då båten va midtunne, kasta dei kversin ferleggans'e stein ne i båten. Å, der blei slikt skrik, men so blei der stilt.



18b. Gamlestoga på Haugen, Valle

Fot. F. Kohn



19. Gravhaug på Nomeland, Valle

Fot. Gisle Midttun

## SETESDALEN I FORHISTORISK TID

AV KONSERVATOR HELGE GJESSING

Bebyggelsen i OTRAS dalføre har meget gamle røtter. På sine steder har rydningen åpenbart gått for sig allerede i stenalderen, flere tusen år før Kristi fødsel. Det fremgår av de redskaper og våben av sten, særlig flint, som fra tid til annen under jordbruksarbeide er kommet frem på forskjellige gårder utover bygdene. Riktignok er ingen av de fundne saker av de allereldste typer. Det er derfor grunn til å tro at under hele den eldre stenalder og likeså i de følgende perioder, den såkalte butnakkede og den tynnakkede økses tid, har den øvre del av dalføret ligget ubebodd hen. Det er først i den yngre stenalders annet store tidsavsnitt, *jettstuetiden*, at de første rydningsmenn synes å ha trengt opover dalen.

I det hele er det 16 fund vi kjenner fra Setesdalen under

stenalderen. Det er ikke mange når en tenker over at de omfatter en periode på omkring 1500 år. Det vilde da ligge nær å anse disse spredte fund som vidnesbyrd om streiftog opefter dalen, der ikke har hatt nogen fast bebyggelse til følge. De fleste av sakene er også enkeltfund og kan tenkes å være tilfeldig tapte. Imidlertid er der nogen fund som direkte tyder på fast bebyggelse, og som neppe kan forklares på annen måte. På gården *Hornnes* i Hornnes blev der i 1888 funnet ikke mindre enn 37 skrapere av flint liggende samlet i en åker. En del av dem er gått tapt, men 15 stykker er bevart i Universitetets oldsaksamling i Kristiania og resten i Kristiansands museum.<sup>1</sup> Flere av disse skrapere er bare ganske rått tilhugget, enkelte er derimot helt ferdige og tilhører den meget unge „skeformede“ type.



20. Skrapere av flint funnet på Hornnes

Øiensynlig er de fleste av de øvrige også emner til slike. Et fund som dette har sin bestemte forklaring. Det er klart at hvor der finnes så mange saker på ett og samme sted, må de i sin tid være nedlagt der i en bestemt hensikt. Fundet henger da også sammen med talrike andre lignende, der dels tydes som forråd (depotfund) nedlagt for senere å tas frem igjen, dels som offergaver til guddommelige makter for å vinne disse for sig (votivfund). Den siste forklaring er rimeligvis her den riktige. Men uanset fundets tydning er det innlysende at den som har lagt ned sakene, må ha vært fast bosittende på stedet. Et fund fra *Kalland* i Hornnes peker i samme retning. Under en stor sten blev der funnet tre tyknakkede flintøkser med svakt hullslepen egg. Også dette er sikkert å betrakte som et votivfund.<sup>2</sup>

Av en helt annen karakter er en del saker som er funnet på *Neset* i Aardal. Dette består av en del mere og mindre bearbejdede flintstykker, et lite bor og enkelte flekker. Også redskaper skal være funnet, bl. a. en pilspiss. Finnestedet er en haug syd og vest for gården like nede ved fjorden, utilgjengelig på grunn av vannet den meste del av året.<sup>3</sup>

Skjønt de saker som er bevart, er forholdsvis få og ubetydelige, kan der neppe være nogen tvil om at det her har ligget et *flintverksted* eller en *bopluss* fra stenalderen. Dessverre er selve sakene i og for sig lite karakteristiske, og det er derfor ikke mulig på grunnlag av disse å tidfeste fundet nærmere. På *Neset* er der forøvrig tidligere funnet en spydspiss av flint og der er forsåvidt intet iveien for å betrakte disse to fund som samtidige og da hørende til yngre stenalders siste periode.<sup>4</sup> Senest i denne tid har da folk hatt fast tilhold på *Neset* og der delvis ialfall forarbeidet de redskaper av flint som de trengte.


Nevnes kan videre et par grovt tilhugne flintøkser som er funnet til forskjellig tid på gården *Lande*, også i Aardal,

et spydspissfragment av flint fra Bygglands kirkegård og en simpel øks med skafhull fra *Sordal* i Austad, den eneste skafhulløks som overhodet kjennes fra Setesdalen.<sup>5</sup>

Lenger nord i dalen har tydeligvis bebyggelsen vært ennu mere glissen, om en her overhodet kan tale om nogen fast bosetning. I det hele kjennes bare *tre* fund: På Aakre i Valle sogn på en slåttemark som i flomtiden oversvømmes av elven er funnet en tresidig pilespiss av flint, på *Helle* i Hylestad en hulløks av flint omtrent som fig. 21, og på *Rossaasen* en mil sør for gården *Trydal* i Bykle likeledes en flintøks.

Med det som her er nevnt er stenaldersmaterialet fra Setesdalen så godt som uttømt. Det er ikke mere enn at man derav såvidt kan si at nogen bosetning har der allikevel funnet sted allerede i denne fjerne tid. Noget bidrag til en dypere forståelse av den norske stenalderskultur gir de få fund heller ikke, idet befolkningen åpenbart har vært for liten og sittet altfor spredt til å kunne gi denne noget særpreg. Kun så meget kan sies at den nøie henger sammen med den yngre stenalderskultur, slik som den artet sig paa Østlandet overhodet.

Til en varig bosetning synes denne menneskenes første fremtreden i dalen heller ikke å ha ført. Yngre stenalders slutning settes gjerne til ca. 1800 før Kr. f. Fra hele den følgende periode, bronsealderen, da bronse blev anvendt til skjærende redskaper istedenfor sten og flint, kjenner vi ikke et eneste fund fra Setesdalen. Det samme er tilfellet med de første avsnitt av *jernalderen*. Det er først noen år-



21. Flintøkser fra Kalland, Hornnes



22. Spydspiss av flint fra Neset, Aardal

større fylde. Nu kan man riktignok ikke utelukkende på mangelen av jordfund slutte at Setesdalen har ligget øde under de nevnte perioder. Der er også andre egner i vårt land hvor bronsealdersfundene er yderst sparsomme, uten at en derfor tør anta at de helt har vært ubefolket. Men der er et annet forhold som peker i samme retning, der er verd å legge merke til. Det er den kjensgjerning at *gårdnavnene* i Setesdalen gjennomgående er forholdsvis unge. De eldre *lag-vin-* og *heim-*navnene mangler ganske. (Et enkelt *heim-*navn dog i Hornnes.) Likeledes er der yderlig få sammensatte gårdnavn der torde tilskrives nogen særlig høi elde. Men selv om der ingen bronsealdersfund er gjort, og selv om *vin-* og *heim-*navnene mangler, kunde der ennu være en mulighet for at dalen i denne mellemtid hadde vært bebodd. Det kunde tenkes at befolkningen her hovedsakelig hadde vært jegere og fiskere, der hadde streifet om uten noget egentlig fast tilholdssted, et *veidefolk* som ikke hadde råd til å skaffe sig redskaper og våben av det dyre metall bronzen, og som derfor ennu i lange tider benyttet ben og sten til emner for slike. Men var dette riktig, måtte det anses som hoist påfallende at dette veidefolk som skulde ha fortsatt å leve i dalen henved et par tusen år, ikke har efterlatt sig noget som helst spor. De få stenalderssaker som er funnet, er såvisst ikke noget å dele på, og heller ikke er der nogen nye redskapsformer eller typer, hvad en sikkert skulde ventet at en såvidt lenge fortsatt stenalder vilde ha avfødt.<sup>6</sup>

Gårdnavnenes betydning vil der senere bli leilighet til å komme tilbake til. Det er imidlertid av interesse allerede her å fastslå at studiet av disse og jordfundene fører til samme negative resultat. Begge fører til den slutning, at den første bebyggelse under stenalderen ikke har slått fast rot. Dalen er efterhvert igjen blitt avfolket og har også i århundreder ialfall på det nærmeste ligget øde. Først under den rike materielle opblomstring som i store deler av landet gjør sig gjeldende et par århundreder efter Kristi fødsel, trenger innvandrere på ny op over Setesdalen og rydder sig gårder. Først nu kan der regnes med en bosetning i større stil, og denne gang blir den varig.

#### ELDRE JERNALDER


Kildene til dalens kultur- og bebyggelseshistorie begynner nu å flyte rikere. Fremdeles er man i første rekke

hundreder efter Kristi fødsel at jordfundene igjen dukker op, men da riktignok også i så meget


henvist til det arkeologiske materiale — *jordfundene*. Mens det imidlertid hovedsakelig var enkeltfundne saker vi for stenalderens vedkommende måtte bygge på, kommer nu *gravfundene* til. Hovedsakelig ut fra dem er det vi øser kunnskap om daidens leve- og tenkesett; deres utbredelse og datering gir grunnlag for bebyggelseshistorien, gravgodsets art og utsmykning antyder kultur- og handelsveier og angir den materielle kulturs nivå.

Gravhauger finnes spredt over hele Setesdalen, dels enkeltvis, dels i større og mindre flokker. Foruten de straks nedenfor nevnte gravfelter på *Galteland* i Evje, *Søndre Birkeland* i Hornnes, *Nordre* og *Søndre Nese* i Bygland, kjennes gravhauger fra *Sordal*, *Dale* og *Laupdal* i Bygland, fra *Espetveit*, *Flateland* og gårdene *Nomeland* i Valle foruten på flere andre steder. Dessverre er vor kunnskap om disse ennu temmelig spredt og det kan derfor ikke — utenfor de tilfelle hvor gravfund allerede foreligger eller hauger kjennes — i detalj klarlegges hvilke av de nuværende gårder var bebodd allerede i hedenskapets tid. Dertil kommer at haugene ikke direkte gir os opplysning om fra hvilken tid de skriver sig, det kan først avgjøres når de vel er åpnet og gravgodset blottet. Endelig bør det fremheves, at bortsett fra et par års undersøkelser av antikvar *Nicolaysen* i 1882 og 1893, har der ikke vært foretatt systematiske arkeologiske undersøkelser i Setesdalen, og det materiale som står til rådighet, er derfor ennu på mange punkter mangelfullt. Enkelte hovedlinjer i dalens bebyggelseshistorie og kulturstilling i den forhistoriske tid kan dog med nogenlunde sikkerhet trekkes op. Det vil vise at det liv som levdes i Setesdalen under jernalderen, i mange henseender var både rikt og eiendommelig.

De fire første århundreder efter Kristi fødsel bærer i arkeologien navnet den *romerske* tid. I denne periode står Norden i kulturel henseende under tydelig innflydelse fra Romerriket. Visstnok er avstanden stor, men både teknikk og smak ses preget av den romerske kultur, og ad de allerede dengang åpne handelsveier har Nordens folk stått under direkte påvirkning fra det store keiserrike. Et annet særdeles viktig moment, som har bidratt til å gi dette tidsrum større liv og øke den romerske innflydelse, er de germanske folke- og stammebevegelser som nu efterhånden tar til, og som til slutt ender med at så å si hele den germaniske verden kommer i kok. Skjønt forholdet for Norges vedkommende ennu bare delvis er



23. Skaftulløks av sten fra Sordal, Austad



24. Stor haug på Heistad, Austad

Fot. Gisle Middtun

oplyst, er der neppe nogen tvil om at de samme bevegelser har gjort sig gjeldende også her hjemme hos oss og dels gitt sig utslag i inn- og utvandring av større og mindre flokker, dels i en større folkespredning til hittil sparsomt eller helt ubebygde egner av landet. Forutsatt at der ikke ved kommende tiders systematiske undersøkelser dukker frem graver fra en tidligere del av jernalderen, ligger det nær nettop i Setesdalens bebyggelseshistorie å se et bevis for denne folkespredning henimot slutten av den romerske tid. Det viser sig nemlig at nettop fra denne tid og utover skriver de hittil eldste kjente gravminder i dalen sig. At disse pludselig dukker op i et forholdsvis stort antal uten at nogen forutgående utvikling kan spores, gjør det ialfall meget sannsynlig at der har funnet en virkelig innvandring sted. Veiene for denne kan vel ennu ikke med bestemthet påvises; men både gravskikk og gravgods synes dog å tyde på at det er en hjemlig bevegelse, om det enn skal ses at innvandrerne samtidig har stått i en viss rapport med utenverdenen. For imidlertid noget nærmere å klarlegge disse forhold, er det nødvendig å dra frem en del av selve det arkeologiske materiale.

Det meste av dette er fremkommet ved de ovenfor nevnte undersøkelser av antikvar Nicolaysen.<sup>7</sup> I 1882 foretok han gravninger ved *Evje Nikkelverk* og på *Søndre Birkeland* i Hornnes. De til nikkilverket hørende hauger ligger i en samlet klynge på en furumo som i sin tid hørte til gården *Galteland*. I 1882 fantes der her ialt 44 hauger der lå i rekker følgende bakkekammen syd for Otra. Av disse hauger grov Nicolaysen ut de 24. I 10 av dem blev der enten intet funnet eller også helt udaterbare saker. Av de øvrige må 8 snarest henføres til 4 årh., 5 til 5 årh. og 1 til 6 årh. Særlig mellem 4 og 5 årh. er imidlertid grensene flytende, og det kan i de enkelte tilfelle være tvilsomt om fundene bør henføres til det ene eller det annet av disse århundreder.

Den herskende gravskikk har vært *likbrand*. Det er bare i én haug at den døde har vært nedlagt ubrent. Ellers er regelen den at der spredt over bunden ligger et lag med sortbrent jord og trekulstykker, mellem hvilke finnes spredt brente benrester og de saker som har fulgt den døde på bålet, og som ikke er blitt fortæret av ilden.



Det er det såkalte *brandflak*. Her og der ses dog enkelte avvikelser. Brandflaket kan være bibeholdt; men de brente ben er samlet op for sig og lagt i en urne eller en tretine. I siste tilfelle er nu bare det kitt tilbake som har vært anvendt til tetning mellom bunn og sider. I andre hauger er brandflaket borte, mens benene og oldsakene ligger samlet enten i haug eller i et kar, noen ganger nede i en liten grop eller omgitt av en liten hellekiste.

Den gravskikk som her er skildret, gjenfinnes på andre gravplasser i Setesdalen. På nabogården til *Galteland*, *Søndre Birkeland*, grov *Nicolaysen* ut 8 hauger i samme år (1882), alle antagelig fra eldre jernalder og med brent begravelse. Et annet gravfelt undersøkte han i 1893 på gårdene *Nordre* og *Søndre Nese* i *Bygland*. Haugene viste sig her, forsåvidt der blev funnet noget i dem, hovedsakelig å tilhøre eldre jernalder, enkelte dog også fra vikingetiden. I alt blev 35 hauger gjennomgravet, hvorav de 21 og mest givende lå på *Nordre Nese*.


Et mindre gravfelt på gården *Nomeland* i *Hylestad s. Valle*, viser graver fra eldre og yngre jernalder, men disse er dessverre ikke sakkyndig undersøkt. De er blitt tatt bort under rydning, og der er intet meddelt om fundomstendighetene. Det samme er tilfellet med et eldre jernalders fund fra *Hovet* i *Hylestad*, hvor der blev funnet en nøkling med vedhengende kroknøkkel av bronse, visstnok et gravfund.<sup>8</sup> Også ved et gravfund fra *Ryssestad* i *Hylestad* fra folkevandringstiden er fundomstendighetene dessverre ukjent.<sup>9</sup> Fundet består av en liten betalingsring av gull, to spydspisser, det vanlige sett, den ene med mothaker, den annen med skarpt fremtredende midtribbe. Videre fragmenter av en skjoldbule, bruddstykker av en kniv og fragmenter av sannsynligvis 4 lerkar.

Et betydningsfullt lite fund fremdratt så tidlig som 1847 på *Bygland* prestegård skal ennu nevnes. I et gravkammer som holdt 1 alen i firkant blev funnet kul, ben, stykker av et jernsverd, stykker av en messingkjel, hanken til en såkallt *tutekanne* og en *lervase*. Også denne grav må utvilsomt karakteriseres som en brandgrav.<sup>10</sup>



25. Lervase fra *Bygland* prestegård

Der finnes da i Setesdalen blandt de allerede temmelig talrike eldre jernalders fund, bare ét enkelt der med nogenlunde sikkerhet synes å kunne tilhøre en ubrent begravelse. I *Vegusdal* synes forholdet å være noget anderledes. På gården *Skreros* har jeg hatt anledning til å undersøke noen hauger. Der ligger her et vakkert lite



26. Grav på *Skreros*, *Vegusdal*

Fot. H. Gjessing

I Byglandsbygdi hadde dei so mykje med eventyr, og ein kann fylgja den traditionen som hev livt den siste mannsalderen, attende til tvo hovudkjeldor. Den eine er „Kari prestedotter“ som fortalde for Jørgen Moe i 1847, og som „havde et stort Forraad og et ypperligt Foredrag.“<sup>10</sup> Den andre var Jon Torjusson Bjørnnes. Han var underofficer i ungdomen og tente i 16 aar; m. a. var han med ved Kvistrum bru. Men han gjekk ut or tenesta og i 1799 gifte han seg i Aaseral og var der ei tid. Sidan flutte han til Bygland. Jon fortalde sine eventyr til Aanonnd Kvaale, og han fortalde til Hallvor Steinsson, som so Skar sidan skreiv upp etter. Men Skar fekk òg eventyr av Jorond, dotter til Jon Bjørnnes; ho var 97 aar gamall daa ho fortalde for Skar.

Um gode stevdiktatarar gjekk det òg gjetord. I Byglandsbygdi var det lenge ei gjente som var



55 b. Johannes Skar



55 c. Sogemannen Olav Eivindsson Austad

Fot. Gisle Midttun

basen til aa dikta stev. Men so fekk ho ein faarleg medtevlar i Gunni Kollshus. Dei bendest lenge, men til slutt vann han. Daa kvad ho:

Ti dikte stev hev meg ingjen vunni,  
ko ein fraa Kollshus, han heiter Gunni;  
ti dikte stev her meg ingjen vann,  
ko Gunni Kollshus, so heiter han.

Gunni raadde grunnen aaleine eit bil; men so fann han òg yvermannen sin i ei Tone Øyne. Det var so slengjesteви druste ikring han, og sistpaa laut han gjeva seg. — Den som kunde mest med gamle-stev i den tidi Skar ferdast i dalen var *Liste-Tarjei Lanjei*. „Av dei Frødestev og Ølstev som var etter endaa i hans Tid, kunde han likso mange eisemall som heile Dalen ihop att.“<sup>11</sup> Av einstaka sogemennar elles skal me nemna *Hallvor Knutsson Aakre*, som var den beste i Skars tid. „Han kunde sitja heila Vika og fortelja, Kveld etter Kveld. Han visste um Gårdarne, og um dei Ætter som sat der. Sjav var han av eldgamall Rot: i Kvaanvegen var han Ætt av Stigand Aakre, Rudkallen paa

Aakre; men Keisar Karl Magnus og Stigand livde i same Stundi. Han fortalde um Kjempor og Manndoms-tøk, um Tussar og Truer og Trolldom . . . Det gamle dreiv han so lengje han var til; han var like òr til aa fortelja. Stundom braut Laatten fram. Stundom var han paa Graaten. Ungdomen sat hjaa han so traatt; dei totte gama glaapa med han gret, og Ordi sat i Halsen.“<sup>12</sup>

No liver det faa att av dei gamle sogemennene. Den beste er vel eventyrforteljaren Olav Eivindsson Austad.

## SEGNER

### a. Historiske segner.

Det er i Sættesdal som alle andre stader at dei eldste segnene som er knytte til historiske hendingar eller historiske personar hev vorte halvt mytiske; d. v. s. det hev skote seg inn mange vandresegner, det individuelle held paa aa kverva burt, det typiske kjem i staden, og naturlegt og yvernaturlegt gjeng um einannan.

Um Olav den heilage er der mange segner. Han „var i Sættesdal mange vendor“. Det er fortalt um dei stridane han hadde med folket baade i Valle og i Bygland. Men det er visst ikkje stort meir enn nokre av namni som er historiske, og hendingane er uppblanda med mytisk tilfang fraa fyrst til sist: Skjoldmøyane skaut etter Olav med ei steinpil som sette ned i jordi og vart standande der paa sneid, og der stod ho so lenge at jamvel sogemannen kunde minnst det.<sup>1</sup>

Den Kongen paa Bygland som Olav slost med, heitte Hane, og hadde ei kyr til gud; „fyrst han drakk av hennar mjølk, kunde ingen standa honom“. Risane prøvde aa stengja vegen for han paa ymse maatar, Olav mana ei gyger i stein, han siglde tvert gjennom fjellet og yver berg og dal. Ein ser fleire stader farvegen etter skipet hans eller fotspori etter hesten hans, o. s. b.<sup>13</sup> Det meste er sovore som dei fortel um Olav den heilage i andre bygder òg; det er segner som hev kome til Sættesdal og vorte heimfeste der.<sup>14</sup>

Dei „skjoldmøyane“ som skaut stein etter Olav den heilage skulde etter ein annan tradition ha livt „i kristendommens første dage“.<sup>15</sup> Men dei er no heilt mytiske. Dei kastar steinar etter Olav den heilage, liksom dei var gygrar, og som so mangt eit troll vart dei mana i stein. Um daa dei „gjekk i stein“ fortel dei same segni som um Kivlemøyane i Seljord, og liksom dei i Telemarki spelar slaatten „Kivlemøyane“, soleis spelar dei i Sættesdal „Skjoldmøyslaget“. Liksom etter Olav den heilage og etter trolli, „visar Verorne etter dei mangestad i Dalen. „Sengjè aa Skjallmøya“ syner i Berget med Støylehomsnuten“. Det er jamvel fortalt at „dei sat i Fjelli. Dei huva att, fyrst han huva: „Skjallmøya svøre i Nutaa,“ sa dei gamle“. Skjaldmøyane er med

<sup>1</sup> Ho stend no i tunet paa Helle.

i forteljningane um Harde-Aslak, ein mann som truleg er historisk, endaa det er uhistorisk det meste som er fortalt um han no, og sumt er reint mytisk.<sup>16</sup> Forteljingi um oppvoksteren hans er beint fram sett i hop av eventyrdrag: „Aslak sat paa Ækra paa Austad. Aslak var kvervd i Drivslifjødd med han var liten. Han mannast der meir i sjau Vikor enn fyrr i sjau Aar. Rysen raadde ikkje med han; han bad so smaatt og vent um han vilde fara. Daa strauk Aslak. Han gjorde eit Kjæte Kast av Tofjødd heim til Austad. Daa skreid han og greip ned i Berget; det syner Loven og Fin-grarne og Tumen i ei Ufs.“

Harde-Aslak skal etter segni ha gjort dei dørskiene til Austad kyrkje som no er i det historiske museum i Oslo, og som er fraa 13de hdr.

Segnene um rudkallar og rudning og kyrkjebyggjing er det uvanleg mange av i dalen. Men dei er her som andre stader halvt mytiske. Rudkallane er stundom so store som jøtnar og kann gjera reine underverk med styrken sin.<sup>17</sup> Mugg Byklum som rudde upp og husa paa Byklum, var so stor og sterk at han hadde ein stor timberstokk til skistav. Han køyrde med sin trollstut, som liksom trolli sjølve ikkje tolde soli. — Stigji Løyland rudde upp dei tvo eldste bruki paa Løyland. Han var so stor at han steig tvert yver dalen! „Der kom Brufær fraa Flateland; daa skaut 'an tvei Steina ette Brugomè aa Brurinn', me dei rie utigjenom Flatelandsmoen. Steinann' stoge der aa Moè like ti okkos Dage. No e dei i Durheddunn' aa Flateland.“ Dette er nettupp som jøtnane naar dei skyt steinar etter folk og kyrkior. — Det som er fortalt um attlagde heidegardar o. dl. hev ofte eit historisk grunnlag. Ein kann finna husetufter og aakerreinar fleire stader inne paa heidane.<sup>18</sup> Like eins er det historisk at det var ei kyrkje paa Nomeland, og at det ein gong var ei Nomelands sokn. Dagbøkene aat dei pavelege sendemennene for aaret 1327 nemner „ecclesia de Nomuglant.“ Segnene veit ogso aa fortelja um „munkehaugar“ eller „krosshaugar,“ d. v. s. haugar med ein kross, der „munkane“ heldt messe. Dei fleste segnene um koss dei bygde kyrkior er vanlege vandresegner. „Tussarne var til med Moddor og Filleskap allstødt naar ei Kyrkje var i Gjerslom. I Austad grunna dei paa Heistad; men Timret reiste, so dei laut byggja paa Austad. I Sandnes grunna dei paa Haugemoen; men dei gaadde ikkje aat, so var Timret paa Sandnes, der Sandnes kyrkje vart bygd. Det var Lóvekyrkje, so det var meir um den enn andre Kyrkior i Dalen.“ Daa dei skulde byggja Kyrkje i Valle, kom dei ikkje til um tufti. „Daa støytt dei Svillerne aat Aai, og der dei flaut inn, der skulde Kyrkja standa. Dei flaut inn paa Aakrisneset. So grunna dei der; men um Notti la Tussarne nordigjenom med Stokkarne til „Vaddar'e-haugjen“, nord med Prestehusi. Der

var ingen som tok Tanke, barre køyrde dei ut paa Neset att. Men andre Notti gjekk det likeins. Daa sa Presten: „Dette e a Guss Styri,“ sa han. So grunna dei paa Vaddarhaugen, og ingen murka imot. Men det var ikkje ko noko Løyndespel av Presten, av di han vilde hava stutt Kyrkjeveg.“

Denne siste forteljingi er merkeleg ved dei ulike forklaringane som vert gjevne paa den underfulle hendingi. Nokre kjem med ei rationalistisk tyding: det var berre løyndespel av presten. Presten sjølv kjem med den kristelige forklaringi at det er Guds forsyn. Men den eldste forklaringi var nok den tredje som heldt seg til den opphavleg heidenske folketrui: det var tussane som flutte timbret. Naar ein skal byggja eit hus, gjeld det um aa sjaa seg fyre, so ein ikkje byggjer tussane til meins. Kor djupe røter denne segni um at timbret var flutt, maa hava, skynar ein av at ho finst vide ikring, ikkje berre rundt ikring i vaart land, men i mange andre land òg. I Bykle er denne segni spunni saman med ei onnor vidgjeti segn: „I Bykle kom der Kyrkje likeins. Dei grunna i Nordbygdi fyrst, paa Skarg. Men det gjekk som i Valle: um Notti la Tussarne sør i „Kyrkjebygdi“ med heile Timrestopulen. Der var ein Tusse som tok paa seg aa byggja; han skulde hava Sol og Maane fyre; men kunde dei gjeta Namnet hans, skulde han byggja for inkje. Han hadde gjort av mest og gjekk so kaldlegt upp i Taarnet. Daa ropa det i ein Haug:

„Var deg Finn,  
du faller 'kji,“


sa det. Med same datt han ned og slo seg i Hel. Han treiv seg i Taarnet og skjekte det; det stend skakt den Dag idag. Byklarane var so glade dei slapp han kvitt.“

Denne forteljingi kjenner me i ei mengd formingar. I sjølve Sætedal fortel dei henne um domkyrkja i Trondheim. I Sve-rike fortel dei henne um den store domkyrkja i Lund, o. s. b. Ogso i det velkjende eventyret um Rumpelstilzchen hjaaa Grimm finn ein henne. Like eins minner ho mykje um ein norrøn myte som finst i Snorra Fdda: Det kom ein



55 d. Sogemann Hallvor Knutsson Aakre





56. Steinpili paa Helle, Hylestad

Fot. Gisle Midttun

byggmeister til æsene og baud seg til aa gjera ei borg so sterk at ein kunde kjenna seg trygg for bergrisar og rimtursar naar ein hadde den. Men byggmeisteren vilde hava Frøyja og sol og maane til løn. Æsene gjekk med paa denne avtala dersom han kunde gjera borgi ferdug paa *ein* vinter og ikkje hava nokon hjelpesmann. Det saag ut til at han skulde verta ferdug men Loke fekk hindra det likevel ved ei list, og daa æsene skyna det var ein jøtun dei hadde havt aa gjera med, so slo Tor honom i hel med hamaren sin.

Den einaste storhendingi fraa seinare luten av millomalderen som segni hev noko større aa fortelja um no, er „storedauden“ eller svartedauden. Det er fortalt um kor mange livde att her og kor mange der, og koss dei fór aat etter at sjukdomen hadde stansa. Men mykje av det er vandresegner.<sup>19</sup>

„Dei saag Fyrebod, fortalde Godmor, daa Storedaui kom: det gjekk eit lite utfyre Dyrene med ein liten Lime — det tottest vera Gjentebarn. Der ho sopa, fór alle Mann; sopa ho inkje, daa var der ikkje ko nokre som var feige. Det fyrste Merkje til Sotti var at dei naus. Det var so ovbyrja hard ein Sjuke. Andlitet var svart. Det tok dei med Galenskap; dei sprang so Blodet sprang upp i Nosi, og blødde seg i Hel. Dei sette dei i Grindar; men dei sprang imot Grindarne so Spelerne fauk.“ Dette at pesti vert personificera er noko ein finn mange stader ikkje berre her i landet, men vide ikring i verdi elles. Like eins er det ei aalmenn segn naar dei i Sætesdal fortel at det var nokre taake-dottar som førde sotti med seg.

I det heile kann ein segja at dei segnene me hev fraa millomalderen gjev oss lite med historiske opplysningar. Mangt *maa* vera dikt, sumt *kann* vera sant, men me veit ikkje um det *er* det. Stundom er det vel berre namnet som

er historisk. Tidrekningi er det ikkje noko større greide paa; heile perspektivet er paa lag burte.

Onnorleis vert det so snart me kjem inn i den nyare tidi. Alt fraa 16de hdr. hev me segner som i dei store drag er historiske, og som bygdetraditionen veit baade aa heimfesta og aa tidfesta. Det er segnene um Vonde Aasmund Berge og Vonde Aasmund Rygnestad i Valle. Dei livde baae i 16de hdr., men den fyrste maa ha vore mykje eldre. Han var lensmann i det bilet kyrkjevendingi (reformationen) kom, og han drap den fyrste lutherske presten i Valle. Skar fortel segni so: „Aasmund gjorde Draapsverk. Der kom nie Nordmenner til Valle til aa rydja og bu — dei kalla dei „Hyringann“. Aasmund slo dei i Hel med same dei kom. Daa hadde Presten Hønd paa han og truga han til aa standa Skrift for aalment. Det lykta so, at Aasmund tok paa Nordlandet. Han heldt seg paa Nordlandet i mange aar. Fyrste Gongen han var til Kyrkjå att, vanæra Presten han i Aalmanne Fjöldi. Aasmund „gjeck paa Stivla“ — det var so fæle noko „Normannstivla“, og der var slik Narkl. Presten var paa Stolen daa Aasmund kom stigande innigjenom Kyrkjefilet. „Hør Aasmund, hvor han fjerter!“ sa han. Aasmund skar ut Magen paa han, med same han kom ut or Kyrkja. Der var prestelaust i Valle i tri Aar. „Daa søkte dei ti Stathöldare,“ fortalde Olav Aanison. Han lova dei Prest; men fyrst skulde dei møta paa Hornnes og beda for seg. Or Bykle møtte Mennerne paa Byklum og Bjørnaraa.“<sup>20</sup> Segni segjer òg at daa presten hadde fenge knivskurden ropa han i daudsvoni: „Tager hævn!“, og so steina aalmugen Aasmund i hel, og grov han ned paa den staden der han fall. Det er vingling i fraasegnene naar dei skal gjeva grunnen til at Aasmund drap presten. Ephraim Jæger fortel at Aasmund var ein drikkar og harma seg upp av di presten i preika hadde tala imot drykk. Gjellebøl segjer at det var av di presten paatala at Aasmund kom for seint til kyrkja. Men Valle kallsbok fortel det i samsvar med segni no. Elles er alle fraasegnene paa lag samde um kva som gjekk fyre seg, og det er ingen tvil um at det er ei historisk hending. Gjellebøl var prest i Valle i 1772 og maa daa kunna ha høyrtr traditionen av folk som hadde fenge han tidleg i 18de hdr., d. v. s. 150—200 aar etter hendingi; so lenge vilde visseleg traditionen um eit slikt hende halda seg ubrotten. Dessutan fortel Jacob Michelsen, som var prest i Valle fraa 1551, at Jon Gutormson, superintendent yver Stavanger stift kalla honom til sokneprest i Valle, „eftersom fornævnte gjæld havde været præsteløs i 3 samfulde aar, da folk der havde været saa onde og haarde mod deres præster at ingen vilde did“. — Difor laut dei, fyrr dei fekk Jakob Michelsen, „indgaa forpligtelser hos fornævnte hr. Joen Guttormsen, at de vilde opføre sig kristelige og tilbørligen

mod deres sogneprester<sup>21</sup>. Dette synes aa vera det same som segni umtalar, og draapet hev daa, som Blom meiner, truleg gjenge fyre seg i 1547 eller 1548.

Um den store kjempa Aasmund Talleivsson Rygnestad, „Vonde Aasmund Rygnestad“, gjeng det mange segner i dalen. Det er fortalt at han vart utkommandera daa dansk-kongen hadde ufred. Men han rømde og tok ut paa ferd i framande land. Han kom til Holland og var med i „den lange krigen“. Fyrr han drog heimanfraa, hadde han fest Hæge Nomeland, og dei skildest so, at ho skulde venta paa han i sju aar. „Daa Ventetidi var ute, truga dei Hæge til aa lova ein Gardskar paa Nomeland. Daa rymde Aasmund inn att. Han sprengde tvo Hestar til Ryss-stad. I Aarhus fekk han den tridje. Det var Brudlaupsdagen. „Brurinn“ var uppe i Loftet klædde Brudi. Men ho ussa dei burt; dei vart aldri ferdige. Daa saag ho ein raudklædd kom ridande og byksande ut paa Harstadbergi.“<sup>22</sup> Det var Aasmund, og han tok bruri ut or brudlaupet. Han vart dømd fredlaus, av di han hadde rømt or ufreden, og han kjende seg ikkje trygg heime. Han hadde tvo stabur paa Rygnestad med ei drumbe (gang) imillom; her var det lett aa verja seg um det kneip. „Daa kom Futen; ein heil brote med raudklædde fylgde han. Aasmund saag dei av Loftsvali koss dei kom skiltande hitigjenom „Myrann“. Han hadde skjefst med ei Mælestong hit paa Vollen. Daa radde han Stongi med femtan Piler — Bogen het „Graasuli“. „Hev du fleire Pili?“ sa dei. „Eg hev ei ti kver av dikko,“ sa Aasmund. Daa maatte han heller vera, sa Futen.“<sup>23</sup> Det er elles fortalt mange drag fraa livet hans heime i Sættesdal, som me ikkje kann koma nærare inn paa her. — Dei hev til dessa ikkje visst so nøgje naar Vonde-Aasmund livde, og det hev vore gissa baade paa 16de, 17de og 18de hundradaaret. Den ufreden han var ute i skulde daa anten vera den nederlandske fridomsstriden eller tretti-aarskrigen, eller den spanske ervefylgjekrigen. Det er det fyrste som er det rette. I dei „Aktstykker til de norske stændermøders historie“ som Oscar Albert Johnsen gav ut i 1910, finn ein namnet hans. I fullmagtene fraa aalmugen til Kristian den fjordes hylling i Oslo 1591 finn ein *Osmundt Thallefsøn paa Rønnestadt, lensmand*. Dette er tvillaust Vonde-Aasmund. Av lensrekneskapane kann ein sjaa, at han er burte i aaret 1610; daa sit son hans, Talleiv Aasmundsson paa Rygnestad. Rettnok hadde denne Talleiv att ein son som heitte Aasmund; men det kann ikkje ha vore han som var Vonde-Aasmund, for han synes aa ha vore ein fredsæl mann, som, etter lens-rekneskapane aa døma, aldri laag i strid med øverheiti. Vonde-Aasmund hadde med heim ymse ting fraa Hollandsferdi si, og alt dette er fraa siste helvti av 16de hdr. N. Nicolaysen segjer: „I øver-

ste rum [av staburet paa Rygnestad] finnes opbevaret flere ej sammenhørende stykker af lerredstapeter, malede med limfarve, og hvorpaa sees dels St. Jørgen i kamp med dragen, dels nederlandske vaabener og dels forskjellige scener, hvori de optrædende personer have dragter fra omtrent 1560—80, fremdeles et trykt blad indeholdende en vise i plattysk eller nederlandsk sprog fra omtr. 1570, en sabel, en dolk, en stor kniv, en slidre, hvori kniv og gaffel, og et pilekogger, alt af udenlandsk arbeide og som det synes fra tiden omkring 1580.“<sup>24</sup> Denne tidfestingi av bilæti og vaapni høver med traditionen i Aasmunds ætt, um at det var under hertugen av Alba (1567—73) at Aasmund tente.<sup>25</sup> — Grunn- dragi i segnene um Aasmund maa soleis vera historiske. Men det er lett aa sjaa at segni hev stilisera sumt, t. d. forteljingi um daa Aasmund kom heimatt fraa Holland: han hev vore burte i *sju* aar, han sprengjer tvo hestar og rekk fram paa den *tridje*; det er dei typiske eventyrtali me hev aa gjera med. Den dramatiske spaningi er drivi til det ytste; daa dei ikkje *kann* venta lenger, kjem Aasmund. Og bilætet med bruri som stend i loftsvali og ventar og ser med lengt og otte utigjenom dalen til endeleg den raudklædde kjem ridande i tanesprang — det bilætet er utforma med kunstnarhand. Ymist yvernaturlegt er òg kome inn, t. d. um den uhorveleg sterke svarte hesten som Aasmund hadde. Segni um koss han radde mælestongi med piler, fortel dei i Sættesdal um Harde-Aslak au.

Fraa det 17de hdr. er det mykje tradition i Sættesdal, mest um store *kjempor* og merkelege *prestar*. No vert det òg mykje lettare aa røkja etter kva er dikt og kva er sanning i det segnene fortel, av di me hev so mykje meir med skriftlege kjeldor til aa jamføra segni med. Det viser seg i det heile at traditionen er meir paalitande enn ein kunde



57. Garden Kvaale i Byggland

Fot. Gisle Midttun

venta, naar ein dreg seg til minnes kor lang tid segnene hev livt paa folketunga. Me kann her berre taka med tvo—tri dømme paa historiske segner fraa den tidi.

Um presten hr. Peder paa Bygland fortel dei at han „forsulla seg med ei Gjente upp i „Liè“, med han saag til Slaattefolket — der var so mykje Slaatemark upp i Liè og mange Plass som hørde Presten til. Daa jaga dei han or Bygdi. Han la beint til Stavang, til Bispen. Der var ingen ko Fruva som gaadde med han kom. So løynde ho han paa Skjaldtilet og aldri gat um. Daa Bispen la til med Kveldsalma, røsta Hr. Peder upp, det sterkaste han kunde. Bispen braut av; men hin braut av likeins. So la han til att; det same gjorde Hr. Peder. „Det er visst Hr. Peder paa Byggland,“ sa Bispen; „han har saa deilig en Sangstemme,“ sa han og la upp paa Skjaldtilet. Daa laag Hr. Peder paa Kne med Dyri og treiv han kringum Knei og fortalde kva Vande han var i. „Da ska alli skakke deg eit Grand,“ sa Bispen og fekk han paa Føterne att; men han skulde gjera Knefall fyre Gud og Aalmugen i Kyrkja, sa han. Men det enda so, at han fekk „Straffekall“, Hr. Peder, og flutte ifraa Byggland.“ — Dette hende i fyrste luten av 17de hdr. Peder Thøgersen vart Prest i Bygland 1607. Han rømde fraa kallet utan lov. For dette og andre misgjerdar vart det klaga til Stavanger domkapitel. Hovudpunktet i segni: at presten rømde, er soleis historisk, men kallsboki gjev til grunn at det var for di bøndene „vilde slaa ham ihjel, da de var haarde og gjenstridige“. <sup>26</sup>

Um Esaias Bugge som var prest i Valle i 36 aar, fraa 1661—1697, veit valldølane mykje aa fortelja. Han førde ei mengd med rettssaker, av di han var so slid etter jord og vilde eigna til seg baade her og der. Det er desse retts-trættone som folk minnest. Her hev truleg gamle dokument hjelpt til aa halda traditionen uppe; det er noko som ein stundom maa rekna med i Sætesdal, der sume gardar hev havt heile arkiv med gamle brev til opplysning um gards-soga. <sup>27</sup>

Mykje forvitnelegare enn presterødene er segnene um dei store kjempone som livde i det 17de hdr. For ettertidi kom det til aa staa ein serleg glans kring dei. Solenge dei livde, galdt dei gamle lovene um viglysing, tegn og fredkjøp og mannebøter. Daa kunde ein endaa gjera eit „ærlegt draap“ og vera like velvyrd mann sidan. Men daa desse kjempone hadde sige i grav, kom det nye lover som kravde liv for liv og gjorde draapsmannen til brotsmann. Motsetningi millom det gamle og det nye gjorde at minnet um dei siste store repræsentane for den gamle tidi kom til aa halda seg friskt og lenge. Me skal berre taka fram ei av desse gamle segnene til nærare granskning. Det er det som er fortalt um storkjempa *Jørund Kvaale* i Bygland. — Skar

fortel m. a.: „Jørund Kvaale var Ovkjempe — Staale Slettinn' trudde seg inkje imot han:

„Hesten min heite Smalerau  
aa sjav'e so heite eg Staali;  
hell'e vi eg liggje dau  
ell slaa-ast me Jørund Kvaali“

sa han . . . Jørund drap Tid paa Tid. Kongen var yvergjeven fyre han. „Koss ska mi ber' okko me Jørund Kvaali,“ sa han; „no hev 'an drepe tri Mann.“ „Han hev 'kji drepe ko ein,“ sa Narret hans. „Kvæ hev so drepe dei hine,“ sa Kongen. „De hev du gjort,“ sa Narret. „Koss daa,“ sa Kongen. „Ha du sett 'an, ha dei lift,“ sa Narret. Grannen hans Jørund var heim til Kvaale og vilde laana tri Tjug — det var daa ei Mannebot. Jørund hadde tri Tjug lause, men han sytte med aa laana dei burt: „De kunna høve ti at eg drap sjav'e,“ sa han. Det var ikkje bil so kom Aamund Mykland aat Dalen; han vilde kaupa ein Hest. Fyrst fala han paa ein Hest paa Byggland. So tok han til Kvaale. Bygglandsmannen vara han med: „Kjem'e du ti 'an Jørund so drep 'an deg,“ sa han. Jørund fagna han med Drikke og Mat og var so greid som han kunde vera; han fylgde han hitetter Veggen daa han tok ut att, og Aamund skrepte av han for raust og gild han var: „Detti gjekk inkji so som dei spaaddi,“ sa Aamund; „dei sa eg slapp alli av me Livi,“ sa han. „Kvæ sa de,“ sa Jørund. Og Aamund nemnde Namnet. „Nyttug'e Manns Or gieng alli tibaka,“ sa Jørund og stakk han i Hel — dette bar til i „Smedalen,“ eit snildt Skotmaal ifraa Husi. Dei sette Sak paa Jørund. Daa vitna Slaattekararne til Presten, at Blodet rann av Henderne daa han gjekk heim. Han bøtte ut tri Tjug.“ Det er au fortalt at han drap ein „utmann,“ og ein evdøl fraa Nerbø i Flatebygd. „Jørund var so i Bending med Sønerne til Presten. Dei bad han heim i Joli; men han trudde dei vaakje; dei maatte senda mange Bod fyrr han kom. Dei drakk paa Loftet. So fall dei ut, og han var eisemall og dei var tri. Jørund rymde ut Glaset og hanka seg ned Veggen med tvo Knivar. Men dei sprang Stetti og rauk paa att. Jørund drap dei alle tri i ein Skjevlehaug. So la han heim. Kona var fjaag — ho totte gildt daa han kom so tidleg heimatt. „Eg veit inkje ko gjildt de e hell'e“ sa Jørund. Jørund rymde; han reid nord paa Skogarne og heldt seg der, til det vart „Kungsdag'e“ — det var i mange Aar. — Der heldt seg ein Storkar hjaa Jørund Kvaale — det skulde vera Son til ein Prest. Han sat paa Loftet. Han var saa god i seg og gjorde aldri vondt — det var ikkje det at han var roten: det var so utifraa spræk ein Kar. Men so kom Jørund i Ulag paa han, og Karen stengde Dyri. Jørund truga med tvo Knivar utfyre Glaset: „De inkji den kann gjere,“ sa han og synte han den eine Kniven — „de kann den,“ sa

han og synte han den andre. So hogg han dei i Veggen, ymise Knivane, og hanka seg upp, og inn Glaset og drap han. I alt drap Jørund sjau eller det var nie Mann. Jørund Kvaale var smaavaksen. Han fór i Tovdal. Likkvilet hans syner paa Bygglands-heidi.<sup>28</sup>

Det er fleire avbrigde av desse segnene um Jørund. Det er au fortalt at den mannen fraa Mykland som han drap, „vilde prøva karsstykk med han og kom der og spotta han“. Dei ordi han sa til Aamund Mykland er daa sagde til „ei kjempe som vilde sjala seg hjaa honom“.<sup>29</sup> So er det att fortalt at Vonde Knut Myrom fraa Valle „slost so uløyseleg med Jørund Kvaale; dei drapst mestom. Men dei var inkje betre, kvergin. So skulde Rikjesmannen ut til Kvaale. Daa bad han Knut aa fylgja. Men Knut talde han reint ifraa: „Finn'e du 'an Jørund, so drep 'an deg,“ sa han; men han vyrde inkje paa det. Jørund tok han vel; dei drakk snildt heile Tidi, med han var der. „Detti gjekk aileis ell 'an Knut Myrom spaaddi,“ sa Mannen. „Ko sa han,“ sa Jørund. „At du kaam ti drepe meg,“ svara Mannen. „Hev Knut sagt de, ska gjills Manns Or alli gange tibaka,“ sa Jørund og drap han.“<sup>30</sup> Sume segjer at det var den store kjempa Vike-

svorten, som Jørund tok av dage paa den maaten.<sup>31</sup> „En gammel Mand ved Byglandsfjorden“ fortalde i 1855 for Ludvig Daae at det var ein mann som kom vandrande til Jørund yver fjellet fraa Aamlid.<sup>32</sup> — Alt dette er variantar av ei og same segni. Like eins maa det vera med forteljingane um at han drap 3 søner til ein prest, og at han drap ein storkar, son til ein prest; baae stadene finn ein draget um loftet og um korleis Jørund hankar seg i veggen med tvo knivar. Det som er fortalt um koss han hadde det daa han var fredlaus er mest like eins som det dei fortel um Vonde Knut Myrom.<sup>33</sup> Jørund er med i ei tussesegn au: „Gunnar Kollshus fanga ein tusse paa heidi, og stengde han inne i badstova — han hadde vore paa stølen, Gunnar, og var i heimvegen att. Der var daa ting-stad paa Kvaale. So leidde han tussen der ned og spurde skrivaren koss han

skulde fara — um han skulde setja han. Skrivaren glodde, og tottest aldri vita noko ting. „Lat deisen ganga,“ sa Jørund Kvaale, „kva vil de han!“ sa han. Men Gunnar stengde han inne i badstova att. Daa daska Jørund av og slepte han ut att. „Frægdemenner paa Kvaale og vesalmenner i Kollshus til niande led!“ sa tussen og pila seg av hit i Kvaalsnapen.“<sup>34</sup>

Ein vil av dette sjaa at det er ikkje so lite vingl i segnene um Jørund Kvaale, og sumt maa vera dikt. Det fær ein prov for naar ein røkjer etter i gamle dokument. Daa vil ein sjaa at Jørund Kvaale er fødd noko etter 1580 (1582—84). Han vart minst 82 aar gamall, men døydde fyre 1670. Dette høver godt med at det beltet som skal vore hans, ber aarstalet 1602;<sup>35</sup> ved det leitet hev han vore fullvaksen. Det er rett som segni segjer at han var ein megtug mann. Han aatte ei mengd med gardar. I 1655 t. d. hev han eignedomar i Haugen, paa Sandnes, Skjevraak, Lauvdal, Frøyraak, Bø, Senum. Det var ikkje berre med styrken sin at han merkte seg ut, men med rikdomen au. I det heile vil ein finna at var mannen baade sterk og rik, so gjekk gietordet um han so mykje vidare, og dei mintest han so mykje lenger. I aaret 1612 møter me Jørgen Qualle for fyrste gong i lens-

rekneskapane; daa laut han bøta 5½ dalar for di han hadde stunge ein mann som heitte Aslak Olavsson. Fraa 1614 hev me eit brev som fortel um eit forlik som ein mann i Valle laut gjera med Jørund, for di han hadde hogge Jørund i armen. Jørund fekk ein hest i skadebot. I 1629 laut Jørund leggja 6½ dalar og 1 ort i „tegn og fredkjøb for Omund Lemsland han tog afdage“. Her er me ved det draapet som segni veit so mykje aa fortelja um. Me ser at segni hev hugsa rett naar det galdt namnet paa mannen; han heitte Aamund. Rettnok var han ikkje fraa Mykland, men han var austantil, fraa Lømsland i Tveit, og elles var det vel mogelegt at han ved det leitet hev butt i Mykland. Den segnformingi som hev namnet Aamund Mykland er difor den rettaste, noko som ein elles au kann tenkja seg, for det er den som er mest sermerkt og realistisk og rikast paa ein-



58. Esaias Bugge

Etter bilæte i Valle kyrkje  
Fot. Gisle Midttun

skilddrag. Denne formingi forklarar au kvifor manneboti var so uvanleg liti: slaattekarane aat presten hev berga saki for Jørund med sine vitneprov (sjaa ovanfor). I 1634 laut Tarald Lauvdal og Jørund Kvaale bota 1½ dalar, for di dei slo Olav Stoplestoga nokre slag med eit tre. Jamvel so seint som i 1655 daa Jørund var yver 70 aar, lyt han bota 3 dalar for di han stakk Tarjei Bjørnsson i armen med ein kniv.

Men trass i alt dette synest Jørund aa ha vore ein velvyrd mann til det siste. I 1658 var han lagrettemann paa tinget paa Nese. Han var skriftkunnig au; fraa 1660 hev me eit brev som Jørgen Qualle hev skrive med „egen hand“. Eg hev ikkje funne nokon ting som kunde tyda paa at han hev gjort fleire draap enn det eine, eller at han hev vore fredlaus noko bil; tvertimot synest han stødt aa ha site i ro paa Kvaale all si tid. Det var eit „ærlegt draap“ han hadde gjort, og manneboti skulde ikkje skakka han stort. Paa sine gamle dagar laut han bota 3 gonger so mykje (20 dalar!) „for han ikke betimeligen efter recessen lod besigtige den ødegaard Brovold“. Han hev visselig vore ei ovkjempje og ein strid og uvyrden kar, men segni synest aa ha gjort draapsverki hans mange fleire enn dei i røyndi var. At det hev stade ein støkk av han, kann ein sjaa av gamlestevet som kjempa Staale Slettinn dikta. Forteljingi um Rikes-mannen og Jørund Kvaale kann ikkje vera sann, men det er rett at Vonde Knut Myrom livde samstundes med Jørund Kvaale, og like eins er det sant naar segni fortel at Knut Myrom drap Jon Aasmundsson Homme. I 1647 finn ein under „Sigt og Sagefald“ i lensrekneskapane: „Annammeth af Knud Lauritssøn Myrom som han var tildømt at bøde Kongl. Maj. for drab han begik paa Jonn Oudenssøn Hommen et Fuldteigenn og Fredkjøb 12 daler og 16 skilling.“ — Liksom dei tvo Vonde Aasmund'ane var dei mest aagjetne kjempone i dalen i det 16de hdr., soleis var Jørund Kvaale og Knut Myrom det i det 17de hdr.

Med det 18de hdr. breider det klaare historiske dagsljoset seg sterkare yver segnene. Ein kann no mykje lettare kontrollera traditionen, for no kjem det retts-protokollar, kyrkjebøker o. s. b. og skaffar oss mange opplysningar, medan ein for det 17de hdr. laut halda seg til det tilfanget som lensrekneskapar og eit og anna dokumentet kunde gjeva.

Umfram segnene um kjempor og prestar, fær me no ei mengd forteljingar um soldatar som „laag ute“ so og so lenge, og um alt det fæle dei vart ute for. Det er mange segner fraa den store nordiske ufreden, og fraa den tidi „daa ota stod med Kvistrum bru“. Segnene um manndraap kjem mest burt; det var ikkje lenger noko kjempe-verk aa taka ein mann av dage. Ein skulde slaast utan kniv og handyvle, naar rett var.

Det yvernaturlege sig au meir i bakgrunnen i desse for-

teljingane. Men det er sjølv sagt at det finst, for trui var like livande, og serleg i presterødøne hev det havt lett for aa breida seg. Til Lisle-Jæger hev det knytt seg ei heil rekkje av dei vanlege vandresegnene um vise prestar. Han var i utlandi og vart fanga av Villtyrken. Dei „beitsla han og hadde han til aa køyra med — det synte etter Beitsleringarne paa Kjakarne solengje han var til; fyrst han raka seg synte det so greidt. Fruva var med paa Reisa. Det var eit Under dei slapp livande heimatt. Villtyrken gjødde dei og vilde slaatra dei. Lislejæger tok ikkje Gjødsl; men Fruva la paa seg, so ho hadde ikkje lengje etter. Daa rymde dei; dei rekte ut ein Silkevev or Glaset og hanka seg ned. Villtyrken sette etter dei med Hundar; men dei fekk løynt seg i ein Hampaaker, so Hundarne miste Farvegen. Det var i Vittenbergskulen Lislejæger sat, daa han lærde til prest. Det vart sjau inntekne til kvart Aar paa den Skulen. Fyrst dei so var utlærde og yverhøyrde, daa tok den Vonde den som sist slapp ut Dyri, til aa vera etter og læra upp dei nye som kom. Daa Lislejæger var utlærd, var det han som var den siste; men han slapp undan: „Tak den som bak staar!“ sa han. So tok den Vonde Skuggen hans. Lislejæger var skuggelaus alle sine dagar.“ Det er fortalt mykje um koss Lislejæger kunde mana vonde aander, koss han kunde klumsa tjovar, visa att og mykje meir. Det er stutt sagt noko yvernaturlegt ved alt det som vert fortalt um Jæger. Det er reint ei bisn at folk hev kunna tru so mykje um han, naar ein kjem i hug at han var fødd so seint som 1737 og var prest i Bygland 1783—1798. Det er ikkje lenger sidan han livde enn at godfar til ein av Skars sogemenner kunde spyrja um det vart sant det dei fortalde um koss det bar til daa han var paa Vittenberg-skulen: „Godfar spurde han eingong um dette var sant. „De e baa satt aa inkji,“ sa Lislejæger; „de e satt at ein laut vere etti; men de fadd inkji paa meg,“ sa han.“<sup>36</sup>

Fraa dei siste tvo hundradaari er au dei fleste segnene um „frededelege folk“, dei som ikkje for med karsstykke og slikt, men merkte seg ut med klokskap og rettferd. Me hev nok gamle segner av dette slaget t. d. um heilagmenne, og nokre slike „bondehelgener“ veit me um fraa Sætesdal: „Sundri Solli va so skjikkeleg 'n Mann'e; han hengde Vettinn' paa Solveven — dei saat' i Røykstogu i hass Dage, aa itt Solè daa skjein inn Ljaaren, aa Straala sette i Snei ive Ellstaen, saag 'an æ for vel i Røykjè. Eigaang 'an va ti Kjyrkjunn' gjekk 'an um a Aks aa alli tok de upp — de va nor aa „Skjeiè.“ Daa hinge 'kji Vettinn'. So reist' 'an av ette de. Daa hinge dei. De va eit um Bil i Fyndeheimè Sundri va ti. Solli laag paa Lanjeisheiinn', utaa Brotè. No e de lagt undi ti Støyl.“ Ein annan var Loddvaar Bjønnaraa. Han var „Gjetors skjikkeleg'e“, og fekk ein gong

ei kjelde til aa springa upp, der det ikkje fanst vatn fyrr.<sup>37</sup> Alt dette er sovore som dei ofte fortel um heilagmenne. Men det meste av det som dei fortel um fredelegt folk høyrer som sagt ei seinare tid til. Sumt av det er reint hugtakande: „Liv Vollarne var skikkeleg. So vel fare Menneskje hev eg aldri set. „Dei spyrje meg um eg kann elske mi Uveni,“ sa Liv; „daa lyt eg svøre: eg hev ingle Uveni; eg veit alli noken som vi mi vondt; adde gjer mi de beste dei kunne. Eg tikje gjildt i adde,“ sa ho. Ho svarma stundom daa det leid med henne. Daa var dei so rædde ho skulde ikkje finna fram. Men Liv var den same: „Han ska 'kji agte den seisti lisli Vind,“ sa ho. So var ho til dess Timen kom og ho anda ut.“<sup>38</sup> Sjaa ogso Skars skildringar i „Gamalt or Sætesdal“ I av ein slik kar som Kjetil Kyrvestad. Men her glid me etter kvart yver fraa segni til personlege minne, sovore som sogemannen sjølv hev vore med paa.

#### b. Mytiske segner.

Mytiske segner er segner som hev noko yvernaturlegt til hovudemne. Segni vert fortald for det yvernaturlege si skuld og ikkje berre for di det hev hendt den eller den personen. Segni um den tussen dei fanga paa Kollshus er ei mytisk segn, endaa Jørund Kvaale er med, for di at tussen er det centrale i segni.

Av mytiske segner finst det ei uhorveleg mengd i Sætesdal. Desse segnene hev nok sin serleg sætesdalske svip; men det sermerkte ligg meir i stilen enn i segntypene. Det er dei vanlege typane me møter elles i landet. Det er forteljingar um alle slag yvernaturlege vette, um trolldom, hamskifte, nedgravne skattar, o. s. b. Serleg merkande er den store mengdi av segner um oskoreii og um tussar.

I Sætesdal er det *Sigurd* og *Guro Rysserova* som fører oskoreii. Sigurd er den same som den vidgjetne Sigurd svein eller Sigurd Faavnesbane og Guro Rysserova er kona hans Gudrun Gjukadotter. Her fær me eit godt døme paa kor velkjende desse segnene maa ha vore. Dei hev havt evne til aa trengja seg inn i oskorei-segnene, som byggjer paa ei eldgamall tru um ei rei eller ei ferd med daudingar som fer gjenom lufti. Ogso i folkevisa um Sigurd svein kjem Sigurd med i oskoreii. Av denne visa, som maa vera fraa millom-alderen, er det funne fleire brot i Sætesdal. At heile segnkrinsen um Sigurd Faavnesbane og Gjukungane hev vore kjend i Sætesdal, ser ein elles av nokre utskjeringar fraa ikring 1200. Paa nokre dørskier fraa dei gamle kyrkjone i Hylestad og Austad finst det ei rekkje bilæte som spanar um Sigurd-segnene, heilt fraa dei smidar sverdet aat Sigurd og til Gunnar ligg i Ormegarden og dei skjer hjarta ut paa Hogne.

Sume av segnene um nedgravne skattar hev ein merkeleg

gamall daam. Fleire gonger er det fortalt at dei er „sigra“, fortrolla eller nedsette med „fesser“, trollbøner. Um „medelen i Kvestefjødd“ fortel dei: „I Meato-dalè, i Kvestefjødd, stend 'n Medel. Han e siggra. Siggringji var krøta inn aa „Stuvækkresteinè“. So høyrer du i Stevè:

„De stend'e skriva aa Stuvækkresteinè:  
I Meato-dalè stande dei Kasslann' tvei;  
Kjetili undi, Kjetili paa,  
Aa Kjetil heit' 'an, dei finne maa.“

Siste helvti av denne remsa maa vera mykje gamall; det skynar ein m. a. av at ho finst paa Færøyane òg. I Antikvarisk Tidsskrift 1846—48 fortel den kjende færøyske maalgranskaren Hammershaimb um ein „Gullheygjur eller Ketilsheygjur, hvor en mand ved navn Ketil i oldtiden skal have nedgravet en stor masse guld, som lindormen bevogter; den, som skal komme i besiddelse af disse skjulte skatte, må bære navnet Ketil, såvelsom flere af hans forfædre, da først kan trylleriet eller runerne, hvormed guldet er nedlagt, ophæves; et fabelagtigt vers siger derom: „Ketil hól (eller gró), Ketil fjól,<sup>1</sup> Ketil undir, Ketil á — Ketil hann, ið finna má“ (s. 259). Dette er truleg minningar um dei trollversi som skattane vart nedsette med.

Det merkelegaste ved segnene i Sætesdal er at den trui som skaper slike segner, var livande heilt inn i den tidi daa segnene vart uppskrivne. Difor kom nytt og gamalt til aa liva jamsides, eldgamle segner og nylagingar, det som hadde livt paa folketunga heilt fraa „fyndeheimen“ av, og det som hadde hendt sogemannen sjølv. Men det er oftast stor skilnad paa det gamle og det nye, endaa det altsaman er skapt av den same folketrui.

Ser ein etter kva det er som sogemannen sjølv hev vorte ute for av yvernaturlegt, er det ikkje so mykje merkelegt; det er berre ein glytt av den løynde verdi han hev fenge. Ein mann ser ein stor buskap i heidi. Det er ingen som hev krøter der daa; difor maa det vera ein tusse-buskap han hev sét.<sup>39</sup> Ein annan ser tvo smaa graaklædde menn gaa paa vegen framfyre seg, men kunde ikkje koma nær dei.<sup>40</sup> Ein hev set ei bru som tussane hev lagt yver ei myr<sup>41</sup> o. s. b. Men so snøgt det er noko som ikkje hev hendt forteljaren sjølv, men einkvar annan i gamall tid, daa kjem det straks meir liv i forteljingi; daa hev dei ikkje berre sét til tussane eller høyrte dei, men dei hev tala med dei, og havt samkvæme med dei aar ut og aar inn so alle folk visste um det, ja det skal ha hendt at ein mann vigde med ei tussegjente, fekk barn med henne, og den dag i dag held dei namnet aat tussegjenta uppe i ætti.<sup>42</sup> Naar det er noko som hev hendt forteljaren sjølv, so fær ein vita so nøgje

<sup>1</sup> hól og fjól ere former, der med villie i slige mystiske vers blive fordrejede, af hilja og fjála, tilhulle, skjule, for huldi og fjaldi (fal).

um tidi og staden, koss vêret var, kven var med o. s. b. Det er meir med skildring enn med hending i det som vert fortalt. T. d.: „Me hørde tussane so kavende vel, han Salmund Haugebirkje og eg, ein gong me fiska. Som me sat i Voilevasstangen vart det slik tuml og sjug; det bladra og tala — det var plent som der var tusen i ordi; dei skøya og ljoda og ropa; dei ropa so heitt paa „Knut,“ me hørde so skilvangeleg det namnet. „Kva er dette?“ sa eg — eg var rædd. „Det er tussane,“ sa han Salmund; „dei hev brudlaup“ sa han. Men hadde eg vore eismall, so hadde eg runne, so rædd var eg. Der var ingi stolar i Midtfjølli, og aldri livande liv i heidi, utan Salmund og eg; det var nons bil og klaart og stilt, aldri ein vindsblekk. Ferdi tottest koma or urdene paa hi ledi av vatnet; der var nokre nutar paa den ledi og glope urd innunder fram med strandi.“<sup>43</sup> Men di eldre segni er, di meir hev skildringi kome burt og hendingane hev grott upp i staden. Det vert ikkje lenger fortalt so nøgje um *naar* og *kvar* hendingane gjekk fyre seg; stundom heiter det berre: „De va ein mann,“ „de va tvo granna,“ o. dl. Men likevel held segni paa den realistiske svipen sin: „Det var ein mann paa heidi og slo, og kona var breidar. Dei hadde slege av, og høya i hop, og var til sette stakk — han sende upp og ho sette. So med ein gong vilde mannen taka ut. „Eg lyt av eit bil,“ sa han; „tak so du riva, um bjørnen skulde koma,“ sa han. „Du reiser 'kje so langt at eg tarv det,“ sa ho; men han trengde paa, og daa tok ho riva. Det var ikkje meir enn han rakk hit i runnane, so kom bjørnen og huska seg til og vilde upp paa stakken; men ho hogg med riva og skuva han ned att. Han la til att, friske tak. So fekk han i fyreklædet; men ho heldt seg i sneisi, elles hadde ho lote fylgt daa. Fyreklædet sleit han i fillor. Daa pila han seg. Med same kom mannen. „Sjaa koss han hev slite fyreklædet sund!“ sa ho. „Det var underlegt eg skulde ikkje høyra med du huva,“ sa han og la til sende atter. Dei sette seg daa dei hadde gjort av, og han la hovudet i fanget hennar, meden ho luska han. Daa gaadde ho strigetraad i tennene. Ho vart aldri glad meir.“<sup>44</sup> Det er ein reint uhugleg realisme yver denne forteljingi um mannen i bjørneham, men ho er visseleg eldgamall og byggjer paa ei eldgamall tru, og ho er korkje heimfest eller tidfest. I so maate nærmar desse forteljingane seg eventyri.

#### EVENTYR

Etter maaten finst det mange eventyr i Sættesdal. Ikring fjordeparten av alle dei norske eventyrtypane hev dei funne att i Bygland og Valle. Det er Jørgen Moe og Johannes Skar som hev skrive upp mest. Alt i Asbjørnsens og Moes eventyrutgaave av 1852 hev utgjevarane nytta ikkje so lite

av det tilfanget Moe hadde funne i Sættesdal, og i Asbjørnsens einesamling fraa 1871 er det au teke med fleire eventyr fraa Sættesdal. Men største luten av tilfanget vart fyrst lagt fram for aalmenta i Johannes Skars „Sogur“ I og II (1913—15). Og her kom eventyri for fyrste gong i sin heimlege maalbunad og med si sermerkte stilkunst.

Sættesdal hev havt gode eventyrforteljarar, som hev gjeve eventyri ei fast og klassisk form. Det er forklaringi paa at eit og same eventyret hev kunna livt i ei og same bygdi i tvo skilde formingar. Skars samlingar gjev mange døme paa det; han hev i alt 62 eventyruppskrifter, men berre 35 eventyrtypar. Ein stor del av uppskriftene er difor berre variantar av andre uppskrifter. Men desse variantane er so greidt skilde, at Skar i dei tvo samlingane sine hev 57 nummer. Kvar sogemann hev umhugsamt halde fast paa *sin* tradition og ikkje blanda det upp med det som andre fór med; det galdt um aa segja saga rett.

Dei fleste eventyri i Sættesdal er sjølvsgt dei *vanlege* eventyrtypane. Men det finst au fleire sjeldsynte eventyr. Av eventyret um „Tobaksguten“ finst det i det heile berre 3 uppskrifter; 2 av dei er fraa Sættesdal og 1 fraa Fyresdal, men denne siste er tydeleg komi fraa Sættesdal. Av eventyret um „den grøne riddaren“ er den einaste fullstendige uppskrifti fraa Sættesdal. Eit merkelegt eventyr er „Trollnysta“. Jørgen Moe hev skrive det upp i Bygland og i Aaseral; elles er det ikkje funne nokon stad. Det hev mange gamle drag. Moltke Moe segjer um det at det hev merkelege likskapar med Nornagest-segni og Meleagros-myten. „Synes oprindelig at ha været et *meget merkværdig* eventyr, men er utvandet og tildels forkvaklet.“ Sidan dette eventyret ikkje er prenta, skal me her referera hovudinnhaldet:

Det var ein gong ein konge og ei dronning. Daa dronningi laag i barnseng, kom det inn ei kone og gjekk burt aat vogga. Ho saag paa barnet. „Ja, du er ven,“ sa ho, „men so ven du er, kjem du til aa gjera baade hor og mord, og du vert dømd til dauden. Og mor di kjem ikkje til aa liva lenger enn til dette ljuset er utbrunne.“ Dronningi hørde dette, og so fekk ho dei til aa sløkkja ljuset med det same. Ho gøymde det millom gullstasen sin. — Ein gong vilde kongen og dronningi ut aa køyra, og so sette dei dotteri etter heime. Ho var alt halvaksi daa, og dei fekk ei onnor liti jomfru til aa halda henne med sellskap. So fann kongsdotteri paa at ho vilde syna leikesysteri den gullstasen mori hadde — ho saag at mori hadde gløymt skaaplykelen. Dei fann ljuset og tendra det. Daa det hadde brunne eit bil, fekk dronningi vondt, og skyna snart koss alt hadde bore til. Ho fekk Kongen til aa køyra attende so fort han berre kunde. Daa ho kom heim, treiv ho ljuset og sløkte det. Men det var for seint; det var nære paa utbrunne og dronningi døydde.

Daa det leid paa, gifte kongen seg att, men den nye dronningi fekk ikkje greide paa at han hadde ei dotter. Sidan ein gong laut han ut i krig, og daa bygde han eit slott og sette dotteri der. Det var berre ein einaste mann som visste kvar ho var, og kongen hadde lova at han skulde missa livet um han sa det. Paa den maaten kjende han seg trygg for at den nye dronningi ikkje fekk vita um henne; og ikkje kunde spaadomen um henne gaa fram heller. Men so han kunde vera heilt trygg, sette han ei løve au til vakt, og lyste ut at den som drap løva skulde sjølv missa livet. So drog han i krigen. Men koss det no bar til, so fekk dronningi greide paa at kongen hadde ei dotter. Ho bad vaktmannen segja kvar kongsdotteri var, men han vilde slett ikkje. Til slutt truga ho han med at han skulde missa livet, og daa laut han ut med løyndomen. Dei fekk stengt løva inne, og so henta dei kongsdotteri til dronningi. So sa dronningi: „Eg veit kva dei hev spaatt deg daa du var liti; men vil du no lyda meg, skal eg laga det so at det skal gaa deg tolleg godt endaa.“ Jau, kongsdotteri skulde retta seg etter dronningi i eitt og alt. So fekk ho eit trollnysta av dronningi. Der nysta før fyre, skulde ho gaa etter. Nysta la straks i veg, og kongsdotteri fylgde. Det var ikkje bil so kom dei til ein gamall mann som stod og brende tjøre. „Stend du der du gamle mann og brenner tjøre,“ sa kongsdotteri. „Ja, no hev eg stade her i 100 aar; gjev at eg var ferdug!“ sa han. Dermed trilla nysta upp etter ryggen hans, og ho laut etter. Det vart for tungt for mannen og han stupa framyver og datt uppi tjørkjelen og sette til. So trilla nysta av stad att, og det stansa ikkje fyrr det kom til ein kongsgard og hadde trilla inn i soveromet til prinsen. Der laut kongsdotteri vera um natti. Um morgonen trilla nysta heimatt, og ho fylgde. — Daa prinsen vakna um morgonen, var ho burte den jomfrua som hadde vore hjaa han um natti. Han tok ut paa leiting etter henne, og før baade langt og lenge. Um ei tid merka kongsdotteri at ho var med barn. So kom kongen au heimatt, og det fyrste han gjorde var aa spyrja etter løva. Dronningi fortalde daa at kongsdotteri hadde drepe henne. No var det ikkje onnor raad: kongsdotteri laut dømast til dauden. Men med det same dei skulde føra henne ut og avretta henne, fortalde dronningi koss det hekk i hop og i same stundi kom prinsen som leita etter henne. Der vart stor glede, og prinsen heldt brudlaup med kongsdotteri.

Uppteikningi fra Aaseral er like eins, berre at styvmori gjev kongsdotteri ein kniv og bed henne skjera hovudet av ein gamall, gamall bakar som ikkje vil liva lenger.

Som Moltke Moe hev set, er innleidingi til eventyret ei form av den græske Meleagros-segni. Etter ein orakel-spaadom skulde Meleagros liva til ei vedskide som laag

paa elden i den stundi han vart fødd, hadde brunne upp. Mor hans fekk dei til aa taka skida or elden og gøymde henne. Men sidan daa Meleagros hadde drepe dei tri brørne hennar, kasta ho i sinne skida paa elden att, og Meleagros laut døy. I den norrøne bokheimen hev me dette motivet i Nornagest-taatten: Nornagest skal liva so lenge til det ljuset han ber paa seg er utbrunne. Han kjem til Olav Tryggvason, vert døypt og let ljuset brenna ut. Elles er draget med ljuset kjent i mange formingar. I vaart eventyr er det berre innleidingi til hovudforteljingi um koss den gode styvmori hjelpte kongsdotteri, so ho til slutt vart lukkeleg trass i dei vonde spaadomane. Sjølve hovudforteljingi finn ein att i det islendske eventyret um „Den gode styvmori“; det er avvik i fleire mindre drag, men gangen i forteljingi er den same baade i Norig og paa Island. Innleidingi til det islendske eventyret er onnorleis; det er ein mann som spaar barnet ille, og draget um ljuset vantar.<sup>45</sup> Eg kann ikkje her greida noko nærare ut um dette emnet, men det er tydelegt eit gamalt eventyr som hev halde seg i Sættesdal og paa Island, men som elles er gløymt.

Eventyri høyrer til det slag folkedikting som kann vandra den vide verdi ikring. Paa dei fleste stader er det difor so at nokre eventyr hev livt paa staden i lange tider, medan andre fyrst kann vera komne inn i ei seinare tid. Soleis er det i Sættesdal au. Dei fleste eventyri hev vel funnest der i mange hundrad aar, men nokre hev kome inn or bøker for ikkje so lenge sidan. Eventyret um „Dyret i hagjen“ t. d. hev boklegt opphav. Det er eit avbrigde av det vidgjetne eventyret „Austan for sol og vestanfor maane“, og i Sættesdalen hev det livt jamsides med tvo andre gode formingar av same eventyret „Kvitebjørn kong Valemon“ og „Skrubbesoga“. Berre i Bygland hev det soleis funnest tri avbrigde av same eventyrtypen. Dei tvo sistnemnde hev vel gamle røter i dalen, men „Dyret i hagjen“ var det Jon Torjusson Bjørnnes som kom med. Han var ikkje sæbygg, men var komen astantil. Me hev all høyrat at i ungdomen hadde han vore underofficer og hadde lege ute lenge. Han var ein god sogemann og var svær til aa lesa. Sumt av det han fortalde hadde han etter bøker. Det er lett aa sjaa kvar han hadde fenge „Dyret i hagjen“: beinvegs eller umvegs maa han ha havt det fraa det „Magasin for born“ som Madame Beaumont gav ut; boki hennar vart umsett fraa fransk til dansk i 1763, og ein kann sjaa at Skars oppskrift av eventyret botnar i denne umsetjingi fraa 1763. Skar fekk eventyret av Jorond Skaamedal, dotter av Jon Bjørnnes. Ho var, som fyrr nemnt, mykje yver 90 aar daa ho fortalde for Skar. — Eit anna eventyr som hev boklegt opphav er eventyret um Bryte. Det er ingenting anna enn ei umlaging av ei folkebok, „Bryde“, som kom ut i Kjøbenhavn 1710



og sidan hev vore prenta uppatt mange gonger og hev vore velkjend. Ved dette eventyret finn ein det same som ved „Dyret i bagjen“: den nye formingi hev vunne seg rom jamsides med eldre og sers gode formingar av same eventyret. „Bryde“ er i grunnen same eventyret som „Grimsborken“, og av dette eventyret um den kloke hesten finst det fraa gamalt tvo avbrigde i Sættesdal: „Den brune folen“ og „Villøykjen“. Ogso eventyret um „Tobakguten“ synest aa vera kome fraa ei bok. Soleis kann ein ved eventyri sjaa koss yngre floor legg seg uppaa dei gamle i traditionen. Det same kann ein ved visone.

## VISOR OG STEV

### a. Folkevisor.

Berre fjordeparten eller femteparten av dei norske visone hev dei funne att i Sættesdal. Likevel er Sættesdal næst Telemarki den landsluten som er rikast paa visor, og rikdomen hev vore mykje større fyrr enn no. Innsamlingi av visor kom for seint i Sættesdal. Av mange kvæde finst det no berre brot, og me veit um visor som hev vore der, men som no er heilt burte. Grunnane til at visone vart trengde so sterkt attende synest aa ha vore fleire. Alt tidleg tok danske visor til aa tevla med dei norske. Den eldste danske vise-uppskrifti som er funni i Sættesdal, er fraa tidi ikring 1580, og fraa dei seinare hundradaari er det fleire visefuggar med danske visor. Peder Syvs visebok „Tvo hunderviseboki“ var godt kjend i dalen, og vart haldi sers gjæv. Naar dei fraa gamalt hadde ei norsk form av ei vise og so sidan fann same visa att i sin danske bunad i Tvo hunderviseboki, trengde lett den danske formi den norske undan. So kom „lesarane“ og avdømde alt det gamle, og daa gjekk det fyrst og fremst ut yver dei gamle visone. Dei hadde ikkje, som segnene, nokon studnad i ei livande folketru, og dei kunde ikkje, som eventyri, finna nokor livd i barneflokken. Dei kravde større aathug og betre minne naar ein fyrst fór med dei, og dei høvde best millom vaksne og skynsame folk, som med den nye tidi lett fekk andre hugmaal. Dessutan fekk stevdiktingi so stort raaderom at det vart ikkje plass til nokor rjk visekveding jamsides.

Men endaa visekvedingi maa ha vore mykje rikare i gamall tid, so synest ikkje Sættesdal aa ha vore nokor oppkome for folkevisor. Paa lag alle dei folkevisor som dei hev funne i dalen, hev vandra inn anten austanfraa eller vestanfraa. Sume kann me fylgja farvegen etter: Visa um Unge Raamund er tydeleg komi vestanfraa. Ho ber i maalbunaden mange merke av maalet i vestdalane, og det er greide fraasegner um at ho kom til Austad med ein mann fraa Kvine. Visa um Venerus skal vera komi fraa Ryfylke,

medan ei onnor utforming av same vise-emnet Ribolt-visa synest aa vera komi fraa Danmark yver Lista.<sup>46</sup> Nokre visor finst baade austanfor og vestanfor Sættesdal, og ein kann ikkje utan nærare etterrøkjing segja kva veg dei hev kome til dalen paa. Soleis er det med visa um „Ungan Herredag“ som er sers godt kjend ned paa Lista og paa Færøyane, men som dei kvad mykje i Telemarki au. Den drustelege visa um „Iddane Hermund“ stend i sumt nærare den færøyske formingi „Hermundur illi“ enn den telemarkske „Hermod idde“. Men dei fleste visone hev nok kome fraa Telemarki. Det maa vera tilfellet med „Runarvisa“ og fleire av dei visone som Johannes Skar hev skrive upp i Bykle.<sup>47</sup> Austantil var det au kome ei vise som det berre er funne brot av i Sættesdal og som elles ikkje er kjend nokonstad utan paa Færøyane. Det er den merkelege visa um Margit Runarborgi. Det var Johannes Skar som fann dei broti me no hev; Tarjei Lanjei kunde mest, og han kunde fortelja ikkje so reint lite av innhaldet elles. Margit skulde yver havet og Augun og Ingebjørg skulde fylgja henne; men dei selde Margit (sume sa at ho vart stoli eller at ho drukna). So drap dei terna hennar og hadde liket heim, og sa at det var liket av Margit. Ho hadde døytt, sa dei. Far hennar sa daa:

„Eg tenkte mi dotter ha gulare haar“.

Men dei svara:

„Ho hev so lenge i sjøen drive  
og myrkna hev hennar haar.“

Dessutan mintest dei dette halvverset:

Det var Margit Runarborgjinn'  
ho trefte so vond ei boye [d. e. bye].

Berre eit einaste heilt vers hadde halde seg i minnet:

De va Augun aa Yngjebjør,  
Dei trudd' eg addre best'e;  
men de hev meg i draumo bori:  
dei svike meg addre mest'e.

Heile visa er funni paa Færøyane, og granskarane saag snart at visa gjekk um hendingar i Norig i tidi ikring aar 1300. Margit Runarborgi er Margrete, dotter til kong Eirik Magnusson. Mor hennar var dotter til den skotske kongen Alexander den tridje, og ho hadde erverett til Skottland. I 1290 vart ho send til Skottland, men ho døydde paa Orknøyane. Det synest ikkje ha vart lenge fyrr den trui kom ut millom folk at fylgjet hennar hadde gjort av med henne eller selt henne. I aaret 1300 kom det til Bergen ei kvinne som sa at ho var Margrete Eiriksdotter. Ho vart brend for landssvik aaret etter og fekk tilnamnet „den falske Margrete“. Men det synest etter kvart ha vore fleire og fleire som trudde at ho verkeleg var den rette kongsdotteri, og visa um

Margit Runarborgi er dikta ut fraa dette synet. Den Ingebjørg som visa talar um, var Ingebjørg Erlingsdotter, syster til Alv Erlingsson („Mindre Alv“) og mistanken hev vendt seg mot henne. Augun i visa er Audun hestakorn, ein megtug mann i den tidi. Han var ikkje med paa ferdi til Orknøyane, so her fer visa gale; ho maa ha sett inn hans namn i staden for eit anna. Visa hev truleg vore dikta inn med Bergen ein stad. So hev ho yver Hardangerviddi kome til Telemarki og derifraa til Sættesdal.<sup>48</sup>

Av andre visor som det er funne gode formingar av i Sættesdal skal me nemna brurerovsvisa „Ballen Buansson“, umskapingsvisone „Beiarblakken“ og „Hillebjør og ramnen“. So finst der fleire av dei vanlege skjemtevisone og dyrevisone (Truls, Den store kraaka, Reven og bonden o. fl.). Men i det store og heile verkar dei sætsetsdalske folkevisone berre som atterstødur av ein eldre og rikare folkeviseheim.

#### b. Gamlestevi.

Det er sameleis med gamlestevi som med folkevisone: det me no hev er berre leivor av ei eldre og rikare dikting. Daa Johannes Skar for til aa samla var dei alt so sjeldsynte at ein mann, Tarjei Lanjei, kunde aaleine likso mykje som alle andre kvedarar i dalen ihoplagt. Men ved gamlestevi fær ein likevel ei sterkare kjensle av at det hev funnest ei original sætsetsdalsk dikting enn ved folkevisone. Gamlestevi hev halde seg friske og skote nyrenningar til heilt ut i det 19de hdr. Det kann ein sjaa av at fleire gamlestev hev ein heilt moderne svip. Dessutan hev me fraasegner um koss gamlestev hev vorte til i den seinare tidi, t. d. det stevet som ei fatigkjerring sette upp um Valle-presten Reier Gjellebøl.<sup>49</sup> Mange av dei episke gamlestevi gjeng um hendingar og folk i Sættesdal, t. d. stevrekka um „daa dei henta bruri i Lyse“.<sup>50</sup> Her kann ein sjaa koss dei hev nytta ord og vendingar fraa eldre stev i ny samanheng:

No vi eg ringsko hesten min  
so vel som aire fleire,  
aa fygj'o Tarjei Fokkjisson  
norive den Lyseheii.

No vi eg ringsko hesten min,  
so de ska inkji syne,  
aa fygj'o Targjei Fokkjisson  
norive heii ti Lyse.

No vi eg ringsko hesten min,  
so han ska inkji skrie,  
aa fygj'c Targjei Fokkjisson  
norive dei bergji kvite.

No vi eg ringsko hesten min,  
so dei de sku 'kji gaa,  
aa fygj'o Targjei Fokkjisson  
norive dei bergji blaa.

Heming heite hesten min,  
for adde e han kjend'e;  
beisli e av de kvite sylv,  
aa gull ette lendann' renn'e.

So henta mi bruri i Lysi,  
i forgylt'e søyl 'u rei;  
daa mi kóme heim-aa Skaalekleivann',  
daa saag 'u ti Røysland heim.

So rie mi ut den Løylandsvodden,  
aa de va ei'st i fòkji;  
der gror 'kje gras paa fémta aar,  
mi spønte upp baa moll aa rðsi.

Daa dei kóme ti Løyland heim,  
dei trøytt'e aa mo'e drengji,  
dei tappa uti munngaars-skaal;  
dei ha rekjist paa heio forlengji.

No hev eg vore i færine dei,  
hu vare her 'kji slik i aari;  
hestann' have holline slept,  
unde søylo gjerast dei saare.

Sume gamlestev er velkjende utanum Sættesdal, men i dalen hev dei fenge sin serlege svip, med di dei er tilmaata etter heimlege namn og tilhøve:

De stend ei bjørk i Lanjeiskleivo,  
hu dustar ut adde si greini;  
aa adde spyrje aa ingjen veit  
um Lanjeiskjempunn' e heimi.

Eller:

De e so vent unde Støylefjoddè  
um vaari fysst grasi gror;  
men endaa venni aa Leivstøylfjorè,  
ner de e stilt aa ro.

Det er i Sættesdal som andre stader at mangt av det dei no kved som gamlestev berre er brot av folkevisor. Me skal taka nokre døme:

Eg la meg ne um joleptdagjen,  
go'an svemnen fekk;  
eg vakna 'kji fyrr um trettandedagjen,  
daa fokkji at kyrkjunn' gjekk.

Dette er beintfram eit vers or Draumkvædet, som hev havt sers lett for aa løysa seg upp i gamle stev eller blanda seg med dei.

Dette stevet er kome fraa „Herredagsvisa“:

De va Jorðnd Joklekaapa,  
hu gjekk no der aa svansa;  
femten kjempu slo hu i hel,  
hu veipta me lyklekransa.

Fraa „Beltevisa“ hev dette verset kome:

Presten 'an fyri altari stend,  
han kunna baa lese aa sjunge;  
daa 'an paa mitt belti saag,  
han kunna 'kji røre si tunge.

Og so burtetter. Mange av gamlestevi hev beint fram vandra inn fraa Telemarki; enno held dei paa dei telemarkske stadnamni; t. d.:

Kori sku mi av i dag,  
fiskjen vi 'kji bite,  
so ljote mi av paa Raulandsstrøndè,  
skjote dei rjupunn kvite.

Eller:

Eg tikje vondt um gjentunn i Bandaksl'inn'  
dei hev fengje so vondt a lyti:  
dei steikje stumpen i mauretuvunn'  
aa nõe i a ospeskryti.

Gamlestevi kalla dei i Sætèsdal for „ølsteve“ eller „kjempsteve“ eller „frøesteve“. Dei tvo fyrste namni kom seg av at dei vart nytta i drykkjelag og at dei gamle kjempone sat og rugga og kvad paa dei. Det tridje namnet sette dei i Sætèsdal i hop med ordet „frøe“, som tyder den fraudi eller det skumet som eit insekt lagar paa graset, og dei forklaara det daa so at frøesteve var blomen av stevi, for graset stod i sin beste blom naar der var frøe paa det. Men dette er berre ei seinare tyding. Ordet frøe er det gamalnorske frœði som tyder „visdom, lærdom“, og ordet frøesteve kann fraa fyrsten berre ha vore nytta um visdomsstevi, dei stevi som vil gjeva ein lærdom for livet. Slike stev er t. d. desse:

Snjoren fedd'e paa haagheio,  
i dalo fedd'an tung,  
de kann so iddi isame kome,  
ein gaamaal aa so ein ung.

Gaukjen e graa, han gjel um vaari,  
han søkjer si same ti;  
men fysst de li'e ti midtsumaars,  
daa misser han glea si.

No vi mi drikke i jolo,  
som bonden hev òkkò lova;  
fysst mi kaame at dei svørte mollinn',  
daa have mi roè ti sova.

Gjente-tru e som vatn i a trog:  
de renn'e ti baae enda;  
drenge-tru e som stein i a bru:  
de varer ti versens endi.

Det er noko svalt yver gamlestevi. Dei held kjenslone attende, og døyver uttrykket av. Den stormande gleda, den saare lengt og djupe kvide fekk fyrst sitt fulltonande, sterkt personlege uttrykk i nysteve.

### c. Nysteve.

Her hev folkediktingi i Sætèsdal skote sin fagrate blom, og enno renn nysteve upp i likso stor mengd og med same friskleik som fyrr — ja kanskje rikare no enn nokosinne. Nysteve er ikkje berre, som den største luten av folkediktingi

elles, det poetiske uttrykket for ei framfari tid; dei spanar ogso um heile aandslivet i notidi. Ein vil difor i dei nyaste stevi finna eit fullt moderne, so aa segja litterært syn paa natur, kjensleviv, fedreland o. s. b. Sjaa t. d. desse stevi som Knut Austads stevsamling byrjar med:

Fyrst naturens venleik meg renn i hugjen,  
mot fedreland: bliv eg so trugjen.  
Daa fær eg kjærleik te dal aa nut,  
aa daa gjeng eg djarv som ein Norigs gut.

De va gama sitje ei nott so fine,  
fyrst sjønnonn tindrar aa maanen skine,  
aa bekkjinn rislar aa fossann tyt;  
men — fraa alt de vene eg reise lyt.

Det er ikkje aa undrast paa at mange av desse „folkestevi“ er dikta av kjende menn med litterært skyn og oppøvd smak; det er tilfellet med t. d. dette stevet, som er eit av dei ein høyrer allermest millom ungdomen no:

Eg lengtar, lengtar — eg gjeng aa drøymer,  
naar lauve sprette aa fossann fløymer.  
Ko felar hugjen, eg alli veit; —  
men den æ som logande elden heit.<sup>51</sup>

Ja, til slutt hev sume av desse „litterære“ stevdiktaranne fenge so fint eit øyra for den egte folkelege klangen i dei gamle stevi og kann etterlikna dei so godt, at det ofte er uraad aa segja kva er folkestev og kva er kunststev. Naar det gjeld nysteve, hev soleis grensa millom folkedikting og kunstdikting vorte heilt burte. Men stevdiktingi i Sætèsdal er likevel no i større mun folkedikting enn noko anna slag dikting. Det er som det heiter i fyreordet til Knut Austads stevsamling: „Det finst mange tusen stev i Sætèsdalen. Mest kvar gjenta og guten som det er noko liv i, diktar stev, kved dei og soleis kjem dei ut i bygd. Men det er ikkje tidt at folk veit kor stevi kjem ifraa.“ Stevi kjem ut ikkje berre paa munnleg veg, men paa skriftleg au, med di at mange lagar seg handskrivne stevbøker, der dei skriv upp alle dei stevi som dei tykkjer gildt i.

Naar ein fer etter innhaldet i stevi, vil ein kunna byta storluten av dei i tvo flokkar: *kjærleikssteve* og *slengjesteve* eller spottesteve. Det finst tvillaust mest av det fyrste slaget, og i den seinare tidi, etter som dei meir og meir slutta med den gamle stevjingi, hev dei fenge større og større raaderom. Det er kjærleikssteve Jørgen Moe sigtar til naar han skriv: „I det hele er Sætèsdalen det Strøg, hvori disse Smaadigte endnu skyder frem med den mest vaarlige Friskhed og Duft. I Sætèsdalsgjentens bløde Sprog lyder Stevets uendelige Variation af øm Længsel og kjærlig Sorg smukt og indtrængende, og ingen andensteds er der grædt en saadan Følsens Dugg over disse Folkepoesiens Smaablomster.“

Ogso gamlestevi skildra kjærleiken. Men dei bar sjeldan

kjenslone beinvegs fram. Dei sveipte dei inn i ei forteljing, eller fekk dei fram umvegs gjennom eit naturbilæte eller ei skildring. Diktaren av nystevet løyner ikkje kjenslone attum noko; han legg dei ope fram. Ein ser tydeleg skilnaden millom gamalt og nytt i dette stykket, naar ein hev nystev som er umdikting av gamlestev. Det er eit gamlestev som er so:

Haare hev ho som tirltunga,  
aa halsen æ som mjødd,  
augun dei æ i hausen sjaa  
som soli ris ivi fjødd.

Dette er dikta um i eit nystev, og daa luar det so:

Eg hev ei gjente ho er so fine,  
som venast vaardag, fysst sole skine.  
Hendann hev ho som føykje mjødd,  
aa kinn som soli ho renn aa fjødd.<sup>52</sup>

Gamlestevet talar um ei møy, og skildrar venleiken hennar; men me fær ikkje vita um det er festarmøyi aat diktaren. Ein skynar berre at det er einkvar diktaren hev tykt gildt i. Nystevet tek til med aa fortelja „eg hev ei gjente“ og gjeng so yver til aa skildra henne.

Men det er moglegt at skilnaden millom gamlestevi og nystevi no synest større enn han i røyndi hev vore i den tidi daa dei tvo slagi av stev livde jamsides. Dei stevi som gjev det klaare og raakande uttrykket for noko aalment noko som alle kann eigna til seg og gjera til sitt, vil lettare koma ikring. Er so ordlaget attaat noko avdøvt, so alle tykjer dei kann taka det i munnen og ikkje i noko høve blygjast for aa bera det fram, so vil stevet oftare høyrast baade i aalvor og gaman, baade millom gamle og unge. Det er ikkje urimelegt at mange gamlestev kann ha kome burt nettupp av di dei hev vore for frambærlege for sume. Og umvendt vil ein finna at dei nystevi som tydeleg hev ein høg alder, i mangt likjest paa gamlestevi att. T. d.:

D'æ alli gama ti Heista kome,  
si vene Margjit hev bleve kone.  
D'æ alli gama i Heista-tun,  
si vene Margjit hev dansa brur.<sup>53</sup>

Den lisle gjenta paa Raulandsstrondæ  
d'æ ho som vev'e dei vene bondæ.  
Ho æ so lettiva, gla aa kaat,  
hennes maal æ venar hell felelaat.

Eller dette stevet der dei etiske krav sigrar yver kjærleiken:

Kann eg kji baanelaus guten vigje,  
so vi eg alli paa hesten stige;  
kann eg kji baanelaus guten faa,  
so vi eg han alli for augo sjaa.

Slengjesteви var serleg knytte til stevleiken eller stevjingi. Men ein maa ikkje tru at alle slengjesteви vart til i stevjingi.

For det fyrste var det ikkje so ofte dei dikta heilt nye stev i striden; tidast var det berre eldre stev som vart tilmaata so dei kunde nyttast i det serskilde høvet. Dinæst var mange av dei stevi som vart til naar striden gjekk heitast, ofte mindre gode baade i form og innhald, so det var ikkje ventande at dei kunde liva noko bil. Dei var dessutan gjerne so sterkt knytta til den einskilde staden og den einskilde personen, at dei hadde vondt for aa koma vidare ikring. Men so mykje som stevjing var brukt i gamall tid, maatte det likevel henda ofte, at stevjingi skapte gode stev, som kunde slaa ned i hugen aat tilhøyrarane og som dei sidan mintest og førde vidare ikring, serleg dersom stevet hadde fenge ei meir aalmenn form, so det kunde nyttast i andre høve att. Men mange av slengjesteви hev visseleg vorte til utanum stev-striden. Dersom ein hadde roke i stevjingi, kunde han etterpaa, naar han fekk tid paa seg, dikta nye slengjesteв um motmannen og setja dei ut i bygdi. Og var det einkvar som hadde noko utestandande med ein annan, kunde han setja upp eit stev til aa terga eller skada uvenen.

Denne grupperingi i kjærleiksstev og slengjesteв er elles berre ei naudhjelp og gjev ikkje noko bilæte av innhaldet i stevi. Det er rikt som livet sjølv. Allslags hendingar og allslags stemningar kann dei maalbera i stevet. Dette er sjølv sagt naar ein kjem i hug at stevet so aa segja hev vore den einaste diktformi der folket hev løyst ut sin diktande trong. Ein finn det frimodige og likesæle likso vel som det saare og lengtande:

Alli liti aa alli stor'e,  
aa alli ven'e aa alli ljet'e,  
alli rik'e aa alli ring:  
dei kann alli snaa meg for nokon ting.

Eg heve tenkt aa eg heve tala,  
eg heve ofte mæ gjentun fala;  
eg heve leita, eg heve blétt,  
men alli hev eg den rette sét.

Og ei kjærleikssoge kann faa so kjøleg ei skildring som denne:

Aanund Suleskar va ei kjempe  
aa Sigri Dysje so grei ei gjente;  
men ho svora nei ti so hæv ein kar,  
for der va for audskleg i Suleskar.

Stevdiktingi hev ikkje alltid vore like mykje i hæve i Sætesdal. Ei tid heldt pietismen paa aa tyna henne. Daa var det synd baade aa spela fele og fara med stev. Men som vel var, reid stevi stormen av, og dei er vonleg eit langt og rikt liv lage

MINDRE DIKTINGAR. FRAMANDT OG  
HEIMLEGT. STILEN

Umfram segnene, eventyri, stevi og visone finst det au ymse andre slag folkeminne som ein paa ein viss maate kann rekna til folkediktingi. Det gjeld *rim* og *remsor*, *gaator* og *ordtøke*.<sup>55</sup>

Det er mange slag rim. Dei vanlegaste er barnerimi; av dei finst det ei stor mengd i Sætesdal, men likevel er meste luten sovorne som er sams for mange bygder. Nokre av dei merkelegaste er dei som svipar inn paa dyre-eventyri, med di dei fortel kva dyri segjer eller gjer; t. d.:

Skuri sit paa ljaara,  
kausi sit i aara:  
„Laaste vere drukkji,  
dett so ne“, sa lisle kausi.

Eller:

Gubære meg, sa geiti,  
no hev eg bytt burt mi kløna uti klauvi,  
no slepp eg inkji av 'pi ve aa tre  
aa faa meg i lav aa i lauvi.

Merkelege er au nokre vesser, hjuringbøner og kulokkar, t. d. denne hjuringbøni:

Dokke Dine, Dokke Dine,  
lat solè di skine,  
yve dogg, yve dé  
yve fokk, yve fé,  
yve berg aa djupe dala,  
men helst der hjuringjen  
sit aa hjalar.

Sume av gaatone hev versform, og nokre av dei er merkelege med det at det knyter seg segner til dei:

«Der var ein Mann som var livlaus; men kunde han finna upp ei Gaate som ingjen kunde gjeta, daa løyste han Livet. So vadra han utyver i Skogjen all Dagjen og tenkte. Daa fann han eit Fuglereid i ein Skrubbehaus, og der var sjau Ungar i Reidet. Daa hadde han Gaata med same:

Raalaus'e reiste eg,  
aa Raa hev eg funni;  
sjau Tungu i ein Haus  
aa adde hev sungji.»

Gaator av dette slaget hev dei fraa gamalt baade i Austerlandi og Vesterlandi, og dei høyrer visseleg til dei eldste lagi i folkediktingi.

Gamall klang er det og i mange ordtøke, med si knappe fyndige form og sine bokstavrim. Like eins i sume rim til leikar, t. d. hindeleiken, som svipar mykje paa den millom-alderlege folkevisa og er kjend utanum Norig au. Men me hev ikkje høve her til aa koma nærare inn paa desse mindre diktingane. Dei allerfleste av dei hev Sætesdal sams med mange andre landsluter og ofte med mange andre land.

Dei er soleis ikkje noko som er sermerkt for Sætesdal, og dei er heller ikkje merkelege ved det at dei lett kann gjeva oss opplysningar um gamall samferdsle og um kulturstraumar; til det er dei for smaa; det krevst eit uhorvelegt tilfang av variantar um ein her skal naa til nokolunde paalitande resultat. I so maate er dei forteljingane som tydeleg hev framandt upphav meir forvitnelege. Og i Sætesdal finn ein heller mykje av sovore. Som rimelegt er; for der traditionen er rik og frisk, vil interessen for nytt tilfang vera stor, og evna til aa melta framande emne er ogso større enn naar traditionen hev stivna i det gamle berre. Me hev alt nemt fleire døme paa koss traditionen paa bokleg veg hev kome til Sætesdal baade naar det galdt visor og eventyr. Sameleis er det med andre slag tradition. Me skal nemna eit par døme. Fleire samlarar fann ei segn um Grette Aasmundsson. Det var tydeleg det same som det den islenske Grettesoga fortel um daa Grette Aasmundsson var hjaa enkja Steinvor paa Sandhaugar i Baardardal og der kom i kast med eit troll. Alt so tidleg som i 1844 høyrd Ivar Aasen denne segni, ho var kjend yver heile dalen, og namnet Grette trengde seg jamvel inn i ei sætesdalsk forming av visa um Aasmund Frægdegjæva. Granskarane trudd ei tid at me her verkeleg hadde ein segn som hadde halde seg heilt fraa den gamalnorske tidi. Men so fann prof. Gustav Storm ut at heile den sætesdalske traditionen var komen fraa Jens Lauritzsøn Wolffs „Norrigia illustrata“, ei bok som kom ut i Kjøbenhavn i 1651. — Segni um Rype Sal, „ein ryse som sat i ein stein“ og var so svær til hjelpa folk, er ingen ting anna enn forteljingi um Rubezahl hjaa den tyske forfattaren Musäus. — Segni um Judas, som det var spaatt „at han skulde slaa ihel far sin og vigja med mor si“ er innhaldet av ei velkjend folkebok. — Dei drustelege forteljingane um Vidrik Verlandsson, som Skar hev skrive upp etter nokre av dei beste sogemennene i Valle og Bygland, synest au aa vera tekne or bøker.

Folkediktingi i Sætesdal gjev oss ikkje eit bilæte av noko avstengt, som hev kunna halde seg so lenge upp i fjell-dalen nettupp av di det var avstengt og ikkje hadde aa tevla med noko framandt. Tvertimot. Me ser at vegane utetter hev vore mange og at folket hev visst aa nytta dei. Anten so traditionen kom yver heidane fraa Telemarki i aust eller fraa Agder og Rogaland i vest, anten han so kom paa munnleg eller bokleg veg, tok dei imot det nye og la det til den gamle rikdomen. Stundom kunde det nye trengja gamalt undan og ein fekk eit slag stoffskifte; og stundom kann ein merka at dei ikkje heilt hev melta det nye, so ein som fyrr nemnt kann sjaa ulike lag i traditionen. Men i det heile fær ein ei sterk kjensle av kor stor sansen for det egte heimlege hev vore, og koss det fram igjenom

tidi hadde arbeidt seg upp ei rik forteljekunst og ei stød stilkjensle. Korleis denne kunsti verka paa eit vart og fint øyra som ikkje hadde høyrte henne fyrr, hev Garborg gjeve ord for:

„Dei tala og fortalde kvar sitt. No hugsar eg berre ein ung døl, som fortalde so godt, at alle meir og meir tagna og berre høyrde paa honom. Fraa ei byferd, han just kom ifraa, gleid han inn i ei ættesogu, som i mangt kunde minne um det gamle Island, men som var fraa øvre Setisdalen og no. Det gjekk um svik i kjærleik, og sorg og hemn, og drykk og draap og villskap. Eit bilæte med sterkare fargar enn me no er vande til. Men eg gløymde sogo for sogumannen. Det var den beste forteljaren eg hev høyrte. Heilt var han med i det han fortalde, roleg som han der sat, og skifte litir og augnebragd og maalføring etter skiftingane i sogo. Det var ny norsk sogustil, rein og fast, den gamle i klang og fynd, men med dette nyare drag av mjukare kjensle, songtonen. Og maale smøygde og bøygde seg um tanken ledugt og lett, med ein rikdom som alltid fann rette ordet.“<sup>56</sup>

## MERKNADER

<sup>1</sup> Ældre norske sprogminde II: Ordsamling fraa Robyggjelaget fraa slutten av 1600-talet, utg. av Torleiv Hannaas, fyreord.

<sup>2</sup> Beskrivelse over Sætersdalen i Topographisk Journal 25, 27.

<sup>3</sup> Hansens Archiv for Skoleundervisnings og Oplysnings Udbredelse II s. 358—88.

<sup>4</sup> I Norske Folkesagn 1833.

<sup>5</sup> Fra det nationale gjennembruds tid s. 265.

<sup>6</sup> Universitets- og Skoleannaler 1850 s. 308.

<sup>7</sup> s. st. s. 307.

<sup>8</sup> The Oxonian in Thelemarken (band II; der han fortel um Sætesdal).

<sup>9</sup> Skar IV s. 210.

<sup>10</sup> Univ. og Skoleann., 1850 s. 308.

<sup>11</sup> Skar IV s. 217.

<sup>12</sup> s. st. s. 212 ff.

<sup>13</sup> Skar II s. 3—7.

<sup>14</sup> Sjaa Knut Liestøl, Norske trollvisor s. 36 ff. med litteraturlitvisingar.

<sup>15</sup> P. Blom: Beskrivelse over Valle s. 155.

<sup>16</sup> Skar II s. 28 ff.

<sup>17</sup> Skar II s. 9 ff.

<sup>18</sup> Skar IV s. 5 ff. Cfr. Alexandre Bugge i „Norsk Folkekultur“ 1916 s. 1 ff.

<sup>19</sup> Skar IV s. 15 ff.

<sup>20</sup> s. st. s. 21.

<sup>21</sup> Blom s. 81.

<sup>22</sup> Skar II s. 15.

<sup>23</sup> Skar II s. 16.

<sup>24</sup> Norske Fornlevninger s. 255.

<sup>25</sup> Sjaa s. st. s. 256 og Blom s. 139.

<sup>26</sup> Skar II s. 159—160. Stavanger domkapitels protokol, s. 188 f. o. fl. st.

<sup>27</sup> Skar II s. 151 ff. Sjaa det sogemannen hev sagt s. 152 um at „Eksekutionen og heile saki ligg i husi hans Olav Knutsson enno“.

<sup>28</sup> Skar II s. 40—43.

<sup>29</sup> Ross, Norske bygdemaal, 1909 s. 49.

<sup>30</sup> Skar II s. 22.

<sup>31</sup> Skar II s. 25.

<sup>32</sup> Norske Bygdesagn I<sup>2</sup> s. 148.

<sup>33</sup> Jamfør Ross. Norske bygdemaal 1909 s. 50, med Skar II s. 23.

<sup>34</sup> Helland, Nedenes amt I s. 567.

<sup>35</sup> Daae, Bygdesagn I<sup>2</sup> s. 148.

<sup>36</sup> Um Jæger sjaa Skar II s. 168 fl. ff., og Quisling, Fyresdals Prestegjelds og Presters Historie, s. 329 ff.

<sup>37</sup> Skar II s. 61.

<sup>38</sup> Skar II s. 92.

<sup>39</sup> Skar V s. 82, III s. 31, 75 o. fl.

<sup>40</sup> Skar III s. 51.

<sup>41</sup> Skar III s. 59.

<sup>42</sup> Sjaa Skar III Tusse og Vetterøu, passim.

<sup>43</sup> Skar III s. 43.

<sup>44</sup> Skar III s. 117.

<sup>45</sup> Árnason, Íslenzkar Þjóðsögur og æfintýri II s. 397—99, cfr. s. 391—97 og Ritterhaus, Die neuisländischen Volksmärchen s. 152—55. Eg vonar sidan aa faa høve til aa koma attende til det forvitnelege emnet.

<sup>46</sup> Helland, Nedenes amt I s. 597.

<sup>47</sup> Sjaa merknadene i Skars Gamalt VIII s. 156.

<sup>48</sup> Syn og Segn 1917 s. 361 ff.

<sup>49</sup> Bidrag til Agders historie III s. 90.

<sup>50</sup> Skars Gamalt VIII s. 35—36. Alle citati av gamlestev elles er henta or same boki bolken „Gamle stev“ s. 31 ff. Det er gjort einskilde brigde i rettskrivingi.

<sup>51</sup> Austad Stevsamling s. 7.

<sup>52</sup> s. st. s. 17.

<sup>53</sup> s. st. s. 21.

<sup>54</sup> s. st. s. 41.

<sup>55</sup> Sjaa bolkanene um „Baanetullar og reglur“, „Gaatur“, „Leikar“ i Skars Gamalt VIII, som citati er fraa.

<sup>56</sup> Norge 1814—1914 II s. 93.



59. Dans i Setesdalen

Efter maleri av Gustav Wentzel

## MUSIK

AV CATHARINUS ELLING

Norge er jo desværre forholdsvis fattig paa Oplysninger om Landets Kulturtilstand og Kulturudviklingen idethele fra Sagatidens Slutning og op til Gjenreisningen i 1814. Paa faa Felter er dette saa iøinefaldende, som hvor det gjælder Folkemusiken. Thi, paa én Undtagelse nær, begynder Optegnelserne fra vor Folkemusik først at flyde i Slutningen af det 18de Aarh. Og det i Begyndelsen kun spredt og høist utilstrækkelig. Først da Lindeman omkr. 1840 begyndte sit epokegjørende Samlearbeide, indtraadte der heri en Forandring. Vi har altsaa været svært sent ude. Og ligesom det tør være unødvendig at fremhæve, hvilke Værdier der herigennem er

gaaet tabt, ligesaa klart er det, at man er afskaaret fra at give et tilfredsstillende Billede af den musikalske Udvikling. De faste Holdepunkter stanser saa sørgelig snart op. Og det bliver mest Slutninger a priori.

Hvad nu særlig Setesdalen angaar (med S. tænker jeg her paa de øvre Bygder, Bygland og Valle med Bykle), saa har vi de første Musikprøver i Lindemans Ældre og nyere norske Fjeldmelodier, som udkom heftevis fra 1840 og udover. Det er 8 slaatter — 3 Springdanser og 5 Hallinger el. Gangarer — og 1 Stevtone (se Bind II, Hefte 5 og 6 og B. III, H. 1). Disse Prøver viser sig dog ved Indhold som Form at være

Resultatet af en længere Udvikling. Og selv om de ikke i hele sit Præg med Nødvendighed pegede tilbage paa en saadan Udvikling, saa har vi historiske Data at holde os til. Man kunde ønske, at vi havde flere af disse Data, at de spændte over et længere Tidsrum, og allerhelst, at de havde været ledsaget af Noteexempler, men de hjælper os dog et Stykke paa vei.

Jeg skal først give en Oversigt over Materialet. Foruden de ovennævnte trykte Numre findes der i Lindemans utrykte Optegnelser fra 1861 72 Melodier fra Setesdalen. Det er Kjæmpeviser, Stevtoner, Baansuller og endel Viser, derimod ingen Slaatter. Samlingen beror paa Universitetsbibliotheket. Saa findes der, ligeledes paa Universitetsbibliotheket, en Manuskript-

Samling, skrevet af den bekendte setesdalske Spillemand Knut Jonson Heddi. En hel Del Slaatter, deribl. dog flere Telemarks-Slaatter, Stevtoner, Viser og Salmetoner. Desuden Udredninger om Musiken o. s. v. I 1898 samlede jeg Melodier i Setesdalen. Hovedudbyttet var Stevtoner og Slaatter. 1907 optegnede jeg i S. endel religiøse Folketoner (Samlingerne findes paa Universitetsbibliotheket). Desuden findes der, ligeledes paa Universitetsbibliotheket, en Samling Setesdals-Slaatter, optegnet af Arne Bjørndal.

Af de Former, hvori Setesdalens Musik har givet sig Udtryk, er det særlig Slaatterne og Stevtonerne, som er af Interesse. Vi skal først se lidt paa Slaatterne. I „Gamalt er Sætedal,“ B. I, S 125 siger Skar (han har naturligvis sin

Springdans.

The musical score for 'Springdans' is written in G major (one sharp) and 3/4 time. It consists of five staves. The first staff begins with a treble clef and a key signature of one sharp. The music features a mix of eighth and sixteenth notes, often beamed together. There are several repeat signs throughout the piece. Dynamic markings include 'arco' (arco) and 'pizz.' (pizzicato). The piece concludes with a final cadence on the fifth staff.

Man mærker sig Tilbøieligheden til forstørret Kvart (lydisk).

Gangar (Faremo).

The musical score for 'Gangar (Faremo)' is written in G major (one sharp) and 2/4 time. It consists of five staves. The first staff begins with a treble clef and a key signature of one sharp. The music is characterized by a steady eighth-note accompaniment in the lower register, with a more melodic line in the upper register. There are several repeat signs throughout the piece. Dynamic markings include 'arco' (arco) and 'pizz.' (pizzicato). The piece concludes with a final cadence on the fifth staff.



Visdom fra ældre Setesdøler) „Dei tulla<sup>1</sup> Slaattarne paa Jamnen<sup>2</sup> i Sætesdal i gamall Tid — Fele kjende dei naudt<sup>3</sup> til eingong.“ Og i G. or. S. IV, S. 234 heder det: „Der var Tekst til alle Slaattar det fyrste; det var so laglegt<sup>4</sup> av di dei tulla Slaattarne daa — Fele var inkje komi. Versi maata dei til<sup>5</sup> etter som der var mange Vendsler<sup>6</sup> i Slaatten; men dei gjorde Slaattarne ut noko meir, utum Verset. Jamnaste var Teksti barre eit einaste Vers; av og til var der mange, plent som ei heil Vise. Men Teksterne kom burt med kvart; Fela var Feigdi.<sup>7</sup> Dei tulla ein Halling i gamle Dagar; der var Teksti so:

So tok 'an Kungjen i Haar og i Skjeggji:  
„Gjev mi Løn“ sa'an Truls me Boga.  
So slengd 'an Kungjen paa femtande Vegg:  
„Gjev mi Løn“ sa'an Truls me Boga.

Andre Exempler se Skar (IV, 234 ff.). I G. or. S. I, 125 heder det videre: „Olav Faremo var den fyrste Spelemann me veit noko større um i Sætesdal.<sup>8</sup> — Det var i hans Dage Fela kom i Hævd. Der vart so stort eit Byte<sup>9</sup> daa: Tullinga døydde ut mestom; det var ikkje gama<sup>10</sup> dansa, fyrst<sup>11</sup> der var ikkje Spelemann i Stroket.<sup>12</sup> — Olav Faremo var fæl til aa gjera Slaattar. Dei kalla ein Slaatt ein Faremo'i, fyrst det var Olav, som hadde gjort han. Der er mange „Faremoa“ etter enno, anten det no er so aa taka, at Olav heve gjort dei av nyom alle, eller det var gamle Slaattar, men som tottest<sup>13</sup> vera nye, naar dei kom paa hans Fele.“

I Setesdalen brugte de den almindelige Violin „Dussifele“ som den kaldtes. „Harrangfele“ havde de mindre tilovers for. „De læt inkji noko i dei“ hed det.<sup>14</sup> Det er dog nu ikke saa sjelden, at man kjøber Hardangerfelestreng og lægger paa Dussifelen; dog „æ den tydskæ Fela (alm. Violin) mestæ alstøt gangbar,“ siger Knut Heddi, og videre: „helles passar den tydskæ Fela mæ si grovæ Strengje bestæ ihop mæ Sætisdals Slaatta.“ Med Henblik paa Telemarks-Spillet (som jo er bygget paa Hardangerfelen) siger han: „Sætisdals Spile dunder aa rullar mei (mere) kraftigt mæ si goæ, enklæ, likæfram Tone i de at ein finglar mestæ paa ein Strengje i Sænd (ad Gangen) aa letæ dei hi (de andre) Strengjen mæ tolig flatæ Notehestæ (Stol) høyrest mæ ette Gehør.“ Det er med Hensyn til den alm. Violin at mærke, at Gribbræt og Stol helst bør være fladere, for at de setesdalske Slaatter skal naa sin fulde Virkning.

Setesdals-Slaatten omfatter Springdans, Halling, Gangar og Brudemarsch. Springeren er nu uddød i Setesdalen, siger

<sup>1</sup> tralle. <sup>2</sup> I Almindelighed. <sup>3</sup> knapt. <sup>4</sup> bekvemt. <sup>5</sup> afpassede de. <sup>6</sup> Takt i Musik. <sup>7</sup> Felen var Skyld i det. <sup>8</sup> Traditionen holdt sig i Slægten; blandt hans Efterkommere fandtes flere bekjendte Spillemand — de kaldtes med et samlet Navn „Faremoann“. Olav faremo var født 1786. <sup>9</sup> Forandring. <sup>10</sup> morsom. <sup>11</sup> naar. <sup>12</sup> Danselag. <sup>13</sup> tyktes. <sup>14</sup> I de sidste 10—20 Aar har dog Hardangerfelen vundet stærkt Indpas i Setesdalen.

Heddi. Til Gjengjæld er Hallingen og fremforalt Gangaren i saa meget høiere Kurs. Idet jeg henviser til de hos Lindeman trykte Slaatter, skal jeg fra min Manuskript-Samling give et Par Prøver, som giver et typisk Billede af Setesdals-Slaattens Natur. (Se Side 113).

Man bruger optil syv forskellige Stemninger. Det vilde blive for vidtløftig at gjøre nærmere Rede for disse. Dog maa jeg et Øieblik dvæle ved en af disse Stemninger, da den er af særlig Interesse. Man læser hist og her om den saakaldte „ramme“ Slaatten, „de ramme Slaatter“. Hos Skar heder det (I. S. 6): „Dei spela paa Fela og Langspel — det var uløyselegt<sup>1</sup> som dei dreivst av Musik. Der var flusande<sup>2</sup> med Slaattar, som høyrdæ Dalen til. Dei fælæste var dei ramme<sup>3</sup> Slaattan'; men det var dei Slaattarne, dei lærde av den Vonde.“ De øvede, heder det, en dæmonisk Virkning paa alt og alle, særlig hensatte de Spillemanden i en saadan Ekstase, at han ikke kunde stanse — tilslut maatte man tage Felen fra ham. Det Ord forekommer flesteds: „Høyrrer eg den ramme Slaatten, spenner eg meg uppt 'o<sup>4</sup> Gravinn.“ Jeg kjender ikke fra vor øvrige Literatur nogen Prøver paa disse „Heksedanse“. Men hos Heddi findes der en 3—4 Stykker, og jeg skal nedenfor gjengive den musikalsk bedste af dem. Han indleder med følgende Ord:

#### DEI GORRLAUSE SLAATTANN


(Dei Ramme Slaattann)

Fyrst Faremoann spile dei Ramme Slaattan stille (stemte) dei fela laagt (lavt) i det heile. Derette stille dei endaa basen ned ei tone so at fraa tersen ned til basen er 6 tonar (Stemming: fis — d — a — e). Dette kaddast fyr aa spile paa *Gorrlaust*. Etter ei slags gaamo tru so sille (skulde) inkje Faremoann kunne slutte fyst dei hae tekje paa med desse slaattann. Fookk maatte daa taka av dei fela. Der vare (blev) lite fingla (tekje) paa basen, den lyer helst jamte med i spilet, som ei humle surrar. Slaattann gange i ein vemodige og vene dure uligt fraa eire (andre). (Se Side 115).

Setesdalsslaatten er noget for sig. Med Hensyn til Periodebygning, Rhytmik o. s. v., men fremforalt med hele sin humoristiske Karakter, snart urolig skiftende, snart haardnakked biddende sig fast i og gjentagende det enkelte lille Led, den enkelte lille Tanke, kort sagt ved hele sin tilsyneladende barokke Vilkaarlighed er den nær beslægtet med Vestlandsslaatten.<sup>5</sup> Men det Motivernes Dobbeltspil, den gennemførte Tostemmighed, som er eiendommelig for Hardangerfeleslaatten, den har den ikke. Den har sine Dobbeltgreb, sine smaa Tilløb til Tostemmighed, men dermed bliver det. Baseret som den er

<sup>1</sup> uhyre, overordentlig. <sup>2</sup> overflødig. <sup>3</sup> stærk. <sup>4</sup> op af. <sup>5</sup> I min Afhandling „Vore Slaatter“ vil man finde en udførlig Karakteristik af Østlandsslaatten og Vestlandsslaatten og deres forskellige Væsen.

## Gorrlaust



paa den almindelige Violin, er den i saa Henseende lig Østlands-slaatten. Det vil altsaa være rigtigst at karakterisere Setesdals-slaatten som en Afart af Vestlandsslaatten. Hvorvidt nu Setesdals-slaatternes formelle Struktur skyldes Indflydelse udenfra, eller om den er stedege, lader sig ikke afgjøre. Dog forekommer det mig af flere Grunde sandsynligst, at Udviklingen er foregaaet inden Dalen selv, men rigtignok i Analogi med Vestlandsslaatten. Og Udviklingen er, som det vil forstaaes, foregaaet paa den Maade, at de fra Begyndelsen *sungne* Strofer, da Instrumenterne kom i Brug, blev overført til disse — smaa Ordtak følger Slaatterne endnu den Dag idag — men at saa Processen fortsatte sig paa instrumental Basis med Udvidelser og Motivbearbejdelser, til Slaatten fik en helt instrumental Karakter. For Fuldstændigheds Skyld skal jeg dog bemærke, at der, fornemmelig fra Telemarken, har gjort sig en vis Indflydelse gjældende, dog væsentlig først i senere Aar. Jeg henviser til Skars Bog, hvor Forholdet hist og her berøres, se især B. I, S. 175.

De er glade i at danse, i Setesdalen. Og Gangaren er Yndlingsdansen. Med sin roligere Karakter passer den ogsaa særlig godt til Befolkningens Lynne. De setesdalske Kvinder er jo bekendte for sin vakre Gang og Holdning. Selv i Dansen er der over dem en egen stilfærdig Ynde, som virker særdeles tiltalende, medens de unge Døler med sin kraftige Reising, sine spræke Kast og Ryk giver Scenen Liv og Afvexling. Om Sommeren danser de gjerne ude i det fri. Sommer-Aftenens dæmpede Lys, de vakre og mægtige Omgivelser, den livfulde Dans og de farverige Dragter smelter da sammen til et Billede, som vanskelig glemmes af den, som har havt den Lykke at se det.

\*

I Skars ofte citerede Bog omtales den Vækkelse, der, som en Frugt af den haugianske Bevægelse, fra 1824 og udover i temmelig stærk Grad prægede Befolkningen i de øvre Setesdalsbygder, fornemmelig Valle. Det heder i denne Forbindelse bl. a. (I., S. 32): „Fela maatte aldri vera i Huset. Um der var Fele og du aldri bruka henne — det var plent som

der hekk ein Djevel paa Veggen. Viser og gamalt maatte ingen dragast me, — det var dette Bil, Kjæmpevisorne kom burt i Sætesdal.“ Det er visselig ogsaa saa, at der er gaaet endel Kjæmpeviser tabt. Dog er der bevaret nogen, rigtignok fra Bygland. De findes, som nævnt, blandt Lindemans utrykte Optegnelser og er gjengivet i min Afhandling „Vore Kjæmpeviser“. De er dels til hjemlige, dels til indførte Texter — „Tvohundervisebokji“ d. v. s. Peder Syvs Samling har været ikke lidet udbredt. Det er for det meste rigtig gode Melodier, men de mangler noget af den episke Bredde og Fantasierigdom, som man nu engang forbinder med Begrebet Kjæmpeviser. Nei, Setesdølen har sin Styrke paa en anden Kant, og denne Styrke heder *Stevet*, *Stevtonen*. Setesdølen skiller sig ikke saa lidt fra den almindelige norske Bondetype. Han er i fremtrædende Grad et Stemningsmenneske, subjektiv, lyrisk, fantasifyldt. Stevet er som skabt for og af ham. Intet falder ham naturligere end at give sine Tanker og Stemninger Udtryk i en kort men fyndig Strofe, hvor da — som saa ofte i den firelinjede Strofe — de to første Linjer kan indeholde et Naturbillede, som saa i de to sidste Linjer finder sin Anvendelse paa Menneskelivet. Men som Regel danner Stevet et Hele, som dog arter sig forskjellig for Gammelstevet og Ny-stevet. Det første er jo snarest episk, markerer en bestemt Begivenhed, Situation, Tilstand, medens det nye Stev er mere lyrisk, mere giver Udtryk for den enkeltes Følelsesliv, som det ytrer sig i gode og onde Dage i Livets forskjellige Forhold, men særlig i Kjærlighedsforholdet Mand og Kvinde imellem. Medens Stevet nu er uddød paa de fleste Kanter af Landet, har det holdt sig i Telemarken og Setesdalen. Ja om Setesdalen kan man sige, ikke blot at det har holdt sig, men at det ligefrem flourerer. Her kommer Setesdalen ind som en overlegen Nr. 1. Det er ubegribelig, hvad der findes af Stev og Stevtoner i dette dog forholdsvis begrænsede Dalstrøg. Jeg skal først give en Prøve fra Gammelstevet. Melodien findes i Lindemans utr. Opt. og med følgende Bemærkning: Skal være den ældste Stevtonen — den er fra Valle. (Se Side 116.)

Den virker nærmest som en liden Dansestub, og der tør

Møi - a - ne sitt - je i Skaa - le - pad - de fyst Bru - ri - ne gan - ge inn, aa der tar in - gen  
Ljo - se be - ra, der ly - ser av Blo - me - kinn.

være danset mangen Halling efter denne Stubben. Her er jo den Eiendommelighed, at medens saavel Gammel- som Nystevet saa at sige uden Undtagelse staar i tredelt Takt, er Takten her, som det vil sees, todelt. Ogsaa hos Heddi findes Stev med todelt Takt. Nu, fra Metrets Side er der egentlig

ikke noget iveien for, at baade Gammel- og Nystevet kunde have todelt Takt. Ikke destomindre er den tredelte Takt saa gjennemgaaende i begge Stevformer, at den todelte Takt virker som en Anomali. Af de uendelig mange Melodier til Nystevet vil jeg nøie mig med følgende Prøve (fra min Man. Saml.):

In - gen her som mi Sut kan stil - la, eg gjeng, eg ten - kjer meg reint i Vil - la; eg spyr meg sjølv kva eg  
gje - ra maa, men Svar paa de kan eg al - li faa.

Man skal have vanskelig for at sige, i hvilken Toneart denne Melodi hører hjemme. Og det er kun én blandt de mange. De setesdalske Stevtoner frembyder nemlig i tonal som rytmisk Henseende de frappanteste Eiendommeligheder, ligesom man uden Betænkning tør sige, at de hører til det skjønneste og interessanteste inden norsk musikalsk Lyrik. Det vilde være ønskelig, om der kunde komme en samlet Udgave af de setesdalske Stevtoner. Foreløbig tillader jeg mig at henvise til de af mig ud-

givne „Stevtoner“, hvor man vil finde en Række setesdalske Stevtoner.

Om den øvrige Vokal-Musik er der ikke synderlig at sige. Der findes forholdsvis faa Viser, og Salmetonerne er væsentlig Varianter fra Kingo. Dog findes der endel originale religiøse Toner (jeg henviser til de af mig udgivne „Religiøse Folketoner“, fornemmelig Hefte 2). Jeg skal tilslut resumere derhen, at Setesdalen paa Slaattens og Stevets Omraade har ydet en meget værdifuld Indsats, særlig er Stevtonerne umistelige.

## SÆTERSDALENS RUNEINNSKRIFTER

AV PROFESSOR DR. MAGNUS OLSEN

Den nordiske runeskrift spenner over et tidsrum av mere enn tusen år. Alt omkring år 200 efter Kristus kom runene til Norden med en kulturstrøm, som i 2 årh. utgikk fra landene nord for det Sorte Hav. I disse egne var både gresk og latinsk skrift i bruk, og her blev blandt de mot syd rykkede goter runeskriften dannet på grunnlag såvel av det greske som det latinske alfabet.

I Norden faller runeskriften i to hovedavsnitt. Inntil det 8 årh. brukte man her — som også hos andre germanske folk, goter, tyskere, friser og angelsakser — et runealfabet på 24 tegn, de såkalte „eldre“ eller „urnordiske“ runer. De ikke særdeles talrike innskrifter med disse runer (noget over 100) fremviser et nordisk sprog, som står på et meget alderdommelig utviklingstrinn. Man pleier å kalle dette sprog „urnordisk“, det felles modersprog for norsk-islandsk, svensk og dansk.

Med det 8 årh. begynner et nytt avsnitt både i runeskriftens og i sprogets historie. Av den „urnordiske“ runerekke er fremvokset et runealfabet på bare 16 tegn, og det „urnordiske“ sprog er i Norge blitt avløst av en sprogform, som praktisk talt er den samme som den vi fra 12 årh. av møter i de norrøne håndskrifter.

Imidlertid hadde det sine store ulemper å skrive gammel-norsk med bare 16 runetegn; sproget eiet jo langt flere lyd, og det gav lett anledning til misforståelse, når én rune måtte være tegn for forskjellige lyd (f. eks.  $\mathcal{F}$   $k$  tegn for  $k$  og  $g$ ,  $\mathcal{T}$   $t$  tegn for  $t$  og  $d$ ,  $\mathcal{I}$   $i$  tegn for  $i$  og  $e$ ,  $\mathcal{A}$   $a$  tegn for  $a$  og  $\text{æ}$ ). Fra omkring år 1000 av begynte man å råde bot herpå ved å føie endel nye runer til de 16. Disse nye runer — „stungne“ eller „punkterte“ runer, som de almindelig kalles — er dannet ved små endringer (tilsetning av punkter eller streker) av de gamle tegn: for  $g$  fikk man f. eks. en egen rune  $\mathcal{F}$ , for  $e$   $\mathcal{I}$ , o. s. v. Det er de „stungne“ runer, som er de almindelige ut igjennem Norges middelalder; de ser således ut:

$\mathcal{F}$   $\mathcal{U}$   $\mathcal{P}$   $\mathcal{O}$   $\mathcal{R}$   $\mathcal{K}$   $\mathcal{H}$   $\mathcal{N}$   $\mathcal{I}$   $\mathcal{A}$   $\mathcal{T}$   $\mathcal{B}$   $\mathcal{L}$   $\mathcal{M}$   $\mathcal{Y}$   $\mathcal{G}$   $\mathcal{D}$   $\mathcal{P}$   $\mathcal{E}$   $\mathcal{A}$   $\mathcal{E}$   $\mathcal{C}$   
f u p o r k h n i a s t b l m y g d p e æ e c

(Her er først opført de gamle 16 runer i den nedarvede rekkefølge, fordelt på tre grupper eller „etter“; i en 4 gruppe har jeg tilføiet de nydannede runer, hvoriblant  $\mathcal{P}$  er et av de senest tilkomne tegn.)

Ofte tok man det dog ikke så nøie med lydbetegnelsen i den senere middelalder heller; således finner man  $\mathcal{F}$  brukt for  $g$ ,  $\mathcal{T}$  for  $d$ ,  $\mathcal{I}$  for  $e$  og  $\mathcal{A}$  for  $\text{æ}$  ( $e$ ) ennu lenge efterat man hadde fått egne tegn for disse lyd. Og  $\mathcal{P}$  forblev alltid tegn for to lyd, den ustemte tannlyd  $p$  (= engelsk *th* f. eks. i ordet *think*) og den stemte tannlyd  $\text{ð}$  (= engelsk *th* f. eks. i *father* og dansk *d* f. eks. i *gade*).

\*

Fra Sætersdalen kjennes (når Evje regnes med) i alt 6 uneinnskrifter, nemlig 1 fra Valle, 3 fra Bygland (to fra rhovedsognet og én fra Aardal) og 2 fra Evje. Ingen av disse er „urnordiske“. De er alle fra den kristne middelalder. Bare én av dem kan dateres med nogenlunde sikkerhet, nemlig Galtelandinnskriften (nr. 6), som omtaler den danske konge Knut den megtiges tog til England (antagelig 1029); denne innskrift kan da settes til tiden omkring eller noget efter år 1030. De øvrige er betydelig yngre, sannsynlig fra 12—13 årh.

### 1. SKJOLDET FRA RIKE, VALLE.

Det her avbildede skjold kom omkring 1840 til Universitetets oldsaksamling fra gården Rike i Valle, hvor det hadde hengt på en loftsdør. Skjoldet, som er av tre med jernbeslag og bule, henføres av Stephens' til 12 årh. På bulen er skarpt og tydelig innrisset følgende innskrift, som efter runer og sprogformer meget godt kan være fra 12 årh.:

<sup>3</sup> „Norske bygninger fra fortiden“, s. 6, pl. XVII. — „De norske Stavkirker“, s. 371—73.

<sup>4</sup> Anf. sted s. 62—78.

<sup>5</sup> Henrik Schück: „Studier i nordisk litteratur- och religionshistoria“. I. Del. Stockholm 1904, s. 172 ff. — Gustav Storm. „Sagnkredsene om Karl den store og Didrik av Bern“, Kristiania 1874, s. 76—85.

<sup>6</sup> „Soga um Volsungarne, Gamalnorsk grunntekst og nynorsk omsetjing“, ved Torleiv Hannaas. Oslo 1907.

<sup>7</sup> Hjalmar Falk „Altnordische Waffenkunde“ (Videnskapselskapets Skrifter II. Hist. Filos. Klasse. 1914. No. 6). Kristiania 1914, s. 127.

## GAMLE VEGAR

AV GISLE MIDTTUN

Setesdal fekk fyrste k yrevegen sin i 1840  ri. Det var postvegen upp dalen. Fyre den tidi kunde ein so vidt rakla med ei kjerre her og der millom nokre av gardane.<sup>1</sup> Elles var det berre tale um f rsleveg r. Kor desse i r yndi gjekk, f r me ingi greie p  i brev, offentlege dokument e. dl. Kart finst det heller ingi av. Rett nok fekk Gjelleb l (prest i Valle 1772—1782) i stand eit,<sup>2</sup> som fylgde med manuskriptet hans til „Beskrivelse over S etersdalen“, men det er kome burt. Det er i minsto ikkje   finna, korkje i offentlege samlingar eller bibliotek. Elles hadde ein vel i dette h vet ikkje l rt so mykje av det; for karti fr  den tidi er ikkje sers p litlege. Det meste um vegane finn me i den ovannemnde „Beskrivelsen“ av Gjelleb l. Han hev millom anna eit langt stykke um Byklestigen<sup>3</sup> (fig. 47) og um vanskane med   fara Straumen i Byggland.<sup>4</sup> Han nemner  g, at det gjeng vegar til bygdene aust og vest for Setesdal,<sup>5</sup> men at dei er mest ufarande. Ein m  alltid fara yver „Fjelde, Myre og Moradser, samt snevre Steder og saadanne Veje, som er saa stenige, at man mangel Gang ikke kan ride om Sommeren, men n des til at gaae“.<sup>6</sup> Elles er det mykje embetsmannen som er ute og klagar yver kor langt burte fr  verdi han er, „hvor vanskelig det er paa dette Sted at faae Omgang med de saa kaldte conditionerede Folk“,<sup>7</sup> og „hvor besv rligt Embedsm nd paa disse Steder have det, is r Pr esterne, naar de v rdelig skal efterkomme deres Pligter, baade i henseende til Sognebud og Huusbes g, som og i Henseende til deres Rejser til Annexerne“.<sup>8</sup> Umlag det same skriv P. L. Lund (prest i Valle 1794—1803).<sup>8</sup> Av forhandlingsprotokollen for „Sogneselskabet for Norges Vel i Valle“ (1811) f r me vita at det gjekk vegar yver heiane fr  Telemarki til Valle og fr  Brokke i Hylestad til Sule-skard i Sirdal og vidare til Stavanger, og at den siste vegen var av „v sentlig nytte for den almindelige Trafik fra Telemarken og Østlandet til Stavanger og Vestlandet.“<sup>9</sup>

Men hermed er umlag alt sagt. Vil me vita meir, lyt me lita oss med tradisjonen. I staden er denne tolleg rik og

sikker. Det er ikkje so lenge sidan dei gamle vegane var i bruk, og ein og annan er enno nytta. Stort er det ikkje; for bygdene austan- og vestanfjells hev ikkje so mykje med kvarandre   gjera no, og dalen og dei andre bygdene hev fenge andre vegar ut.

Den tradisjonen me hev   byggja p  er berre godt og vel hundrad  r gamal, men det segjer i grunnen det same som fleire hundrad  r; for det er fyrst i 1800  ri at samferdsla bygdene imillom tek heilt nye vegar. Slik det var ikring 1800, hadde det stort s t visseleg vore fr  langt attende. Eit anna spursm l, som me skal k ma attende til seinare, er at ikkje alle vegar var like mykje nytta til kvar tid. Mange kann ein mest berre kalla gardsvegar  g. Dei f rer fr  ein einaste gard eller eit par yver til ei onnor bygd. Desse vegane er ikkje tekne med p  kartet (pl. 9). P  det er det berre teke med dei vegane ein hev grunn til   tru verkeleg var  lmannvegar.

Av desse vegane skal me fyrst taka for oss vegen utigjenom dalen. Fr  fjellgardane Bjaae, Breive og Hovden tok han um  rnefj dd ut langs vestsida av Ottra. Ved L yning kom det ein heieveg fr  Vatndalen til; so f r ein yver Vatndalselvi (fig. 81), og so var det greidt nedyver til kyrkjebygdi i Bykle. Derifr  tok vegen ned til Bykil, der det var yverro til austsida av Ottra, og so var det Byklestigen   slita. I Oveinang i Valle tok ein atter yver Ottra og um Dale og Nomeland til Aamlid i Valle. Elles var det veg p  austsida  g, um Homme, Tveiteb  og Valleb  til Harstad, der ein tok yver Ottra til Aamlid. Derifr  gjekk vegen upp yver heieristi ved Berge og ned Hylesdalen til Uppstad i Hylestad og vidare um Nomeland, Rysstad, Helle, Besteland og Langeid til Ose. Fr  Ose tok dei oftast fjordane ut til Gullsmedmoen ved enden av Bygglandsfjorden. Men h vde det til at dei ikkje var farande, m tte ein taka upp kleivane ved Ose, yver Fr ysnesheiane, Sk medalen og so „Tr eldalann“ endelengst og ned til Sennum og Gullsmedmoen.

Skulde ein so til Arendal eller Nedenes, som var det vanlege i gamal tid, tok ein um Evje, upp Hovlandsdalen til Vegusdal, vidare nedyver til Hægrefoss, der skrivaren i lang tid budde, og so um Froland til byen. Kristianssand reiste dei mindre til. Det var ikkje so lett å koma dit. Lange, tunge heiar låg og stengde. Men etterkvart som lastehandelen tok til i dalen, drog det annan handel med seg, og dølene måtte til Kristianssand. Vegen tok nedyver til Hornes, der det hōvde, at dei rodde eller um vetrane kōyrde fjorden ut til Kile. Men var det ikkje framkjōmt pā den mātēn, tok dei heiane fat. Frā Kile bar det upp Hæglandskleivane yver Sandriphēi og ned „Moldkleiv“ til Mossbō og so ei mil ā ro til Kristianssand.<sup>10</sup> Det var mest i dei nedre Setesdalsbygdene, Aardal, Byggland, Sandnes og Austad, der meste skogen er, at dei fōr til Kristianssand.

I Valle var det Arendal eller „Aandalen“ som var „byen“, og pā jamnen fōr dei dit heilt til postvegen kom. Dei hadde sin eigen byveg. Frā Viki i Valle tok dei austyver til Timbreviki (fig. 82) i Findalen utanfor Optestōyl, ut Sæbyggjēskardet millom Torvslid og Kile i Fyresdal og so vidare ut Birtedalen og ned til Gjøvdal, der dei mykje tok inn pā Jorundland. Sidan gjekk vegen um Aamlid og ned til byen.<sup>11</sup>

I Bykle reiste dei mykje til Stavanger eller „Stavang“. Det var skjotare enn ā fara ut dalen til Kristianssand eller Arendal. Dei rodde inn Botsvatnet og tok yver heiane til Sand i Suldal, der dei sette ned hestane sine. So rodde dei i bāt til byen.<sup>11</sup> Dei kunde òg fara um Lyse, men det var ikkje so greid veg dit.<sup>1</sup> Frā fjellgardane i Bykle gjekk det vegar nordetter til Bleskestadmoen og Roalkvam i Suldal, og derifrā kunde dei fara ut Suldalsvatnet yver Sand til Stavanger. Skulde dei nordetter til Hardanger, gjekk det vegar dit òg.<sup>1</sup>

Vegane austetter var mange i Bykle. Det gjekk vegar til Grungedal, Vinje, Mo og Dalen. Fleire av dei var gamle driftevegar, som ofte er nytta enno. Det er so gode beite i Bykleheiane, at det kvart ār ligg svære driftene der. I Valle òg gjekk det mange vegar austetter. Millom dei er „Bispevegen“ den mest kjende. Han heiter so, av di bispen nytta denne vegen, nār han var pā visitasreis.<sup>12</sup> Vegen tek upp frā Tveitebō og kjem ned i Kleivgrend i Fyresdal. Elles er det mange vegar i Valle som fører yver til Fyresdal. Gardane pā austledi hev stōylar i Findalen, og dā er dei mest i Fyresdalseign. Frā Flateland og Rygnestad gjeng og gjekk det vegar yver til Dalen i Telemarki.

Vestetter var det verre med vegane. Her er fjelli høge, grā og steinute. Riuven ligg og stengjer som ei stor, veldug riserōys. Pā ei vis hev dei likevel kome fram der òg. „Dei tok pā Heidi anten med Rōysland i Oveinang eller med

Berge i Aamlid eller med Berg i Hylestad og fōr „Skinnevegen“, skriv Skar, og namnet skal koma av, at dei fyrr i tidi førde skinnskatten denne vegen yver heii til Stavanger.<sup>13</sup> Truleg er dette rett, og vegen skulde dā vera frā tidi fyrr dei byrja ā fōra skatten til kongsgarden Nedenes, der lensherren eller futen hans fekk sin faste bustad ein gong i 1500 āri. Som me ser, kunde ein taka ut frā tri stader og fara „Skinnevegen“. Truleg hev vegane mōtst ein stad inne pā heii. Elles er det eigenleg vegen frā Berg i Hylestad som er „Skinnevegen“. Han gjekk um Haahelleren like ved grensa millom Setesdal og Vest-Agder fylke og um Suleskard og Aadneram øvst i Sirdal til Lyse. Det er ātte drjuge miler. Frā Lyse rodde dei til Stavanger.<sup>1</sup>

Austetter gjekk eit par vegar frā Hylestad til Fyresdal. Den eine tok ut frā Hovet og Haugen og den andre frā Straume. Dei mōttest inne pā heii i nārleiken av Amalia gruva ein stad. Lenger ute i dalen gjekk det òg mange vegar austetter. Soleis frā Austad og Aaraksbō yver Kvipt til Fardal i Fyresdal og frā Jōrdalsbō i Byggland til Tovdal og derifrā vidare um Aamlid til Arendal. Denne vegen var fyrr mykje nytta av folk frā Byggland, som skulde til Arendal. Valldøler og andre bruka han òg, nār Bygglandsfjorden vetrebil var ufōr.<sup>1</sup>

Vestetter gjekk det vegar frā Langeid og Skōmedal til Sirdal og Aaserall, og frā Hornes til Aaserall og Grindheim i Marnadal. Vegen frā Langeid til Sirdal gjekk um heiegardane Pytten og Kvina. Han hev namn av „Nordmannvegen“, av di setesdølene kallar alle som bur nord og vest for Setesdal „Nordmenner“. Pā same visi kallar dei folk austanfrā „Austmenner“ og folk utanfrā „Utmenner“ eller „Blaamenner“.<sup>14</sup> Aaserallsvegane frā Langeid og Skōmedal gjekk yver til Lognavatn og so nedyver til hovudbygdi. Derifrā kunde ein koma vidare til bygdene sunnanfor, og vestetter til Eikebygd og Fjotland.<sup>1</sup>

Me hev no havt for oss dei viktugaste vegane i Setesdal. Som me ser, hadde dei vegar ut til alle kantar og kunde fara kvar dei vilde. So vidt me kann skyna, var det ikkje nett gode vegar; men elles nyttar det lite ā samanlikna dei med vegar no. For vāre augo ser det ut som dei hev gjort seg sjōlve. Dei gjeng „upp Slōv og ne Hurrandi“.<sup>15</sup> Upp pā hægste heieristene og nedatt i dei hōlaste dalane, so ein skulde tru, det berre var reine vitlōysa som kunde koma slik pā det. Folk fyrr i tidi hadde visseleg ikkje dette synet. Dei kunde med vegane sine, slik dei var, og visste ikkje av noko likare. Dei hev vel heller ikkje i rōyndi gjort seg sjōlve. Den fyrste mannen som gjekk vegen, la han. Seinare gjekk andre der. Dei fann kanhenda ut, at det var lettare ā taka litt pā ein annan kant her og der, og til slutt vart vegen liggjande, der det var best ā ganga. Etter



81. Løyningsbrui, Bykle

For. Aug. Abrahamson

dette prinsippet er dei gamle vegane lagde. Difor ser ein at dei krockar for urder og gjél og bratte berg og store lunsemyrar. Då slapp dei kostnaden og arbeidet med å halda dei i stand. Elles hev me døme på at dei stelte på vegane sine, der dette var naudsynleg. Etter gamalt hadde dei vedtak um at dei skulde vøla ymse vegestykke, bruer o. dl. I den leidi sat det vel noko att frå dei gamle lovene.<sup>16</sup> Soleis ser me at valldølene heldt i stand „Bispebrui“ yver Findøla ved Kvosokstøylen heilt til postvegen kom,<sup>1</sup> og like eins hadde byklarane Byklestigen. Gardsvegar og slikt var dei og samstelte um, og yver ei og onnor stor myri, der vegen gjekk, la dei trandleveg, og folk frå garden møtte fram, når slikt arbeid låg fyre.<sup>1</sup>

Men meste arbeidet hadde dei vel på vegen upp dalen. Det var offentleg veg å kalla for og stod vel i 15 og 1600 åri under tilsyn av lensherrane eller futane deira. Seinare, under det landsfaderlege styret hadde „Generalveimestrene“ øvste tilsynet med vegane i landet,<sup>17</sup> deretter amtmennene og so „Veimestrene“ att. Men slike karar kom ikkje til Setesdal som rimeleg kann vera, so det vart vel futane eller helst bondelensmennene som fekk sjå til, at vegen var som han skulde vera. Koss dette arbeidet vart gjort, eller koss vegen såg ut, hev me ikkje større greie på fyrr i 1770 åri, då Gjellebøl skriv um det. Då var vegen upp dalen rotelagd med ein rotemeister for kvar rote til å sjå etter, at vegen var i stand og passa på, at kvar gjorde si plikt. Futen var det som sette inn rotemeistrane, og han hadde øvste tilsynet med vegen. Men Gjellebøl skriv at det vart so lite av arbeidet som råd var. Bøndene hadde ikkje „megen Bekymring“ um vegen. Dei lét det lona som det best kunde. I Bykle t. d. der folk budde langt burte frå vegestykket sitt,

hende det ofte at det berre kom nokre få, når heile ålmugen skulde arbeida på vegen. „Situationen og Beliggenheden“ var og mange stader slik, at vegane ikkje kunde bli betre utan stor kostnad „eftersom der idelig forekommer Stene og Klipper, trange og snevre Steder, Myre og Moradser og saa fremdeles“. Gjellebøl nemner vidare at ein um sumaren ikkje kunde bruka vogn eller kjerre, men måtte rida eller gå, og um vetteren var det nok framkjømt med slede; men då gjorde snøen ofte vegen ufor att. Han endar med å segja, at „Vejene ere saaledes her, at de ingensteds kan være værre; ja en Fremmed kan umuelig forestille sig deres Besværligheder“.<sup>18</sup>

Gjellebøl er svært strid her, men hev nok rett i det, at dei ikkje kunde vera verre nokon annan stad; for den gongen var dei vel like eins heile landet yver i fjellbygdene, der det ikkje gjekk gjennomgangsvegar som i Gudbrandsdalen og Valdris. At setesdølene skulde vera verre enn andre folk i dette stykket, hev me ingen grunn til å tru. Tvertum ser me at dei ikkje heldt seg undan, når det galdt å letta samferdsla.

I 1750 åri fekk soleis oberst Christian von Koss og provsten Abel i Byggland dei med på å leggja ihop til eit fond, som dei skulde bruka å grava ut Straumen for.<sup>19</sup> Han ligg millom Sandnesfjorden (Bjaafjorden) og Bygglandsfjorden, der ferdsla upp dalen gjekk, og var berre farande midt på sumaren, når elvi var liti. Haust og vår, då dei mest måtte fara denne vegen, laut dei bera føringi si eit langt stykke yver land, og so draga pråmane tome upp langsetter landet.<sup>20</sup> Dei la til med eit nytt laup eit stykke ifrå, men midt på møtte dei fjellet og vann ikkje lenger. Vart det soleis ikkje til noko nytte, viser det likevel, at det ikkje var viljen som vanta.

I den forhandlingsprotokollen for sokneselskapet i Valle som eg fyrr hev nemnt<sup>9</sup> ser me at dei etter oppmoding av distriktsselskapet i Kristianssand sette upp „Veiviserstammer“ på vegen millom Brokke i Hylestad og Suleskard i Sirdal („Skinnevegen“). Til dette arbeidet fekk dei 30 rd. av distriktsselskapet; men med ein slik sum rakk dei vel ikkje so langt, og dei hev vel mått lagt godviljen til og gjort billeg arbeid. Dei støylsvegane dei bruka um vetteren, når dei var etter høy, vilde og distriktsselskapet at dei skulde varda upp, og det gjekk sokneselskapet med på. Elles var heievegane oppvarda mest alle stader. Noko som vel sat att frå dei gamle lovene. Dei var „steinasett“ som det heiter i stevet:

„Eg fekk 'kji ganga Færaveg,  
som e merkt'e med Steinasett;  
men midt ive hægste Fjødd aa Flug,  
der striaste Fossann' gjekk“.<sup>21</sup>

Slike steinar eller „nyddinga“, som dei er kalla, stend det enno nok av etter heievegane. Det er eit par steinar som er lagde oppå kvarandre på ein stor stein, eit skarv e. dl., so dei er lett synlege (fig. 83).

Ein og annan staden hadde dei serlege vegmerke. På Vestheii i Valle, når ein fær upp Holtheii til Augundkjønn, stend det soleis ein fugl av jarn på ei stong, og der heiter det „vest med fuglen“. Like eins stend det ein på Austeheii. Det er „Høna på Hønehei“ (fig. 84), ei utskori høne av tre på toppen av ei stong. Ho stend på ein stor stein like ved støylsvegen til Tveitebø-Findalen i Valle.<sup>22</sup>

Ein må tru at setesdølene hev stelt so mykje på vegane sine, som rådi og høvet var til. At dei meir enn andre skulde laga kongeveggar upp igjenom heiane, hadde vel ingen venta, og når embetsmennene, helst prestane, kraunar, so hev vel det sin grunn i at dei vilde ha betre kall. Dei vilde burt frå „dette møisommelige og langt fra civiliserede Mennesker avsondrede Fjeldkald“, som bispen Sørensen skriv i 1812 um Valle.<sup>23</sup> Vegane var sjølvsagt ikkje gode; men folk kunde med dei slik, og dei fekk den føring dei trong, fram på dei. Um vetteren var det ikkje so ille. Då kunde dei køyra isane utetter fleire milene og kunde taka tolleg store lass både ut og upp. Det var berre det, at dei hadde ikkje so gode stunder å reisa då for skuld høykøytingi og høydrag- ingi heim av heiane. Rett nok skriv Aamodt (prest i Valle 1803—1814), at dei reiste til byen like etter jol;<sup>9</sup> men det hev ikkje vore på jamnen. Det vanlege var at dei fór etter vårvinna, „verkji“. Då hadde dei ikkje anna å taka seg til, og då var det flust med beite etter vegane, so dei slapp å taka fôr med seg. Skulde dei etter heievegane, kunde dei berre fara då. Seinare vart det ikkje tid; for då kom slåtten, og den heldt dei på med heilt til snøen fall i hågheiane.<sup>1</sup> Rette reisetidi var i håballen.

Då var det ikkje tale um å køyra. Dei måtte klyvja. Difor vart det ikkje so mykje, dei fekk med seg. På hesten førde dei halvonnor tunne korn og sjølv bar dei ei halv- tunne eller eit kvartel.<sup>24</sup> Kom dei vegen upp dalen og Bygglandsfjordane var føre, leigde dei førslebåtar på Senum. „Senomsbaatann“ bar seksti klyvjar umlag; ein eller tvo mann rodde, og so laga dei til „Tjell-Segl“, dei hadde på båten.<sup>25</sup> Det var ikkje so lett å gjera byferd då, og det tok lang tid. Skar fortel um dette: „Sandnesarne laag aatte-nie Dagar i Sjøvegen og Valldølarne fjortan. Men Byklarane turfte tri Vikor, vist daa fyrst dei hadde Ut-ekjeslass. Han var som han var straumreken fyrst han hadde vore i Sjøveg; eg var slamen i mange Dagar etter-paa. I Kleivarne var det paa Livet so traatt; dei var i ein Glerung. Olav Paalsson fór slik Uferd i Faanekleivi. Han rapa utyver; Skreppa og han fór Rult um Rult ned i „Kattedalen“.

„Eg datt so vondt i dei Faanekleivinn’;  
der slo eg av meg de Siebeini.  
I Faanekleivinn’ datt eg so fælt,  
aa Skreppa aa Dunkjen fygde me.  
Men eg vart daa go att’e likevel,“

sa han. Og so alle Lyserne me drog med oss fraa Byen! Kvilorne — det var som aa liggja i ei Maurtuve. Det var berre aa vregja Klæli av seg og aat Badstoga med dei, det fyrste me gjorde naar me kom heim.“<sup>26</sup>

Upp etter vegen var det kvileplassar, der dei fekk stall- rom og seng. Før dei heievegane, tok dei inn på støyane eller i høybuer. Elles var vegane sjeldan lenger, enn dei kunde nå fram til folk på dagen. Gjestgjevarhus var det i eldre tid ingi av, fyrr ein kom heilt ut til Faret i Hornnes.<sup>27</sup> Det var heller ikkje naudsynleg, skriv Gjellebøl: „— deels eftersom her ikke kommer uden meget faa Rejsende, deels eftersom dette Folk er meget gjestfrit, imodtager gjerne enhver Fremmed, og hjælper efter Formue med hvad det kan. Dog er Skydsskaffere indsatte i hvert Sogn, som tilsige Heste for de Rejsende. Forresten gaer baade Pengeskyds og Friskyds alle Sogne om, Gaard fra Gaard og Tour a Tour.“<sup>28</sup> Fyrst umlag 1800 vert det gjestgjevarar i dalen. Presten Lund nemner soleis, at der var „3 Giæstgivere, der tillige ere Skydsskaffere, hvor man erholder en Sæng og Beværtning saa god som den her kan falde“.<sup>8</sup>

Etter det Gjellebøl skriv, kom det sjeldan reisande til dalen, og det kann han vel ha rett i, slik som han såg det. Til reisande rekna han visseleg berre embetsfolk og „conditionerede“, som tok vegen uppum prestegarden. Elles måtte han motsegja seg sjølv; for rett som det er, fortel han at det ikkje fór so lite folk etter dalen, helst handlarar og



82. Timberviki, Austeheian', Valle

Fot. Aug. Abrahamson





83. Vegen til Tveitebø-Findalen. Til vinstre ser me ein „nydding“, like eins ein til høgre

Fot. Gisle Midttun

slike.<sup>29</sup> Presten Lund skriv det same,<sup>8</sup> og so kjem Skar, som hev samla mange fråsegner um dette.<sup>30</sup> Av det desse mennene skriv fær me eit godt bilete av samferdsla. Det rek gjennom bygdene alle slag handlarar. Hestehandlarar frå Hardanger, Sirdal og Ryfylkebygdene. Dei hadde med seg humle og onnor vare, som dei selde eller bytte burt. Skinn kjøpte dei. Fehandlarar frå nokon kvar kant kom det nøgdi av, og Tinndøler, Numedøler og utmenner fór med kram. Gylendingane kom med spit, og nede frå Arendalskanten kom det folk upp med bjøllor, klavar, spikar og onnor jarnvare. Setesdølene sjølve dreiv lite handel. Einast var byklarane og ein og annan valldølen som rakla med noko hestehandling. Dei var nordetter til Røldalsmarknaden og kjøpte inn og selde sidan utigjennom dalen eller på Austmannbygdi. Jonsokbil var det stor marknad i Valle og um hausten i Hornnes, og til desse marknadene kom det folk frå alle kantar. Dei heldt skeid i dalen, og dit søkte både „austmenner“ og „nordmenner“. Kjempor frå andre bygder kom og vilde prøvast, og setesdøler som Bjørgulv Uppstad fór utanbygdes vide vegnerne omkring på same arbeidet. Det var gode tider i dalen, og folk søkte dit på arbeid, visst då i slåtten og skurden. Det var mest austmenner og folk frå dei øvre bygdene i Vest-Agder. Aasdøler fór haust og vår gjennom dalen. Dei reiste austyver til Telemarki på arbeid, og derifrå kom det mykje folk, som skulde vestyver.

Som me ser, hadde Setesdal i denne tidi, 1770 åri og utetter til ikring 1850, stor samferdsle med alle bygdene rundt ikring. Ikkje so mykje, at setesdølene reiste sjølve, som det kom andre til dalen. Heller ikkje stod dei i noko større samband med bygdelag langt burte. Det var berre dei næmaste. Men likevel hev det sjølvsgagt havt sitt verd.

Um det ikkje nett var fyrstehandsinntrykk dei fekk, so var Setesdal likevel ikkje nokor avstengd bygd. Høve til å fylgja med hadde setesdølene, var so dei vilde.

Frå den eldre tidi veit me mindre um samferdsla og reiser i dalen.<sup>31</sup> Å slutta attende er i dette høvet ikkje so godt. Eit stykke tilbake i 1700 åri vil det vel svara so nokolunde med den tidi me no hev havt fyre oss, men stort lenger kjem me ikkje på den vegen; for mykje av den handelsrørsla som var sist i 1700 åri og utetter, byrja truleg då og hekk, som andre stader i landet, saman med aukande velstand og friare handelsformer. Frå tidi fyrr hev me då mest ikkje anna å halda oss til enn dei gamle brevi og dokumenti, som me kann finna noko i um handel og vandel millom setesdøler og utanbygdes folk. Det er oftast turr kost, som berre inneheld stutte vitnemål um gardhandel, jordsal, makeskifte, arv, lån, pantsetjing av jordeteigar o. dl. Men bak dei turre, knappe ordi løyner det seg ofte mykje liv. Diverre er det ikkje so mange brev som me kunde ynskja, og dei umhandlar berre visse sidor av samrørsla, men det er då alltid nok til at me fær som ei meining um koss samferdsla hev vore, og me kann alltid draga sume slutningar utan å gjera oss skuldige i altfor store mistak,

Dei brevi ein no kann finna og som inneheld slike opplysningar, skriv seg frå tidi 1400 til umlag 1700 med dei fleste i 1600 åri. Frå 1400 åri hev me fem brev.<sup>32</sup> Av dei viser eit nord til Kvinnherad i Sunnhordland og dei andre aust til Telemarki (Øyfjell 1, Kviteseid 1 og Fyresdal 2). Frå 1500 åri hev me elleve brev,<sup>33</sup> som alle viser austetter (Fyresdal 4, Skafse 2, Vinje 2, Eidsberg 1 og Tovdal 2). Frå 1600 åri hev me seks og tjuge brev,<sup>34</sup> der seks viser vestetter til Ryfylkebygdene og resten aust til dei fyrrnemnde bygdene i Telemarki og dessutan til Tovdal, Gjøvdal og Gjerstad.

Noko visst kann me ikkje få ut av dette, dertil er tilfanget for snaudt; men det ser likevel ut til at samferdsla hev vore størst med austmanbygdene i desse tri hundrad åri. Det er so rimeleg òg; for vegane dit var lettast. Me kann òg skyna at det hev vore mykje med giftarmål millom Setesdal og Telemarki. Mange av jordsali frå austmenner til setesdøler og umvendt hev just kome av det at dei hev ervt jordepartar med giftone sine. At dei vart i slekt på baa sidor av heiane skapte atter samvære ved bryllaup, likferd, erveøl og andre ættesamkomor. I det heile hev det visst vore meir av slik samferdsle enn ein skulde tru. Det same gjeld og Ryfylkebygdene, men i mykje mindre mun, um ein skal døma etter brevi, og det kann ein visst gjera her.

Det som må undra oss mest er, at ikkje noko brev viser nedyver eller vestyver til bygdene i Vest-Agder. Det ser ut som det ikkje hev vore nokor samferdsle her i denne tidi. Dette kann vel ikkje vera heilt rett, og det kjem vel av at

me hev for lite tilfang, eller at tilfanget er noko einsidig. Dei fleste brevi gjeld soleis folk frå dei øvre bygdene, Valle, Hylestad og Bykle. Men noko er det vel i det, og ein kann vel med god grunn segja, at i 14, 15 og 1600 åri hev det vore liti samferdsle millom bygdene i Vest-Agder og Setesdal. Serleg gjeld dette som nemnt dei øvre bygdene. I dei nedre var det kann henda noko likare, men her vantar me enno tilfang til å døma etter. At samferdsla var stor millom Telemark og Setesdal er noko, me kunde venta, men at samferdsla vestetter berre peikar til Ryfylke og bygdene nordanfor er verre å skyna. At det var langt til Vest-Agder, og vegane uføre med store skogar, vatn og myrar imillom hev vel alltid gjort noko, men til Ryfylke var det like langt, og her måtte dei fara yver ville fjelli. Skilnad i økonomiske kår kann ha gjort noko, men um det veit me lite og inkje. Tilfanget sviktar i Setesdal, og i Vest-Agder er det ikkje etterrøkt enno. Helst må ein tru, at det er noko som heng att frå eldre dagar, då dei måtte til Stavanger med skinnskatten, og dalen rettsleg høyrde under Gulatinget. Dei kom alt tidleg saman med desse bygdene. Ved giftamål vart det skyldskap millom dei, og det gav nok tilknytning, som heldt seg lange tidene utigjenom.

Fra 1770 åri og utetter hev me sét, at det ikkje var so liti samferdsle med bygdene i Vest-Agder og bygdene utanfor. Umskiftet hev då kome litt etter kvart i 1700 åri. Fyrr 1700 gjeng straumen for det meste tvert på dalen. I 1700 åri og seinare gjeng han meir og meir utetter. Dette skriv seg vel mykje frå den aukande lastehandelen, og at byane nede ved sjøen voks og byrja tøygja armene sine langt oppigjenom landet so dei kunde draga handelen til seg. Det er den nye tidi, som kjem til dalen. Um me ikkje visste anna, var det råd å sjå det på stovehusi òg. Frå fyrste helvti av 1700 åri byrjar nyestovone å koma til dalen, og dei kom opp frå Vest-Agder. Like eins ser me òg, at rosemålingi sist i hundradåret meir og meir fær svip av Vest-Agder. Alle teikn som tyder på at dalen no hev sine sterkaste røter utetter og ikkje aust og nordvest, som fyrr.

Eit anna tilhøve, som òg må undra oss, er at setesdølene sjølv hev reist svært lite, so vidt me kann skyna. Tilfanget vårt er just ikkje stort, men litt måtte me ha funne likevel, um det hadde vore nokon større reisehug hjå dølene. Rett nok er der fleire segner um folk som kom i mannskade og av den grunn rømde or dalen ei tid,<sup>35</sup> men dette er ikkje stort sætande og hadde lite verd for samferdsle og kulturbyttet, då slike folk måtte halda seg i skjol, mest kor dei fór. Utanum naudsynlege byferder, gjestebodsvitjingar og andre reiser i lovleg ærend<sup>36</sup> og soldatar som var med i krigen,<sup>37</sup> høyrer me berre gjete ein einaste mann som reiser ut. Det er Vonde Aasmund Rygnestad; han fór heilt til Holland og var med i krigen der.<sup>38</sup>

Dette er lite, men so lite det er, set likevel denne reisi til Vonde Aasmund merke etter seg i dalen. Ikkje so, at han førde med seg heimatt hollandsk skikk og sed, for han fekk vel ikkje vita so mykje um det, han som truleg helst vanka berre millom rå soldatar og lansekniktar; men det fylgde liksom eit friskt vēr med han. Han var den siste viking, som kom heimatt til dalen med herfang. Eit stort og gildt loft sette han upp med ein „kaamaar“<sup>39</sup> uppe i loftsvali, som ingen hadde sett maken til, og ei løyndekvile nede i buret. I loftet gøymde han herfanget sitt, og av dette heng enno etter nokre hollandske målarstykke og ein sjeldfengd spansk dolk. Vonde Aasmund var litt av ein stormann, som folket såg upp til og vilde likna. Segner og sogor sank seg rundt minnet hans, gamle og nye um ein annan, likt og ulikt, men alt dette gav nye friske tilskot til det andelegelivet i dalen. Og som han kunde skræma embetsmennene, anten det no var sant eller ikkje, det vart fortalt frå slekt til slekt, og fortalt slik, at det måtte gjera dølene seige og uthaldande i striden mot embetsmennene.

Men han er den einaste. Ingen annan veit me av. Endå yngre søner på gardane sat heime. Det var skam å senda dei av, som um dei ikkje kunde fø dei sjølv.<sup>1</sup> Like eins var det med arbeidsfolk. Berre dei reiste, som ingen vilde ha til å arbeida heime.<sup>40</sup>

Me tykkjast møta ein gamal tankegang her. Friborne menn skal ikkje arbeida for andre. Dei kann fara ut og samla herfang, men er det ikkje høve til det, so skal dei vera i ro på garden og stella med den. Dei er og heimkjære og vil helst vera setesdøler; difor tok ikkje arbeidsfolk ut, fyrr dei var plent nøydde til det, endå dei visst kunde tent meir andre stader.



84. „Høna på Hønehei“, Valle

Fot. Gisle Midttun

Setesdølene trivst best i dalen og hev vondt for å mengja seg med andre og taka upp seder og skikkar frå dei. Ein ser det so greidt etter at utvandringi hev teke til. Dei fleste kjem heimatt. At dei hev lært noko er visst nok, men dei hev ikkje gløymt, at dei er setesdøler. Dei er det framleis, i sinn og skinn, i hug og haatt, i all si ferd.

Meir enn noko anna er dette grunnen til, at det heng so mykje att av det gamle i Setesdal. At dalen låg i ein avkrok, avstengd og burtgøymd frå verdi, og at dette skulde vera grunnen er lite truleg. Dei hadde sine vegar ut til alle kantar, og dei var so gode som ein etter tidi kunde venta dei. Mykje folk vanka det i dalen, og mange band var knytt millom dalen og bygdene austanfor og vestanfor. At dette hev sett sine merke er tvillaust, og røkjer ein nøgje etter vil ein sikkert finna, at setesdalskulturen hev fenge tilsig frå mange kantar. Det spring ikkje i augo med ein gong, dertil er det nye og det gamle for godt ihopmengd og hev fenge ein dâm yver seg, som berre folkelyndet i Setesdal kann gjeva det.

#### MERKNADER

- <sup>1</sup> Arkivet aat Norsk Folkemuseum.
- <sup>2</sup> Top. Journal h. 26 s. 2 (Rosteds fortale).
- <sup>3</sup> » — h. 26 s. 18 ff. Sjå elles utgreidingi åt professor Edv. Bull i dette verket s. 76.
- <sup>4</sup> Top. Journal h. 27 s. 58 f.
- <sup>5</sup> » — h. 27 s. 32 f.
- <sup>6</sup> » — h. 26 s. 9 f. (note under).
- <sup>7</sup> » — h. 27 s. 7 f. ( — — ).
- <sup>8</sup> Beskrivelse af Valle. Univ. bibl. mskr. 4to 417 b.
- <sup>9</sup> Prestearkivet i Valle.
- <sup>10</sup> Arkivet åt Folkemuseet og Skar: Gamalt or Sætesdal IV s. 152.
- <sup>11</sup> Skar IV s. 155.
- <sup>12</sup> Bispem kom alltid austantil. Den siste bispem som før denne vegen var von der Lippe (bisp i Kristianssand 1841—1866). Fyresdølene frakta han til Findalen, der valdølene tok i mot han. Bispem bruka mykje å eta på Skorestøyl. Dei tok ned ei kvøv (kløyvning) av taket, som han hadde til bord. Von der Lippe hev ete sju gonger på den kvøvi. Det var mykje folk på støypane og slo, når bispem kom. So huva dei burt etter støypane, når dei såg han. Bispem spurde, kva dette skulde tyda. „Det er en kjærlig Hilsen til hverandre,“ svara presten. Arkiv åt Folkemuseet.
- <sup>13</sup> Skar IV s. 156.
- <sup>14</sup> » I s. 4.
- <sup>15</sup> » IV s. 151.
- <sup>16</sup> N. G. L., b. 1, Kr.a 1846, G. 90, F. III 19 og L. 43—47, b. 2, Kr.a 1848, J. 59.
- <sup>17</sup> I 1665 kom alle vegane i landet under tvo „Generalveimestere“, og med ein liten stans i 1670 åri på fire år hadde me slike heilt til 1742, då amtmennene og futane fekk vegtilsynet. I 1767 og 1768 vart det tvo vegmeistrar att (ein sunnanfjells og ein nordanfjells) og i 1781—1787 vart det einskilde vegmeistrar for Kristianssands og Bergens stift. (Sjå vidare Norges Historie fremstillet for det norske folk af Professor Dr. A. Bugge, Riksarkivar E. Hertzberg etc. B. V 1 a 21 og 273 og V 2 s. 31 og 289). Sjå òg Yngvar Nielsen: Det norske veivæsens udvikling for 1814 i Historisk Tidsskrift b. IV, Kr.a 1876, s. 218 ff.

<sup>18</sup> Top. Journ. h. 26 s. 80 f.

<sup>19</sup> » — h. 27 s. 59.

<sup>20</sup> Skar IV s. 152.

<sup>21</sup> » V s. 130.

<sup>22</sup> Når folk drog til støyls um sumaren, snudde dei høna mot støylen, og når dei um hausten fór attende, vende dei ho mot bygd. Arkivet åt Folkemuseet. Dette tyder på, at ho opphavleg ikkje kann vera sett der berre til vegmerke, men at det ligg ei eller onnor gamal tru til grunn. Helst er ho vel sett der til å verna buskapen mot vondt. I folketrui hev høna spela ei stor rolle, og ein kann vel i henne sjå eit bilete eller symbol på sjølve livsgudinna. (Sjå elles N. E. Hammarstedt: Såkaka och Gullhøna i Meddelanden från Nordiska Museet 1899 och 1900, Stockholm 1902, s. 27 ff.).

<sup>23</sup> St. A. Kr.sands Bispeark. Embedsprotokol A for Biskop Sørensen paa hans Visitatsreise i 1812.

Sjå og Prof. Bulls utgr. i dette verket s. 67

<sup>24</sup> Skar IV s. 151.

<sup>25</sup> » IV s. 152.

<sup>26</sup> » IV s. 153.

<sup>27</sup> R. A. Rentekam. real. ordn. avd.

<sup>28</sup> Top. Journ. h. 26 s. 80.

<sup>29</sup> » — h. 26 s. 93, 96, 98 og 125.

<sup>30</sup> Skar I s. 72 ff. og 158, II s. 35 og 80, III s. 50, 112 og 149, IV s. 149 f., 160 ff. og 177 f. V s. 13 f. 16 og 17. Sjå elles Prof. Bulls utgreiding i dette verket s. 79 f.

<sup>31</sup> I 1128 var „Jon Fot“ på vitjing i Valle. Han tok vegen ut dalen til Aust-Agder, han vilde drepa Salmund. Sjå P. A. Munch: Det norske Folks Historie, Kr.a 1855. B. II s. 691 f. Hollandske falkefangarar heldt seg òg i dalen, så Top. Journ., h. 26, s. 142 ff.

<sup>32</sup> D. N. I. s. 416 d. Røyrgar i Øfjeld 26. — 8. — 1401. Bjørn Thorgerirsson m. fl. sel Brokke i Hylestad til Thorgils Roarsson.

D. N. I. s. 422, brev d. Hviteseid 1402. Tvo lagrettemenn i Setesdal vitnar, at Eivind Roarsson selde tvo vatn Drougan og Stoksvatn.

D. N. I. XI s. 105 d. Nes (Kvindherred) 25. — 5. — 1405. Svenke Aslaksson kjøper 9 månadsmatsbol i Straume i Hylestad og likso mykje i Røysland i Valle av Peder og Helge Gunnarsoner.

D. N. I. I s. 513, d. Bakke 142. Amund Eysteinson sel til Halvard Ulfsson 1½ Kyrland i Lofthus i Fardal og ein deil av midtre Lid i Moland.

D. N. I. X s. 203, d. Frodaland (Fyresdal) 2. 10. — 1479. Asbjørn Helgesson sel halvparten av Vatnedalen og halvparten av Haslemo i Bykle til Bjørn Jonsson.

<sup>33</sup> D. N. III s. 750, d. Sitje 1506, Olaf Avaldsson makeskifter til Arne Bjørnsson 2½ markebol i Bø i Setesdal mot 8 markebol i Thevit i Sangedal (Fyresdal).

D. N. XIII s. 153, d. Setesdalen 1515, Salve Thorkelsson makeskifter 5 markebol jord i Tveiten i Valle til Arne Bjørnsson mot 4 markebol i Klauvereid i Skafse og dertil 5 mark gull.

D. N. IV s. 801, d. Ramsum (i Tovdal?) 22.—5.—1529, seks menn sel til Thorleif Thorgerirsson to øydegardar Skjevraak og Mæla(?) i Byggland.

D. N. IX s. 685, d. Eik (Moland) 13. — 6. — 1531, Thjostolf Valthiofs-son hev selt 12 markebol i Dale (Valle) til Nerid Thorbjørnsson.

D. N. VII s. 825, d. Vinje 22. — 5. — 1552, Knut Lidvardsson og Michel Ormsson hev selt det gods, konone deira åtte til Folke Ketilsson, som hadde odelen.

R. A. Yngre dipl. 2, d. Ramse Topdal 21. — 5. — 1559. Oleif Thol-leifsson byter med Gunner og Gunsten Aslakssoner Momrak og Lille-momrak i Moland mot Lauvdal i Byggland.

D. N. XIII s. 807, d. Muggehus 16.—3.—1561, Mogens i Vik (Moland) og kona hans Ranveig Torgilsdotter vedkjennar seg at bestefar til Ranveig, Asger i Vik, hev fenge betaling for 4 markebol jord i Bø („Litlebø“) i Setersd. av Eivind Arnessons far.

R. A. Y. d. 2, d. 1563, tre lagrettemenn i Fyresdal vitnar at Asle Hel-liksson hev selt „juet“ i Valle til Gisle Klovered.

Gardsarkivet i Rike, R. A. I 3, d. „Venye“ (Vinje) St. Johan dag 1569, Halvor Smørklep og Alf Amundssen sel til Gunsten Haldvorsen 2 markebol jord i Kjørvestad i Valle til „evindelig odell og eie.“

R. A. Y. d. 3 d. Eidsberg 25.—11.—1584. M. a. stend at Ketil Thorgerirson hev bytt Brotteit og „Kvist“ (Kveste?) i Valle med Ulf Olafsson mot Rygnestad og 1 markebol i Vik i Fyresdal.

Gardsarkivet i Rike, R. A. I 12, d. 1598, „Sorenskriveren i Vest Folden og Thelemarken og 4 lagrettemænd bevidne at anno 1598 var de paa „Klefuen“ i Skafsaa sogn Fyrrisdal og hørte og saa at lensmand Vettilef Oluffsson paa Gunder Vigs vegne tog i skjellig vidne Kettil Vegem og Biergit „Huestad“ hvilke for paa bog svor med fuld ed, at Helga Torgersdatter kom i tjeneste hos Tallak Barskaar siden hun drog fra sin „Ædtemand“ Gunder Vig i Valla pr.gj. Og Tallak hadde hende nogen aar hos sig og laa i frillelevned med hende før han fik øvrighedens samtykke med brev og segl at han maatte have hende for sin „ædte hustru“.

<sup>34</sup> R. A. Y. d. 4, d. 1.—6.—1602. Roar Hakkesson i Laardal makeskifter med brorens arvingar Gjellhus og Flestvet mot Groven i Eidsberg, Homme i Valle og nordre luten av Grønli.

R. A. Y. d. 5, d. Homme i Valle 6.—11.—1604, Rear Groven frå Telemark og Ouend Joenssen i Svalestuen tiltalar Osmund Bø m. fl. for å få rett rekning i markebol og kyrlagt i Homme, Bø, Flateland og Kveste.

R. A. Y. d. 5, d. Bakke lagting, Raabygdalag 27.—6.—1607. Etter fullmakt av Rear Groven, Telemark, hev Halvor Homme stemnt Ouden Homme, Thor Bø og Gurun Kveste med deira medarvingar for arveluten til mor til Rear, som han meinte ikkje var fullt greidd.

Gardsarkivet i Rike, R. A. I 45, d. Tockedalen 21.—4.—1612, Kietil Viken i Skafsaa gjer kjent, at han og Thorgier Flateland, som hev havt ei „långsommelig“ trette med kvarandre, endeleg hev vorte forlikte.

Gardsarkivet i Rike, R. A. I 39, 30.—5.—1616, Knud „Vicke“ i Suldal gjer kjent, at bror til kona hans, Tollef Anondsson, er død hjå han sistlidne vinter. Arven etter han gjev han til Olaff Aakre i Setesdal og Stii Espeli i Telemark. Dei var utsende av faren Anond i Setesdal.

Gardsarkivet i Rike, R. A. I 52, d. „Haugis“ i Vissedal (Gjerstad) 12.—10.—1621, Niels Torbjørnsson „Haugis“ i Vissedal gjer kjent at kona hans, Asløff Gunstendotter, hev selt heile jordeparten sin i Laurdal i Byggland, som ho arva etter bror sin, Aslak Gunstendsson, til Torgier Gunstendsson.

Gardsarkivet i Rike, R. A. I 54 (56), d. 2.—12.—1622, gjeld ei rettssak millom Torgius Hovet og Torgius Straume. Under denne la den siste fram brev, dat. Moland 10.—5.—1598, som synte, at Egil Svendsson i Fyresdal hadde selt til han 1/4 av eit markebol og 1 kyrlag i Hovet, som kona til Egil fekk i arv etter mori. Like eins eitt, d. Vinje 6.—2.—1603, at Randveig Aslaksdotter hadde selt til Torgius Straume 1/2 løb skyld i Hovet.

Gardsarkivet i Rike, R. A. I 58, d. „Cuffenberg“ 27.—8.—1623, Olluf Thorsson på Austenaa i Lille Topdal gjer kjent, at Thorgie Kjørvestad i Valle hev løyst eit pant av han, som han hadde i ein åker, „Sex Sellen“, under Nordre Lauvdal.

Gardsarkivet i Rike, R. A. I 61, d. Valle pr. gard, 18.—3.—1624, Knud Biufsson Dalen („Tochedall“) sel til Torge Gunstendsson Kjørvestad i Valle 2 kyrlag og „todelen“ i det 3 i garden Tveiten i Bykle.

Gardsarkivet i Rike, R. A. I 62, d. 6.—12.—1624. Makeskifte millom Thore Ifuerssen paa „Nauf“ og Michel Hoffuersen paa Espedal på den eine sida og på den andre Salomon Giermundsen, Viken i Valle. Salomon fær Tveit i Valle og dei Vanle på Mosterøen. Det var odelsgods dei bytte på baa sidor.

Gardsarkivet i Rike, R. A. 16, d. Ryssestad 20.—9.—1625, Matt. Thueson „Raede“ (?) segjer frå til Torgie Viken m. fl. i Setesdal um at dei ikkje må betala skuldi si til Ambjørn Ramdall i Telemark, fyrr Ambjørn hev betalt skuldi si til Asbjørn Kjørvestad.

Gardsarkivet i Rike, R. A. I 68, d. Aakre 16.—11.—1626, Vette Anundsson vest på Espedal, sel foreldrearven sin, 3 1/2 Kyrslag i Aakre, til broren Olaf Anundsson på Aakre i Setesdal.

R. A. Y. d. 6, d. Norenberg 4.—4.—1630, Knud Thollefsson Bergie i Øyfjell og Folche, Knud, Gunder og Olluf Olssonar av Setesdal gjer kjent, at dei den 11.—3.—1625 hev gjort odelsbyte. Knud Bergie skal eiga 2 1/2 markebol i Bergie og Olssonene halvparten i Graamandshus i Homme.

Gardsarkivet i Rike, R. A. 18, d. 1630, Knud Ollofsson Hagen (?) („Hogen“) i Hylestad sel odelen sin, „et quarters skyld“ i „Asche“ i Stavanger len til frenden sin, Salomon Giermondsson Viken i Valle.

Gardsarkivet i Rike, R. A. 21, d. Aakre 16.—8.—1635. Ollaf Josefsen på Vallem i Aardal, Ryfylke hev vorte sameint med Olluf Aanonsson på Aakre um den odell og arv, som fall til kona hans.

Gardsarkivet i Rike, R. A. I 98, d. 8.—3.—1637, etter fullmakt av Torgrim Haatveit i Laardal sel Aanund Ofte i Høydalsmo 1 „tønde skyld“ i Rike i Setesdal. 1/3 til Aslak Klauvreid i Skafse, 1/3 til Haldur Spokkeli i Fyresdal og 1/3 til Asbjørn Rike og „hans medbrødre“, Torgius Flateland, Eivin Haftuft, Torgius Ollufsson og Gunnu Ose.

Gardsarkivet i Rike, R. A. 22, d. 1638, Villborg (?) Asmonsdotter og son hennar, Lidur Olafsson, på „Dallen“ i Skafse hev selt til Olluf Aakre, Villborgs bror, all deira arv og eigeidom i Aakre.

Gardsarkivet i Rike, R. A. 26, d. 1640. Niels (?) Hoftuft i Valle gjer kjent, at syster hans hev selt ein jordepart i garden „Ormeland i Geffuardal“ (Gjøvdal) til Kidel Oluffsson Rike.

Gardsarkivet i Rike, R. A. I 106, d. 4.—2.—1649, handlar um eit skifte på Brotteit i Valle. M. a. stend, at Gunhild tok „sit bytt“ i Grasstiørn i Skafse og 1 markebol i Viig i Fyresdal.

R. A. Y. d. 7, d. Vinje 30.—5.—1651, Knud Josefsen Klungvedt (?) i Vinje sel til Thorgilds Pedersen Graamandshus i Valle sin odelspart i Graamandshus.

R. A. Y. d. 7, d. (Triset i Laardal) 12.—6.—1651, Oluf Knudsson Li i Øyfjell er misnøgd med sin avlidne fars „bytte“ i Graamandshus i Valle.

Gardsarkivet i Rike, R. A. I 117, d. 4.—3.—1668. Odelskifte etter Salomon Viken og Turi kona hans. M. a. åtte han 1/2 tunne i „Asgier“ i Ryfylke og 1 t. i Haugen i Fyresdal.

Gardsarkivet i Rike, R. A. I 124, d. 16.—2.—1685, Olle Kjelleberg, Gunder Flateland, Folche Rike og Bjørguf Nomeland vert stemnde til tinget i Rike for skuld til presten i Suldal Jacob Anderssen.

Gardsarkivet i Rike, R. A. I 126, d. 1.—7.—1685, Gunni Halvorsson i Fyresdal hev selt til Osmund Kjørvestad 2 „notting skyld“ i Kjørvestad, som kona hans hadde arva.

Gardsarkivet i Rike, R. A. 53, d. Christiansand 14.—2.—1712, Joen Stenssen Helle klagar til kongen, at han ulovleg er gjort arvelaus. M. a. stend, at far hans makeskifte ei halv hud i Helle med ei halv hud i Østre Nape i Telemark.

Gardsarkivet i Rike, R. A. 55, d. Rike gård 18.—6.—1716, lista yver arvingar og jordegods etter for lenge sidan avlidne Kidel Olufsson Rike og Astri Olufsdotter. Av jordegods åtte dei m. a. 3 kalvskinn i Momerak og 2 i Lislestog i Fyresdal.

<sup>35</sup> Skar II, s. 21, 23 og 49.

<sup>36</sup> R. A. Y. d. 2, d. Valle 12.—1.—1571. „Torgier Nielsen og Jon Nielsen (truleg prestesøner) er „skickede“ paa sin rette Rese herfraa och til Opslo“.

Gardsarkivet i Rike, R. A. I 47, d. Valle 28.—3.—1611. Mickel Rygnestad og Ulf Lunden reiser til Bergen, „der noget nødtørftig Ærind at udrette“. Gardarkivet i Rike, 3, d. 29.—6. 1584, Jon Omlid dømt til å møte i Oslo.

Skar II, s. 71. Danil Jore i Valle var til kongen under Lofthusrørsla.

<sup>37</sup> Gardarkivet i Rike, R. A. 50, d. 1711, tri setesdøler som er utkommandera til ei festning 5 mil frå Fredrikshald sender helsing og bod heim. Den eine Knud Knudsen Myrum bed um å få seg tilsend ei skjorte, Anders Salvesen Søland bed kona si senda seg pengar. Den tredje er Poul Osmondssen Kvassaaker.

Sjå elles Skar II, s. 122 ff.

<sup>38</sup> Skar II, s. 15 ff.

<sup>39</sup> Kaamaar = *locum*.

<sup>40</sup> Skar IV, s. 147.



85. Rygnestad, Nordfjord, Valle

Fot. Gisle Midttun

## GARDAR, HUS OG HUSBUNAD

AV GISLE MIDTTUN

Setesdal er ein trong dal. Nede i botnen er det for det meste berre rom til elvi. I Byggland vidar han seg ut; men dei store fjordane fyller opp, og strendene er bratte. I hovudbygdi i Valle er det òg romsamt med slette vollar og øyrar midt etter dalen; men her fløymer elvi yver sumar og haust. I det store og heile ligg difor gardane i Setesdal uppe i bakkane langs etter dalsidone. Husi ligg umlag midt etter den dyrka jordi, meir og minder høgt uppe etter som jordi hev vore dyrkande til med bøen eller sláttevollen ovanfor og åkrane nedanfor husi. Jordi til kvart bruk ligg oftast i ein lang teig, som gjeng heilt frå elvi eller fjorden til lengst opp i lidi, der bumarki tek til.

Fyrr var det ikkje slik. Her som andre stader, var eigedomane bytt sund i små lappar, og dei låg umeinannan i eit einaste rot. Gjellebøl skriv um dette: „— en Mand kan paa 20 Steder have 20 smaa forskjellige Engstykker; ja det hæn-

der tidt, at den ene Mand kan eje Ageren, men den anden den Reen, som støder til samme, hvoraf flyder den Ulejlighed, at den ene har godt af den Hævd, som flyder af den andens Ager.“ Og litt etter heiter det: „— jeg har aldrig nogensteds set Jorden uddelt i saa uregelmæssige Stykker, som her. At dette er sandt, kan sees deraf, at mangen Mand ikke eier sit eget Gaardsrum.“<sup>1</sup> Dette vart det slutt på i 1860 åri, då utskiftingi eller „Storbytet“, som det heiter, tok til. Kvart bruk fekk då jordi si i eit stykke, so sant råd var.

### TUNSKIPNADEN

„Storbytet“ samla eigedomane, men det reiv sund dei gamle tuni; for etter kvart tok folket husi sine og flutte dei ut på eigedomane sine. Dette er so vel gjennomført no, at det på dei mangbølte gardane med fire eller fem bruk, ikkje finst eit einaste tun att, der husi stend som dei stod fyrr.

På mindre gardar med eit par bruk eller so er det alltid noko likare. Fleire av desse gardane hev alt frå gamalt vore einbølte; men jamvel her er oftast husi flutte på eller nedrivne og andre sett i staden, so noko vissa hev me ikkje.

Fyrst når ein tek fyre seg utskiftingskarti, er ein på nokolunde trygg grunn. Rett nok stend det ikkje på dei, kva kvart hus er for noko, men røkjer ein etter på staden, finn ein alltid ein eller annan, som veit at der og der stod det og det huset.

Millom utskiftingskarti finn me ikkje noko døme på, at tuni er skipa som landsbyar eller grender. Gardane ligg kvar for seg med fire eller fem bruk samla i eit tun, det meste. I Aaraksbø ser det ut til å vera fleire. Det liknar noko på ei vestlandsk grend; men her var det smelteverk ikring 1850, so det er lite sætande. Mange hus er det heller ikkje på kvart bruk. Det er gamle- og nyestog (fyrr berre gamlestog), loft, fjøs, løde, stall, talle (sauarhus) og basstoge. Kvern høyrer òg til, og ofte hev dei tvo loft eller eit stolpehus attåt det eine loftet.

På pl. 10 er etter utskiftingskarti gjort eit utval av Setesdalsgardar, som so nokolunde skulde svara til det som hev vore vanleg i dalen.<sup>2</sup> Me ser her, at på dei tvo Kvestegardane og på Rygnestad (fig. 85) ligg husi i tvo rekkjor med innhusi på den eine sida (øvt), og uthusi på nedsida. Denne tunskipnaden finn me att på ei heil mengd einbølte



86. Joro, Bykle

Etter teikning av Asor Hansen 1917

gardar. Soleis på Helle og Uppstad i Hylestad, på Brotveit (pl. 11 og fig. 92), Øvretveit og Berge (fig. 93) i Valle, på Mosstøl (fig. 95), Joro (fig. 86) og Haslemo i Bykle o. fl. a. st.

På Ose i Austad (fig. 96) og Tveiten (fig. 97) og Dale i Valle, som er einbølte gardar (kvart tun ligg for seg) ser me, at både innhusi og uthusi ligg i ei lang rekkje. Dette er vanleg mange stader i dalen. Millom anna på Helle i Hylestad og Kjelleberg (fig. 99) og Haugebirkje i Valle. Elles er dei lange husrekkjone sers tydelege på dei mangbølte gardane òg. Soleis i Viki, Sagneskar, Aamlid, Bø og Homme (fig. 91) i Valle. Rett nok ser desse gardane litt samanrota ut med innhusi og uthusi umeinannan; men ser ein nøgje etter, vil ein på fleire av dei finna att dei same tvo husrekkjone som på dei einbølte gardane. I Viki hev me A, B, C og D, på Sagneskar og Kjelleberg I, II, III og IV og 1 og 4 og på Hovtuft ligg mest husi på kvart einaste bruk slik. Um dette tyder, at det er den eldste tunskipnaden er ikkje godt å vita. Det er vel vissaste berre å segja, at husi på Setesdalsgardane fyrr oftast låg i rekkjor.

I Telemarki, på Voss og Island<sup>3a</sup> finn me døme på ein liknande tunskipnad, og det er mogleg at me vil finna han andre stader òg; men for tidi er tilfanget so lite at det ikkje



87. Husmannsplass, Bykle

Etter teikning av Asor Hansen 1916



88. Joro, Bykle

Etter teikning av Asor Hansen 1916

er råd å segja noko visst um det. På gamalnorsk heiter slike husrekke *løn*, og denne tunskipnaden hev helst vore teken som typisk for millomalderen i dei bygdelagi, der det ikkje var mange hus på kvar gard.<sup>3b</sup> Dette er i ein viss mun rett nok; men ser me på grunnplanane frå Setesdal, finn me ofte, at innhus og uthus ligg i vinkel med kvarandre. Best ser me det på det eine bruket i Aamlid; men elles er det tydeleg nok i Viki, på Dale og Kjelleberg, og me finn det på mange andre gardar i dalen. Soleis på Helle („der ne“) og Uppstad („der uppe“ og „der heime“) i Hylestad og på Kveste (Nordigard), Tveiten (Sygard), Brottveit („der nor“) og Kyrvestad (Mannspann) i Valle o. fl. a. st.

Um denne tunskipnaden er so gamal som dei me fyrr hev nemnt, er ikkje godt å segja; men me hev vissa for at han gjeng attende til 1600 åri. Husi på eit par av desse gardane er frå den tidi, og dei hev ikkje vore flutte eller stelte noko større på. Men i 1600 åri er det millomalderen endå i Setesdal, so ein hev grunn til å tru, at denne tunskipnaden òg skriv seg frå millomalderen.<sup>4</sup>

Det let seg soleis ikkje gjera å setja upp ein einaste fast

regel for tunskipnaden. Det var heller ikkje ventande, dertil er lendet, der gardane ligg for skiftande. Ikkje so mykje, at det ingi retting er — skikk og bruk hev nok havt sitt å segja — men alltid so pass, at dei praktiske umsyn kom til å vega mest.

I ein bakke fell det soleis av seg sjølv, at innhusi stend i ei rekkje ovanfor tunet og uthusi nedanfor. Ingen vilde t. d. falla på å setja fjaset sitt upp tett innmed stoga. Då fekk han mittingi midt i tunet. Slik som fjosi fyrr var i Setesdal, kunde ein heller ikkje godt setja dei upp og ned etter bakken i vinkel med innhusi. Fjaset måtte standa på nedsida, då fekk jordi nedanfor godt av hevdsgiget. Stend alle husi i ei rekkje, ligg dei oftast etter ein bakkekamb eller rymb med slett voll til framsida av husi og fall nedover frå baksida. Stend husi i vinkel, ligg gjerne stoga og loftet etter ei døl, slette eller ein rymb med fall nedover for enden av døli. Her hev dei då sett uthusi, so hevdsgiget kunde renna nedover bøen eller åkren. I det heile hev umsynet til hevdi havt mykje å segja i tunskipnaden.<sup>5</sup>

At husi låg i livd for vind og vør, ser det ut som dei hev brytt seg mindre um. Då var det heller um å gjera, at husi låg sjåleg til. Dei vilde gjerne standa i svali og sjå utover, helst til den kanten det oftast kom folk frå.<sup>6</sup> På jamnen ligg difor setesdalsgardane høgt og fritt.<sup>7</sup>

På husmannsplassane er det ikkje stort greide på tunskipnaden. Det hev alltid vore smått stell der; men dei hev helst lagt husi i rekkje (fig. 87). Husi er ikkje so mange just, og det vert mest som når guten ropa: „i rekkje og rad“, han hadde berre ei ku. Det er stoge, løde og fjos i eitt og kann henda eit stolpehus. Husi er uvande og små, og sjeldan er det nokon alder på dei.

Den måten dei einskilde husi stod til kvarandre på, ser ut til å vera nokolunde eins yver heile dalen. Dei hev sjølvstøtt mykje retta seg etter det som fall lagleg og naturleg. Stoga og loftet stend soleis mest alle stader ved sida av kvarandre, og på dobbeltgardar der husi stend i rekkje, vert det då anten loft, stoge, loft, stoge, (sjå pl. 10, Sagneskar og Bø og fig. 88 og 98, Joro i Bykle) eller og stend det eit loft i kvar enden av rekkja med tvo stogor millom, (sjå pl. 10 Viki). På einbølte gardar, der dei hev tvo loft, stend her òg eit loft for kvar enden av stoga (sjå pl. 11 og 12 og fig. 96). Stolpehusi, um dei hev slike på garden, stend sjeldan inne i husrekke, og gjer dei det, hev dei oftast kome i staden for eit loft; for, som me seinare skal sjå, er stolpehusi ikkje so gamle i dalen. For det meste stend dei difor koss det fell seg. På gardar der innhusi og uthusi ligg i vinkel, ser ein mykje at dei ligg midt mot innhusi. (Pl. 10 Aamlid). Fjos og løde stend oftast ende i ende (fig. 100, pl. 43 og 44), medan stallen paa jamnen ligg fram i tunet

for seg sjølv. (Fig. 99 og pl. 10). For eldsfåren skuld stend alltid basstoga eit godt stykke frå dei andre husi, og like eins smidja, der det var ei slik. Til kvart bruk høyrde det alltid kvern. Det skilde mykje koss bekkjene var. Oftast var det flaumbekker, so dei berre fekk mala haust og vår; men her og kvar var det årmylt som i Homme i Valle og Aaraksbø i Sandnes, der vatnet aldri tryt. På gardar der det ikkje rann bekk på eigedomen, hadde dei etter gamalt kvernplass i bekkjen på grannegarden eller lenger burte, som høvet var til. Der det er godt fall, ligg kvernane tett i tett upp etter (sjå fig. 89 og 94 og pl. 10 Viki).

Stogehusi i Setesdal hadde fyrr so vidt me veit alltid svaler til framsida på langveggen,<sup>8</sup> og der dei stod i rekkje, gjekk svalene då i eitt. Slik var det i Viki, Rike, Hovtuft og syndre Homme i Valle og i Brokke i Hylestad. Skar,<sup>9</sup> som fortel dette, skriv um den i Brokke: „Der var tri Bruk i Brokke, og alle var i ei Svøl. Svalerne var drusteleg utferda. Svøli i Brokke var Gjetords; det var eit Mynstr for Dalen. Dei gjorde eit Stev um den Svøli daa Hæge or Aaraksbø stod Brud:

„Brokkesvøli, baa smøl aa løng,  
rei 'u Hæge tverrandi Sprøng.  
„Inkji syte, inkji graate Hæge“.“<sup>9</sup>

Det var lett å koma frå den eine stoga til den andre, når svalene var bygde i hop, og so slapp dei ganga under berr himmel. På gardar der lofti stod imillom stogone, hadde dei noko liknande. Ikkje so at dei bygde sval framfyre buret; men dei la som ei bru av tiljor eller borgi gjekk i eitt.<sup>6</sup> Det same ser me på einbølte gardar òg. (Fig. 107).


I Brokkun i Valle var det „drumbe“.<sup>10</sup> Det gjekk ei sval eller bru frå stogesvali og burt i loftsvali (fig. 90). Dette lèt seg berre gjera, der stoga og loftet ligg upp ned i ein bakke med loftet nedst. Dette finn me ikkje so mange stader i dalen, so „drumbe“ hev visst vore sjeldsynt. Utan drumba i Brokkun er det berre segnene til at det hev vore ei på Aamlid i Valle<sup>11</sup> og ei på Nordigard Rygnestad. På den siste staden fortel Skar at det gjekk drumbe millom „Nyeloft“ og „Gamleloft“; „men Gamleloft stod luks innaat Enden av Vaaningen, paa same Svillerne som den. Det syner Meit i Veggen der Drumba var skjefte inn i Nyeloft“.<sup>12</sup> Dette er rett nok. I Nyeloft, det kjende Rygnestadloftet Vonde-Aasmund hev sett upp, er det stemt utor høl på utsida i eit par av svalstolpane (fig. 146); men um det nokon gong hev vore meir er tvilsamt. Det er so langt millom Gamleloft og Nyeloft at ein helst må tru at Vonde-Aasmund hev tenkt å flytja dei andre husi næmare Nyeloft eller byggja nye. Heller ikkje finn me eit einaste merke i Gamleloft etter drumbe.

Utum Setesdal hev det her i landet so vidt me veit, berre

vore drumbor i Fyresdal på gardane Lofthus og Borgi<sup>13</sup>; men kvar denne bygnadskikken elles er komen ifrå, er ikkje godt å vita. Sjølv ordet lærer oss ingen ting.<sup>14</sup> I og for seg er det ikkje noko rart i at dei der det let seg gjera, bygde ei bru frå stogesvali og burt til loftsvali. Det var lett-vint og greidt so.<sup>15</sup> Men at dei laga det som ein inneklædd gang, tykkjest tyda på fyrebilete frå andre kantar og eldre tider. Me finn òg døme på slik bygnadskikk ute i Europa frå sein vikingtid og tidleg millomalder, og nede i fjellbygdene i Rumania hev noko liknande vore i bruk heilt til no.<sup>16</sup>

I Setesdal som i Fyresdal er drumbone heilt burte. I Brokkun reiv dei drumba i 1860 åri. Nicolaysen meiner at stoga i Brokkun er bygd sist i 1600 åri, og han trur at drumba er frå same tidi.<sup>17</sup> Sidan me berre hev att ei utmæling av arkitekt Christie og ei teikning av Aug. Schneider, er det ikkje so godt å døma um dette; men truleg er det rett. Sjølv-sagt var ikkje drumba i Brokkun den fyrste i dalen.<sup>18</sup> Denne bygnadskikken hev visseleg kome inn lenge fyre den tidi; men det hev aldri vore mange av dei.


Setesdalstuni hev so vidt me kann skyna, aldri vore inn-gjerde. Heller ikkje hadde dei tuntre som i mange andre



89. Kvernhus, Bykle

Etter teikning av Asor Hansen 1916





90. Brokkun i Valle  
„Drumbe“ millom loftet og stoga

Etter teikning av A. Schneider 1865  
Kobberstiksamlingen, Kr.a

bygdelaag. Men vette- og tussetre var det nøgdi av.<sup>19</sup> Eit slikt eller slike tre stod det fyrr mest på kvar einaste gard, eller dei hadde vetterøysar. Til trei eller røysane bar dei saup og kling når dei hadde kinna, og øl når dei hadde bryggja, og vetti eller tussane tok kvar granden.<sup>20</sup> Trøs og lauv som datt av desse trei, måtte dei aldri røyva. Dei raka det vel inn til leggen og lét det liggja der. Å styva eller hogga eit vette- eller tussetre var det aldri tale um. Dei som prøvde på det, gjekk det gale med.<sup>21</sup> Dei måtte helst stella seg so snildt dei kunde med vetti og tussane. Nokon større skilnad på tussar og vette kann me ikkje skyna at det hev vore; det einaste er at vetti held seg i åren òg, og so er dei alltid hokyn. I røyndi er dei vel bae av same folket; men truleg er vetti eldst. Tussane hev fenge meir svip av huldrefolket i andre bygdelaag. Dei held seg ikkje berre til garden. Ein kann råka dei i skogen, på heii og støylen og elles mange andre stader.

Mest alle stader stod vette- og tussetrei på gravhaugar (fig. 44 b og 103) eller i nærleiken av slike. Det tykkjest difor vera tvillaust, at opphavet til dei er tru um dei gamle burtfarne. Ein gong hev dei trutt at dei døde på ein underleg måte levde vidare på eller i nærleiken av garden. Dei hadde enno ans for koss det gjekk med garden og folki der, ja, det var i grunnen dei som rådde for lukka. Difor laut ein stella vel med dei, ofra til dei ved visse høve og ikkje uroa dei i utrengsmål. Dei døde vart litt etter kvart gløynde, og tussar og vette kom i staden, eller rettare, dei døde fekk

desse namni. At det må vera slik, hev me døme på frå dalen. Det heiter soleis frå Hurverak i Aardal, der det var tussehaug med tussebjørk, at i „ellgaamo Ti va der ei Kaane som va so virk'e ti gjeve Tussan'; kver Gøng 'u bryggja, støytt' 'u Øl neaa Røtann': „Detti ska Fabroi have, for 'an va slik Kjempe“, sa 'u.“<sup>22</sup> Andre stader sa dei, når ei ku hadde kalva og dei støytt ned noko av fyrste målet på røtene av vettetreet: „Eg unner di de eg gjev'e di, Syste mi.“<sup>23</sup> Kunde me fylgja desse ordi heilt attende til fyrste gongen dei vart sagde, vilde me truleg finna, at systeri under vettetreet var rett syster til ho som ofra, og at det verkeleg var „faibroi“, som fekk offeret sitt i haugen på Hurverak. Enno so seint som i fyrste luten av 1800 åri finn me rester att av same trui i dei tankane ein og annan hadde, fyrr han døydde. — „Eg kjem 'er nog att'e,“ sa Rike-Aanond Naanes. Same ord-tøket hadde Gudorm Bø, og som dei tenkte Rike-Mikkjel Skømedal. Han pynta upp garden so svært: „Her ska vere greidt fyst eg kjem' 'er att'e,“ sa han.<sup>24</sup>

Vette- og tussetrei stod helst i nærleiken av husi. Det var ofiast bjørker og av og til furor, som på Sordal i Austad (fig. 44 b) og på Nese i Byggland (fig. 103). Det hende òg at det var raun,<sup>25</sup> og på Lande i Aardal (fig. 101) stend det ei utifrå gamal og stor eik, som dei nedigjenom tidene hev bore mykje kling og saup til.<sup>6</sup> Det er ei av dei største og eldste eikene i landet.


Utum vette- og tussetrei høvde det, at det i nærleiken av garden stod andre tre, som dei hegna um og totte gaman i.

Endaa um desse trei ikkje hadde noko med vette eller tussar å gjera, var det best å lata dei stå i fred. Ein mann, som for umlag ein mannsalder sidan vilde hogga nokre greiner av Bonneifura i Valle (fig. 102) — det er eit slikt tre — kom gale ifrå det. Han vart unyt i armen i lang tid etterpå.<sup>6</sup>

Skjorene høyrde òg liksom med i dei gamle tuni i Setesdal. Skar skriv um dette: „Til kvar gard var lagt ei Skjer eller tvo, og fleire til mangbølte Gardar. Dei totte so Mun i aa hava dei; der var Lukke med dei Skjerarne. Olav Verdal skaut Skjeri hans Olav Høgelid — han var i Rjupeskog, Olav Verdal. „Nei no skaut 'na Olaven Skjerè okkon!“ sa Olav; „han maatte hell'e gjengje ni Fjosi aa skote den beste

Kjyrè mi eig'e!“ sa han“.<sup>26</sup> Dei totte gildt um skjorene i Setesdal, sidan det fylgde lukke med dei, og so kunde ein skyna på dei um det vart verme laus. So lenge dei hadde same reiret, turvte ein aldri ræddast for husebrand; men flutte dei reir, då var branden på hendene.<sup>27</sup> Ja, i røyndi var det skjorene, som rådde for, anten det vart brand eller ikkje. Dette hev vel si rot i gamal tru og helst den at dei trudde ymse fuglar var sendebod for gudane og i visse høve rådde yver noko av gudemakti.<sup>28</sup>

Frukthagar kring husi hadde dei ikkje. På Gjellebøl si tid (1770 åri), var det ikkje meir enn det stod nokre få kirsebærtre på eit par stader.<sup>29</sup> Eit nepestykke derimot var vanleg på kvar garden. Nepone sette dei alltid på ny jord,



91. Homme i Valle  
Til høgre stend husi i rekkje

Etter teikning av A. Schneider 1869  
Kobberstiksamlngen, Kr. a



92. Brottveit, Valle

Fot. Gisle Midttun

og fyrr dei sette, brende dei ris og einerkvister, so ikkje nepone skulde verta beiske.<sup>30</sup> Ein og annan staden hadde dei humlehagar<sup>31</sup> eller humlerøysar;<sup>6</sup> men det vart lite av det, so dei kjøpte for det meste den humlen dei trong.

Noko anna som sermerkte eit setesdalstun, hev me ikkje. Einaste skulde vera, at det på ymse gardar stod ein høg stein ute i tunet, på skap umlag som ein bautastein. Det var alltid eit høl gjennom steinen høgt uppe, og her var det fest ein jarnring. Desse steinane stod berre på gardar, der det hev butt lensmänner, og der det hev vore halde ting. Høvde det under tinget at einkvan var ustyren, batt dei han til steinen.<sup>6</sup> Steinane kalla dei „tingsteinar“, og enno stend det att ein på Berge og ein på Tveiten i Valle (fig. 104).<sup>32</sup>

Dei gamle setesdalsgardane hev set drustelege ut som dei var fyrr. Dei lange låge stogerekkjone med gavlbreide, tunge loft imillom, dei myrke svalene burtetter og i nærleiken gravhaugane med vette- eller tussetrei på, gav det heile ein dâm av millomalder og mystikk som me ikkje finn andre stader. Dei var bygde av god âlved og stod på trygge tufter.

### GAMLESTOGA

Diverre stend det ikkje no ei einaste „gamlestoge“ att i dalen som er plent urøyvd. Der er nok av gamle stogor; men dei er alle meir og mindre vølte på. Likevel finn me so mykje att av det gamle at ein kann vera trygg på koss dei hev sét ut. Dessutan hev me på Kristianssands Folke-museum den kjende Kvestestoga,<sup>33</sup> umlag plent urøyvd, og like eins Aamlidstoga på Norsk Folkemuseum (pl. 23 og slutt-biletet).<sup>34</sup> Dertil kjem ei heil mengd med teikningar, studier og målarstykkje av stogor i dalen, som skriv seg frå tidi ikring 1850 til 1880. I dei âri vanka fleire av våre beste

kunstnarar der, og mykje av det dei hev gjort er sers forvitneleg.<sup>35</sup> I det store og heile lyt me difor segja, at tilfanget i dette høve er både større og betre, enn me hev det frå noko anna bygdela.

Gamlestogone i Setesdal hev tridelt grunnplan (sjå pl. 23, 3). Det var det vanlege heile landet yver i eldre tider, og mange stader heldt det seg heilt nedyver til sist i 1700 âri. Tvertvyver huset gjeng det ein vegg, og millom denne veggen og eine gavlveggen er det delt av, so ein fær tri rom: Forstoge, stoge og kôve eller klave. Utvendes på langsida fram mot tunet gjeng det ei sval heile vegen. Ho er av stavverk, medan stoga er timbra upp.<sup>36</sup> Sjeldan hadde dei noko vidare til grunnmur under stogone sine. Dei laga til ei tuft av kampesteinar og jord, „borgi“, dei kalla. Der stogone låg i ein bratt bakke, var borgi høg til framsida, og her var steinane lødde upp noko so nær i lodd og vinkel. Ei steintropp, „stetti“, førde då upp til svali; elles låg det berre ei steinhelle, „dyrehedda“, framanfyre svaldøri. Gjellebøl nemner, at dei bygde upp „et eller to Omvarve af Stokke rundt omkring uden om Bygningen, af 1/2 Alens Distance fra samme, hvilket Rum opfyldes med Sand og Steen saaledes, at det rækker indtil Halvdelen på det første Omvarv af Huset“.<sup>37</sup> Desse moldbenkjene eller „moldpadane“ som dei heiter, er det ikkje noko att av; men ein kjenner dei frå andre bygder.<sup>38</sup>

Frå tunet kjem me fyrst inn i svali, der jordgolvet ligg noko lite lågare enn i stoga.<sup>39</sup> Difor ser me ingen stad merke etter at tversvillane under stoga hev gjenge heilt fram til svalsvilli. Hadde dei tversvillar for endane av svali, var dei berre stukne inn under lafteknutane av tversvillane i stoga. I det heile var svali og stoga svært laust ihopbundne. Svali var som nemnt, av stavverk med fire eller fem sval-



93. Berge, Valle

Fot. Gisle Midttun

stolpar, svill, „sydd“, under og „slind'r“ eller yverliggjær uppe. Millom svalstolpane gjekk det ofte „slindar“ midt etter svali òg.<sup>40</sup> Slik var det i Kveste og Brokkun. Andre stader som i Rike der tvo stogesvaler vart sett upp framfyre loda<sup>41</sup> (fig. 140), gjekk det berre ei slinder tvert yver midbolken. Her òg var det svalfjølær millom stolpane; det hev det visst vore dei andre stadene med, sidan det er grøyppt utor for bordi i alle dei svalsvillar og slindrar me kjenner frå Setesdal. Svali hev visst aldri vore klædd for endane. I minsto hev me ikkje døme på det. I svali var det alltid gluggar, anten langs etter heile svali som i Brokkun<sup>42</sup> og truleg Kveste, eller òg berre i midbolken som i Rike. Gluggane er oftast rundboga ovan til og hev utsveifa sulor. I so måte hev dei fylgt vanleg millomaldersk bygnadskikk i landet som me kjenner han frå stavkyrkjesvalene og ymse loftsvaler. Svalstolpane var oftast vent utskorne med den vanlege setesdalskurden, som me skal koma attende til seinare. Det høvde at det i svali langsetter stogeveggen gjekk ein låg pall (sjå pl. 23, 1 og 3). Han var fyllt med jord og svarar soleis til dei moldbenkjene Gjellebøl skriv um. Sjølv sagt hadde dei lagt desse benkjene der, so mykje stoga skulde verta varm, liksom dei hadde tilsvarande benkjer inne i stoga, som me seinare skal høyra, av same grunn.

Stogone er alltid timbra upp. Timbret er stort og svært. På jamnen held det 50 cm. i tvermål. Det er segni til at dei „sevla“<sup>43</sup> treet, fyrr dei hogg det til timber; då vart det støygare. I kvar einaste gamlestoge i dalen ser me at stokkane er vent hogne og tilferda. Dei er alltid „klavedregne“ og oftast „stroknø“.<sup>44</sup> På undersida av stokkane „hogg dei skør“ eller „grøyppte ut mosegrop“, der dei la mose<sup>45</sup> når dei timbra. Lafti er godt hogne<sup>46</sup> og so tett samansette at det er snaudt ein fær ein bordkniv imillom. Dei



94. Kvernhus, Langeid, Austad

Fot. Gisle Midttun



95. Mosstøl, Bykle

Fot. Gisle Midttun

„dovlinga“ (nagla) stokkane med dei timbra, og i raustet hadde dei „loku“.<sup>47</sup> I kvart einaste hus i dalen er det vanleg, at stuttsvillane ligg nedst. — Dei „stuttsydda“ som det heiter. „Langsydda“ dei, tok Oskorreii og reiste av med huset.<sup>48</sup> Under kvar langsvilli ser ein mange stader, det er lagt inn ein laus stokk, „røytesyddi“ dei kallar. Røytesvilli var lagt til vern for langsvilli, so ho ikkje so fort skulde rotne upp. Røytesvillane kunde ein lett skifta inn utan å „avlepta“ (taka ned) huset. Dei tvo øvste stokkane på langveggen, „stavlægjone“,<sup>49</sup> gjeng lenger ut enn stokkane nedanfor til stønad for ut-toka i endane. Millom stavlægjone er det hogge inn bjelkar eller bitar, som gjeng tvert yver stoga og tener til å halda langveggjene saman. Som me ser på pl. 23, 2, gjeng det berre ein tvert yver i Aamlidstoga. I Kvestestoga er det tri, med den eine på same staden som i Aamlidstoga og dei andre tvo heilt nede ved den midtre tverveggen. Desse bitane tener visst meir til hjell enn til band. Med „skørbiten“<sup>50</sup> tek raustet<sup>51</sup> til. Det er aldri høgt. Takvinkelen er vanleg  $\frac{4}{3}$  R (sekskantvinkel). Dei gamle stogone me kjenner i dalen, er alle sperrestogor.<sup>52</sup> I so måte stend dei næmast vestlandsstogone. Sperrone, „raptan“<sup>53</sup>, er felte ned i stavlægja, „skjeggja ne'å“, som det heiter (sjå pl. 38, 6).<sup>53</sup> Uppe i mønet er kvart sperrepar, „raptespenn“, „høyst“ i hop eller „okla“ i hop.<sup>54</sup> På sperrone ligg det bord, „tro“. Troet yver timbra, „nåmtroe“,<sup>55</sup> er laga som ein kløyvning og gjeng heilt ned på timbra, so det vert tett. I nåmtroet er det skore ut for sperrone og hogge mosegrop. På troet ligg det næver, fire, fem lag. Nævri ligg nedanfrå og oppyver som sponen på eit spontak.<sup>56</sup> Endeleg kjem det då jord eller torv uppå nævri. Nedst på taket ligg det „torvvolar“ (torvhald), so ikkje jordi fær skrida utyver. Dei heng i trekrokar, „kroknev“, som er nagla fast gjennom troet til sperrone. For



96. Ose, Austad

Fot. Axel Lindahl

endane av taket ser ein stundom at det er vindskier; men dei er alle frå seinare tid.<sup>57</sup> Gavlprydnader, husbrandar e. dl. finn me difor ikkje noko av i Setesdal.<sup>58</sup> Til å halda fast nævri for endane av taket so ikkje vinden fær tak i ho, ligg det ei rast med steinar, „ifsingesteina“, uppetter takendane. Mønesteinen hev namn av „skjeresteinen“, av di skjorene ofte set seg på han.<sup>6</sup> Dei hev aldri bruka anna enn torvtak i Setesdal, og det er berre slike tak dei kallar „tak“.<sup>59</sup>

Frå svali fører ei dør inn i forstoga. Døri er etter måten heller låg, og dørstokken høg. Dette hev sjølvstøtt hatt sine praktiske grunnar. Vind og vør slapp ikkje so lett inn, og veggene var sterkare di færre stokkar det var avhogne.<sup>60</sup> Yver dørene ser ein rett som det er merke etter tjørrekrossar, og av og til finn ein dei på sjølv hurdi. Tjørrekrossane nya dei upp att kvar jolekveld, so ikkje Oskorreii eller andre vonde vette skulde få tak til å gjera noko vondt.<sup>61</sup> På dørene ser me ofte at det er utskore store ringar og anna krot<sup>62</sup> som liknar hjul, eller òg høver det at dørringen hev form av eit hjul med fire eikor (fig. 105). I røyndi er det helst gamle solsymbol eller solsviv me finn att her, og dei hev vel opphavleg vore sett der av same grunn som tjørrekrossane i seinare tid. No er dei berre nytta til prydnad. Men elles er det vondt å vita der trui held upp og prydnaden tek til. I mange høve gjekk dette noko umeinannan. Me hev òg døme på at dørringen er laga som ei sers vidje, „Stefansbragd“, dei kallar (fig. 106). Dette namnet heng vel i hop med den Stefan Stalledreng, som folketrui kjenner og

som i røyndi er ein sein ættling av solgudane. Me skulde difor her òg ha eit minne um soldyrkingi eller ein gamal religion ætta frå denne trui.<sup>63</sup> På sume dører råkar det, at det er hengt ringlande blokkor burtetter hardjarni (fig. 105). Liknande blokkor finn me døme på frå den eldre jarnalderen, då dei var nytta som hektespenne i klædi,<sup>64</sup> og i 16 og 1700 åri finn me dei mykje på ku- og hesteklavar og på hyvre. Desse blokkone hev truleg ein gong vore nytta til å verna mot vonde makter. Elles hev dei vel òg tent til å varskua um, når folk lét upp døri og vilde inn. Då singla dei i blokkone.



97. Tveiten, Valle

Fot. Gisle Midttun



98. Joro, Bykle

Fot. Gisle Midttun

Beiteskiene eller „dyrekinni“ ved utedøri er uvande. Det er i minsto få att no som det er nokon stas eller skurd på.<sup>65a</sup> Hurdi, som alltid sviv inn, er òg uvand gjord — eit par breie fjøler med tvo ókar eller labbankar bak; men oftast med svære hurdjarn (sjå fig. 105). Ho sviv på jarnkrokar som er fest i den eine beiteskii. På den andre er fest ei skote eller ein lås, „bjønnlås“, dei kallar, som dei tek upp med ein stor lykel eller krok gjennom eit hòl i veggjen like ved sida av beiteskii.<sup>65b</sup> Fyrr bruka dei mykje å stengja med ein stokk, som seig nedpå, når dei let

att hurdi. Då var der „Stokk aa Hur“, skriv Skar. „So drog dei han av att med eit Reip som gjeck ut igjenom Veggjen i ei Løyndekro. Var det ikkje ko eit lite Bil Huset var øyde, daa sette dei barre ein Stav i Hurderingen, dyreskidmillom, til Merkje:

„Der stend 'n Stav i Hurderingjè  
ruvlut aa inkji slett.  
Han maa have kvøe Visa fyrr'e,  
den som ska kve' æ rett.“<sup>66</sup>

Inne i forstoga er det oftast jordgolv, som ein finn det i heile huset, og det var fyrst i seinare tid dei la inn tile av øksa plankar. Forstoga hev bjelketak, „skjeldtile“, og her er det eit rom uppyver, „forstogskjeldtile“, so gamlestogone vert i røyndi bytte i fire rom. Veggjen mellem forstoga er ikkje timbra.<sup>67</sup> Han er sett upp som ein bolck med ein stolpe med skør i på kvar side og liggjande fjøler sett kant i kant imillom — eit slag liggjande stavverk.<sup>68</sup>

Frå forstoga fører ei dør inn i stoga. (Sjå fig. 108—111). Her òg er døri låg og dørstokken høg, truleg av same grunn som ved utedøri. Like ved sida stend det atter ei dør som gjeng inn til koven, berre med ei beiteski imillom, Beiteskiene er inne i stoga vent utskorne (sjå fig. 108 og 110 og pl. 18, 1) med den vanlege setesdalsskurden. Like eins hev dørene solhjul eller liknande symbolsk ornamentik.<sup>69</sup> Stoga hev ikkje glas. Ljoset fell ned frå ljoren, ei opning midt uppe i mønet.<sup>70</sup> Rett under ljoren ligg åren, umlag midt i stoga. Rundt åren er det mest alltid ei treråme, „åregrima“



99. Kjelleberg, Valle

Fot. Gisle Midttun



100. Uthusi, Rike (Rotun), Valle

Fot. Gisle Midttun

eller „åretretti“, og ho er fyllt med stein og jord med steinane sett kant i kant langs etter grima. Det høver, at dei hev lange steinar i staden for åregrime. Uppå grima, „norenatt“ (mot gavlveggen), ligg det ei fjøl, „årefjøli“<sup>71</sup>, og „framme“ (mot døri) stend det ein stein upp, på høgkant, „åresteinen“, mot „blekkji“ (vindgufsar, når dei let upp hurdi).<sup>72</sup> Steinen er runda av uppe (sjå fig. 111 og 122). Frå den midtre gavlveggen sting „gøya“<sup>73</sup> seg fram yver åren. (Fig. 108). På veggen er ho fest med klampar, „gøyeklampann“, so ho kann sviva, og framme endar ho i eit utskore dyrehovud med høg, oppbøygde hals. Dette hovudet liknar mest på eit hestehovud, og etter som segni er til, skal det vera det. I gamlestoga på Sagneskard i Valle var hestehovudet greidt utskore med mån etter halsen.<sup>6</sup> At gøyone endar i eit utskore hestehovud er ikkje noko sérs for Setesdal. Me finn døme på det frå Vest-Agder<sup>74</sup> og frå Tyskland på dei stader der dei hev det saksiske bondehuset, dei kallar. Her hev dei ikkje nett gøyor lenger, endå dei hadde det fyrr i tidi på skap umlag som dei i Vest-Agder, der gøyone er feste til ein stolpe som sviv; men yver åren hev dei som eit slag karm eller tak (*Das Herdrähm*) til å hindra, at gneistane fyk upp under taket og sèt eld. Sidebjelkane på denne karmen som sting seg fram frå veggen nett som gøya, endar ofte i eit utskore hestehovud.<sup>75</sup> Ved røykluka (*Das Uhlenluck*), der røyken i det saksiske huset gjeng ut og som stend øvst uppe i gavlen, endar sperrone i utskorne hestehovud, og hestehovudet er det eldgamle symbolet for den saksiske folkeætti.<sup>76</sup> Mange stader (Frankrike, Tyskland og Austerrike) hev dei havt brandjarn standande i åren til å leggja veden på som i formi liknar ein hest og heiter eldhest (*Feuerross*).<sup>77</sup> Me ser at det er eit ålmenneuropeisk drag dette at hesten og åren høyrer saman, og truleg hev

det difor sitt opphav i gamal tru. Åren er det gamle husaltaret<sup>78</sup> og som eit slag altar hev han i visse høve vore nytta i Setesdal langt ut i 1800-åri. T. d. når dei støytt ned saup i åren kvar laurdagskveld, når dei hadde kinna.<sup>79</sup> Eldbjørgsdagen hev dei vel òg samla seg kring åren som Wille melder um frå Seljord i Telemark,<sup>80</sup> og drukke eldbjørgsminne og ofra til elden, so han ikkje skulde gjera skade. Hesten er det òg noko sérs med i norsk folketru. Ei heil mengd segner, skikkar og truer knyter seg til han,<sup>81</sup> og dei heldt store festar som skeid og Stefansreid, der han var midtpunktet. I dei gamle indiske Vedadikti vert ofte eldguden *agni* kalla ein hest,<sup>82</sup> og i gamal tid i Norig var serleg hesten nytta til offerdyr.<sup>83</sup> Mest i all tru er det vanleg at guden sjølv eller symbolet hans vert ofra til guden, og det ligg difor næmast å tenkja seg hesten eller hestehovudet på gøya som eit gammalt gudesymbol. At det truleg er slik, stadfester òg den skikken at brudgomen når dei er komne att frå kyrkja, hogg tri hogg med øksi eller sverdet sitt i gøya. Dette tykkjest beintfram vera ei offergjerning som me skal høyra meir um seinare. Brudgomen drøp eller ofrar her guden eller gudesymbolet.



101. Tussetre, Lande, Aardal

Fot. Gisle Midttun

På mange av setesdalsgøyone er det utskore solhjul eller liknande teikn,<sup>84</sup> og desse teikni er truleg sette der til å verja huset mot eldsvåde. I minsto er det tilfelle i det saksiske huset, der røykkarmen er prydd på same måten.<sup>85</sup> Elles hev dei truleg lagt slik makt til hestehovudet òg.

I gøya heng „skora“ eller skjerdingen, som dei hengjer gryta i. Det er anten „vanleg skore“ (fig. 120) eller „lekkjeskore“ (fig. 121). Båe skorone kann dei gjera lenger og stuttare etter som det trengst. Skorone hev oftast ljospipe, som dei sèt ei tyrispik, „skunde“, i, til å lysa uppi gryta, når dei kokar og elles når dei treng ljøs i stoga. Skorone er mest alltid av jarn og vent smidde med blokkor og ringar til prydnad. På støylen, der dei hev store primkjelar, ser ein stundom at skorone er av tre. I formi er dei oftast lik dei vanlege jarnskorone.

I ljoren er det ein karm som er fest til troet. Yver ljoren la dei ei „ljoredytte“, når dei ikkje elda. Fyrr var ljoredytta vanleg ei treråme, som det var spennt ein skjå<sup>86</sup> yver.<sup>87</sup> Seinare, etter at dei fekk nyestoge og ikkje sat so mykje i gamlestoga, var det oftast berre ein trelem. Ljoredytta lyfte dei av og på med ei stong, „ljorestongi“. Uppe



102. „Bonneifura“, Valle

Fot. Gisle Midttun



103. Hanehaugen, Byggland

Fot. Gisle Midttun

i dytta var ho fest med klampar, so ho kunde sviva, og nede var det jarnkrokar til å festa i nördste biten, der det var lykkjor.<sup>6</sup> Av ljoredyttor og ljorestenger er det ingi att i Setesdal no; men dei hev truleg sèt ut som dei me hev døme på i dei vestlandske røykstogone.<sup>88</sup>

Veggjene i stoga er sandskura fire, fem kvørv uppetter. Dei vart skura tvo gonger um året — til jol og jonsok, då dei gjorde storreint.<sup>6</sup> Resten av veggjene og raustet er svarte av røyk og söt. Rundt heile stoga, so nær som langs etter midtre tverveggen, gjeng det faste benkjer eller pallar. Dei er heilt inneklædde og var fyrr fyllte med jord for varmen skuld.<sup>6</sup> Pallen uppe ved tverveggen heiter vanleg „päden nøre“ (nordre pallen).<sup>89</sup> Dei andre pallane hev dei ikkje noko sers namn på.<sup>90</sup> Pallane er sandskura dei òg tillike med den andre husbunaden. I eit skifte frå 1702<sup>91m</sup> er nemnt „en gl. Benckedyene“, og i eit anna skifte frå same året<sup>91o</sup> „it gl. Hiunde“, so putor eller høyende på pallane er ikkje heilt ukjende. Men dei hev visst ikkje vore vanlege; for dei er ikkje nemnde fleire gonger utan i skifte etter embetsmänner og andre folk, som me visst veit er av embetsmannsætt, og det er mogleg at det hev seg likeins med dei nemnde dømi òg, so me hev lite eller inkje å halda oss til i dette spursmålet. I minsto kann me vist trygt segja, at dei ikkje hev bruka høyende i kvar dagslaget.

Uppe ved tverveggen stend langbordet. Det gjeng mest tvert yver heile stoga, so det berre er att rom til å sitja ved bordsendane. Setesdalsbordi er av svært vyrke, med plate av ein einaste breid planke, for det meste. Understellet er so ymist. Anten er det tvo par bein som gjeng i kross med ei underplate til å binda krossane i hop (fig. 113), eller òg er det laga som ei kiste (fig. 117).<sup>92</sup> Det ligg då ei mindre bordplate like under den store, og truleg hev dei til kvar-





104. Tingstein, Tveiten, Valle

Fot. Gisle Midttun

dags mest berre nytta den minste. Den store reiste dei upp etter veggjen.<sup>93</sup> I bordkistone hadde dei standande braud, smør, ost og annan mat, so dei slapp å gå i buret etter maten til kvart målet. Bordkistone er òg litt ymislege. I bordet fig. 117 er ho lang og låg, medan ho på mange andre bord er stuttare og gjeng heilt upp under plata. På framsida midt på kista er det då ei åpning med ein skuvelem fyre. (Sjå pl. 23, 1 og 2.)<sup>94</sup> Bordstolar med gotisk beinkonstruksjon<sup>95</sup> finn me ikkje i gamlestogone. Det er for det meste plankar som er sette saman og nagla i hop, plankekonstruksjon som det heiter. Det er so vidt me hev døme på at båe konstruksjonane er blanda i hop og nytta på same bordstolen,<sup>96</sup> og typologisk sét er setesdalsbordi vanleg av høg alder.

Framanfyre bordet stend forsæte eller „langekrakk“, som det vanleg heiter. Det er ein lang planke med fire innstukne føter. Oftast er sætet hogge slik på undersida, at det gjeng ein liten kant eller trjosk ned framme. (Sjå pl. 23, 2.)

Ved bordsenden på langveggen ut mot tunet er høgsætet (sjå fig. 111). Der måtte berre husbonden sjølv sitja, og høgsætet hadde ein gong namn av bondesessen. Det heiter i ei ordsamling frå Robyggjelaget frå slutten av 1600 åri, at „Høg-sesse eller Bonde-sæsse er for bordenden allerøfuerst i huset, der setter bonden sig først naar hand vill tractere og bede naagen fremmet med sig til boerds, og i huor fornemme Mend der maatte komme i hans huus, saa tager bonden

øfuerste bordende til sit sæde“.<sup>97</sup> Det fylgde vyrndnad med høgsætet, og det måtte standa vyrndnad av slike bønder som ikkje veik sæte, kor fin gjesten var.

På pallen like ved sida av høgsætet stend skåpet eller gamlestogskåpet som det no vanleg heiter. Det er alltid nokon skilnad på dei ymse skåpi; men det er ikkje meir, enn me greidt kann skilja ut tvo hovudformer, som eg vil kalla det mindre (fig. 112) og det større skåpet (fig. 116), av di det verkeleg er skilnad på storleiken òg. Det mindre skåpet hev oftast berre ei dør nede, medan det større hev tvo. Største skilnaden finn me likevel i yverstellet. Det mindre skåpet hev eit rom øvst uppe med ein skuvelem fyre, medan det større berre hev ein hjell. I dette stykket liknar det mindre skåpet meir på dei vanlege renæssanseskåpi ute i Europa, um me elles i båe finn drag frå husbunad i seingotisk tid. Eg tenkjer då mest på det høge yverstellet som spring fram uppe som ein baldakin, noko som var vanleg i dei siste hundradåri av millomalderen. Serleg finn me det i kyrkjone, der stolane, alteri og døypefontane hadde høge, utskorne trebaldakinar. På mange av dei større skåpi hev vangane uppe ved „baldakinen“ eit utskore dyrehovud som heng ned med gapande kjest. Desse hovudi hev truleg si rot i den romanske stilen og er tekne i bruk på skåpet, der det fall lagleg å setja dei. Elles er det ikkje godt å ha nokor viss meining um dette, for spursmålet er svært flokut og treng ei serleg utgreiding. I den gotiske ornamentikken hev dei rett nok òg nytta dyr; men so vidt eg veit aldri på same måten som her, medan det tykkjest høva godt i hop med romansk stilkjensle. Gotik hev heller aldri trengt so mykje



105. Forstogdør, Kveste, Valle

N. F. 612-17


inn i norsk folkekunst, medan den romanske heng att mest heilt ned til våre dagar.

Det større skåpet stend alltid noko nede i pallen (fig. 111), meir og mindre langt nede etter som det er stort til. Er det svært store skåp, stend dei på golvet, og pallen er då heilt avskoren. Dei mindre skåpi hev stade uppå pallen, og difor er dei truleg eldst. Elles er ikkje skåpi i Setesdalsstogone svært gamle; for som me hev høyr, gjeng ikkje desse skåpformene lenger attende enn til slutten av millomalderen ute i Europa. Ja, burte i England hev me døme på at eit skåp som i formi er plent lik fig. 116, er laga so seint som i 1535, og det er ikkje noko bonde-skåp, det hev tvertum stade på eit høg-adeleg slott.<sup>98</sup> Truleg hev ikkje skåpet kome inn i Setesdal fyrr i 1600 åri. Rett nok hev alle Setesdalsskåpi tunge former og tykkjest liksom den andre husbunaden meir å vera timbra upp enn snikra i hop; men både listverk, fyllingar o. a. tyder på sterk renæssanspåverknad, og fyre 1600 åri kann det snaudt vera tale um det i Setesdal. Visst kann ein vel ikkje fastsetja noko næmare tid; for det er sjeldan det stend årstal på desse skåpi. Av dei få skåp eg hev set med årstal på, var det eldste frå 1713, og det såg so gamalt ut som råd var. I den fyrr nemnde ordsamlingi frå slutten av 1600 åri er ikkje skåp nemnt, endå det stend mykje um annan husbunad. Det er vel ikkje noko prov på, at dei ikkje hadde skåp fyre den tidi; men det tykkjest tyda, at skåpet er kome seint inni dalen og heller i siste helvti av 1600 åri enn i fyrste.

I skåpet er det vanleg tvo rom nede. I det nedste hadde dei grytor, holkar og slikt, og i det øvre ymse koppar, små trog, fat, skåler og anna som dei trong under matstellet



106. Hurdring, „Stefansbragd“, Brottveit, Valle



107. Burstroppi, Aakre, Valle

Fot. Gisle Midttun

og til måli. I hylla yver stod det òg nokre små koppar. Alle var av tre. Mat hadde dei aldri i skåpet.<sup>9</sup>

Dei same skåpformene som me hev i Setesdal, finn me att mest alle stader i landet. I minsto er dette tilfellet med det større skåpet, som hev vore svært umtykt. I sume bygdelag, som t. d. Aust-Telemarki, Hallingdal og Numedal, hev det halde seg langt ut i 1800 åri. Det mindre skåpet finn me òg att mange stader; men vanleg hev det då meir renæssansesvip, so likskapen spring ikkje so lett i augo. Einaste er på Voss, der me hev døme på plent likeins skåp.<sup>99</sup>

Som nemnt er ikkje skåpet svært gamalt, og fyrr det vart kjent og teke i bruk, måtte dei greida seg utan. I staden hadde dei hyllor på veggen, som me finn det mange stader i gamlestogone. Oftast er hyllone berre nokre fjøler som kviler på nabbar, dei slo inn i veggen.

I slutten av 1400 åri veit me at dei fleire stader her i landet hadde eit møbel som dei kalla kannestol eller kannebenk,<sup>100</sup> og i skytningsstogone i Bergen og i ymse bygder på Vestlandet hev namnet halde seg heilt til det siste. På den fyrstnemnde staden hev eit lite drikkebord dette namnet,<sup>101</sup> medan det på dei andre stadene er eit skåp som er kalla so.<sup>102</sup> Det er difor mogleg at dei vanlege matskåpi våre hev vakse fram av ei eller onnor kannestol-form. Men dette spursmålet er på det uvisse enno; for det er ikkje fullt utgreidt. I Tyskland finn me i slutten av millomalderen ymis husbunad til å setja kannor og andre



108. Gamlestoga på Aakre, Valle Etter målarstykke av Eilif Peterssen, 1873. N. F.

drikkekar på. Me hev der stolpeskåpet (*Der Stollenschrank*), eit lite, lågt skåp på fire høge føter, og skjenkjebordet (*Die Kredenz*) som kann vera anten eit lite bord med ei troppehylle yver og baldakin eller berre eit bord, umlag som eit kistebord.<sup>103</sup> I Setesdal hev dei truleg òg havt eit slag kannestol eller kannebenk. I den fyrr nemnde ordsamlingi er det soleis tale um „Sckaale-padin, sckaale-padæ, een liden bænk som de setter smaa Kiørøl paa“.<sup>104</sup> Etter same ordsamlingi tyder skaal drikkekar, og då lyt me tru at det helst er slike kjerald som hev stade på skålepallen. Elles veit me ikkje no koss skålepallen heilt såg ut, av di namnet, so vidt eg veit, ikkje er nytta lenger; men um namnet er kome burt, so skulde det vera att døme på sjølv pallen, ikkje lenger det er sidan dei hadde han i stoga. Det trur eg òg me hev i eit lite, lågt bord som hev stade i gamlestoga. Liksom eit lite bord i nyestoga heiter det skiva, endå so ulike desse bordi er. Skiva i nyestoga er ei skive eller bordplate som ein kann slå upp etter veggen, medan skiva i gamlestoga er eit lite, lågt bord med fast plate. Det er oftast eit lite kistebord (fig. 114), men me hev òg døme på at det hev gotisk beinkonstruksjon (fig. 115). At eit slikt bord heiter skiva, er det liti meining i, og truleg hev det fenge dette namnet i seinare tid etterat nyestog-

skivone vart vanlege. Upphavleg hev det visst havt eit anna namn, og når me no veit at dei i slutten av 1600 åri hadde eit møbel som dei kalla skålepallen, og skiva høver plent til den bruk dei gjorde av han, kann me vel ganga ut ifrå som visst at gamlestogskiva no og skålepallen fyrr er eit og det same. At eit møbel slik kann skifta namn, er ikkje noko uvanleg,<sup>105</sup> og heller ikkje at eit lite bord vert kalla benk. Kannestolen på Tyskebryggja i Bergen var eit bord.

I formi liknar gamlestogskiva eller skålepallen som me visst kann segja, noko på det fyrr nemnde tyske skjenkjebordet. Elles er skålepallen, i minsto den som hev kisteform, mykje meir primitiv, og det kann difor godt henda at han beinveges er ætta frå eit lite skjenkjebord som under det greske namnet *trapiza*<sup>106</sup> stend nemnt i saga vår. Me veit ikkje koss det såg ut; men det stod for seg sjølv i stoga, og dei bruka å setja eit stort ølkar (*skapker*) på eller ved sida av det, og so auste dei upp i mindre bollar eller koppar.<sup>107</sup> Dette tykkjast høva godt med setesdalsk drikkeskikk, der dei, som me seinare skal høyra, auste ølet frå ein stor kopp upp i små. Truleg hev skålepallen vore nytta då.

Me veit ikkje no kor skålepallen stod i stoga. Eg hev berre sét ein einaste ein som enno stod att. Han stod nede ved sengi til bakveggen; men dette var ikkje sætande, av di dei flytte han etter som det hōvde.<sup>5</sup> Eg skulde mest tru han hev stade ved åren på langsida mot veggen til tunet. Der stend det no oftast ein krakk. Han hev ikkje noko visst namn; men i eit stev heiter det:

„Møyann' sikkje i skaalepadè.“<sup>108</sup>

Me finn her at skålepallen er ein benk til å sitja på. Det kann ikkje godt vera nokon annan enn den krakken, og namnet må han ha fenge av den rette skålepallen, bordet,



109. Gamlestoga i Viki, Valle

Fot. Gisle Midttun

dei sette skålene på. Då skåpet vart vanleg, gjekk skjenkjebordet litt um senn or bruk. Dei nytta skåpet i staden, og skålepallen vart til ein pall, berre til å sitja på.

Dei hev ein benk eller krakk til i gamlestoga; men det kann ikkje vera skålepallen som det stend um i stevet; for alt frå gamalt hev han vore kalla brugdestolen. Dette namnet er mest ikkje nytta no lenger, og ein høyrer sjeldan anna enn gamlestogstolen. Han hev vanleg plassen sin på den andre sida av åren, og som namnet segjer, hev han ryggstød; men elles kann det vera skilnad på dei ymse stolane, og her som ved bordet og skåpet finn me tvo hovudformer, ei, berre med fire innstukne føter i sætet (fig. 119), og ei onnør med gotisk beinkonstruksjon (fig. 123). Den siste formi hev alltid vangar, medan dette ikkje er so vanleg på den fyrste. Elles gjeng dette mykje um kvarandre. På dei stolane som ikkje hev vangar, er ryggen fest til sætet med duvlingar. Ryggen er mest alltid utskøren anten i vanleg setesdalsskurd eller òg hev han bilete, tekne frå bibelen (fig. 132) eller frå folkebøker um Holger Danske, Carolus Magnus o. a., noko me skal høyra meir um seinare.

Mest alle brugdestolane som er att, hev årstal; men ingen av dei er rett gamle. Dei fleste skriv seg frå fyrste helvti av 1700 åri. Frå 1600 åri hev me få. Med årstal hev eg berre sét ein einaste, og han var frå 1691; men etter skurden å døma hev me nokre til frå dette hundradåret.<sup>109</sup> Eldre brugdestolar frå Setesdal er heilt ukjende;<sup>110</sup> men sjølv sagt kann dei ha havt slike lenge fyre den tidi. Serleg ser den einfelde stolen med berre fire føter svært gamalvoren ut, og han hev visseleg røter langt attende. Det er noko visst høgtidsamt yver brugdestolen med den svære, utskørne ryggen; men me hev ingi segner um at han hev vore nytta til anna enn vanleg sitjeplass. Heller ikkje frå



110. Gamlestoga på Brottveit, Valle

Fot. Gisle Midttun




111. Frå Aamlidstoga, Valle

Fot. Jenny Arnesen

andre bygdelag som Telemarki og Vest-Agder, der brugdestolen hev halde seg lang tid utigjenom, finn me noko um dette, og truleg hev han difor fenge det frå eit eller anna fyrebilete, som me no ikkje kjenner til.

Andre stolar finn me lite av i gamlestogone; men det hende at dei hadde eit par eller so. Oftast var det krakkar; men dei hadde òg stolar på lag som brugdestolen, berre mykje mindre og meir primitive (fig. 135). Kubbestolar er kjende (fig. 133); men so vidt me kann skyna hev det aldri vore mange av dei. Kubbestolane i Setesdal er lik dei vanlege norske kubbestolane med sving i ryggen og eit utskore eller rettare uthogge band rundt midten.<sup>111</sup> Dei hadde vanleg plassen sin nede ved inngangsdøri.

Nede i krørne millom langveggjene og den midtre tverveggen (dørveggen) stend det sengjer, „kvilu“, (sjå fig. 108 og 110), ei i kvar krø. Sengi hev ei framside og eit endestykke som er sett saman av svære, tjukke plankar. Dei er nagla til veggjene som gjer ut for dei tvo andre sengsidone. I bakkanten stend endestykket oppå pallen, og han gjeng heilt inn under kvila. Til framsida er ei åpning, so ein kann koma innunder og sopa burt bøs; men elles bruka dei mykje å leggja ved eller anna rusk under kvilone. Yver




112. „Gamlestogskåp“

N. F. 59-09

öppningi er nagla fast eit steg, „foteskøri“, til å stiga på, når dei skal uppi eller utor kvila, av di ho oftast er høg. Sengjene er sjeldan noko vidare utskørne. For det meste hev dei berre ei „fiskebeinsborde“ etter kanten uppe. For endane gjeng dei på skrå oppyver, so dei er viare uppe enn nede, og i so måte minner dei noko um dei sengleivningane dei fann i Gokstad- og Osebergskipet.<sup>112</sup> Elles er konstruksjonen svært gamaldags, berre timbermannsarbeid, so typologisk sèt er dei av høg alder. Ei og onnor hev årstal; men eg hev ikkje funne eldre enn frå slutten av 1600 åri.

Sengjene tykkjest vera svært stutte, um ikkje fullt so mykje som det med ein gong ser ut, av di dei er so breide. Stutte, breide sengjer var det vanlege i millomaldere; men i den tidi låg dei so høgt med hovudet, at dei mest sat i sengi. I minsto ser det slik ut på bilete frå den tidi.<sup>113</sup> Koss det hev vore i Setesdal fyrr i tidi er ikkje godt å vita. I seinare tid veit me at dei ikkje låg høgt med hovudet; for dei bruka ikkje hovudpute, og det høver at dei heller ikkje no gjer det. Dei knepper ihop eit „kvileklæe-plagg“, vanleg eit heimevove tjeld, og legg under hovudet,<sup>6</sup> og so ligg dei mykje frå krò til krò i sengi.<sup>114</sup> I skifte frå kring 1700 finn me av og til nemnt hovudputor. Soleis stend det „en



113. „Gamlestogbord“, Valle

N. F. 883-13

Hovetpude med lerritz Vaar<sup>91k</sup> „en sribet Vadmels Hovetpude“<sup>91l</sup> og en Hvid Bolster pude<sup>91m</sup>. Det kann vera tvilsamt um denne siste puta er ei hovudpute; men truleg er det so. Som me ser var hovudputa kjend på den tidi; men stort meir er det ikkje. Difor må me mest tru at dei hev vore nytta berre når dei hadde gjester. Frå eldre tid hev me ikkje noko å halda oss til. Dei andre sengklædi er greide nok. I den fyrr nemnde ordsamlingi frå slutten av 1600 åri stend det at dei hadde tvo skinnfeldar eller òg berre vadmalskvitlar.<sup>115</sup> I skifti stend rett som det er nemnt sengklæde. Soleis i eit skifte på Rydningen i Iveland frå 1698, der det stend „1 rudet Sengeklæde“, „1 ringere dito“, 2 graa Vadmelsquidler“, „1 hvid Vadmelsquidel“ og „2 nye Skindblejer“,<sup>91a</sup> i skifte på Lien i Valle i same året „3 nye Thiell“ og „1 Skindblej“,<sup>91b</sup> på Straume i Hylestad same året „1 Brotquidel“ og „4 quidler“,<sup>91c</sup> Homme i Valle 1699 „1 gl. brott quidel“ og „10

quidler“,<sup>91e</sup> Sandnes 1698 „it Sengeklæde“,<sup>91f</sup> Dale i Valle 1700 „8 nye quidler“ og „2. Skindblejer“,<sup>91g</sup> Skaare i Austad 1701 „1 Skindblej“ og „1 gl. graa Vadmelsdyne“,<sup>91i</sup> Berge i Valle 1702 „en Svensk Sengeteppen“

og „en par lærritz lagen“,<sup>91n</sup> Rysstad i Hylestad 1763 „en Rye“,<sup>91r</sup> Dale i Valle 1795 „et svensk Sengeteppen“<sup>91u</sup> og Skjevrak i Byggland 1820 „1 Overdyne“, „2 svenske Teppen“, „3 Sængklæder eller brodtquidler“, „1 Underdyne med Bolster“, „2 Lagen“, „2 Hovedpuder“ m. m.<sup>91v</sup> Dette er berre eit lite utval som mest er gjort til å syna dei ymse slag sengklæde, dei hadde i tidi kring 1700 og utyver til fyrste luten av 1800 åri. Dei mest sjeldfengde av dei som ryor, dynor, svenske sengetæpe o. s. b. hev truleg berre vore nytta i gjestesengjene, og der dei hev lakan, underdynor o. dl., hev det vel butt lensmänner eller vore skysshald, so dei av og til måtte hysa „storkarar“. Brotkvitlar som dei hadde so mange av, hev helst vore bruka til yverbreidsle;<sup>116</sup> men koss dei elles såg ut, veit me ikkje no, med di namnet ikkje er nytta lenger. Det same er tilfelle med dei svenske tæpi. Truleg hev dei kome frå Sverike eller dei var vovne som eit eller anna svensk tæpe, t. d. „rødlakan“; men dette er heilt på det uvisse. Ryor som er svært vanlege i Sverike, kann det vel snaudt vera, sidan det er nemnt slike i skifti, og dei elles ikkje berre er svenske.

Tek me alle skifti fyre oss, syner det seg snart at kvitlane og skinnfeldane er i fleirtal, so det hev vore dei vanlege



114. „Skive“ (skålepall?), Valle N. F. 1019-13


sengklædi. Dette svarar godt med slik det var i Valle for eit par mannsaldrar sidan. Då skipa dei sengjene slik der; Fyrst var det dugleg med halm i kvila og oppå halmen eit tjeld, stundom med ein skinnfeld („ei fydde“) under. Dette låg dei på. Yver seg hadde dei eit tjeld og so ein skinnfeld att.<sup>6</sup> Slik var det på Gjellebøl si tid,<sup>117</sup> og soleis hev det visst vore på jamnen frå langt attende.

Stort meir husbunad var det ikkje i gamlestogone i Setesdal. Krøskåp og hengjeskåp var ukjende der og like eins vanlege snikra mjølkehylor. Mjølki sette dei på ein hjell eller tvo på langveggen til baksida.<sup>118</sup> Biten eller bitane nede ved dørveggen var òg nytta til hjell. Her la dei emningsved og sette 'upp mjølketrog til turkings, når dei hadde tvege dei.<sup>6</sup> Det høvde at det var ein hjell uppe på gavlveggen òg. Yver bitane heitte det „'pi røndi“, og her hadde dei kvar haust kjøt hangande til turking og røykjing. Det hekk på



115. „Skive“ (skålepall?), Valle N. F. 1019—11

„venda“, stenger, som var feste til sperrone med vidjor.<sup>6</sup> Etter den fyrr nemnde ordsamlingi frå slutten av 1600 åri å døma, hadde dei eit vasskjerald hangande i gamlestoga. Det stend soleis: „Vaskadd kaldis de gl. dags messingbæckener eller Kar som henger på veggen inden for studøren med vand udi.“<sup>119</sup> Ordet vasskall er kjent frå Fyresdal;<sup>120</sup> men elles lyt me heilt til Tyskebryggja i Bergen, fyrr me finn døme på desse kjæraldi. I ytrestogone og skytningsstogone der, hekk det like innanfor døri eit kar av metal, helst messing, på lag som ein kjøl med vatn i, og rett under stod det eit tvåttefat på ein stol („Handfat unde Becken“).<sup>121</sup> I ordsamlingi er ikkje tvåttefatet nemnt, so truleg hev kjæraldet eller kjølen i Setesdal alt i den tidi berre vore nytta til å ha rein-vatn i. Elles hev det gamle ordet *mundlaug*<sup>122</sup> (tvåttefat av metal) halde seg heilt til no; men alt i slutten av 1600 åri tydde ei mundlaug i Setesdal helst eit sengkjell eller berre eit fat av messing, og hadde ikkje, so vidt me kann skyna, nett noko sers med tvåtting å gjera.<sup>123a</sup> Frå seinare tid hev me likevel døme på at mundlaugi hekk på veggen innanfor stogedøri, der vasskallen òg hadde plassen sin, so det kann henda at vasskallen og mundlaugi ein gong hev høyrte saman; men me hev ikkje noko visst å halda oss til. Um so var skulde det tyda på, at den gamle skikken å taka handtvått fyre kvart målet<sup>123b</sup> hev vore vanleg i Setesdal. No er det so ymist med det. Det skil elles kva arbeid dei hev.




116. „Gamlestogskåp“, Valle

N. F. 917 11

Frå stoga kjem me inn i kleven. Der er det eit lite glugg til baksida. Det er berre sett der til å få ljøs inn og hev visst aldri havt noko med skjøteglugg eller forsvar å gjera.<sup>6</sup> Kleven brukte dei mest berre til koppehus. Dei sette inn ymse trekoppar og kjærald der. So vidt me veit hev det aldri vore seng i kleven.<sup>6</sup> Han er òpen heilt upp under raustet, og det er ikkje delt av millom kleven og forstogskjeldtilet. Ei tropp, „stett“, hoggi ut av ein einaste stakk, fører upp dit. Her låg det berre rusk, emningsved, ymse ambod o. a. Heller ikkje her hev det nokon gong stude seng, so skjeldtilet hev ikkje vore nytta til soverom.<sup>6</sup>

Me hev no havt fyre oss gamlestogone i Setesdal med alt laust og fast som er i dei. Det er uvande, gamaldagse hus som ber bod um ei tid, då folk hadde mindre krav til livet enn no. Folk no vil vel helst kalla desse stogone kalde, tronge og myrke, berre med eit rom å bu i som det var, og utan tile og vindaugo. Kalde var dei fulla vetrebil;<sup>124</sup> men tronge og myrke er ikkje rette ordi. Tvertum lyt me etter tid og tilhøve heller kalla dei romsame og ljose. Det var godt rom til å gjera ymse slag arbeid inne, og god plass til å sitja eller retta seg etter dei lange pallane, og dei var ljosare enn dei fyrste glasstogone i dalen, i minsto når ljoren stod uppe. Dei gamle stogone var unelege, og setesdølene treivst i dei. Difor hev dei halde seg heilt til våre dagar.

No er det berre um sumaren dei bur i dei. Elles er dei



117. „Gamlestogbord“ (kistebord), Valle

N. F. Kjellebergstoga



118. „Setabu“, Bø-Hyledalen, Valle

Fot. Gisle Midttun

nytta til eldhus, der dei bakar, bryggjar, slaktar og tvår klæde. Alle er dei påbygde og tilbygde i seinare tid, og den gamle stogeskipnaden er skipla. Mange stader ser dei ut som ruskehus; men der det er noko greide på det, finn me alltid at den eine kvila, den som stod i krøi ut til tunet, er flutt upp i øvre krøi til bakveggen. Den andre kvila stend på plassen sin. Skåpet er òg flutt og stend millom dei tvo kvilone (sjå fig. 109). Denne skipnaden hev kome frå nyestogone, der det alltid er slik. Dei hev lagt inn tile, tjukke, hogne plankar, mest alle stader; men åren er der framleis og like eins gøya, brugdestolen, langbordet og pallane. I langveggen til tunet er det vanleg sett inn eit par vindaugo, og stoga er bygd på, so ho mest er tvihåg. Likevel er ho òpi heilt upp i raustet, der det enno er ljore (sjå pl. 13).

Det er ikring halvtanna hundrad år sidan dei jamt yver slutta å bu i gamlestogone heile året.<sup>125</sup> Sjølv sagt gjekk ikkje dette skiftet frå gamle- til nyestogone fyre seg på nokre få år. Som me seinare skal høyra, tok det umlag eit hundrad



119. Brugdestol, Valle

N. F. Anmlidstoga

år frå den fyrste nyestoga vart sett upp, til det kom nyestogor på alle gardane i dalen. Ingi av dei gamlestogone, me hev att i dalen, er rett gamle. So mange det er, gjeng dei fleste ikkje lenger attende enn til sist i 1600 åri, og berre nokre få til midt i hundradåret. På den tidi hev det vore ei svær byggjerid i Setesdal. Det ser ut som dei då hev sett upp nye „gamlestogor“ på kvar einaste garden. Grunnen til dette veit me ikkje visst. Helst må me tru at det heng saman med ein sterk økonomisk framgang frå midt i hundradåret og utetter. Men nokor visse hev me ikkje.<sup>126</sup> På den andre sida veit me at fyrst i 1600 åri vart bøndene mest utarma. Dei måtte bota ut det halve av alt dei åtte, utum odelsgodset.<sup>127</sup> I den tidi kunde det ikkje vera tale um nokor bygging. Tvertum vart vel husi so vanstelte at bøndene burt imot slutten av hundradåret var nøydde til å byggja frå nytt. Men husi sjølve tyder på at dei hev havt god råd. Dei er store, drustelege og vent utferda.

Koss gamlestogone i Setesdal såg ut fyre 1600 åri, veit me ikkje noko visst um; men truleg var dei like eins som dei me hev frå seinare tider. Desse stogone er like den eldste stoga i landet, Raulandstoga frå Uppdal i Numedal, som no er på Norsk Folkemuseum. Ho skriv seg heilt frå siste luten av 1200 åri. Ei liknande stoge stod det på Uv i Rennebu i Orkedalen frå tidi 1300—1350.<sup>128</sup> Me må difor ha god grunn til å tru at gamlestogone i Setesdal og den stogeskipnaden me finn der i 1600 åri i det store og heile gjeng attende til millomalderen, eller m. a. o. det er enno millomalder i Setesdal i 1600 åri.

Me hev elles døme på ei enno eldre stogeform i Setesdal. På ein støyl, Bø-Hyledalen i Valle, stod det ei setabu,<sup>129</sup> som no er flutt til Norsk Folkemuseum. Etter segni skal denne bui ein gong ha vore ei stoge, og det hev vore gard der.<sup>6</sup> Korkje i arkivi eller andre stader finn me nemnt denne garden; men difor kann det godt vera rett; for det vilde berre vera eit høv, um me fann noko. Det som mest styrkjer segni, er at me finn visse merke på at jordi der ein gong hev vore dyrka,<sup>130</sup> og so er det bui sjølv. Som me ser på pl. 23, er det eit rom med sval framfyre gavlen, der døri er. (Fig. 118.) Hustaket er lengd, so det gjeng fram yver svali. Ho er av stavverk med fire stolpar og svalfjølør på sidone. Framme er ho òpi so nær som uppe i raustet, der det hev vore fjølør. På sidone er svals villane stukne inn under langsvillane, medan stavlæggjone gjer ut for yverliggarar. Inne i bui er det åre midt på golvet med åregrime, blekkstein og årefjøl, plent som i ei stoge (fig. 122).

120. „Skore“, Valle  
N. F. 970—11

Gøya finn me òg, men her er ho ein bjelke som gjeng frå gavl til gavl etter heile huset. Dette er vanleg i ymse gamlestogor, serleg nedst i dalen og i Aaserall.<sup>6</sup> Skora er ein stolpe som stend på årefjøli, og er fest til gøya med ein klamp uppe, so ho kann sviva. På ein arm eller krok som er til å flytja, hengjer dei gryta. Denne skora minner ikkje so lite um skorone i Vest-Agder og i det eldre saksiske huset. Uppe i mønet er ljore med ljorekarm som i ei stoge.

På golvet ligg det tile, og langsetter veggjene, so nær som dørveggen, gjeng det moldpallar, som er hogne ihop i hyrni, og endå til er det lagt ein stokk (ei røytesvill) på innsida av kvar langveggen. Etter baa langveggjene gjeng det kvilor, tvo på kvar side med pallar framanfyre til å sitja på, og uppe ved gavlveggen hev me „päden nõre“. Ved nedre gavlveggen gjeng det ein bite tvert yver huset, og elles finn me nokre hjellar på veggjene. Like ved dõri stend årstalet 1600, og bui er minst so gamal.

Me kann ikkje vera visse um at all husbunaden er likso gamal som huset;<sup>131</sup> men er noko av han frå seinare tid, må me tru at dei hev laga det etter det gamle. Elles ser det ut til å vera frå same tidi alt i hop. Det meste av det er meir fyre seg gjort enn vanleg i buene, og dei svære moldpallane tyder beintfram på at dette huset er innreidt til vetterbruk; men til bu hev det aldri vore nytta då.<sup>132</sup> Difor er det mest truleg at saga er sann, og at me hev ei gamal stoge fyre oss. Um so er, stend denne stoga svært nær ymse av dei gamle skålebygningane, som er nemnde i sogone våre, og som Keyser til dessa har greidt best ut um,<sup>133</sup> so uklårt det enn er, og so mange som etter hans tid hev skrive um det. Sjølv sagt er det berre stormannshusi, det stend noko um, og me kann difor ikkje venta å finna likskap i eitt og alt; men tek me berre typologiske umsyn, tykkjest det vera klårt at det i røyndi er same huset. I hovuddragi er skålen eit avlangt, firkanta rom med dør i gavlveggen og ei forstoge framanfyre. Forstoga er oftast òpi framme. Er det ein eldskåle som folk bur i vetter og sumar, gjeng det sengjer langs etter baa langveggjene på kvar side av åren med pallar framanfyre til å sitja på. Dette svarar plent med bui eller stoga på Bø-Hyledalen. Diverre hev me ikkje liknande stogor å jamføra med her i landet. Det einaste som tykkjest peika i same leidi, er dei gamlestogone som berre hev ei dør i gavlen (sjå pl. 12 og 13). Dei hev aldri havt kleve, men i staden hev det gjenge eit rom, ei forstoge tvert yver heile huset.<sup>134</sup> Denne forstoga hev truleg vore ei sval, som i bui og skålen, og helst òpi framme. I Sverige



121. „Skore“,  
Bykle  
N. F. 751—97




122. „Setabu“, Bø-Hyledalen, Valle

Fot. Gisle Midttun

hev me døme på stogor som er like bui i Bø-Hyledalen. Soleis i Wärend i Småland, der det heilt upp til våre dagar hev stade ei årestoge med sval i gavlen.<sup>135</sup> På støylyar i Dalarne finn me nok av buer som liknar vår. Dei er der tekne som gamle stogeformer som ein gong hev vore vanlege nede i byggi.<sup>136</sup>


Typologisk sét gjeng bui i Bø-Hyledalen langt attende. Hus med liknande grunnplanar finn me døme på i Troja, andre byen, som det heiter, frå ikring 2000 år f. Kr. Dei er kjende under namnet *megara*.<sup>137</sup> I dei nordiske landi hev me tidlegast døme på denne husformi i kjempegraver på Gotland frå den eldre jernalderen.<sup>138</sup> Her i landet hev me nok av timberkojor, basstogor og stolpehus (fig. 141) med denne grunnplanen. Serleg tykkjest timberkojone<sup>139</sup> og basstogone å vera svært like setabui (sjå pl. 38, 3), og det må beintfram vera dei gamle stogone som gjeng att. Svali eller utskõtet er ikkje plent like eins. I bui var det av stavverk, medan det i basstogone og kojone oftast er timbra som skyt so langt fram at ho vert sideveggjer i svali. Truleg er dette ei eldre form enn blandingi stavverk og timber.



123. Brugdestol, Valle

N. F. 866—11





124. Nyestoga, Flateland, Valle

Fot. Gisle Midttun

Me kann vel mest vera visse um at stogone i Setesdal ein gong hev sét ut som bui i Bø-Hyledalen. Dei hev då stade med gavlane fram mot tunet, noko som høver godt ved sida av lofti som stod på denne måten. Me kann no skyna kvifor pallen inne i stoga ved gavlveggen alltid heiter „päden nøre“, endå um han stend mot aust eller vest. Dei gamle stogone stod umlag nord-sud, og då vart det nordre pallen. Dei vanlege stogesvalene i Setesdal vende alltid mot soli, mot sudaust, sud eller sudvest etter som det høvde med lendet, men aldri mot nord. Den gongen stogone hadde svali i gavlen, vende han sjølvst mot soli òg. Plent like eins var det i Wärend i Småland. Dei gamle røykstogone der med sval i gavlen stod alltid „solrett“.<sup>140</sup>

### NYESTOGA

Skar fortel so greidt um dei fyrste nyestogone eller glasstogone i dalen: „Der kom Glòs i Stoga, men barre eitt, det fyrste. Torjus Skaamedal var den fyrste som hadde „Glasstoge“ i Byggland. Glaset kom daa han vigde — han vigde med Ekkja etter Prosten Hans Kjeldsen Nors<sup>1</sup> og ho vilde plent hava Glas i Stoga.

I Valle kom der Glasstoge paa Kjeldeberg hjaa Jon. Aaslaug Kjeldeberg sette upp Stoga med Jon laag ute i Attanaarsufreden. Det var so fæl ein Kostnad.

„Du spinn' av Rökkjè,“ sa dei.

„Spinn eg av, legg' upt' aa,“ sa Aaslaug.

Timremennerne var ifraa Viki. Dei hadde tolv Mark tilgode daa dei hadde gjort av; men det var med Naudi ho

<sup>1</sup> H. K. Nors døydde i Byggland i 1693.

greidde det. Peningarne var dyre daa; Kyreverdet var fire Dalar.

Ho var sers vent utferda den Stoga. Der var Skjaldtile, og der var Omn. Veggjerne var høvla, og Bjalkarne høvla og strokne. Der var ein Løyndekleve som aldri hadde Make. Han var felt *til* so greidt at ingen gaadde Dyri, eller kom paa at der var Kleve eingong.“ —

— „Knut Kveste hadde Glasstoge. Han var Lensmann, Knut, og sat i Uppegard Kveste. I Røta i Rikje var Glasstoge likeins. Der heldt seg ein Kaptein i Røta; so var det for hans Skuld der kom Glas i Stoga. Kaptein Kingeling sette upp Glasstoge i Homm. Han var Rymling — det var or Holland han rymde. Han sat i Syndre Homm alle sine Dagar.“<sup>141</sup>

Av dette ser me at den fyrste nyestoga var sett upp litt fyre 1700. Den på Kjelleberg i Valle er frå fyrst i 1700 åri; for Attanaarsufreden er det same som Den store nordiske krigen. Dei andre

Skar nemner er vel umlag frå same tidi. Carolus Kinling levde ikring 1700 og var gift med Maren Bugge, dotter til presten Esajas Bugge.<sup>142</sup> Nyestoga i Kveste er vel noko seinare. Nicolaysen set ho til litt fyre 1750.<sup>143</sup> Det var berre på gardar der det budde embetsmänner, lensmänner eller andre rike folk, det fyrst kom nyestogor. Einaste er den på Kjelleberg; men so ser me òg at dei hev set på ho som eit sersyn. Det vart ei heil soge um ho. Jamt yver kom nyestogone fyrst i slutten av 1700 åri. Endå medan Gjellebøl var prest i Valle var gamlestogone det vanlege. Berre dei „mest Formuende have i de sidste Aaringer begyndt at opbygge sig, foruden de ommeldte (d. e. gamlestogone) Stuer med Vinduer



125. Nyestoga, Rike (Røtun), Valle


Fot. Gisle Midttun

i, samt med Loft ovenpaa, tillige med Skorstene i, som paa andre Steder ere brugelige; ja, nogen faa have og anskaffet sig Kakkellovne i samme<sup>144</sup>. Nyestogone er enno det vanlege i dalen, og av snikkararbeidet o. a. kann me skyna at mange av dei fyrst er sette upp etter 1800. Det tok soleis umlag hundrad år, fyrr dei trengde heilt igjennom.

Det som mest skil nyestogone frå gamlestogone skynar me av det Skar og Gjellebøl skriv. Nyestogone hev vindaugo, omn (skorstein) og skjeldtile. Elles er det, som me skal sjå i det fylgjande, skilnad på dei eldste nyestogone og dei seinare og på nyestogor som er bygde inntil gamlestoga og dei som stend åleine.

Av dei eldste nyestogone er Kjellebergstoga (sjå pl. 24 og 25) den einaste som stend att nokolunde urøyvd. Ho er no flutt til Norsk Folkemuseum. På Kjelleberg stod ho saman med gamlestoga, og baa stogone hadde svaler som gjekk i eitt. Dei er lenge sidan burte; men hornsteinane viser enno, so det er rett nok. I Rike (Rõtun) var det svaler like eins framanfyre gamle- og nyestoga. Det siste var svalene sett upp etter lødeveggen, den eine yver den andre (sjå fig. 140). I Kveste var det òg svaler,<sup>145</sup> so me hev grunn til å tru at dei fleste nyestogone hadde det i den fyrste tidi.

På Kjelleberg var nyestoga bygd saman med gamlestoga på den måten at dei hadde skøre av gamlestoga tvert yver forstoga og kleven, teke burt gavlveggen og so sett nyestoga inntil. Nokor skøyting av stokkane var det ikkje tale um. Dei var sette butt i butt. Elles fall skøyten tvert yver forstogdøri, so ein gådde ikkje so mykje til han, og på bak-




127. Nyestoga, Rike (Rõtun), Valle

Fot. Gisle Midttun.


veggen var det jamna til med ein bordklædning. I Kveste var det på ein annan måte. Her let dei gamlestoga vera og sette nyestoga inntil vegg mot vegg, berre med eit lite smøg imillom. Nyestoga hadde tridelt grunnplan med forstoge, stoge og kleve. Like eins er det i Homme (fig. 128); men her er gamlestoga avskøri. Både i Kveste og Homme hadde gamle- og nyestoga kvar si utedør, medan det sjølvsagt berre var ei på Kjelleberg.

Her gjeng forstoga tvert yver heile huset; men ho hev ein gong vore delt; for det ligg tile berre halvveges innerter frå utedøri, so endå etter at nyestoga vart sett inntil, hev dei havt kleve der. Frå forstoga gjeng det ei dør inn i stoga. Døri er rett og slett, sett saman av fjøler med labbankar ut mot forstoga. I stoga er det tile av øksa plankar med ein liten kjellar under som ein slepp ned i gjennom ei luke i golvet. I gavlveggen er eit einaste lågt vindauga med små rutor og blysprossor, so stoga er heller myrk. Omnen eller peisen<sup>146</sup> som han heiter, stend i krøi millom dørveggen og bakveggen. Han er mura av gråstein og leir og baketter kvita med kalkvatn. Framanfyre gruva gjeng det ei grime av tre, „åre“ eller „gruetretti“, med ei fjøl uppå, „åre-“ eller „gruefjøli“. Kåpa er mura på ein mantel av tre, „omns-tretti“, og uppe i omnen, der pipa tek til, ligg „røykbaren“, ei stong av jarn til å hengja skora i (sjå pl. 26). Når det ikkje brann på gruva, stengde dei av med ei stor treluke, „spjølli“, dei kalla. Dei stakk ho inn like under „omns-tretti“ (sjå pl. 28, 1). Pipa gjeng upp på skjeldtile<sup>147</sup> og vidare upp igjennom taket. Yver taket er det mura inn steinhellor som spring fram so ikkje vatnet skal renna ned



126. Nyestoga, Brottveit, Valle

Fot. Gisle Midttun



128. Homme, Valle

Fot. Gisle Midttun

langs pipa. Bak ligg det eit „pipemøne“, so vatnet renn til kvar side.<sup>148</sup>

Etter veggen fram mot tunet stend stogoinnreidingi, ei seng i kvar krøi med eit skåp imillom. Skåpet er høgt og smalt, sett saman av råmor og fyllingar med ei dør framme. Sengjene, som hev høge stolpar, „karniss“, uppe og fyllingar på framsida, skil seg ikkje mykje ut frå vanlege bysengjer fyrst i 1600 åri. Langs bakveggen og gavlveggen uppe ved vindauga gjeng det faste pallar. Pallen ved gavlveggen heiter „påden nøre“ i denne stoga òg. Pallane hev opphavleg vore moldbenkjer; for tilet gjeng ikkje heilt til veggen, men sluttar ved pallen. Millom døri og skorsteinen stend ein liten fast benk, „lislepad“, dei kallar. Han hev vange for enden ut mot døri (sjå pl. 26). Vanleg stend vassbytta på denne pallen og ei ause til å drikka av ligg ved sida. Dette skulde svara til vasskallen inne i gamlestoga. Uppe ved „påden nøre“ stend bordet. Det er likt dei vanlege renessansebordi med fire føter, trjosk under plata og fjøler ned ved golvet til å spennja på. Framanfyre bordet stend „langekrakk“. Høgsætet er for bordsenden til bakveggen. I krøi hev det ein gong vore eit lite krøskåp;<sup>149</sup> men det er kome burt i seinare tid. Det stod like på pallen. Under bitane er det spikra upp eit par hjellar til å setja koppar på e. a. småting. Dei bøkene dei hadde, låg her.

Som Skar skriv, er stoga vent utferda med høvla og strøkne (profilerte) bitar og skjeldtilfjøljer. Listverket rundt vindauga og døri er strøke og like eins omnstreet eller mantelen (sjå pl. 24, 4 og 5). Det hev svip av listverket i byhusi i 1600 åri.<sup>150</sup>

Løyndekleiven Skar fortel um, er no burte; men tufti syner greidt at det ein gong hev vore ein tilbygnad eller kleven der. Han stod på baksida, men var so smal at han ikkje gjekk utum gamlestoga. Denne og nyestoga med kleven hev soleis vore like breie. Koss kleven elles såg ut, veit me

ikkje. I andre nyestogor hev dei ikkje havt slike, so det ligg utanfor vanleg bygnadskikk.

Inst i forstoga, der fyrr gamlestogkleven var, gjeng det ei trøpp upp på forstogskjeldtilet. Det er òpe heilt upp under raustet. Båe stogone er i seinare tid påbygde, og då la dei inn tak-åsar i gamlestoga som det var i nyestoga. Difor veit me ikkje visst, koss tøkone var skøyte i hop i den fyrste tidi. Men båe stogone hev opphavleg vore like breie og like høge, so me hev grunn til å tru at tøkone gjekk i eitt. Truleg la dei takbordi i nyestoga med endane mot dei i gamlestoga og tekte yver med næver og jord, som me hev døme på det frå seinare tid. Då veit me òg at dei la ei steinrast upp etter taket der skøyten var. Elles tok dei det ikkje so nøgje med tøkone i Setesdal, når dei sette husi saman. Dei vart herka i hop på lettaste måten, og ofte ser me at den eine tōka gjeng yver den andre.

Ei liti dør fører inn til nyestogskjeldtilet, som like eins



129. Omnen, Rike, Valle

Fot. Gisle Midttun

er òpe heilt upp under raustet. I gavlen er eit lite vindauga eller glugg. Langs dei låge sideveggjene hev det ein gong stade eit par sengjer, so skjeldtilet hev vore nytta til soverom.

Nyestogone frå seinare tid er alltid fulle tvo høgder. Då dei vart det, fall svali framfyre stogone burt. Dei fleste nyestogone er som på Kjelleberg bygde saman med gamlestoga. Dei hev skøre av kleven og forstoga, men late ho hava si gamle høgdi i lang tid frametter. Gamlestogtøka låg då mykje lågare enn tōka i nyestoga.<sup>151</sup> Seinare hev dei bygt på gamlestogone, so no er dei alle stader like høge som nyestogone og stend under same tōka (sjå pl. 12 og 13). Lofti hev dei mykje snutt på, so dei òg gjeng i eitt med stogebynaden (sjå fig. 150), og dertil hev dei mange stader innreidt gamlestogone som nyestogor med vindaugo, skorstein, skjeldtile og nyestogbunad. I dei nedste bygdene og ikkje so sjeldan i dei øvste med, er stogone og loftet no bord-



130. Basstogomnen, Rike, Valle

Fot. Gisle Midttun



131. Kyrvestad, (Mannspann), Valle

Fot. Gisle Midttun

klædde og måla, i minsto til framsida, so setesdalshuset i dag er ein lang stor våning på tvo høgder med tvo stogor, forstoge, kleve eller kammers i fyrste høgdi og tvo skjeldtile (salar), forstogskjeldtile og kammers i andre høgdi. Dertil kjem loftet med bur (matbu) i fyrste og loft (klædebu) i andre høgdi. Denne utviklingi av setesdalshuset hev teke umlag halvtanna hundrad år.

På mange gardar stend nyestoga åleine (sjå pl. 26—28). D. v. s. ho er ikkje bygt saman med gamlestoga. Oftast er det denne som er påbygt ei høgdi og hev fenge nyestoginnreiding; men me hev døme på at ho er sett upp heilt frå nytt av. Nyestogor som stend åleine er ikkje gamle. E ter snikkararbeidet på innreidingi å døma gjeng dei ikkje lenger attende enn til ik ing 1800. På gardar der dei hev slike stogor, vantar det alltid gamlestogor. I staden hev dei sett upp eit e'dhus<sup>152</sup> eller gjo t kleven um til kjøken og mura inn skorstein der (pl. 27). Loftet er alltid snutt, so stoge- og lofttōka gjeng i eitt (fig. 131 og pl. 27), og i smøget millom stōga og loftet hev dei vedskjol.

Me hev soleis tvo slag stogehus i Setesdal, det samanbygde og det som stend åleine. Det fyrste er eit godt døme på koss huset utviklar seg i lengdi og deretter i høgdi, i det andre hev me døme på ei utvikling av det gam'e huset berre i høgdi. Framleis augnar me endå ei vidare utvikling av dei bae — loftet som vert sett inntil. Fær denne utviklingi halda fram og ikkje andre, nye husformer kjem til, vil loftet snart vera heilt samanbygd med stoga.

Husbunaden i dei seinare nyestogor er umlag lik alle stader. Sjølv sagt er det nokon skilnad; men det kjem mest av at ikkje all bunaden er frå same tidi. Mest skilnad er det på dei store skåpi, som stend millom sengjene. Her kann me greidt skilja ut tvo hovudformer. I dei eldre stogone er skåpet delt i tvo, eit yver- og eit underskåp med tvo eller tri dører i kvart. Underskåpet gjeng mykje lenger fram enn yverskåpet (fig. 142). I dei nedste romi

132. Brugdestol frå 1765, Valle  
Domedag utskoren

N. F. 423-11

hev dei grytor, holkar og større koppar, i dei øvre ymse mindre koppar og bordstell. Liknande skåp hev me her i landet døme på frå Telemarki, Aust-Agder og Vest-Agder; men berre på den siste s'aden er dei som i Setesdal bygde saman med sengjene. I formi minner dei noko um det mindre skåpet i gamlestoga (fig. 112) og vilde vera plent like um øvste skåpromet her nådde heilt ned til plata. Likevæl er dei snaudt utvikla av dette skåpet, i minsto ikkje i Setesdal. Dei hev visseleg kome fullt ferdige inn i dalen saman med nyestoga.

I d i yngre stogone gjeng skåpet i eit med sengjene (fig. 124 og pl. 19, 1 og 29, 11), og ein kann heller kalla det eit rom enn eit skåp. Millom skåpet og sengjene er det panelt av, so det er heilt tett. Inne i skåpet er det lagt lause hyllor på labbankar upp etter veggjene, og det er so stort at ein oftast lyt heilt inni det, når ein skal ta ut noko. Dei hev

133. Kubbestol, Valle  
N. F. Aamlidstoga134. Stol frå 1761, Valle  
N. F. 849-11

mjølki si i det, og nede på golvet stend grytor, ymse koppar o. a. Denne skåpformi finn me her i landet utum Setesdal berre i Vest-Agder.<sup>153</sup>

I formi er sengjene plent like i dei eldre og yngre nyestogone. Rennsansen heng enno att. Det som skil er berre småting; utskurd, fyllingar og listverk kann vera påverka av ymse stilformer.

Pallane rundt veggjene er i alle nyestogone åpne framantil, men sume stader gjeng det eit bord heilt nede ved golvet, og millom bordet og veggjen er det fyllt med jord. Det heng soleis enno noko att frå moldbenkjene i gamlestoga.

Nyestogbordet er oftast annarleis, enn me hev det i Kjellebergstoga. Trjoskane hev vorte mykje breiare, og det hev fenge ei rad med skuffor under plata (fig. 126 og 127), og spennbretti nede ved golvet

er burte. Av og til finn me i nyestogone eit bord, som er ei blanding av bord og benk. Understellet er ein benk i stolpekonstruksjon med spilar i ryggen og vangane (fig. 137). Uppå benken la dei ei laus bordplate, so hadde dei bordet. Benken hev òg vore nytta til å liggja på. Då snudde dei han med framsida inn mot veggjen og reidde upp i han.<sup>6</sup> Slike bordbenkjer kjenner eg ikkje

135. Stol, Valle  
N. F. 01-11

frå andre kantar. Det er eit „kombinasjonsmøbel“ som det heiter. Av desse er bordstolen den mest vanlege, og truleg gjeng han heilt attende til millomalderen. Kistebenk og kisteseng var kjende då.<sup>154</sup> At det er ein samanheng millom desse møbli og bordbenken tykkjest vera v'sst. Dei må alle ha si rot i den same rørsle: å gjera eit par eller fleire møbel um til eitt. Dei bordbenkjene me kjenner i Setesdal, er alle frå seinare tid. Dei hev truleg kome inn saman med dei eldste nyestogone; for me finn dei berre der det er eller hev vore slike. I gamlestoga hev dei aldri vore.

I dei seinare nyestogone hev dei alltid ei skive, eit lite bord til å slå uppetter veggjen, og eit hengjeskåp eller bokskåp, som det heiter. Skiva hev plassen sin på veggjen ut mot tunet i nærleiken av skorsteinen (fig. 125) og skåpet på gavlveggen millom eine sengi og vindauga (fig. 127). I seinare tid er hengjeskåpet byt. med ei utskøri hylle som dei set tallerkar og koppar i (fig. 145). Stolar er det fleire av. Kubbestolen hev fylgt med inn frå gamlestoga (fig. 124 og 127) og like eins ymse krakkar; men nyare former er òg komne til med påverknad frå bystolane i renessanse- og

baroktidi (fig. 134, 136 og 138). I kistestolen, fig. 139, hev me eit kombinasjonsmøbel att. Liknande stolar er kjende frå Nordmøre og Voss.<sup>155</sup> Ingi av dei er rett gamle; men dei torer ha sine fyrebilete i eldre tid. I Setesdal er desse stolane vanleg kalla skomakarstolar, av di folk hev skomakarambødi sine i dei. Krakkør med tri bein og bøygd brugde uppe<sup>156</sup> er svært vanlege i nyestogone. Desse krakkane gjeng heilt attende til millomalderen; men i Setesdal er dei snaudt so gamle. Dei lagar dei enno.

Vangane i skorsteinen er på framsida ofte klædde med bord og midt på kåpa er eit hjarta utskore i leiret (fig. 129 og pl. 28, 1). Nokor tru hev dei ikkje no med dette hjarta. Det skal berre vera sett der til stas. Truleg hev det fylgt med, då omnen kom inn i dalen, endå eg ikkje kjenner




136. Stol, Valle N. F. 645-11

til at dei hev denne skikken andre stader. Det høver elles godt med eit hjarta på omnen. Det er symbolet paa ljøs og varme. I Tyskland er det ymse stader nytta til prydnad på husgavlane, og dei hev der havt den trui at det verna huset mot torebråe.<sup>157</sup> Mest alle stader stend det no ein kakelomn ved sida av skorsteinen (fig. 125, 129 og pl. 26). Som me hev høyrte, hadde dei byrja med dette alt medan Gjellebøl var i Valle, og i dei seinare nyestogone hev dei truleg

sett inn kakelomn med same dei vart bygde. Dei fleste kakelomnane i Setesdal er frå Nes og Froland og ein og annan frå Holla og Ulefoss. Dei siste finn me i Bykle.<sup>158</sup>

Skjeldtilet er mange stader innreidt plent som stoga; men dei hev aldri skorstein der. I staden stend det ofte ein kakelomn. I dei samanbygde husi med tvo nyestogor og tvo skjeldtile er alltid berre det eine skjeldtilet innreidt. På det andre stend det nok sengjer; men dei er berre uvande. Her ligg dei eldste borni og tenarane, um dei hev; det andre er for gjester. I den eine stoga ligg mann og kone og dei yngste borni, i den andre kårfolki. Hev dei berre ei nyestoge, bur kårfolki paa skjeldtilet.<sup>6</sup>


Med nyestogone kjem renessansen til dalen. Den svære, tunge husbunaden av plankar som me hev i gamlestoga, finn me ikkje i nyestoga. Skåpi og sengjene er sett saman av listverk og fyllingar, bordi og stolane vert lettare. Her som andre stader er det no snikkaren som reider inn stoga og ikkje timbermannen. Likevel finn me alltid ein svip av noko tungt som sermerkjer Setesdal. Husbunaden er enno stor og drusteleg, og støygt laga.




137. „Bordbenk“, Valle, bordplata er ikkje med N. F. 952-13

Nyestogbunaden i Setesdal vitnar um godt snikkararbeid. Serleg gjeld dette dei lange stogeinneidingane. Av og til er dei utskørne, men aldri i den vanlege setesdalsskurden. Oftast er det renessansmotiv som er nytta (fig. 142); men stundom finn me att leivningar av gotisk bladverk. Dette er berre i dei eldre stogone. I dei hev listverket og fyllingane på skåp, sengjer og dører sterk svip av renessanse og barok. I dei seinare stogone finn me dei same formene att; men i dei fleste detaljar stikk empiren fram (sjå pl. 19, 20 og 29). Denne stilformi hev kome tidleg til dalen; for me finn drag av ho i stogeinneidingar som er laga like etter 1800. Fyrr var alltid stogebunaden sandskura og hadde den vakre tonen som berre gamal god fjellfura fær, når ho er skura i lange tider. I Valle hev dette enno halde seg ein og annan staden; men mest alle andre stader hev dei ut i 1800 åri teke til å måla stogone sine. I Bykle, Oveinang i Valle og i Byggland er fleire av stogeinneidingane rosemåla; men målingi er sjeldan eldre enn frå tidi ikring 1850.

Samanliknar me den einaste av dei eldste nyestogone som no stend att nokolunde urøyvd, Kjellebergstoga, med dei frå seinare tid, vil me snart sjå at det er stor skilnad



138. Stol, Valle N. F. 419-11



139. Kistestol, Valle N. F. 486-11



140. Uthusi, Rike (Røtun), Valle

Fot. Gisle Midttun



141. Stolpehus, Kjelleberg, Valle

Fot. Gisle Midttun

på dei. Kjellebergstoga hev berre eit einaste vindauga. Det er i gavlen. Skorsteinen stend i krøi til bakveggen og stogoinnreidingi etter veggen fram mot tunet. Dei andre stogone hev vindaugo både i gavlen og ut mot tunet, og skorsteinen og innreidingi stend plent motsett. Grunnen til at husbunaden slik hev bytt plass, er klår. Det kom av seg sjølv den gongen dei sette vindaugo ut mot tunet. Då måtte dei flytta stogoinnreidingi yver til bakveggen og skorsteinen til krøi ved framveggen. At skorsteinen stend i denne krøi, finn me berre i Setesdal og Vest-Agder, „og denne Ovnens Plads bliver mig et af den mandalske Stueforms Kjendings-Mærker“, skriv Eilert Sundt.<sup>159</sup> Alle andre stader der dei hev skorsteiner, stend dei til bakveggen.

Dei lange stogoinnreidingane hev me òg berre i desse bygdene, i minsto her i landet. I bygnadsvegen høyrer difor Setesdal og Vest-Agder saman; men med di nyestogone er eldst i Vest-Agder, hev dei kome derifrå og upp dalen. Stogone i seg sjølv liknar dei vanlege glasstogone her i landet som kom i bruk frå 1600 åri og utetter; men innreidingi i dei, skåpet og sengjene som gøymer heile den eine veggen, er noko sers som me berre finn liknande døme på i Tyskland, serleg i Oldenburg, Friesland og Schleswig-Holstein.<sup>160</sup> Derifrå må dei ein gong i 1600 åri ha kome upp til Vest-Agder og so vidare til Setesdal.



142. „Nyestogskåp“, Valle

N. F. 705—11

### LOFTET


Det stend enno att mange gamle loft i Setesdal.<sup>161</sup> I dei øvre bygdene er det minst eitt på kvar einaste gard; men ned igjennom dalen minkar det etter kvart, so i Byggland og Aardal er det berre få. Her hev det sjølv sagt ein gong vore likso mange; men dei hev forfarest, og i staden hev dei sett upp stolpehus. Utvendes er det litt skilnad på lofti i dei ymse bygdene. I Valle er dei høgreste med full høgde under tōka uppe i svalene (sjå fig. 156). I Hylestad og bygdene nedanfor er dei tunge med låge og breie svaler (sjå fig. 150 og 152). I Bykle hev dei fleire stader telemarkssvip. Dei stend på stolpar og hev sval framfyre bursdøri (sjå fig. 144 og 177).

Rette setesdalsloft stend med gavlen fram mot tunet like paa jordi.<sup>162</sup> Svillane ligg på hornsteinar som er gravne ned i „borgi“. Lofti er alltid timbra upp av svære, breie stokkar, som me hev døme på kann halda burt imot meteren i tvermål. På svillane nær er dei alltid „magetelgde“<sup>163</sup> og klavedregne. Stokkane i dei tvo øvste kvørvi i buret hev namn av „skakstokkar“. Dei gjeng heilt ut under svali og bær henne. I dei øvste bygdene, der svalene er smale, er stokkane i buret skørne av for endane, so dei gjeng i ein bøge upp under svali (sjå pl. 32). I dei nedre der svalene er breiare, gjeng skakstokkane oftast rett ut, og sume stader er det då i kroken inne



143. Loft, Haugen, Aaraksbø, Sandnes

Fot. Gisle Midttun



144. Loft, Breive, Bykle

Fot. Gisle Midttun

under nedste skakstokken skøre ut eit blad e. dl. (sjå pl. 30, 7 og 36, 1—5).


Frå jordi fører ei tropp upp til svali. Troppi stod alltid fyrr utvendes på veggjen. No ser me av og til at ho er inne i buret; men det er noko dei hev stelt til i seinare tid.<sup>6</sup> Sume stader veit me at troppi giekk upp frå enden av stog-svali (sjå fig. 166); men det vanlege er at ho gjeng upp, anten frå sida, i smøget millom stoga og loftet, eller i gavlen (sjå fig. 143 og 163 og pl. 12, 27, 32 og 30, 3). I svali der troppi kom upp, hadde dei ei luke, og var det ikkje det, stod det ei grind nede i troppi (pl. 34, 1). Det var for at geitene ikkje skulde sleppa upp i svali.

Svalene gjeng heilt rundt. Svalstolpane i hyrni er rundhogne som var dei svarva. Dei andre er alltid flathogne. I framsvali er det glugg, og her er ofte svalstolpane og slindrane utskorne med den vanlege setesdalsskurden (sjå pl. 35, 9 og 36, 6—9). I baksvali er det glugg like eins; men berre nokre få loft hev glugg i sidesvalene. Desse lofti hev stade for seg sjølve og ikkje inne i ei husrekkje. Utum dei vanlege gluggi som er rundboga uppe med sveifa sulor, finn me av og til nokre andre små glugg (sjå pl. 30, 5, 33, 7 og 35, 1). Dei stend her og kvar i svalveggjene, men oftast so lågt at dei snau t er sett

der for ljoset skuld. I formi minner dei noko um skjoteglugg som me kjenner dei frå millomalderslott, serleg i Tyskland,<sup>164</sup> og det er difor truleg at desse gluggi og er tenkte til skjote-glugg, eller det er noko som heng att frå eldre fyrebilete. Elles fór det mykje tjuvepakk etter dalen fyrr som dei måtte verja seg mot, og me hev segner um at dei stod uppe i loftsvali og skaut.<sup>165</sup> Ein ståd bõra ein mann hõl i lofts-hurdi, so han kunde „kaga og skjota“.<sup>166</sup>

Tõka er lagd plent som i stoga; men oftast ligg det eit par åsar under sperrone, og me hev døme på at det gjeng tvo simsar millom gavlane (pl. 34). Då er dei høge og breie og vantar „loku“. Sperror, åsar, slindrar, svalfjølør o. a. er høvla og strøkne. Veggjene er for det meste strøkne i suene og uppetter lafti i stökkendane. Strykane som berre er små, gjeng visseleg heilt attende til millomalderen (sjå pl. 20, 8 og 9, 21, 4 og 5, 33 og 37). Mange av dei ser ut som dei er dregne med ein skavl.

Bursdøri og loftsdøri stend i gavlveggen fram mot tunet. Berre i Rygnestadloftet og eit på Espe-tveit i Valle er bursdøri på lang-veggen. Beitskior og dører er mest alltid utskørne, dørene med ringar, solsviv, og anna krõt og beitskione med „setesdalsskurd“ (sjå pl. 18, 22, 1—3, 33, 11 og 35, 6 og 8). Yver dørene finn me mange tjøre-



145. Vegghylle, Valle

N. F. 618—17





146. Rygnestadloftet, Valle

Fot. Gisle Midttun

krossar. I Bykle ein stad hev eg talt 43 krossar yver ei einaste dør, so orkorreii må ha vore hardt etter dei der. For dørene hadde dei bjørnlåsar eller dei bruka „stokk å hurd“ (sjå s. 151).

I buret (sjå fig. 147, pl. 14, 3 og 4, 28, 3 og 32) hev dei matvaror. Braudet legg dei i store kjør eller i braudbingen som er musefri. Mjøl og korn stend i kjør og byrdor og kjøtet i koppar som dei sèt ned i ei sér kiste. Elles legg dei mykje det turre kjøtet i kornbingen. Dei grev det ned i kornet. Det hender at dei hev osten i buret. Han ligg i ein holk eller eit skrin, „ostekista“; men oftast legg dei han i kjellaren under nyestoga. I buret heng det selar og reip, vidjor o. a. som dei ikkje nett brukar. Slikt skal dei ha flust av, so dei ikkje vert standande i beit. Sume stader stend det ei seng i buret som dei ligg i um sumaren, med di det er svalare der enn inne i stoga; men sjeldan hev desse sengjene upphavleg stade der. Vanlegg er dei flutte ned fra loftet, eller dei hev sett inn ei gamlestogseng.<sup>167</sup>

I loftet stend det kistor, kistillar, bommor, nyst-øskjor, ølbollar o. a. På vender (stenger) heng det nye gang- og sengklæde. Stundom hev dei klæde i kistone òg. Sylvet sitt hev dei i små øskjor, som stend i ei læst kiste. Plagg, tjeld, barnehuvor o. a. mindre klædeplagg ligg i øskjor. I ein liten kistill, „brevkistillen“, gøymer dei gamle brev og dokument. (Sjå fig. 148, pl. 14, 2 og 3 og 28, 3 og 4.) Kistor er det serleg mange av i setesdalslofti. Gamle og nye stend um kvarandre. Me finn dei so gamle og primitive at dei er hola ut av ein einaste stor stokk (fig. 158), og so nye at det er so vidt rosemålingi på dei er turka (sjå pl. 5, 4). Gamle svartmåla kistor med karveskurd ned i det kvite treet (fig. 159) stend ved sida av andre der karveskurden er måla i

ymse liter (fig. 161). Dertil kjem alle dei rosemåla, der me kann fylgja dei ymse brigde i rosemålingi frå ikring 1800 og utetter (sjå fig. 160 og pl. 5 og 7, 5). Sume av kistone hev flatt lok, andre hev kuve, sume stend på føter, andre hev ikkje. Me kann finna dei mest ulike kistone standande på same loftet.

I dei gamle lofti var det mest alltid sengjer, helst eit par som stod i ei lengde etter eine sideveggen. Ein og annan staden stend dei enno att; men for det meste er dei rivne ut, og det syner berre merke der dei stod. Stundom hev dei som nemnt flutt dei ned i buret; men me hev døme på at dei hev sett dei burt i løda, der det høver at dei ligg um sumaren. Mange av loftsengjene liknar dei i gamlestoga; men me hev og sengjer, der dei tvo sideplankane på framsida gjeng høgt upp og sluttar i ei stor sirkelrund plate med eit øyra på kvar side uppe.<sup>168</sup> Dei er utskørne med karveskurd og minner i formi noko um stolvangane i ymse gamle kyrkjor,<sup>169</sup> utan at eg dermed vil ha sagt at dei er komme derifrå. Truleg gjeng dei lenger attende. Like eins minner dei noko um omnskallane i dei vestlandske røykstogone;<sup>170</sup> men heller ikkje her kann det vera tale um anna enn ein reint ytre likskap. Liknande sengjer er vanlege i Telemarki og Numedal og i nokre få bygder i Skåne;<sup>171</sup> men kvar dei elles er komne ifrå, er på det uvisse.

Som me kann skyna hev dei i Setesdal fyrr i tidi nytta lofti til soverom. Ikkje so at dei låg der um vetteren, det hev me ikkje segner um; men mannen i huset låg der ofte um sumaren eller einkvan annan av vakse folk. Alt dei åtte av verd, hadde dei i loftet, og sumarsbil rak det ymist slag folk etter dalen, med dei var på støylen, so låg mannen der for å passa på. I loftet la dei gjestene sine òg. Som skikken enno er „skjala“<sup>172a</sup> dei seg berre i håballen, og då



147. Inne i buret, Kveste, Valle

Fot. Gisle Midttun

gjekk det an å liggja i loftet. Dei ugifte kvendi på garden, gjentone, veit me aldri av hev halde seg i loftet;<sup>6</sup> men det kann vel henda, dei ein gong hev gjort det. Av og til sit dei sumarsdag uppe i loftet og saumar, og då er det som det stend i folkevisa um Hillebjør og Ramnen:<sup>172b</sup>

„Hillebjør sit i Buri  
aa saumar Stakka ti Bruri.  
Hillebrand klappa paa Huri me Fingane smaa:  
Hillebjør e du inni, skrei Lokunn' ifraa.“

Lofti i Setesdal er i det store og heile betre haldne enn stogone. Dei var bygde av grovare vyrke, var mindre enn stogone og var difor lettare å halda ved lag med tøke o. a. Svalene er det no ymist med, ofte er dei heilt burte; men enno hev me loft som er i fullt stand. Dei fleste lofti er umlag frå same tidi som gamlestogone, frå sist i 1600 åri; men det finst loft som er umlag eit hundradår eldre. Frå fyrst i 1600 åri er det berre få og like eins frå 1700 åri. Elles er det liten skilnad på dei, anten dei er frå 16 eller 1700 aari. Ja, eit loft på Uppstad i Hylestad som er sett opp like etter 1800 (fig. 150) ser likso gamaldags ut som eit frå 1600 åri. I dette som i so mykje anna hev setesdølene vore konservative.

Det eldste loftet i dalen er truleg eit som stend på Haugen i Aaraksbø i Sandnes (sjå pl. 30, 31 og 33, 6—10 og fig. 143 og 157). Etter byggjemåten og ymse detaljar å døma, må det vera frå millomalderen.<sup>173</sup> Diverre er det ikkje so godt medfare som vore skulde. Baksvali og eine sidesvali er heilt burte og halve tōka er ny, både sperror og tro. Det kjem truleg av at loftet so langt folk veit um, hev høyr



148. Inne i loftet, Ose, Austad

Etter målarstykkje av Olaf Isaachsen, Nationalgalleriet Kr.a. Fot. O. Væring



149. Brottveitloftet, Valle

Fot. Ludvig Gulbrandsen

til tvo bruk. Dei aatte ein halvpart kvar, og dei hev vel ikkje alltid vore samde um vølingi. Svalene er breie og svære, serleg framsvali. Der er det glugg etter det heile, og det er nokre glugg i sidesvali med (pl. 31, 3). Like eins hev det vore i dei andre svalene, so dette loftet alltid hev stade åleine. Me finn eit par av dei fyr nemnde skjotegluggi i sidesvali. Det eine av desse, det minste (pl. 33, 7), kann me mest vera visse um er meint til skjoteglugg. Det er for lite til å gjeva ljøs, det ein heller ikkje treng um like ved den òpne framsvali som det stend, og det er for langt nede til å glåpa igjennom. Det høver plent til å liggja på svaltiljone og skjota i og er som laga til å setja ein låsboge burti. Det andre (pl. 30, 5) som stend heilt nede ved baksvali, er vel meir til å få ljøs inn. Det er mogleg at det ein gong hev vore delt av i denne enden av svali. Truleg hev dei havt ein „kåmår“ her. Loftet er stort og svært, det største i heile dalen, og det segjer ikkje so lite. Det er segnene til at dei hev bruka å dānsa upp i loftet, når det var gjestebod på garden,<sup>6</sup> og når ein ser koss loftet er utferda med pallar i l å sitja på, so det ikkje var rom til kistor, klæde o. a. som dei vanleg hev i lofti, kjem ein reint uviljande til å tenkja på eit gamalt gjeste- eller gildehus. Men det er uråd å få vita noko visst um dette. Oskorreii hev tumla svært i dette loftet. „Der var Avsøyle av gaamaalt med Buri aa Haugjen,“ skriv Skar.<sup>174</sup>

Det mest namngjetne loftet i Setesdal er Rygnestadloftet (sjå fig. 146).<sup>175</sup> Det er sett opp av Vonde-Aasmund Rygnestad. Um dette loftet skriv Skar: „Aasmund sette upp so svært eit Loft paa Rygnestad — „Nyeloft“ dei kalla. Der var ikkje ko bladde Stokkar. Svillerne var halvonnor Alen



150. Loft, Upstad, Hylestad

Fot. Gisle Midttun




151. Stolpehus, Kvaale, Bygglund

Fot. Gisle Midttun

tykke; barre ein stokk var av i Dyri. Aasmund hogde Timret ned paa „Rø“; han køyrde det heim med en Annærings Fole. Han hadde Timremenner fraa Holland til aa setja upp Loftet. Det var so overs vel virkta. Stokkanc var magetelgde, høvla og strokne; det var must med grønt Klæde — Vadmaal var det jamne. Den eine Veggen upp i Loftet var klædd med Skildr fraa framande Lond. Gaadde Aasmund raudklædde, daa heldt han seg i Nyeloft — der var so laglegt i Nyeloft med Kvile og Kamar og alt.<sup>176</sup>

Rygnestadloftet er ikkje plent som dei andre lofti i Setesdal. Døri inn til buret er på langveggen. Inne i buret er det tvo sengjer, den eine yver den andre, og dei er baa opphavlege. Frå ein timbra braudbinge som stend i eine krøi, kann ein koma upp på loftet gjenom ei luke i loftsgolvet. Denne braudbingen hev vore teken som eit løynderom,<sup>177</sup> men det er han ikkje; for han er sjåleg for alle, og det er dør i han ut til buret. Luka i loftsgolvet er helst gjord, so ein kunde sleppa ned i buret etter mat, um ein var nøydd til å halda seg i loftet ei tid og vilde vera usedd. Troppi upp til svali er på sideveggen, utvendes. Ei sterk luke ligg yver åpningi. Det er glugg etter det heile i tri av svalene. Den fjerde, baksvale, som her er på sida er heilt klædd. Midt på svali hev me kāmåren. Han gjeng eit stykke utanfor svalveggen og minner i so måte ikkje so lite um dei lokumi me hev på ymse steinborger frå millomalderen, t. d. i tårnet på Bergenhus.<sup>177</sup> Døri inn til loftet er i gavlen. I loftet heng enno dei „Skildr fraa framande Lond“, som Skar skriv um. Etter segni hadde Vonde-Aasmund dei med seg heim frå krigen. Dei er hollandske, men utan noko større verd. Det beste av herfanget hans er ein spansk dolk. Det hev ein gong stade sengjer i loftet. Ei stor tvolengd sengjeside stend der enno upp etter eine veggen.

Etter det Skar skriv skal loftet vera sett upp av timbrenner frå Holland; men det er lite truleg. Endå loftet ikkje er plent som andre setesdalsloft, skil det seg ikkje ut frå dei i byggjemåte og detaljar. Lafti er dei vanlege, like eins strykane og mangt anna. Skilnaden ligg meir i, at det hev slik sterk karakter av å vera sett upp til vern. Me tykkjest å finna att fleire drag frå borgtårni i dette loftet enn i dei andre. Som t. d. den utbygde kāmåren og at ein kann sleppa usédd frå loftet ned i braudbingen. Dette hev



152. Oselloftet Austad

Fot. Gisle Midttun



153. Stolpehus, Kjelleberg Valle

Fot. Gisle Midttun



155. Basstoge, Rike, Valle

Fot. Gisle Midttun

snaudt timbremennene funne på. Det er heller Aasmund som hev nytta nokre av røynslone sine frå utlandet og krigen.

Elles hev Rygnestadloftet ikkje so liten likskap med Rolstadloftet frå Gudbrandsdalen,<sup>178</sup> no på Norsk Folkemuseum. I dette er døri inn til buret på sideveggen, og troppi stend på same måten. I svali er det kâmår like eins; men her stend han nede i eine enden og gjeng ikkje utum svalveg-



154. Nomelandsloftet, Valle, K. F.

Fot. Gisle Midttun

gen. Staveloftet frå Aal i Hallingdal,<sup>179</sup> no på Hallingdals Folkemuseum i Nes, hev havt kâmår, og truleg hadde fleire loft det i millomalderen. Kâmåren er soleis ikkje noko sêrs for Rygnestadloftet; det er meir det at han gjeng utum svali, og loftet i seg sjølv er ikkje stort annarleis enn vanlege millomalderloft. Men Rygnestadloftet er ikkje frå millomalderen. Hev Vonde-Aasmund sett det upp — det me ikkje hev grunn til å tvila på — er det frå sist i 1500 åri. I 1591 er Vonde-Aasmund nemnt lensmann i Valle (sjå s. 99), og truleg er loftet sett upp nokre år fyre den tidi. Men um me ikkje visste dette, vilde me likevel sett byggetidi til burt imot 1600. Ymse detaljar i loftet, t. d. dei granne svalsulone, peikar i den leidi.

Det som mest hev gjort loftet so namnspurt, er soga um Vonde-Aasmund. Ho hev samla seg kring dette loftet som det faste, synlege midpunkt. Her låg det mange minne etter han, og her, uppe i loftsvali, var det han stod, då han radde mælestongi med piler, den gongen futen kom og skulde taka han.<sup>176</sup> Um eit og anna av det som er fortalt um han, berre er segner, drag frå andre kjempor i eldre tider, so stend loftet der og vitnar, at det meste er sant. Og ser ein loftet, vil ein skyna at Aasmund Rygnestad var framum anna folk i dalen.

Eit av dei beste setesdalslofti er Oseloftet (fig. 152 og pl. 34–37), no på Norsk Folkemuseum. Det er stort og drusteleg, etter loftet i Aaraksbø det største. Svalene er breie, serleg framsvali og sidesvalene; men det er heller lågt under tōka i sidesvalene. Det er eit typisk loft frå dei nedre bygdene. Det som gjer det betre enn andre loft, er dei gode former loftet hev, og so all utskurden. Dører og beitskior og stolpar og slindrar i framsvali er sêrs vent skørne med karveskurd og „setesdalsskurd“ (sjå pl. 35 og 36). Skak-



156. Loft, Dale, Valle

Fot. Gisle Midttun

stokkar og stavlægjor hev utskørne blad, og den eine stavlægja ein fugl. Det siste finn me ikkje andre stader, so vidt eg veit. Dørene hev vakre, smidde hurdjarn og lykle-skrå og støypte hurdringar av bronse eller messing (pl. 35 og 37). Kvar stokken er høvla, klavedregen og stròken og like eins sperror, bjelkar, simsar og skjeldtilfjoler (sjå pl. 37).

Loftet er ikkje av dei eldste. Dei svarva sulone i gluggi i framsvali segjer oss at det snaudt kann vera eldre enn 1700. Etter segni er det Knut Torjusson Helle frå Hylestad som hev timbra loftet.<sup>180</sup> Um so er, hev me her namnet på ein av dei beste timbremennene i dalen for ikkje å segja heile landet. Oseloftet er so godt uppsett, hev so vel virkta stokkar og so tett samanhogne laft at me snaudt finn det andre stader.

På Dale i Valle stend eit godt loft (fig. 156 og pl. 32 og 33). Det er typisk for setesdalslofti i dei øvre bygdene. Det ser ut som var det heilt samanbygt med gamlestoga, med di svillar og stavlægjor gjeng like burt i gamlestogveggjene.

Men stoga ligg noko lågare enn loftet, so loftsvillar og stogsvillar aldri hev gjenge i eitt. Millom loftet og stoga hev det alle dagar vore ein skåle. Døri inn til denne skålen hev plent like eins beitskior som dei i buret, og hev stade der frå fyrste stund. Loftet er godt halde og hev heile svaler. Framsvali er utskøri; men det meste av utskurden hev musknast av ned igjenom tidi. Loftet er sett upp i 1630 åri.

I Bykle stend „Mugsloft“ enno. Det skal vera sett upp av rudkallen Mugg'e Byklum. „Mugg'e muste me raudt og grønt Klæi; de va so de lysti i Suó,“ skriv Skar.<sup>181</sup> Det er ikkje so mykje att av loftet hans no. Svalene er nye, og det hev vore „avlept“. Då vart stokkane avskørne ei alen i kvar enden.<sup>6</sup> Det er stort timber i loftet. På Hólen og Stavenes i Bykle stend eit par svære loft; men dei er ille medfarne. Det i Stavenes svipar på Telemarkslofti (fig. 177). På Rysstad i Hylestad hev me eit loft der bursdøri er rundboga ovanntil. Det ser ut til å vera frå 1500 åri. På Helle i Hylestad er fleire gode loft som minner ikkje so lite um Oseloftet; men dei er mindre og ikkje so mykje for seg gjorde. Truleg hev Knut Torjusson sett dei upp. På Austad stend eit som, utum dei vanlege gluggi, hev fleire små trikanta glugg i svalveggjene. For ljøset skuld er dei ikkje sette der, so truleg er dei meinte til skjoteglugg. Loftet ser gamalvore ut og tykkjest vera frå sist i 1500 åri. Elles hev me nok av gamle loft i dalen som det kvar for seg er noko å læra av.

I dei gamle sogone våre stend rett som det er nemnt *búr*. I desse buri hadde dei matvaror, klæde o. a, plent som dei hev det i lofti i Setesdal o. a. st. Dei gamle buri stod oftast sert, men nær våningen, og det hende at dei var bygde i hop med han. Utum *búr* er ofte nemnt *skemma*,<sup>182</sup> *svefnskemma* og *svefnbúr*, hus som låg sert og som var nytta til soverom anten for husfaren eller visse andre av husfolki og for gjester som kom. Eit hus, der det budde fornæme, ugifte kvende i — eit „jomfrubur“ — er kalla *skemma* like eins. *Búr* og *skemma* er bruka um kvarandre og blanda i hop, so på mindre gardar hev det truleg vore eitt og same huset. Alt frå gammalt hadde skemmone ofte tvo høgder, *undirskemma* og *skemmu-loft* eller berre *loft*, og svaler uppe i loftet på ei eller fleire sidor, *svalir*, *loftsvilir*. Ei tropp, *rið*, *stigi*, førde frå jordi upp til svali. Herifrå var døri inn til loftet.<sup>183</sup>

Som me ser svarar skemmone i sogetidi plent til dei lofti me hev i Setesdal, um me ikkje skal segja at det er nett same husi. Liknande loft som i Setesdal o. a. st. her i landet hev me elles døme på frå Sveits;<sup>184</sup> men nokon beintfram samanheng millom dei sveitsiske lofti og dei norske kann det ikkje vera tale um. Det må heller koma av at dei hev same opphavet. Truleg finn me det i dei gamle borgtårni


som endå til i Tyskland kunde vera av tre so seint som i 1067.<sup>185</sup> Men ingen av dei stend att, so me hev lite å halda os til. Likevel er det, som me hev sét, eit og anna som tyder på at dei i lofti i minsto hev tenkt på forsvar. Me må difor kunna segja at lofti er påverka av borgtårni. Elles liknar lofti ikkje so lite på eit tårn. Dei stend høgt yver dei andre husi, og frå svali som minner um ein vektargang med skjoteglugg i, hev ein utsyn vide ikring. Endå større vert denne likskapen, når lofti gjeng upp i tri høgder, eller er „trihøgde“ loft som det heiter.

Av slike trihøgde loft kjenner me nokre få i Setesdal. So vidt me kann skyna hev det aldri vore mange av dei. No stend det berre eit att i dalen, „Gamleloft“ på Nordigard Rygnestad (fig. 166); men me hev eit på Norsk Folkemuseum, Brottveitloftet (fig. 149 og pl. 12, 21 og 22), og eit på Kristianssands Folkemuseum, Nomelandsloftet (fig. 154). Dei me kjenner er alle frå Valle. „Gamleloft“ på Rygnestad er litt annarleis enn dei tvo andre lofti. Desse er plent like eit vanleg loft, berre at dei, som namnet segjer, hev tri høgder. I andre og tredje høgdi gjeng det svaler heilt rundt. Alle dører er i gavlveggen fram mot tunet. På Brottveit hev troppi upp til svali i andre høgdi gjenge upp frå enden av stogesvali. Frå andre høgdi til tredje er ho inne i sjølv loftet. I Nomelandsloftet gjeng bae troppene inne, og i so måte er dette loftet eit undantak frå dei vanlege setesdalslofti. Gamleloftet på Rygnestad er som sagt annarleis. Det er bygt saman med gamlestoga. Loftet og stoga stend på same svillane, og dei gamle stavlæggjone i stoga gjeng inn i gavlveggen i „Midloft“, som andre høgdi heiter. No er gamlestoga påbygd; men fyrr ho vart det, stod „Hågelopt“, tredje høgdi, fritt yver stogetaket. I so måte minner Rygnestadhusi ikkje so lite um ramloftstogone, dei me kjenner frå Gudbrandsdalen og Heidmark.<sup>186</sup> Um det ikkje nett er råd å finna nokon beintfram samanheng imillom dei, torer dei vera av same rot med eit sams fyrebilete ein gong i millomaldere. Truleg stend Rygnestadhusi dette fyrebilete næmast. Gamlestoga på Rygnestad hev havt sval, og stogesvali og loftsvali hev gjenge i eitt. Loftet hev svaler i gavlen i alle tri høgdeno og på sida i andre og tredje høgdi. Svalstolpane i hyrni framme gjeng i eitt heilt frå jordi og upp under tōka. I sidesvalene gjeng dei like eins i eitt frå andre høgdi og upp. Troppi upp til andre høgdi hev gjenge upp frå stogesvali.

Det hev vore eit trihøgde loft til i Valle. Det stod på Nordigard Hovtuft. Um dette loftet skriv Skar:<sup>187</sup> „Der va so Gaste stort a Loft i Noriga. De va trihaagt; der va baa Bur aa Midtloft, aa Evvreloft ell Haageloft. Haageloft ha Svøl me baae Lea, men inkji frammi aa inkji att-i. Svøli kadda dei „Veng’e“. I dei eine Vengjē va a liti Kōt me


Dynn aa. Der va myrkt.“ Dei hadde ein utskøren ramn av tre i kōte. Han var svart. „Dei gaav’ o Kjøt aa ha Gjestebo ’pi Haageloft. Kjøte la dei ni Kōti ti o —.“ „Haddvaar Hoptu tok Haageloft burt, daa ’an fekk Garen; de va kringum 1814. Ti dei Tiinn’ ha ’an vore aa Osi si ’an va ti, av di Fair ’ass ha baa Osi aa Hoptu. Daa ’an so kaam ti Hoptu va ’an fræmind’e liksom, aa laag inkji i noko sereigji Tru paa Ramnen; so sytt’ ’an inkji me aa rupl’ o. Daa Haddvaar fór i 1834, varte Garen bytt i tvau aa Haageloft sett upp att’e ti Stopphus aa dei nye Brukjē. Der stend’e de enno.“ Dette er alt me veit um loftet på Hovtuft. Av det som er att, er serleg eit par beitskior merkelege. Dei er so svært utskørne med ein skurd som minner noko um den me hev på pl. 54, 4. Dei er no snudde, so skurden vender inn til loftet.

Alderen på dei trihøgde lofti i Setesdal er so ymisleg. Brottveitloftet er yngst. So vidt ein kann skyna, skriv det seg frå siste helvti av 1600 åri. I 1664 budde Bjørn og sonen



157. Loftsdøri, Haugen, Aaraksbø, Sandnes

Fot. Gisle Midttun



158. Kiste, Valle

N. F. 1131—11

Dreng Bjørnsson på Brottveit. Dreng var då 31 år.<sup>188</sup> Um Dreng veit me, at han var ein rik mann som hadde mykje pengar på rente rundt i bygdi.<sup>189</sup> Truleg er det han som hev kosta upp loftet. Nomelandsloftet er eldre. Etter Skar er det umlag frå same tidi som „Nyelopt“ på Rygnestad. Vonde-Aasmund let mannen på Nomeland, som etter segni var gift med Sissel, systeri, hogga timbret til det på Rygnestad; „men byggjer du 'kji so at der alli va Makji, so brenner eg de upp,“ sa Aasmund då han gav han timbret.<sup>190</sup> I ymse detaljar er det ikkje so liten likskap millom Nomelandsloftet og „Nyelopt“, so truleg hev det vore same timbremennene. I 1598 er Sigurd Nomeland nemnt lensmann i Setesdal,<sup>191</sup> og det er helst han som hev sett upp loftet. „Gamleloft“ på Rygnestad er det eldste. Me veit at det er eldre enn „Nyelopt“, og det er mykje som talar for at det gjeng heilt attende til sist i millomalderen.

Som fyrr nemnt er dei trihøgde lofti truleg i ætt med dei gamle borgtårni; men at dei meir enn andre loft hev vore sett upp til forsvar, er lite truleg. Kva dei elles hev vore nytta til, veit me ikkje visst. På dei gardane der dei hev dei, er det alltid eit loft til, so dei hadde ikkje nett bruk for dei til å hava mat og klæde i. I buret veit me at dei likevel av og til hev havt matvaror som i buret i eit vanleg loft. Like eins hev dei ein gong vore nytta til soverom, truleg for gjester. I loftet på Rygnestad stend det soleis eit par sengjerekkjor, og i Brottveitloftet hev det vore sengjer nede i buret. Eg hev høyrte ei segn um, at dei nytta andre høgdi til å dansa i, når det var gjestebod, og i den tredje sa dei gamle og drakk. Dette samstavar med den segni me hev um Hovtuftloftet, og her møter me endå til drag som tyder på eldre religiøst bruk. Etter dette skulde dei trihøgde lofti vera eit slag gilde- eller gjestebodshus; men um det verkeleg er so, er uråd å få vita. Dei er helst sett upp av folk som vilde vera framum andre, som hadde god råd og totte det var staseleg å hava eit slikt loft standande på garden, og det er so rimeleg at dei då nytta det til gjestehus.

Her i landet er det berre i Setesdal, me finn trihøgde loft no; men me hev segner um at det hev vore i Numedal og i Hallingdal.<sup>6</sup> På Gryting i S. Fron i Gudbrandsdalen

stod i eldre tid eit svært loft som var trihøgde og hadde tolv veggfaste sengjer. Det vart rive nokre år fyre 1781.<sup>192</sup> Som me skynar hev det vore eit soveloft. I utlandet hev me døme på trihøgde loft i Sveits og Tyskland. I Sveits, der dei kann vera upp til fire fem høgder,<sup>193</sup> liknar dei mest på dei norske. Dei tyske som me hev i Sachsen-Altenburg,<sup>194</sup> er meir tydeleg ætta frå dei gamle „Barfred“.

Dei trihøgde setesdalslofti vitnar um storfolk og rikdom, um andre tankar og andre hugmål, enn dei me no er vane med. Me skimtar attende til millomalderen med sine eventyr, sogor og visor. Dei livde den gongen på tunga hjå dei høgste standi i landet. No finn me dei att langt uppe i fjell-dalane hjå ein og annan gamal kallen som hev høyrte og gøymt dei. Slik er det med dei høge lofti òg. Dei hev ein gong stade på storgardane i landet og høyrte heime i det miljø folkvisone skildrar:

„Sigur rei den allan Dagjen  
aa ingjen Garen saag,  
alt ti 'an kaam aat den grøne Lunden,  
der Greive-garen laag.

Aa Greiven sat i Haagan-loft  
aa ser seg ut so vie:  
No tikj' eg, eg høyrer de inna Borgo,  
at ottaf'er Borgjinn' dei rie.

Aa Greiven gjekk i Haagan-loft Svalli,  
saag gjenom Hjelmen trøng:  
No ser eg Grani aa Sigur Svein,  
som leikar slik Kjætesprong.“<sup>195</sup>

### STOLPEHUSET

Som namnet segjer, stend stolpehuset på stolpar. D kann det koma frisk luft inn under golvet, so matvarone held seg betre, og mus og andre skadedyr hev ikkje so lett for å sleppa inn. Serleg vrangt vert det, når ein som det vanleg er gjort, lèt svillane vera breie og flate på undersida og hogg stolpane slik at ein brei krans stend att uppe.



159. Kiste fra 1756, Valle

N. F. 1131—11

Dei vanlege stolpehusi i Setesdal hev sval av stavverk framfyre gavlen, og svali heilt klædd både framme og på sidone (fig. 141). Døri inn til svali er i gavlen og like eins sjølve stolpehusdøri. Desse stolpehusi hev me flest av i dei øvre bygdene, endå det ikkje er mange av dei. Dei me finn der, er ikkje gamle. Dei skriv seg frå tidi ikring 1700 og utetter. Liknande stolpehus hev me døme på frå Vest-Telemarki der dei ser ut til å vera eldre, og truleg er det derifrå dei hev kome inn i dalen.

I dei nedre bygdene vantar stolpehusi oftast sval. Dei er sette upp av vanleg „magetelgt“ timber, og gjenom ei dør i gavlveggen kjem ein like inn i buret. Stolpehusi stend mest på gardar der dei ikkje hev loft. Dei hev m. a. o. kome i staden for lofti og må difor vera yngre i dalen enn dei. Det eldste eg hev sét, var frå 1660; men der kann sjølv sagt vera eldre. Oftast hev dei tvo stolpehus på garden, og mest alle stader ser ein at dei stend ved sida av kvar andre (fig. 151). Fleire av dei er delt av på langs med ein vegg midt etter; men denne veggjen gjeng ikkje lenger upp enn til skorbitten.

Det største stolpehuset me hev i dalen, stend på Ose, „Oseburet“ som det heiter.<sup>180</sup> Det er delt i tvo. Stolpane under det er so høge, at det er full høgde under golvet. Dei stend på svillar, og millom dei og hussvillane er det sett fjøler som i vanleg stavverk. Døri inn til underrommet er i gavlveggen. I staden for fjøler er denne veggjen av timber som ligg tvertvver, millom stolpane. Sjølve stolpehuset hev sval i gavlen. Ho er òpi framme. På sidone gjeng veggjene heilt ut. Millom stavlægjone gjeng det ei slinder tvertvver framme, og millom denne slindri og sperrone „pi ramlee“, som det heiter, hev det truleg ein gong vore klædt med fjøler. Frå svali gjeng ei dør inn til kvart



160. Kiste, Viki, Valle

Måla av Hallvor Asbjørnsson



161. Kiste, Kveste, Valle

av dei tvo romi i stolpehuset. Beitskione er vent utskørne med „setesdalsskurd“ og like eins slindri i gavlen. I mangt og mykje er Oseburet noko for seg sjølv som me ikkje finn maken til andre stader. Det skal vera sett upp på same tid som Oseloftet og av same timbermannen, Knut Torjusson, Helle.<sup>180</sup>

Nokre få stolpehus som eg berre kjenner frå Valle, fell òg utum dei vanlege. Dei er ørende små og hev ikkje sval framfyre gavlen. Dei er timbra upp av kløyvde stokkar med den slette sida inn (fig. 153). Liknande timber hev eg funne i eit og anna kvernhuset og i nokre få buer; men i buene er det ikkje sætande, av di dei helst nyttar gamalt timber frå andre hus til dei. Det er lettare å frakta innyver heiane. Truleg er timbret i desse buene frå slike stolpehus. Men i kvernhusi er det upphavleg, og det er berre i dei eldste kvernhusi me finn det. Eit av dei hev årstalet 1563 som tvillaust er reit, og desse små stolpehusi torer vera umlag frå same tidi. Kvifor dei hev kløyvt stokkane er ikkje godt å vita. Det kann ikkje vera til å spara timber. Det hadde dei nok av, og husi er små. Det kann vera berre ein skikk, mote, som hev kome inn; men då måtte me ha funne slikt timber i andre hus òg. Kvernhusi hadde det. Det er det einaste visse. Der mól dei mjølet sitt, og fyrr måtte dei mykje sælda det, rista det gjenom eit mészåld, av di kvernsteinane ikkje mól det fint nok. „Sådene låg som geiteragg“.<sup>6</sup> Når dei mól, og mest når dei sælde, fór mykje av mjølet upp i lufti som dust og la seg i veggjerivor og sprungor, um det var slike. Var veggjene slette, slapp dei det. Då fall det berre ned på tiler, der dei kunde sopa det upp og nytta det til krøtermjøl eller til seg sjølve, um det var reint nok. Det er mogleg at dei hev stade på desse stolpehusi og sældt mjøl like eins; men elles veit me at dei hadde kvernar heime på garden òg, innekvernar, som dei heiter. Dei er fleire gonger nemnde i skifti,<sup>91</sup> so dei hev vore svært vanlege og mykje nytta. Det var handkvernar som mange gonger kunde vera mest likso store som bekkjekvernane eller utekvernane, og det er ikkje umogleg at dei hev havt





162. Kverndammen, Viki, Valle

Fot. Gisle Midttun

plassen sin i dei slettveggja stolpehusi. Um so er, vert dei òg eit slag kvernhaus. Dertil hev dei vel havt noko mjøl standande i dei.

Elles er stolpehusi nytta på same måten som buri. Dei hev korn, mjøl, braud og kjøt standande der i kjer, bingar og koppar, og på veggjene heng selar, reip, vidjor og anna dei treng um. Er stolpehusi delt i tvo, svarar då den eine helviti til buret og den andre til loftet der dei hev kistor og klæde. Hev dei tvo stolpehus, er det sjølvsagt det same som loft og bur.

I sogone våre er nemnt *stokkabúr* og med det er truleg meint eit bur som stend på stolpar.<sup>197</sup> Stolpehusi skulde soleis ganga attende til millomalderen. Berre dei små, slettveggja, som truleg hev havt eit sérs bruk, kann vera so gamle i Setesdal. Dei andre, vanlege, tykkjest fyrst å ha kome inn frå 1600 åri av, etter kvart som dei gamle lofti rotna ned. Som det enno er det mest vanlege, hadde dei fyrr matvarone sine i buret i musefri bingar og kjær. Difor var ikkje stolpehusi plent naudsynlege til matbuer. Dei fekk hava maten i fred likevel. I sogone er òg nemnt *útibúr*, og hermed er vel meint eit bur som stend for seg sjølv, ut frå dei andre husi.<sup>197</sup> Det høver på stolpehusi like eins. Dei stend helst for seg sjølv. I minsto hev dei eldste slettveggja gjort det.

### BASSTOGA

Basstoga er eit lite timberhus som stend langt frå dei andre husi. Det er for eldsfåren skuld. I dei fleste basstogone spring tōka i den gavlen døri er, noko lenger ut enn plent naudsynleg for huset skuld (sjå pl. 39, 3). Det er av umsyn til veden som vanleg ligg i eit lad oppetter veggjen ved sida av døri (fig. 155). Av same grunn ser ein stundom at sideveggjene gjeng so langt fram at det vert som ei liti òpi sval

framfyre døri (sjå pl. 38, 2 og 3). I den bakre gavlveggjen er eit lite glugg, so det vert trekk, når dei eldar. Dei teppar det att med „basstogdytta“, når basstoga er varm nok. Timbra er must, og taket er som andre tak med sperror (ingi åsar), tro, nåmtro, næver og jord (sjå pl. 38, 4).

I basstoga møter me ei ny omnsform. I gamlestoga hadde me åren. I nye stoga skorsteinen. Her hev me røykammen.<sup>198</sup> Dertil kjem kakelomnane og dei elektriske omnane som no er tekne i bruk på ymse gardar i dei nedste bygdene. På same stad og til same tid hev me soleis umlag alle dei omnsformer, me kjenner, og alle er nytta på ein gong kvar til siit bruk. Det er berre i Setesdal ein kann finna slikt.

Basstogomnen (sjå fig. 130 og pl. 39, 4 og 5) er mura upp av gråstein utan kalk og leir. I botnen legg dei store, flate hellor, til sideveggjer finn dei seg ut nokre høvelege steinar, og i taket legg dei steinane mot kvarandre, so det gjeng upp i eit møne. Opningi som vender fram mot basstogdøri, er alltid noko trøngare enn sjøve omnen. Rundt den mura omnen og oppå han legg dei so mykje stein der gjeng, so han til slutt ser ut som ei steinrøys. Di større røysi er, di lenger held han varmen. Innvendes liknar han ein bakaromn; men han hev ikkje mura røykgangar som denne. Det er heller ikkje naudsynleg. Røyken gjeng ut millom steinane. Frå basstoga slepp han ut gjennom døri, „basstogglugget“ og ymse rivor, det treffer til å vera i timbra.

I basstogone er det breie pallar. I dei eldste er det berre



163. „Lofstetti“, Oseloftet, Austad Fot. Jenny Arnesen

two, ein på kvar side etter langveggjene. I dei seinare er det kome ein pall til. Han stend tvertvyver ved gavlveggen, og i dei aller nyaste kann det vera tvo rader med pallar, den eine radi yver den andre (sjå pl. 38, 1 og 2). På pallane turkar dei korn. Når basstoga er uppelda, so kvar einaste stein i omnen er varm som ei glod, noko som kann taka upp til eit par dagars elding, lèt dei det brenna ut i omnen. So legg dei kornet i eit måteleg tjukt lag utyver pallane, set „basstogdytta“ i glugget og lèt hurdi godt att. Er basstoga fyrst varm, kann dei turka fleire gonger med ei elding. Når kornet er turt, sopar dei det burt gjenom lukor som er sette der til dette bruk (sjå pl. 38, 5 og 6). Dei stend alltid i pallendane nede ved døri.


Utum kornturking nyttar dei basstogone til å „døyva klæde“ i,<sup>199</sup> og av og til steikjer dei enno formstump eller maltstump i basstogomnen. Fyrr gjorde dei alltid det til joli, og når det skulde vera gjestebod.<sup>200</sup> Basstogomnen er soleis bakaromn òg.

I eldre tid tok dei eimbad i basstogone. I slutten av 1600 åri veit me at dei bada seg kvar laurdag. I ordsamlingi frå Robyggjelaget heiter det: „Imidlertid gaar de udi badstue : efterdi ogsaa ved huer gaardsplads endten liden eller stor, v-feilbar findis een Badstue :| Mands og Quindis personer, drenger og piger uden naagen undseelse, tilsammen, og bader sig, kiemmer, toer, vasker og stifuer etc.“<sup>201</sup> Skar veit å fortelja um koss dei fór, når dei bada seg, og



164. Låvedøri, Brottveit, Valle

Fot. Gisle Midttun



165. Inne i kvernhuset, Viki, Valle

Fot. Gisle Midttun

um dei siste i dalen som bruka „basstoglaug“, som det heiter: „Dei bada seg stundom i Badstoga. Daa hita dei Badstog-omnen og skvette Vatn paa, og laag paa Pallen og sveitta. So tok dei paa Dyri og svala seg, og turka Sveitten med eit Strigeplagg. Di strengare Kyld der var, di mætare heldt dei det. Dei var so lette i seg naar dei bada seg; dei vilde mest fjuka sa dei.

Torjus Dale var so viss aat Badstoga næst fyre Jol. Papa og Mamme heldt seg paa Dale daa; so sprang eg med han og saag koss han fór. Han tok med seg ei Bytte Vatn og noko Bjørkerisor, mest som ein ørliten Lime. So laag han paa Badstogpallen og stakk Limen i Vatnet og svirpa seg. Me log so aat han for dette. Det var ikkje ko Torjus eg saag, koss han bar seg; men dei fortalde um andre gamle i Aardal, at dei bada seg plent som Torjus gjorde. Var dei aat Aai, sa dei at dei „lauga seg“.

I Austad hadde dei halde upp aa bada seg. Men Gunnstein Breiland hadde eit Ordtak dei hermd: „Eg vi have mi a Bass-stoglaug,“ sa han fyrst han hadde Knip i Ryggen og inkje var Mann til aat Smidja — han var so sers god ein Smed, Gunnstein.

I Bykle bada dei seg, heilt til her kom Postveg i Dalen. Det var helst Joleftasdagen. Daa anna dei seg til, med same dei hadde døydt Klædi, og Badstoga var maateleg varm.

Her er Segner til, at Utmennerne bada seg likeins i eldgamall Tid. Fantarne tok ei Gjente i Mykland Joleftasdagen — det var paa Risdal, i Vestegarden. „Dei tok henne i Badstoga med ho tvo seg,“ sa dei Gamle.“<sup>202</sup>

Etter det Skar skriv å døma, var det i 1840 åri dei reint slutta å taka basstoglaug i Setesdal. Postvegen t. d. kom i dei åri. Men då var det berre nokre få att som heldt på den gamle skikken. Jamt yver hev dei vel slutta fyre



166. Stoga og Gamleloft, Rygnestad, Valle

Fot. Gisle Midttun

den tidi, ein mannsalder pålag, so me kann rekna med at basstoglaugi heldt opp ikring 1810–30. Nett i dei aari sluttar dei med mange andre gamle skikkar. Skeidet, dei lange gjestebodi på fleire dagar og „Tolvteruset“ i Joli heldt opp då.<sup>203</sup> Det gjekk ei svær vekkjing yver dalen. „Lærarane“, som dei vakte vart kalla, fordømde dei fleste gamle skikkane. Sjølv sagt hev dei ikkje lika basstoglaugi heller, og so hev folk slutta med dei. Det kann vera mange andre grunnar;<sup>204</sup> men eg trur me hev den viktugaste her.

Basstoghusi vert aldri gamle. Dei er sjeldan yver hundrad år og plar helst brenna opp lenge fyre den tidi. Men truleg hev dei sét like eins ut fyrr i tidi òg. I minsto veit ikkje folk anna enn at dei hev vore slik alle dagar. Liknande basstogor som i Setesdal hev me andre stader i landet, og ein gong i tidi hev dei truleg vore yver det heile.<sup>205</sup> I sogone våre er nemnt *badstofa*, og det kann snaudt vera tvil um, at basstogone i sogetidi hev sét ut som dei basstogone me hev i Setesdal.<sup>206</sup>

### SMIDJA

Smidjor hev dei ikkje på alle gardane no; men dei hev havt det fyrr,<sup>6</sup> og dei er so vidt vanlege at dei høyrer med til ein rett setesdalsgard. Det er små uvande timberhus med døri i eine gavlvegzen og eit glugg eller vindauga i langveggen (fig. 174). Glugget hev ikkje glasrutor, og når dei ikkje brukar smidja, set dei ein trelem fyre. Inne i smidja stend avlen mura i krøi næmast dørveggen og belgen nedetter langveggen til baksida. So er det ein kølbinge der, eit smidjested, ein filebenk med skruvested og noko ambod.


Kvar mann var mykje sin eigen smed fyrr. D. v. s. dei kunde gjera alt uvandt smidjearbeid, dei trong: Smida ein hestesko, kvessa eit grev, sko hestar, laga ein køyrehake o. dl.; men var det vandare arbeid som lås, fine hurdjarn,

lykleskrå o. a. gjekk dei til folk som kunde smida, til bygdesmedane. So vidt me veit hadde ikkje dei heller likare smidjor; men ambodi var vel betre.

### KVERNHUSET

Eit kvernhus frå Setesdal som no er på Norsk Folkemuseum, hev årstalet 1563, og det er minst so gamalt. Ein av stokkane hev til og med årstallet 1463; men det kann sjølv sagt ikkje vera rett. Tali ser ut til å vera frå 1500 åri og er truleg skørne av den same som skar 1563. Kann henda hev han då havt ei segn um at kverni var hundrad år gamal, eller òg hev det berre vore eit hugsviv. Koss det er med dette eller ikkje, so er kverni frå 1500 åri, so vidt det er råd å døma um tal. Dette kvernhuset er timbra opp av kløyvde, halve, stokkar med den slette sida inn. Me hev nokre til som er sette opp av halve stokkar (sjå fig. 173 og pl. 40), og truleg er dei umlag frå same tidi. Dei fleste kvernhusi i dalen hev elles „møgetelgt“ timber. Dei skriv seg frå 16 og 1700 åri. Nokre få med flathogge timber er frå seinare tid. Men med undantak av dette, at timbret kann vera noko ymisleg, er det ingen skilnad på dei. Dei er like alle i hop.

Det er små hus med høge mura pilarar under. I minsto stend den enden som vender ut mot bekken på pilarar. I den andre enden kann timbra standa på ein mur, som er sett langs etter bekken. Taket er oftast med mønsås og utan sperror. Troet er då tjukt og ligg opp ned. Inne i kvernhuset (sjå fig. 165) er dei òg alle like. Kvernsteinane ligg på „luen“. Understeinen ligg fast, medan yversteinen kann sviva. Var han gamal og sliten, so han vart for lett, la dei ei „åløge“, oftast ein liten gamal, sliten kvernstein, oppå.




167. Fjøsset, Ríce, Valle

Fot. Gisle Midttun

Rundt steinane stend „Garetretti“ med ei åpning framme, so mjølet berre kann sleppa ut her og falla ned i mjølkista. „Via“ som dei slær kornet i, heng yver „kvernauga“. Ho heng på tvo naglar som gjeng frå slindri og inn i veggen bak. Under via hev me „matsvinet“, på lag som eit lite trøg med ei renne i eine enden. Her renn kornet ut og dett ned i „auga“. I renna er ei luke, ein kann lyfta upp og ned, etter som ein vil ha åpningi stor eller liti til. Det gjer ein med ei stillegreie, som dei kallar „kråka“. Frå matsvinet gjeng det ut ein liten arm med eit høl i enden. Via hev òg ein liknande arm, eller det er ei lykkje uppe i slindri. I hòli stend „skakvonden“ upp ned på kvernsteinen. Når kverni gjeng, hoppar og rister skakvonden, so det rister i matsvinet med, og kornet renn jamt og stødt ned i auga. (Sjå pl. 41, 1).

Kvernkallen (sjå pl. 41, 2) stend på grunnstokken. „Grunnpikjen“ gjeng gjennom „klauvi“ og ned i grunnstokken, der han stend på eit stykke jarn som er fellet nedi. „Grunnpikjen“ og „klauvi“ er av jarn like eins. „Fjøyrrinn“ stend litt på skeive i ein krans rundt kallen nede, so tett som råd er. I den øvste enden gjeng „spenólen“ gjennom „trebussan“ i understeinen og upp i auga på yversteinen. I enden av spenólen stend „sigle“ ivertyver. Det gjeng inn i yversteinen i ei skòr på kvar sida av auga, so når kallen sviv, lyt yversteinen sviva med. Spenólen og siglet er sjølv-sagt av jarn. Frå eine enden av grunnstokken stend ein stokk loddrett upp gjennom „luen“ (sjå pl. 40, 3). I øvste enden gjeng det ein bløyg på tverke, so stokken heng på „luen“. Driv dei no andre bløygar inn under tverbløygen, kann dei lyfta upp yversteinen. Denne greia hev namn av „lettekløvi“.

Lengda på sløki rettar seg sjølv-sagt etter fallet. Etter



168. Båsar, vårfjoset, Aakre, Valle

Fot. Gisle Midttun



169. Vårfjoset, Aakre, Valle

Fot. Gisle Midttun

gamalt skal det vera tri sløk. Næmast kallen hev me „kaddeslòke“, so kjem „langeslòke“ og „rindeslòke“. Dertil hev me øvst uppe „hólsglipen“, ein kort, i øvste enden brei sløkstubb, som gjeng inn i kverndammen. Rindeslòke er òg stutt. I øvre enden ligg det på ein stokk, so dei kann skreida det til og frå „hólsglipen“. Det er her ein slepper vatnet på kverni eller slær det av (fig. 162). Hev dei ikkje rindeslòk, brukar dei andre stemmegreior, t. d. ei luke som dei set ned i slòket. Oftast er luka fest til ei vippe.

Liknande kvernhus som i Setesdal hev me i Telemarki, Vest-Agder, Vestlandet, Gudbrandsdalen o. fl. a. stader, og sjølv-sagt hev dei ein gong i tidi vore vanlege yver heile landet. I erkebisp Jóns Kristenrett, i rettarbøter og i eit par gamle brev er nemnt *mylna* og *mylnuhús*.<sup>207</sup> Truleg hev desse mylnone sèt umlag like eins ut som dei kvernhusi me hev i Setesdal.

### FJOSSET

Fjosbygningane vert aldri gamle. Det er alltid so rått i eit fjos, at dei rotnar fort ned, og det er snaudt me hev eit einaste fjos som gjeng attende til 1700 åri. I minsto er det ikkje noko att av innreidingi frå den tidi. Likevel veit me noko so nær, koss dei gamle fjosi såg ut. Når dei sette upp nye, retta dei seg mykje etter det gamle, og elles hev me vårfjosi å halda oss til. I mangt og mykje er dei like fjosi heime på garden som dei var i eldre tid.<sup>6</sup>

Dei gamle fjosi stod so vidt me veit i sér, men oftast inne i uthusrekkja (sjå pl. 10 og 11). No er dei mest alltid bygde i hop med løda (sjå fig. 100). D. v. s. fjoset stend oftast på den gamle staden; men som det er millom loft og stoge i den seinare tid, hev dei stelt til ein skåle her òg, fjoskålen. Fjostøka er lengd, so ho gjeng like mot lodeveggen; men elles er skålen berre herka upp av noko reisverk og sagbord (sjå pl. 43). Fjoset er timbra upp av „mage-



170. Høybu, Aakre, Valle

Fot. Gisle Midttun



171. Tallen, Brottveit, Valle

Fot. Gisle Midttun

telgt" timber, og det er must millom stokkane. Det er eit lite glugg yver gavlen i fjostrevet. Elles er veggjene heile. Taket hev både åsar og sperror, og i høgd med skørbiten gjeng det ei sims på kvar side langs etter heile fjuset (sjå pl. 45, 1 og 2). Er fjosi låge, vantar dei simsar. Då ligg det eit par takåsar i staden i same høgdi (sjå pl. 43 og 44, 2). Tvertvyver huset gjeng det ein vegg, „taddebriki“, som deler huset i tvo, det eigenlege fjuset og tallen. Tallbriki gjeng berre upp i høgd med skørbitane (sjå pl. 43 og 45, 2 og 3).

Døri inn til fjuset er i gavlveggen næmast loda. Fjosdøri måtte aldri horva imot nord, av di finnane då skaut inn døri.<sup>208</sup> I fjuset er ljore med ljoredytte som i ei gamlestoge. Gjennom ljoren fær fjuset ljøs. Elles hadde dei åre i fjosi fyrr. I det siste fjuset der det var åre, vart han riven ut for umlag 30 år sidan. Han stod midt på golvet rett under ljoren og likna åren inne i gamlestoga, berre at åregrima var noko høgare.<sup>6</sup> I staden for åren hev dei no mura upp eit slag skorstein eller „eise“, som det heiter, i krøi ved tallbriki (sjå pl. 43 og 44, 2). På eisa stend „tøysegryta“ til å varma vatn i når dei „tøyser“ agner og arve til å gjeva krøteri. Fyrr hekk tøysegryta yver åren. Truleg hengde dei skora i ein stokk som låg tvertvyver simsane. På golvet ligg det tiljor av øksa plankar



172. Vårffjos, Viki, Valle

Fot. Gisle Midttun

eller kløyvningar. Båsan som stend i rad etter dei tvo langveggjene, ligg litt høgare enn golvet. Framfyre kvar båsrekkje gjeng det ein lang stokk, og innanfor i båsane er det fyllt med jord. Dei eldste båsane såg ut som dei me hev i vårffjosi (sjå fig. 168 og pl. 45, 5 og 46, 3 og 4). „Styro“, stolpane framme i bæssidone, er her nagla fast til takåsen; men der dei hev simsar, vart dei nagla til desse. Båsfjølene stend upp ned millom tvo par stavar som er bundne i hop med vidjor, anten „vanleg spenile“ eller „vidjeknute“ (sjå pl. 22, 7). Kubandet er fest til veggen med ein nagle. Kvar del av det hev namn. Det er „nautstokken“, „nåli“ eller „leikjende“ og „ørveldi“. Leikendet kann sviva rundt. Nokor

gjødselrenne er det ikkje i setesdalsfjosi. Golvtilja næmast båsrekkja heiter „møkstretilja“ og her møkar dei. Myki ber dei ut gjennom fjosdøri og fjosskålen der det er ei liti dør på ned-sida. Utanfor denne ligg „mykdyngja“. Fyrr, då dei ingen fjosskåle hadde, låg ho her like eins.

Midt i tallbriki er ei liti låg dør som fører inn til tallen der sauene og geitene er. Det er alltid jordgolv i tallen, og han ligg lågare enn i fjuset. Yver tallen hev me fjostrèvet (sjå pl. 43 og 44, 2). Fyrr låg det tiljor yver takåsane eller simsane, so det var som eit skjeldtile, og det stod sengjekarmar heilt nede



173. Kvern, Viki, Valle

Fot. Gisle Midttun



174. Smidje, Rike, Valle

Fot. Gisle Midttun

på tiljone eller trêvet.<sup>6</sup> Ungdomen hadde soveromet sitt her. Skar skriv um dette: „Det var ikkje ko Mannen og Kona og gamalt Folk som laag i Stoga. Dei hine laag paa Fjostrevet, av di der var ikkje andre Vermdehus daa enn Stoga og Fjoset. Men paa eitt Vis var Trevet so ulikleg ein Legestad: Kvileklædi var so saggne og vaate av Fjosvermden. Og fyrst der var Trevgøng og Strøk, daa var det spelegt dei ramla utyver.

„Totte du 'kji mi dumpa snodigt;  
mi datt av Fjostrêvi av ni Fjosi.  
Totte du 'kji mi dumpa fælt;  
Sauinn' aa Gjeitann' dei laut ti læ.“<sup>209</sup>

Um vetteren heldt folk seg nrykje i fjoset heile dagane. Inne i gamlestoga elda dei berre tvo gonger um dagen. „Naar det kolna, sat dei paa Fjostrevet — paa „Lemen“ som dei stundom sa. Der spann dei, der sat dei med Saum og anna Kvennmannarbeid; der las dei um Sundagarne, og der lærde dei seg upp til aa fela — tok dei Ljorefjøli av, var det ljosare der enn i Stoga. Og so var det so unelegt i Sauffjoset med alt Kræturet, med Geiter og Sauer og Lømb.“<sup>210</sup>

Me kann segja at dei på ein måte hev butt i fjoset i Setesdal. Dei heldt seg der um

dagane, og dei låg der um natti. Det einaste er: me veit ikkje um dei hev koka mat der, endå heller ikkje det er so utruleg. Er dette eit minne um at fjoset er det eldste innhuset på garden? At setesdølene eller dei folk dei er ætta frå, ein gong i tidi hev butt saman med fêet i eitt hus? Me veit det ikkje; men det er elles verdt å leggja merke til at den skikken å liggja på fjostrevet so vidt eg veit, berre er vanleg i dei bygdelag der me hev den rygske folkeætti.

I seinare tid hev fjosi vorte annarleis. Det vanlege er at dei set dei innunder loda, og oftast er då veggen inn mot bakken mura (sjå pl. 15). Det er eise i dei; men røyken gjeng ikkje upp gjennom ei skorsteinspipe og ut på taket.

Frå eisa gieng det ein røykgang gjennom muren og upp i bakken ovanfor. Yver bakken stend det alltid ei pipe av tre (sjå pl. 16, 4 og 17, 2). Båsaner er òg litt annarleis. Båsfjølene stend ikkje upp ned, men ligg på tvert (fig. 167). Vindaugo hev dei ikkje mange av i fjosi enno. Oftast stend det berre eit i gavlveggen ved sida av døri.

Det hender at hesten stend i fjoset; men oftast hev dei han i ein stall som stend for seg sjølv fram i tunet. Stallane er alltid små. Det er sjeldan rom til meir enn tvo hestar. Døri er i gavlveggen. Inne er det hestebåsar med ei „ete“ (høyhekk) og ei vastro i kvar båsen



175. Høybu ved St. Bjernevatn, Valle

Fot. Gisle Midttun



176. Setabu, Tveitbø-Findalen, Valle

Fot. Gisle Midttun

(sjå pl. 27 og 29, 12). Jolekvelden sette dei alltid ei „Simunsvipe“<sup>211</sup> yver døri og hogg inn ei øks. Det var for at ikkje Oskorreii skulde taka hesten.<sup>212</sup>

Me hev teke vårfjosi til jamføring med heimfjosi, av di dei er noko so nær like. Vårfjosi stend ved bøgarden der bumarki tek til. Dei er nytta haust og vår når krøteri gjeng i buskogen. Me hev tvo slag vårfjos. Dei som er delt av i fjos og talle, og dei som hev tallen under i eine enden (sjå fig. 169 og 172 og pl. 45 og 46). Vårfjos med talle under hev eg høyrte skal vera det eldste;<sup>6</sup> men det er lite truleg. Det er heller vårfjos utan talle som er eldst; men det hev me ikkje døme på i vårfjosi. Derimot veit me at det hev vore slik på ein av gardane i Valle. På Brottveit stod tallen og fjaset i sér ved sida av kvar andre inne i uthusrekkja (sjå pl. 11). Både fjaset og tallen stend enno; men fjaset er sett inn under løda (pl. 15), og tallen er flutt nedanfor (sjå fig. 171 og pl. 17).

#### LØDA

Me hev mange gamle lødor i dalen; men alle er dei meir og minder vølte på. Likevel hev me nokre få som ikkje er meir umskipa, enn me greidt kann skyna koss dei opphavleg hev sét ut. Dei hev berre bygt på dei fire, fem kvørv og skøre hol på veggen til ei ny dør eller tvo. Dei er timbra upp av runde stokkar. Det er ikkje grøyppt ut mosegrop i dei, og timbra er difor ikkje must. Tvert yver løda gjeng det tvo veggjer, so ho er delt i tri rom, „konn-góve“, låven og løda. Korkje desse veggjene eller gavlveggjene gjeng heilt upp under raustet. Dei gjeng berre so høgt som det trengst for takåsane skuld. Uppe i raustet er lødone soleis åpne (sjå pl. 42, 1—3). Det er sett „loku“ uppe i raustet so det ikkje skal skjekkjast (sjå pl. 20, 13).

Midt på løda er laavedøri. Hurdi er alltid delt i tvo

tvertyver. Det hender at me finn liknande ringar og hjul (solsviv) på henne som dei me hev på stoge- og loftsdørene. Like eins hev me døme på at beitskione er utskørne (fig. 164 og pl. 18). Gjennom låvedøri kjem me inn på låven. Her er det golv av sletthogne plankar so tett og godt som det er råd å få det. Sideveggjene er sletthogne like eins eit stykke upp etter. Dette er for korntreskjingi skuld. I kvar sideveggen er ei lang åpning med beitskior innfelt på sidone. Det hender at dei er strøkne (sjå pl. 20, 11). Dei kastar kornbandet og høyet inn gjennom desse åpningane, kornet i „konn-góve“ og høyet i løda. Veggen under åpningi hev namn av låvebriki. På låvebrikane stend det alltid ei mengd med årstal. På dei lødone eg hev sét, hev eg ikkje funne dei eldre enn frå ikring midten av 1600 åri. Me finn av og til ein marekross (pentagram) innskøren på dei. Kvifor dei hev sett han der, veit ikkje folk noko um no. Andre stader er han sett til vern mot mara; men på låven skulde ikkje det vera naudsynleg, av di ingen ligg der um nettene, og dei heller ikkje nyttar låven til stall. Dei må vera sette der til



177. Loft, Stavenes, Bykle

Fot. Gisle Midttun

å verna mot oskorreii. Folk trudde fyrr at ho tappa øl or kornstaden. Til å berga seg mot dette, veit me at dei la inn stål i kornstaden,<sup>213</sup> og eit pentagram på låvebriki kunde vel heller ikkje skada.

I enden av låven er det eit lite glugg i veggen, „låveglugget“. I „konngóve“ og loda er det ikkje tile. Kornstaden og høyet ligg like på tufti. I loda er det ei dør i veggen, oftast ved sida av låvedøri. Her henta dei høyet, når dei gav krøteri.

Lødne frå seinare tid er køyrelødor som det heiter (sjå pl. 15—17 og 44). Dei hev bygt på dei so mykje at dei gjeng upp i tvo høgder. Er lødne svært store og høge, er dei nøydde til å leggja inn „løkastokkar“. Det er bjelkar som gjeng tvertverr uppe. Dei er skørne inn millom stavlægjone og gjeng noko utanfor timbra på kvar sida. I endane er det hòl med svære bløygar igjenom. Som ein kann skyna tener løkastokkane til å halda huset saman.

Køyrelødne hev sjølvstøtt låvebru, lødetropp, so dei kann køyra inn på „trandann“ som det heiter her uppe i andre høgdi. „Trandann“ er eigenleg golvstokkane. Dei ligg tvertverr huset på lange bjelkar eller rettast simsar, av di dei gjeng langsetter. Romet yver låven heiter låvetrèvet. I veggen på kvar sida av trèvet hev me ei stor òpning. På sidone stend det beitskior; men likevel lyt dei ofte setja inn „bjønningar“ til å halda timbra i si rette lege (sjå pl. 20, 13).

Forutan loda heime hev dei på ymse gardar ei løde eller høytu standande i utkanten av gjordet. Dei er berre små med ei dør i gavlen. Grunnplanen er mest alltid firkanta (sjå fig. 170 og pl. 42, 4—6). Umlag like eins ser dei lødne ut som dei hev i heieslåttonne sine (sjå fig. 175). Elles brukar dei òg mykje å setja høyet i stakkar her.

### SETABUI

Me hev høyrte um setabui i Bø-Hyledalen (s. 160 f); men ho var noko for seg sjølv. Dei vanlege setabuene me hev i dalen, ser noko annarleis ut. For det fyrste er dei mykje mindre, og so hev dei ikkje sval i gavlen. Like eins vantar dei moldpallar, og det er vist ikkje mange buer det stend ei sengjerad etter kvar langveggen. Dei fleste hev heller ikkje åre no lenger. I staden er det sett upp ein skorstein eller ei eise i eine krøi (sjå pl. 25, 1—3 og fig. 176). Langsetter eine sideveggen eller i gavlveggen midt mot døri gjeng det ein sengjebriks. Me hev òg døme på at sengi er heilt nede i tufti. Det er då berre ein stokk som er lagd på tvert frå vegg til vegg. Innanfor stokken la dei noko sengjebòs, det var alt.<sup>214</sup> Når ein ikkje plent skal liggja på jordi, kann ei seng ikkje godt vera meir primitiv. Ein krakk eller tvo hev dei òg i bui og hjellar på veggjene. I mange buer hev dei i seinare tid sett inn eit lite vindauga i gavlveggen ved sida av døri med eit lite bord innanfor.

I setabuene heldt dei seg um sumaren med dei låg på støylen. Dei hadde oftast tvo, tri støyler dei sat på. So flutte dei frå støyl til støyl. I Vallebø t. d. sat dei fyrst i Stavdalen, so i Findalen og deretter i Stavdalen att, og dei hadde støyler på Midtjødd med. „Jamt yver var det langt millom Støylane; Folk var det eit Hende aa sjaa,“ skriv Skar, „og dauvlegt var det:

„I Dy aa Dikji aa Myrann' blaute,  
der gjeng dei gjæter dei Gjentunn' staute;  
der gjeng dei gjæter me stor Uro,  
dei tikje ein Dag e lang som tvo.“

Men Slaatten kom, og alt var som umskapt. Der var folkesamt i kvar ei Bud. Ingen unte i Dalen; alt som kunde krjupa og ganga tok paa Heidi, gamle og unge.“<sup>215</sup>

### MERKNADER

<sup>1</sup> Top. Journ., H. 26, s. 146 f.

<sup>2</sup> Frå dei nedre bygdene, Byggland og Aardal, er ingen planar med. Dette hev sin grunn i at her var gardane mykje endra lenge fyrr utskiftingi kom, so det ikkje er stort å læra av dei. Einaste er i Jördalsbø; men her stend husi, på same måten som lenger uppe i dalen, og slik hev det vel vore i dei nedste bygdene òg.

<sup>3a</sup> Sjå Harry Fett: Gamle norske hjem, Kr.a 1906, fig. 6 og 7, Valtýr Guðmundsson: Privatboligen paa Island i Sagatiden samt delvis i det øvrige Norden, Kbh. 1889, s. 69 ff., og Daniel Bruun: Gammel bygningskik paa de islandske gaarde i Fortidsforeningens aarsberetning for 1907, Kr.a 1908, s. 37 ff.

<sup>3b</sup> I tydingi husrekkje kjenner Aasen ordet lån frå Nordhordland, Sunnhordland og Gudbrandsdalen, og truleg hev dei havt slike husrekkjor der. I tyding lang bygning, helst låvebygning, brukar dei ordet på Jæren, i Ryfylke, Sunnhordland, Fosen og Valdres. I Sunnhordland tyder det òg svalgang. I Nordre Berg, Trondh. og Nordl. brukar dei det um ein tvihøg hovudbygning med mange rom. På alle desse stadene hev kann henda òg husi ein gong stade i rekkjor.

<sup>4</sup> Kristofer Visted: Vor gamle bondekultur, s. 21, Harry Fetts I. c., s. 3.

<sup>5</sup> Andre stader i landet hev òg umsynet til hevdsgiget havt innverknad på tunskipnaden. Soleis på Sunnmøre. I „Beskrivelse over Søndermør“, b. 1, s. 369 (Sorøe 1762) skriv Strøm millom anna: „— en Gaard med 2, 3 indtil 10 eller flere Opsiddere, hvis Huuse paa et eller flere (oftest de højeste) Stæder findes samlede, at Fedmen av Møddingen og andre udkastede Ting kan flyde til de nedenfor liggende Agre —“.

<sup>6</sup> Arkivet åt Folkemuseet.

<sup>7</sup> På gardar der husi ligg i tvo rekkjor, ser ein sjeldan at husi ligg plent midt for kvarandre, og heller ikkje er husrekkjone parallelle. Husi måtte ikkje stengja for utsynet. Tun er òg oftast svært opne og vide.

<sup>8</sup> Som me seinare skal sjå, er det mogeleg, at stogone i eldgamalt tid hev havt svali i gavlen, som då snudde fram mot tunet.

Grunnen til at husi ligg i rekkjor — serleg at stogehusi ligg ende i ende — meiner dei vanleg i Setesdal er, at det var trygd i det, når fantane kom, og so var det uråd setja eld i huset til grannen då, utan han brende upp sit eige (sjå Skar IV, s. 102). Den siste grunnen er det visst ikkje mykje um. Etter vanleg meining vert brandfåren heller større, når husi stend klint upp til kvarandre. Den fyrste er det litt meir i, når ein berre stryk fantane og set røvarar eller flendsmenner i staden; for fantane vanka vel knapt i dalen den gongen dei fyrst sette husi i rekkjor. At folk flutte tett saman for å verja seg mot flendsmenner er greiddt. Det er berre det, at dei hadde funne på det lenge fyrr dei rudde den fyrste



garden i Setesdal, og her hev dei vel meir fylgt ein skikk, enn det låg noko verkeleg til grunn.

<sup>9</sup> Skar IV, s. 102.

<sup>10</sup> Sjå N. Nicolaysen: Kunst og Haandverk I, pl. XIX. Eilert Sundt: Bygningsskikk paa Bygderne i Norge. Samlet Udgave ved Herm. M. Schirmer, Kr.a 1900, s. 367 f. P. Blom: Beskrivelse over Valle Præstegjæld, Gjøvik 1896, s. 27, og Skar IV, s. 103.

<sup>11</sup> Skar II, s. 28.

<sup>12</sup> Skar II, s. 16.

<sup>13</sup> B. Taraldlien: Fyresdal, Kr.a 1910, s. 23 f. og 58, og Eilert Sundts I. c., s. 369.

<sup>14</sup> Etter Aasen tyder Drumb „Vraa, lidet Rum i et Hjørne, f. eks. ved en Trappe. Loftdrumb. Tel. (Mo fl.)“. Drumbe hev han ikkje. Hjä Ross tyder Drumba „Mørk Svalgang (Sæt.)“.

<sup>15</sup> På Tyskebryggja i Bergen var det nok av bruer tvertver dei smale gangane millom husrekjone (sjå Christian Koren-Wiberg: Det tyske Kontor i Bergen, Bergen 1899, s. 97, 111, 131, 163, 209 og 245), og mogleg hev det vore slike i andre byar òg. Um ein ikkje nett kann segja, at drumbone i Setesdal og dei nemnde bruene i Bergen beintfram hev noko med kvarandre å gjera, so er dei då utslag av same tankegangen: Å gjera det letvint å koma frå eit hus til eit anna.

Almuens Sange af C. Fri-				1 do. Løv Sølje. ....	12			1 sort do. uden laas. ....	1	1		1 liden do. Øsekolle. ....			12
man. ....		16		1 Boløxe. ....	1			1 Kornbyre paa 3 Td. ....	4			1 lidet Fad. ....			6
Kong Carl Krønnik. ....		16		1 do. ....		1	16	1 do. ....	1			1 liden Øse. ....			4
Holger Danskes. ....		16		1 Bindøxe. ....	1	1	16	1 Korn Kasse. ....	1			1 stor Holk. ....			2
Havebog for Bonden. ....		24		1 Billeøxe. ....	2	12		1 Mell do. ....	1			1 stor Smør Ambor. ....			12
Min Siels Beroligelse. ....		12		1 do. ....	2	2		1 do. ....	1			1 Fladjuret Smør Ambor			20
Veiledning til at dyrke				1 do. ....	1			1 Melkekop. ....	1			1 do. ....			8
Gud. ....		6		1 do. ....	1	8		1 do. ....	2	12		1 liden Nøste Æske. ....			1
Christendoms Øvelse. ....		24		1 Husenaver. ....	1	8		1 gang Kasse. ....	1			2 Koller à 16 s. ....			8
Biskop Boller Bibellæsning		16		1 Vidiungs do. ....		16		1 Meel do. ....	2	12		2 smaa Holker. ....			1
1 Bog uden Tittel. ....		8		1 Grindesaug. ....	1	16		2 smaa Korn Kasser. ....	1			1 Ask. ....			6
Verdens Historie. ....		8		1 ? do. ....		16		1 sort Kiste uden laas. ....	2	12		1 Oste Kolle. ....			6
Nyt Norske Bondespeil		24		1 Rife Børse med krul. ....	3			1 Roste Kasse. ....	1	1		1 stor melke Ambor. ....			16
Visebogen eller ?. ....		36		1 Slet do. uden laas. ....	1	1		1 Meel Kasse. ....	2	22		1 do. ....			1
				1 Bøsepipe. ....	1			2 smaae do. ....	3			1 stor Tine. ....			12
				1 Udeqvern med Redskab	4			1 Meel Hyke. ....	2	12		1 Melke Ambor. ....			16
				1 Brødhelle. ....	3			1 mahlet Skrin med laas	1	2	12	1 do. Ringe. ....			16
				1 enkelt Kakkelovn. ....	10			1 stor mahlet Øilbolle. ....	1	2	12	1 Ejner Kolle. ....			16
				2 Spader à 1 ort. ....	2			2 mindre do. ....	1			1 stor Melke Ambor. ....			8
				6 Liaaer à 8 sk. ....	2			4 smaae do. ....	1			1 Ejner Kolle. ....			16
				2 Løv Sigder. ....	1	16		1 glasseret Bolle. ....	2	12		2 Kiørner. ....			2
				3 smaae Skjærer. ....	1	12		1 stor mahlet Øilskaal. ....		16		1 do. ....			16
				1 Soue do. ....	1			4 brustne Skaaler. ....	1			1 brændemrk. Bomme. ....			2 12
				1 do. do. ....		16		9 mahlede Øilkopper. ....	4	12		1 Nottings Holk. ....			10
				1 Høvel Plov. ....	2	12		3 hvide smaa do. ....		18		1 mindre Olle. ....			1
				1 Plov. ....	2			4 do. à 6 sk. ....	1			1 Trug. ....			2 18
				1 lang Høvl. ....	1	16		1 stor Ølause. ....	1	8		1 Melketrug. ....			1
				1 lidet Treslaug. ....		12		1 Ousse. ....		20		1 rødrandet Tjeld. ....	2	2	12
				1 større do. ....		16		1 stor Slev. ....		20		2 do. ....			5
				1 do. ....		16		3 mindre do. ....		18		1 Løje Tjeld. ....	3		
				1 blar Gryde à 3 Not. ....	1	1		1 stor ny mahlet Øilbolle	3			2 do. ....			4
				1 mindre do. ....		4		3 mindre do. ....	1	2	12	1 do. ....			2
				1 Stokke Gryde. ....	1			2 nye Fad. ....	2			2 do. ....			3
				1 mindre blar Gryde. ....	1	16		7 do. ....	1	20		2 do. ....			2 4
				1 liden Skafted Gryde. ....	1	16		2 smaa hvide Skaale. ....		20		1 do. ....			1 4
				1 mindre do. ....		16		1 lidet Fad. ....		6		2 Skindblejer. ....	2	3	8
				1 Stege Pande. ....	1			1 hvid Øilbolle. ....	1			1 do. ....			1 2 12
				1 Ridesadel. ....	2	2	12	1 mahlet Øilbolle. ....	1	12		2 do. ....			2

	rd. ort. sk.		rd. ort. sk.
3 rødrandede Tjeld	3 » »	2 smaa Søljer	» 1 »
8 Alen Sortrandet Vadmel	1 3 »	1 liden Ring	» » 8
1 Bomulds Plag	1 2 »	1 Fillegrans Belte Hegte	3 2 12
1/8 del i en rød Skarlagen		1 do. Fillegrans	1 2 12
Klædes Stak	2 » »	1 do.	» 2 12
2 hvide spraglede Tørklæder	1 » »	3 Par runde Maljer	3 2 12
4 lærreds Skjorter	4 » »	1 Belte Hægte	» 2 »
1 do.	» 2 12	1 Fingerring	» 3 8
1 rødt Silketørklæde	1 2 12	1 Par 2 gjorde Spender	1 2 12
1 blegrødt do.	1 2	1 Grøt Ambor	» » 21
1 mørkerødt do.	2 » »	1 Melketrug	» » 10
1 sort do.	1 4 »	1 stor Melke Ringe	» 1 »
1 Bomuldstørklæde	» 4 »	2 do. à 12 sk.	» 1 »
1 do.	1 2 12	3 smaa Melketrug	» 1 12
11 v. Sauer	8 4 »	1 stor olle	» 2 »
1 Bibel	1 2 12	4 Melketrug	» 2 »
Møllers Huspostil	1 1 »	1 Holk 2 à 3 Notting	» 1 »
Bibelske Kjerne	» 2 12	1 stor Kjerne	» » 10
		1 Tin Tallerken	» 1 8
Datteren Tone Folkesdatter:		2 Steen Tallerkener	» » 16
1 stort Fillegrams Halsring	1 4 »	1 Kobber Tap	» 1 12
1 do. Forgyldt	1 2 12	1 blaa klædes Stak med	
1 Fingerring med Løv	1 1 »	2 Sølvborder	5 » »
1 do.	2 12	1 sort Stak med rød Oplei	
1 do. med Ringer	» 4 »	og do.	2 2 12
1 do.	» 2 »	1 sort Stak med blaa do.	1 4 »
1 do.	» 2 12	1 sort Trøye med Sølvbord	1 » »
1 do.	» 1 »	1 blaa Kofte	» 1 » »
1 Semidore Ring	» » 20	1 liden Melkebolle	» » »
1 liden Glug Sølje	» » 12	1 Tintallerken	» » »
		1 Kalve klave og Bjelde	» » »

<sup>92</sup> På biletet ser me baksida av bordkista. På framsida er ei lang, smal åpning øvst i kista.

<sup>93</sup> Sjå Kunst og Haandverk I, s. 5. På Sagneskar stod det i 1840 åri ei stoge, der det på gavlveggen hekk eit bord etter jarnringar. Det vart kalla „reisebord“; dei reiste det opp, når dei skulde bruka det. (Arkivet åt Folkemuseet.) I det heile er ikkje dei faste bordi, som stødt stod i stoga, gamle. Dei gjeng ikkje stort lenger attende enn til dei siste hundrad åri av millomaldere. Bordi vart i eldre tid sette opp til kvart målet framfyre pallane. (Sjå Valtýr Guðmundssons l. c., s. 186 f., og R. Keyser: Nordmændenes private Liv i Oldtiden (Efterladte Skrifter, Kr.a 1867, b. 2), s. 83.) I Setesdal hev dei heller ikkje gjort det til dagleg. Då sat dei etter pallen med dei åt, som det høver dei enno gjer. Berre um jolekvelden og når det var gjestebod sat dei ved bordet.

<sup>94</sup> I Kunst og Haandverk I, pl. X, 8, er det ei teikning av ein brugdestol. Understellet til denne er ei slik bordkiste.

<sup>95</sup> Døme på bord med typisk gotisk beinkonstruksjon finn me m. a. i Harry Fetts l. c., s. 59, fig. 163.

<sup>96</sup> Kunst og Haandverk I, pl. X, 11.

<sup>97</sup> Torleiv Hannaas' l. c., s. 25.

<sup>98</sup> Percy Macquoid: A history of english furniture, The age of oak, London 1904, Pl. III.

<sup>99</sup> Haakon Schetelig: Oversigt over den kulturhist. saml. tilvækst i 1910 i Bergens museums aarbok, Bergen 1911. Avh. nr. 14, fig. 12, og K. Vistedes l. c., s. 105, fig. 93.

<sup>100</sup> Sjå Kunst og Haandverk I, s. 7 og Kristofer Vistedes l. c., s. 52.

<sup>101</sup> Chr. Koren-Wibergs l. c., s. 88.

<sup>102</sup> I ordboki si hev Ross at Kannestol er eit „Skab med en Bordplade midtpaa og derunder Hylder til Kopper og Kander; Buffet; nogle Steder blot om den nedre fremspringende Del af slikt Skab. Nhl. Sogn. Konnestol. Hard.“

<sup>103</sup> Ferdinand Luthmer: Deutsche Möbel der Vergangenheit, Leipzig, s. 52 ff. og Fr. Poulsen: Møbelkunstens Historie, Kbh. 1918, s. 37 ff.

<sup>104</sup> Torleiv Hannaas' l. c., s. 51.

<sup>105</sup> T. d. heiter no brugdestolen sjaldan anna enn gamlestogstolen.

<sup>106</sup> Trapiza tyder m. a. firefot, skjenkjebord („anretningsbord“).

<sup>107</sup> R. Keyzers l. c., s. 84 og Valtýr Guðmundssons l. c., s. 189.

<sup>108</sup> Skar VIII, s. 37.

<sup>109</sup> Sjå K. Vistedes l. c., s. 116, fig. 105 og under Arbeid og handverk seinare i denne boki.

<sup>110</sup> På Oldsaksamlingi i Kristiania stend ein som hev årstalet 1543 (sjå K. Vistedes l. c., s. 115, fig. 103); men det er falsk.

<sup>111</sup> Kubbestolane er gamle her i landet. I Telemark hev dei soleis funne ein som etter dyreornamentikken å døma skriv seg frå den eldste millomaldere. Han er no på Nordiska museet i Stockholm. I Sverige er kubbestolane òg vanlege, og dei hev vore i bruk der på 800, 900 og 1000 talet. Nede i Pyreneane i Spania hev dei funne døme på dei, og dei er kjende i Italia i forhistorisk tid. Dei italienske kubbestolane liknar mykje på dei norske; men um det elles er nokon beinveges samanheng millom dei, er heilt på det uvisse. (Bernhard Salin: En arkeologisk bagatell, Fornvannen 1916, s. 63 ff.)

<sup>112</sup> A. W. Brøgger: Osebergfundets historie, Osebergfundet b. I, Kr.a 1917, s. 71, fig. 52. N. Nicolaysen: Langskibet fra Gokstad ved Sandefjord, Kr.a 1882. Pl. VI, 1 og 2.

<sup>113</sup> Sjå m. a. Moriz Heyne: Das deutsche Wohnungswesen b. I, Leipzig 1899, fig. 64 og 66 og Alwin Schultz' l. c., fig. 25 og 26.

<sup>114</sup> Eg spurde ein gong ein yver tri alner lang setesdøl koss han og kona hans kunde liggja i so kort ei seng. „Å me krulla okke i hop, best me kann,“ sa han. Dei ligg mykje krokute i sengjene. Det er elles vanleg at folk som hev utarbeid og gjeng uppreiste, kviler best, når dei „krullar seg i hop“, i motsetnad til folk som hev kontorarbeid og sit mykje. Dei ligg helst strake i sengi.

<sup>115</sup> Torleiv Hannaas' l. c., s. 54.

<sup>116</sup> Ivar Aasen hev i ordboki si Brotkvitel i tyding „Overklæde, Sengetæppe av grovere Tøi (motsat Mjukkvitel) „Brokkvitil“ (ò), Tel. „Braakvitel“, Nhl. G. N. brothvittil“.

<sup>117</sup> Top. Journ. H. 26, s. 61.

<sup>118</sup> Det var berre um vetteren dei hadde mjølki inne i stoga. Um sumaren var krøteri på støyane. Vår og haust, då krøteri gjekk i buskogen eller heime på bøen, sette dei truleg mjølki i køven eller kleven.

<sup>119</sup> Torleiv Hannaas', l. c., s. 64.

<sup>120</sup> Sjå ordboki til Ross. Ein vatskall tyder vatskjerald G. N. Vatzkarl.

<sup>121</sup> Chr. Koren-Wibergs l. c., s. 30 f., s. 62, 65, 67, 88 og 112.

<sup>122</sup> Gn. Mundlaug tyder vel eigenleg handvask, men er nytta til namn på eit tvåttefat av metal, helst messing. Dei mundlaugi me kjenner frå Setesdal, er plent som mundlaugi i byane i renessanse- og baroktid.

<sup>123</sup> Torleiv Hannaas' l. c., s. 36: „Mund-Løuggie, sænge-bæckenn, og ellers gjerne alle messing fade etc.: Siunger ellers et Kappesteve om saadant Redskab;

Ægg drிக்க mer Mumguod, mæ Miøirin ti

o gied kie blonde slogie.

Qvorium qvendd-man qvedde-Rusar,

turvar munde-Løugie.

Hannaas skriv i ein merknad at fyrste helvti av stevet er tolleg greid: „Eg drikk meg mungaad med mjøden til (ell. *uti*) og gjet kie blanda slag.“ „Men andre helvti er verre, og det spyrst um inkje eitkvart er mistydt og gale skrive. — *qvedde-Rusar* er ukjennelegt,“ segjer han. Um det no var „kvæ de' rusar“, so kom slutten til å lyda slik på vanleg mål: „kvart det kvende som det rusar, trengje mund-laugi.“ Mundlaugi hev dei då truleg kasta upp i eller òg nytta til *matula*, noko som høver med at det ein gong kann ha vore nytta til tvåttefat.

<sup>123b</sup> R. Keyzers l. c., s. 83.

<sup>124</sup> Skar IV, s. 100 f. og Top. Journ. H. 26, s. 107.

<sup>125</sup> Top. Journ. H. 26, s. 103.

- <sup>126</sup> Sjå professor Bulls utgreiding i denne boki s. 59.
- <sup>127</sup> Sjå professor Bulls utgreiding i denne boki s. 55.
- <sup>128</sup> Kunst og Haandverk I, s. 4 og 5.
- <sup>129</sup> Setabu = bu ein sit i. Seta av sitja, sat. Aasen hev Setubud i tyding „en beboelig Hytte“.
- <sup>130</sup> Av mindre vekt er det kann henda at Hyledalen ligg lågare enn mange andre gardar i dalen, at det berre er ein kort stubb til næmaste garden, Uppstad i Hylestad, og at ålmannvegen ein gong gjekk gjennom Hyledalen; men det dreg då i den leid at det kann ha vore gard der.
- <sup>131</sup> I ein av stokkane i bui finf me nokre merke som tyder på at det ein gong kann ha vore båsar der, og bui soleis hev vore fjøs. Um so er, må det vera lenge sidan og helst fyre dei hev bruka ho til stoge. Elles hev bui ein gong vore „avlept“ (teki ned og sett upp att), og då kann dei ha lagt inn ein stokk som dei t. d. tok av gamalt fjøstimmer.
- <sup>132</sup> Ho ligg for nær bygd i til det, og endå um ho låg lenger burte, er der korkje fiskevatn, rjupeeskogar eller timberskog i nærleiken. Ingen hev noko der å gjera um vetteren.
- <sup>133</sup> R. Keyzers l. c., s. 41 ff.
- <sup>134</sup> At det hev vore eit rom eller ei forstoge utanfor stoga, kann me skyna av det at stogedøri slær ut. Hadde me kome ut under berr himmel med ein gong, vilde døri som vanleg i liknande høve, slege inn. Stogor frå eldre tid med berre ei dør i gavlen er kjende frå ymse bygdelag, og her hev det vore eit rom framfyre som t. d. på Landsvik i Herdla, Huse i Kinsarvik og Finne på Voss. (Sjå Kunst og Haandverk I, Pl. XI og s. 5, Pl. XVIII og s. 11 og Pl. LXVII og s. 27.) So vidt me kann skyna, hev romet framfyre stoga vore av stavverk, reisverk; men um det som i skålen og setabui hev vore øpe, veit me ikkje noko um, og anten inngangen til svali var framme i gavlen eller på sida, er òg noko på det uvisse. På Landsvik meiner Nicolaysen å ha vissa for at inngangen til forstoga var på sida med ei sval, skut, etter eine langveggen. Slik trur han det hev vore på Huse òg. Desse stogone skulde me kunna rekna som ei yvergangsform frå skålebyggnaden med sval i gavlen til det tridelte huset med sval etter heile langveggen. Utviklingi hev helst gjenge fyre seg på den måten: Svali i gavlen hev vorte heilt inneklædd framme og fenge dør på sida. Utanfor døri hev dei bygt ei sval att. Til slutt hev dei timbra upp den gamle gavlsvali saman med stoga og delt ho av, so det vart tvo rom, forstoge og kove. I ymse bygdelag som t. d. Numedal, hev dei dertil att sett ei sval i gavlen. Råulandsstoga hev havt ei slik sval og like eins stoga på Kravik (sjå Kunst og Haandverk II, Pl. IV og s. 2). Denne stoga hev ikkje sval etter langveggen. Det var heller ikkje naudsynleg; for døri inn til forstoga er i gavlen og ikkje på sida. Frå seinare tid, 1700 åri, hev me mange stogor med sval i gavlen og langsetter sida, serleg i Aust-Telemarki og Numedal. På den siste staden kjem ein oltast frå sidesvali like inn i stoga. Forstoga og koven hev vorte til tvo kammers eller berre til eitt med dør inn frå stoga.
- <sup>135</sup> Gunnar Olof Hyltén-Cavallius: Wärend og Wirdarne, Stockh. 1868, s. 169.
- <sup>136</sup> Sigurd Erixons l. c., 160 ff.
- <sup>137</sup> Montelius' l. c., s. 159 ff. Det er tvo slag *megara*, med eller utan kolonnor, sulor, millom veggjene i forstoga. I dette høvet er det den utan sulor som svarar til bui vår. Grunnplanane svarar so heilt til kvarandre at dei baa hev eit lite utskøt i den attarste gavlen. I setabui er det svillane som er noko lengre enn dei andre timberstokkane. Taket gjeng òg litt lenger ut enn plent naudsynleg. Dei hev havt høy innunder her.
- <sup>138</sup> Sigurd Erixons l. c., s. 151.
- <sup>139</sup> Harry Fetts l. c., fig. 3.
- <sup>140</sup> Hyltén-Cavallius' l. c., s. 169.
- <sup>141</sup> Skar IV, s. 101 f.
- <sup>142</sup> Nemnt i skiftet etter Esajas Bugge. Sk.pr. I, s. 99, Sta.
- <sup>143</sup> Kunst og Haandverk I, s. 7.
- <sup>144</sup> Top. Journ. H. 26, s. 108.
- <sup>145</sup> Sjå Harry Fetts l. c. fig. 5.
- <sup>146</sup> Speis er same ordet som peis, *poisle* (omn) på gl. fransk og i mid. latinsk form *pisele* el. *pensile* frå lat. *balneum pensile*, basstoge som kvilde

på kvelv. I Sverige er det *spis* eller *spisel*, og i Nedre-Tyskland *pisel* som hev gjenge yver til å tyda eit rom med omn i.

<sup>147</sup> På skjeldtilet heiter pipa „skorsteinen“ og fyrst uppe på taket „omns-pipa“ eller „skorsteinspipa“ (Ark. åt Folkemuseet.)

<sup>148</sup> Pipemønet er ein plankestubb, tilhoggen som ein kile med rygg. Dei la han like paa takbordi med næver og jord yver. Taket fekk som ein liten rygg bak pipa.

<sup>149</sup> Krokskåp kjenner me ikkje her i landet fyrr i renessansetidi. I utlandet, t. d. Sud-Tyskland og Tirol, hadde dei alt i 1400 åri eit skåp til å setja vaskestellet i, *der Waschkasten*, som krøskåpi våre og fleire av matskåpi er ætta frå. (Sjå Luthmers l. c., s. 56 f. og fig. 69 og 70.)

<sup>150</sup> Liknande nyestogor hev det vore mange stader i Valle. Soleis på Haugen, Rike, Aamlid, Brottveit, Rygnestad o. fl. st. Dei er alle gjorde um i seinare tid. (Ark. åt Folkemuseet.)

<sup>151</sup> Eilert Sundts l. c., fig. 101.

<sup>152</sup> På alle gardar der gamlestoga er gjord um til nyestoge, hev dei eldhus. Dei er berre uvandé. Oftast hev dei flutt eit stolpehus eller eit anna gamalt hus og gjort det um til eldhus. Dei hev åre, ljøre og oftast eit par sengjer. Folk ligg i dei um sumaren. Elles brukar dei eldhusi, når dei slaktar, bakar, bryggjar og vaskar. Dei er ikkje gamle og hev lite og inkje med setesdalsk bygnadsskikk å gjera.

<sup>153</sup> Eilert Sundts l. c., fig. 80.

I Vest-Agder hev desse skåpi namn av „kjellarskåp“, av di nedgangen til kjellaren er gjennom ei luke i golvet inne i dei. I dei nedste bygdene i Setesdal er òg kjellarnedgangen her. Husi i Vest-Agder var fyrr jamt-yver som det samanbygde huset i Setesdal, der gamlestoga er innreidd til nyestoge. I den eine stoga hadde dei eit kjellarskåp og i den andre det eldre skåpet. Slik er det oftast i Setesdal òg, der dei hev tvo nyestogor.

<sup>154</sup> Harry Fett: Bænk og stol i Norge I, Kr.a 1907, s. 28.

<sup>155</sup> N. F. 1805—11, 784—12 og 815—15.

<sup>156</sup> Dei liknar plent fig. 94 i Bænk og stol II.

<sup>157</sup> B. Hanftmanns l. c., s. 174.

<sup>158</sup> Eg hev set nokre få heilt ukjende omnar frå tidi ikring 1800. Det er mogleg at desse kann vera frå Vigelands verk. Frå dette verket kjenner me til dessar ikkje ein einaste omn. Um dei nokon gong hev gjort omnar der, hev dei snaudt merkt dei.

<sup>159</sup> Eilert Sundts l. c., s. 274.

I Vest-Agder er det ingi skorsteinar att i stogone no; men det hev vore (sjå l. c., s. 281). Kakeolonnane stend på same staden.

<sup>160</sup> Dietrich Schäfers l. c., s. 75 ff. og 121 ff.

<sup>161</sup> Fyrste høgdi heiter „bur“ (gn. *búr*) og andre „lopt“ (gn. *lopt*); men heile huset hev namn av lopt i dei øvste og bur i dei nedste bygdene.

<sup>162</sup> Stend dei annarleis, er dei oftast flutte eller òg er andre høgdi snudd i seinare tid, so lofttøka og stogetøka gieng i eitt.

<sup>163</sup> „Magetelgde“ = hogne med mage, motsett flathogne. Skurden tvert-yver ein „magetelgt“ stokk er som skurden gjennom ei konveks linse.

<sup>164</sup> Otto Pipers l. c., fig. 290.

<sup>165</sup> Skar II, s. 19.

<sup>166</sup> Skar V, s. 98.

<sup>167</sup> Eit undantak ifrå dette hev me i det kjende loftet på Rygnestad. Her hev det alt frå fyrste stund stade eit par sengjer i buret, den eine uppå den andre (sjå Kunst og Haandverk I, s. 24 og Pl. LI). Like eins hev det vore i Oseloftet. Her hev det nedé i buret stade tvo sengjer etter kvar andre i ei lengd; men dette loftet er ikkje eldre enn ifrå ikring 1700, og på den tidi byrja dei truleg med sengjer i buret. I den nemnde ordsamlingi frå Robyggjelaget stend det, s. 8, at buret „brugis iche gierne till Sofue huus for skriuonir | spøgelse | skyld“. Anten dette er grunnen eller ikkje, so ser me at dei ikkje hev nytta buret til soverom på den tidi (sluttet av 1600 åri).

<sup>168</sup> Sjå Eilert Sundts l. c., fig. 117.

<sup>169</sup> Sjå Harry Fett: Norges kirker i middelalderen, fig. 345, 347 og 348 og Bænk og stol II, fig. 82.

<sup>170</sup> Sjå Kunst og Haandverk II, Pl. III.

<sup>171</sup> Sjø fig. 38 i Gl. norske hus og hjem, Pl. XLVIII, 5 og LXXX, 2 i Kunst og Haandverk I og Pl. VIII, 5 i K. og H. II. Um sengiene i Skåne sjå Nordiska Museet, Svenska almogefdelingen, vägledning (2 opl.) av P. G. Wistrand, s. 3 og fig. 11 i den engelske föraren för N. M.

<sup>172a</sup> „Skjala seg“ = vitja ein. Kjem truleg frå gn. *skjala*, røda, tala.

<sup>172b</sup> Skar VIII, s. 66.

<sup>173</sup> Svalveggen gjeng loddrett opp, og stolpane i hyrni liknar dei i Finneloftet på Voss og like eins beitskione (sjå K. og H. I, Pl. XLIII og LXV). Strykane på svalbord, sperror o. a. er som på sperrone i Løveloftet, Voss (sjå K. og H. I, Pl. LXIII, 13). Ymse detaljar finn me att i Kravikstoga i Numedal, serleg er glugget, pl. 30, 5 likt eit glugg i Kravikstoga (sjå K. og H. II, Pl. IV, 9). Sulone i svalgluggi, pl. 31, 4 og 5, hev sterk romansk stilkarakter, og me hev sidestykke til dei i Eidsborg stavkyrkje i Telemarki (sjå K. og H. II, Pl. XXXVI). Lafti, pl. 34, 5 III er hogne på same måten som dei i eit loft på Vindlaus i Laardal (sjå K. og H. I, Pl. XXXVIII 4). Alle desse bygningane me hev samanlikna med, er frå millomalderen.

<sup>174</sup> Skar III, s. 15.

<sup>175</sup> K. og H. I, Pl. LI og s. 23 f.

<sup>176</sup> Skar II, s. 16.

<sup>177</sup> K. og H. I, s. 24.

<sup>178</sup> Sjø K. og H. I, Pl. XL og XLI.

<sup>179</sup> Sjø K. og H. I, s. 19.

<sup>180</sup> Skar IV, s. 98.

<sup>181</sup> Skar II, s. 9.

<sup>182</sup> *Skemma* kjem truleg av *skammr* = kort. Det tyder på at skemmone var hus som var stuttare enn skålebygningen og hadde firkanta grunnplan.

<sup>183</sup> Sjø um dette i R. Keyzers I. c., s. 47 ff.

<sup>184</sup> Das Bauernhaus in der Schweiz, utgi av Schweiz. Ingenieur- und Architekten-Vereine, s. 28 f.

<sup>185</sup> Moriz Heynes I. c., s. 134.

<sup>186</sup> Sjø K. og H. I, Pl. XXVII og XXVIII.

<sup>187</sup> Skar III, s. 133 f.

<sup>188</sup> R. A. Manntalet i 1664.

<sup>189</sup> Gardsarkivet i Rike, R. A. I, brev nr. 133.

<sup>190</sup> Skar II, s. 17.

<sup>191</sup> R. A. Y. d. 4, Setesdal 159.8

<sup>192</sup> Sjø K. og H. I, s. 20.

<sup>193</sup> Dr. J. Hunziker: Das Schweizerhaus, Arau 1900, b. I, fig. 76, 88, 182, 186 a og 195 c og b. V, fig. 225 og 275.

<sup>194</sup> Dietrich Schäfers I. c., s. 200 f.

I Westfalen hev me trihøgde loft mura opp av stein. Dei er plent som eit borgtårn (sjå I. c. s. 66 f.).

<sup>195</sup> Etter folkevise um Sigurd Svein, frå Setesdal. Skar VIII, s. 52.

<sup>196</sup> Sjø K. og H., Pl. LIII.

<sup>197</sup> Sjø R. Keyzers I. c., s. 50.

<sup>198</sup> På Vestlandet, frå og med Ryfylke og til og med Nordmøre hev dei havt røykomnar inne i stogone. Dei ser sjølvsgatt noko annarleis ut

enn dei røykomnane me hev i basstogone; dei er mura opp i eine krøi av stoga med leir og kalk, men prinsippet er det same. Dei hev kome i staden for åren. I desse bygdene, med undantak av Sogn (sjå K. Vistedes I. c., s. 41), hev ikkje skorsteinen trengt inn. Det er skrivi ei heil mengd um dei vestlandske røykomnane og mest um, anten det var den omnen Olav Kyrre førde inn i landet eller ikkje; men til dessar er me tett på like kloke. Her er ikkje staden til å taka opp spørsmålet um den vestlandske røykomnen; men ein lyt sjå det i samheng med basstogomnen og bakaromnen. Av desse er basstogomnen den mest primitive og difor den eldste.

<sup>199</sup> Når basstoga er so varm, som det er råd å få ho, hengjer dei klæde inn der som dei vil gjera reine for loppor og lus. Serleg lyt skinnfeldane i basstoga, av di ein ikkje kann vaska dei.

<sup>200</sup> Top. Journ. H. 27, s. 15.

Deigen set dei med malt eller vørter. Dei hev han i utskørne former. Når dei skal steikja stumpen, slær dei han ut or formene og set han inn i basstogomnen, der dei hev sopa ut køl og ønske. Dei set ei steinhelle eller i seinare tid ei jarnplate fyre omnsøpningi. (Arkivet åt Folkemuseet.)

<sup>201</sup> Torleiv Hannaas I. c., s. 24, under *Heilat*. Sjø òg s. 37 f. under *Mun-Kiugo*.

<sup>202</sup> Skar IV, s. 104 f.

<sup>203</sup> Skar I, s. 31 og IV, s. 47 f. og 207.

<sup>204</sup> I ei utgreiding: Om Badstuer (i Norden, Et Maanedsskrift, b. 3, Kr. a 1867), s. 418 f., nemner Eilert Sundt fleire grunnar til at dei slutta med basstoglaugi. Han trur det mest kjem av, at sidan byfolk og embetsmänner ikkje bruka dei, fylgde bøndene etter. M. a. o. det kom or mote. Han er òg inne på at dei litt etter kvart kom til å sjå litt annarleis på det at karar og kvende klædde av seg nær kvarandre. Fyrr i tidi var det ikkje noko rart i det. Han nemner ikkje noko um religiøse grunnar; men dei tykkjer eg det er uråd å sjå burt frå. Prestane hev visseleg òg havt ein finger med i spelet.

<sup>205</sup> Dette er påvist av Eilert Sundt i den ovanneemde utgreidingi.

<sup>206</sup> R. Keyzers I. c., s. 48. Når Keyser skriv om basstogone, tenkjer han berre på karbad, *laug*; men Eilert Sundt hev slege fast, i den ovanneemde utgreidingi, at basstogone i sogetidi helst var innreidde til eimbad. Sjø òg Valtýr Guðmundssons I. c., s. 240 f. Truleg hev dei difor sét ut som dei basstogone me no hev.

<sup>207</sup> N. G. L. 2, s. 354, 474 og 480 og DN I, s. 188 og 219.

<sup>208</sup> Skar IV, s. 168.

<sup>209</sup> Skar IV, s. 100.

<sup>210</sup> Skar IV, s. 99.

<sup>211</sup> Ei Simunsvepe er ein bjørkekvist (eller av anna tre) med mange tett ihopvaksne og samanflokte greiner. Han ser ut som eit fuglereir.

<sup>212</sup> Skar IV, s. 41.

<sup>213</sup> Skar III, s. 6 f.

<sup>214</sup> Skar II, s. 84. Sjølv hev eg sét liknande sengjer både i Setesdal og i Tovdal.

<sup>215</sup> Skar IV, s. 199.

N. F. tyder at Norsk Folkemuseum er eigar og K. F. at Kristianssands Folkemuseum er det.



178. Vallejentor, 1918

Fot. Gisle Midttun

## SETESDALSBUNADEN

AV GISLE MIDTTUN

I „Fragmenter af en ældgammel Beskrivelse over Sættedalen“<sup>1</sup> stend det um bunaden: „Langt som man kan høre Sagn om har Indbyggerne i denne Dal allene brugt hvidt eller graaet Wadmél, eftersom Faaret var leedet — d. e. af Farve — til — baade Mænd og Qvinder til Haand og Fod. Sorte Klæder have de ikke i den Tid vildet brugt; thi De, som vilde begynde at bruge Sorte Klæder dem lastede og straffede De, og sagde: at De skabelunede sig efter den sorte Mand. Mængden brugte derfor medst graae eller hviide Wadmels Trøyer, med brede og siide Ærmer, uden Fold eller Rynker, og med store og lange heele Flasker ned midt paa Laaret — ogsaa uden Folder, og som jngen Kraver havde, uden en liden rund rød Krave; og vare de saaledes mønstrede og stafferede oventil om Halsen, som Qvindfolkenes nu ere. For Brystet havde de lange Snippe, som vare paa hver Side forede med røde Klude, som flæbede ud paa begge Sider. Ærmene vare og fremme paa forede med røde Borde-lister, noget saa nær, som Ærme-stykkerne nu ere paa Qvindfolket. Deres Buxe vare alle af hvidt Wadmél, lange og smale uden Rynker, og naaede ligned til Anklerne, og var der tilsyet et Stykke Wadmél fremme paa, som en Pose, den de svøbte om sig.

Deres Skoe vare medst Huus-skoe. De brugte og en-saaledede Skoe med loddent Overlæder og lange Spidser, hvori Træe var indsyet. De havde og Hoser og Buxer til sammen, som de snørede til ved Skoene, som andre Snøe-

sokker, som de kaldte Hugesokker. De brugte og i gammel Tid flade graa Hatter, med lange Spidser hen i Weyret fremme og bag paa, jtem hvide eller graae Wadmels Huer, som trængte langt ned over Axlerne. Mændene havde og et Slags Stakker, d. e. Skiørter — til hellig Dags Klæder, som ikke fast længe siden brugtes af rødt, blaaet eller brunt Klæde, dog allermedst af rødt, noget saa nær skaaret som de forrige, uden at Flaskerne vare paa en Part rundt omkring med snævre, og paa den anden Part med Wiide Folder, ligesom og bag paa hver Side med jndsyet Træe udj; paa det at de Folder desto bedre kunde staae. Fiældmændene havde ikke som de andre, Klæder skaarne af Wadmél, men af Bukke-Skind, Gede-Skind eller Faare-Skind, som de kaldte Souar og Bukkar.“ — „Siden den Tid er der adskillige Forandringer kommet paa Deres Klæder, baade paa Farven og Mønsteret; og kan altsammen være taaleligt, uden Deres Buxer, som nu ere i Brug; thi udj et Parr Buxer skjæres nu 12 eller 14<sup>en</sup> norske Alen.“

Denne skildringi av den gamle bunaden er truleg gjord av ein embetsmann, prest i Valle ikring 1700. Etter det me kann skynå av slutningi, hev mannfolki i Setesdal nett skift klæde då. Dei hev alt teke til med dei store, vide, fellte buksone, som det gjekk 12 til 14 alner ty i. Fyrr den tidi nemner han i det heile tri ymislege bunader. Av desse er vel skinnklædi fjellmennene bruka eldst. Med fjellmennene må han meina dei som bur uppe i fjellgardane.<sup>2</sup> Dei

fylgde vel ikkje so fort med moten der, so den eldste bunaden vart hangande att. Koss han i røyndi såg ut, er uråd å vita no; men ein kann tenkja seg, at han hev likna noko på finnebunaden.

Etter skinnklædi er truleg dei kvite vadmålstrøyone med „sokkebuksone“ eldst. I 1700 åri var liknande bunader i bruk i ymse bygder på Vestlandet. Kristofer Visted, som hev skrive um dei, meiner at det er millomalderbunader,<sup>3</sup> noko han visseleg hev rett i.

Den tredje klædningen, stakken, den dei berre brukte til stas, skulde etter vanleg bunadskikk vera eldre enn den fyrenemnde; men han hev „Wide Folder“ med trestykke i, og dette tykkjast tyda på litt seinare påverknad. Diverre er det mest uråd å skyna av ei slik skildring, koss stakken verkeleg såg ut, og biletmateriale til jamføring vantar; men truleg er det eit millomalderplagg det òg. I ei segn um svartedauden<sup>4</sup> er nemnt, at dei den tidi gjekk med stakk. På Frøyraksledi, på Tveitå og Skjemmingtveit sat det tvo brør att. So ein gong kom Tveitåmannen av dagetalet. „Daa glaapte han hit til Skjemmingtveit: „No e'er Iole-dagjen; Bro'i gjeng'e med Storstakk,“ sa han — av di Karmennerne gjekk med Stakk i Joli; det var raude Kjolar som var fotside.“

At dei var fotside høver ikkje rett godt med det embetsmannen skriv; men stakken kann ha vore lengre fyrr. Gjeng me ut frå som visst, at embetsmannen si skildring skriv seg frå ikring 1700, må stakkane ha vore i bruk ikring 1650; for han nemner, at dei var i bruk „ikke fast længe siden“.

I skifti som diverre ikkje gjeng lenger attende enn til 1698, finn me ikkje mykje um klæde. I eit av dei stend nemnt ein raud „klædesvampe“ og i eit anna ein brun. (Sjå note 91 a og d, s. 188 f.) Det er ikkje umogeleg, at vampe og stakk er det same; men nokor visse hev me ikkje. I skifti stend òg nemnt raude trøyor ender og då; men det er helst kvendeklæde.

Skoföti dei bruka, var vel vanlege hudsko som enno er i bruk um vinteren uppe i fjellbygdene. Dei einsola skorne med lange snutar må vera snabelsko. Dei var i bruk ute i Europa i 1300 åri. Dei flate grå hattane torer ha likna den me finn på Tidemands bilete av setesdalsbrudgomen (sjå

pl. 1,1). Elles er det ingen hatt. Det er heller ei huve eller hette med klaffor på sidone til å slå ned. Slike huvor eller hettor kalla dei „Kapuse“<sup>5</sup> i Setesdal, og det tyder ei hette. I manuskriptavskrifti stend tydeleg „hatter“; men det kann vera ei misskriving for „hætter“. Dei lange vadmålshuvone hev dei truleg kalla „sluntehuvor“. Gamle folk brukar slike framleis; men no er dei spöta.

Noko meir veit me ikkje um millomalderbunaden i Setesdal. Eit og anna plagget som t. d. „Kolluva“, ryggskinnnet og skinnbulen gjeng truleg òg heilt attende til millomalderen; men me hev berre visse um at dei er brukte i seinare tid, so dei vert tekne med der.

Den næste som skriv um bunaden i Setesdal er Gjellebøl. Um mansbunaden heiter det:<sup>6</sup> „Hvad Mandfolkets Dragt angaaer, da gjøres dem Buxer af hvidt Vadmel gandske smale og uden nogen Slags Façon. De naae alene til Hofterne og have en Linning en Finger bred, som heftes sammen alene med en Hægte, ligesom ved Knæerne, hvor det skeer indenbeens. De holdes op om Livet med en Læder-Rem eller uldent Baand, som gaaer over Skuldrene og ere heftede til Buxerne for og bag med et Par Hekter. Hvor ubequemme disse ere til at arbeide med, kan man let indsee, da de føre den Ulejlighed med sig, nemlig: at saa snart de bukke sig ned, krybe de ned bag over. Næst den bare Krop have de en meget grov Strie-

Skjorte saa kort, at den knap naaer til Buxerne. Paa denne bruge de en saa kaldet *Flange*, gjort som en bundet Nat-trøje aaben foran, og saa lang, at den kan puttes ned i Buxerne. Dernæst have de en Brystdug, som er kortere end den forrige, og altsaa ej gaaer ned i Buxerne. Endelig yderst betjene de sig af en Trøje, som er endnu kortere end den næst forrige og bliver kaldet *en Kufte*. Denne er heelskaaren i Ryggen, har Forstykker lige nedskaarne, naaer ikkun til Knebet i Livet, og heftes alene sammen med et Par Hegter foran; thi de gaae baade Vinter og Sommer med bart Bryst. De gaae ogsaa med blottet Hals, og bruge hverken Halsklud eller Tørklæde om Halsen; men have alene en saa kaldet Sylje eller Ring, gjort som et Spænde, med hvilken de sammenhefte Skjorten neden under Halsen. Paa Benene bruge de de saa kaldte *Lægge-Sokker*, som ikke er bundne eller knyttede, men



179. Bunad frå Valle i 1860 åri, lite brukt. Klaffebuksor og telemarkstrøye



syede ligefrem af Vadmél. De gaae alene ned over Hælene, og have ingen Fødder; thi i Skoene bruge de ikkun noget Halm, samt om Vinteren tillige nogle uldne Klude, som de svøbe om Fødderne. Deres Skoe gjøres af tykt Læder, som de selv garve og berede. De syes med Remmer skaarne af tyndt Kalveskind, samt gjøres over 2de Læster, nemlig en til hver Fod, og det med saa mange Saaler, at Saalernes Tykkelse kan udgjøre 1 Tommes Brede. Desforuden beslaaes de rundt omkring nedenunder, baade paa Saalerne og Hælene med masivt Jern af Façon som en Hestesko, saa at saadant et Par Skoe, naar de ere udfærdigede, kan veje 10 til 12 Pund. Fremdeles blive disse Skoe bundne med en Rem, over hvilken ligger en lang Pløse, som næsten rækker til Tæerne, og til Stads er udhuggen med mange smaa Huller med et Jern. Dog i disse sidste Tider have nogle af de unge Mennesker begyndt at bruge lidt tyndere Skoe med Spænder\* i. Paa Hovedet bruger de en liden saa kaldet *Pikkel-Hue*, som er gjort af Vadmél eller Klæde, og bestaaer af 6 Stykker, spisset til den ene Ende, saa at de blive af Façon som en Spylkum eller Overparten af en Sukkertop. Til Stads og Zirat paa Sømmene af samme, som og omkring paa Kanterne sættes smale uldne eller Silkesnorer af alle Slags Farver, undtagen rødt eller grønt. Hatte have de ikke brugt, uden nu paa en kort Tid, da nogle af de unge have begyndt at betjene sig af samme, og bære dem nedslagene, med et couleuret uldent Baand omkring Pullen, hvis Ender hænge ud over samme.“

„Dette er deres almindelige eller daglige Klædedragt, og det alles, uden Forskjel i Henseende til Façon, omendskjønt den ene kan have den lidet finere, end den anden, nemlig alt efter deres Lejlighed og Formue. Men til Gjestebuder og til Stads gives den Forandring, at de drage uden paa før bemeldte et Par sorte og rummeligere Vadmels Buxer lagt i fine og tætte Folder, af samme Façon som de andre, samt istedenfor den forrige Kufte, en sort Vadmels-Kufte med et Læderbelte om Livet, som er forsynet med en Mængde Messing-Spænder, tilligemed en derved hængende Slire, hvorudi sidde 2de Knive.“

\* „Støvler bruge de aldrig, ikke heller Lommer paa deres Klæder; men hvad de have til at gjemme hos sig, forvare de enten i Ærmerne af deres Klæder, eller og i en liden Pøse, som de sye fast under Foret af deres Kufte.“

„Den tredie Forandring, som Mandkjønnet bruger paa deres Klædedragt, er den, som bruges, naar nogen er Brudgom. Denne Forandring bestaar derudi, at saadan en Brudgom, istedenfor den omtalte sorte Kufte, er iført en blaa af samme Slags, belagt paa Sømmene med sorte Baand, tilligemed en rød Klædes Trøje med Knapper i. Fremdeles haver Brudgommen et stort Halskjæde af Sølv om Halsen, et utsyret hvidt Tørklæde med 3 store Dusker hængende i Hatten, samt en Kaarde i Haanden, i hvilken og hænger et hvidt Tørklæde med 3 store uldne Dusker af adskillige Slags Farver.“

Av den siste bunaden Gjellebøl skriv um, er det ein etter på Norsk Folke-museum, og det er den same som Tidemand måla i 1848 (sjå pl. 1, 1). Kjetil Kyrvestad (1761—1847), ein namngieten mann i Setesdal, hev ått han,<sup>7</sup> so me veit, kor gamal han er. Kjetil stod truleg brudgom i desse klædi, og um so er, skriv dei seg frå 1780 åri.

Upphavleg hev denne bunaden vore nytta til dagleg. Det er den same som embetsmannen nemner som ny, den tidi han skreiv. Me kjenner att dei store, vide buksone som det gjekk 12 til 14 alner ty i. På Gjellebøl si tid (1772—1782) brukte dei denne bunaden berre til „Gjestebuder og til Stads“, og noko meir for seg gjord til brudgoms-klæde. Dette er gamal bunadsskikk. Når dei fyrr i tidi skifte bunad, tok dei den eldre til fest og høgtid.

På pl. 47,<sup>1-3</sup> hev me ei teikning av trøya og buksone. Upphavet til trøya er tvillaust den spansk-franske trøya, flasketrøya,<sup>8</sup> som høyrde til den vanlege hofbunaden i Danmark ikring 1600. Buksone hev truleg høyrte saman med flasketrøya. Dei hev sitt opphavsmønster i dei eldste buksone,<sup>9</sup> som kom til Danmark under Frederik II. I den fyrste tidi gjekk dei berre so vidt ned til skrevet og sat som svære ballongar kring hoftone. Dei var stoppa ut med nautehår. Med tidi vaks dei nedyver, fyrst til midt på låret og so ned til kneet.

I Telemarki, Hallingdalen, Gudbrandsdalen og Romsdalen hev dei havt umlag same bunaden som i Setesdal,<sup>10</sup> so me hev grunn til å tru, at det hev vore vanleg bunad i Nørig. Me veit ikkje visst, når han kom inn i landet. Sjølv sagt var det i 1600 aari; men det skilde vel mykje i tid, ettersom bygdene låg avgøymde og avstengde til. Folkelyndet i de



180. I Vinterbunad, Valle ikring 1870

einskilde bygdene hev òg havt noko å segja. I Gudbrandsdalen og Romsdalen var han i bruk ikring 1640.<sup>11</sup> I Hallingdalen og Telemarki kom han truleg inn nokre år fyre 1700, og me kann vel gå ut ifrå som visst, at slik var det i Setesdal òg. Heller noko seinare um so skulde vera. Her heldt han seg lengst. På presten Lund si tid (1794—1803) gjekk enno brudgom og brudgomsmenner i denne bunaden,<sup>12</sup> og skikken heldt seg vel ei stund etter den tidi. Skar skriv soleis, at brudgomsmennene eller „Fygjismennarne“ hadde fellte buksor, plent som brudgomen, og var klædde som han i alt, på hattekluten (sjå pl. 4, 10) og sverdet nær.<sup>13</sup> Den tradisjonen Skar byggjer på, gjeng vel attende til ikring 1820.

Den fyrste bunaden Gjellebøl skriv um, den med dei smale, kvite buksone, hev truleg vore i bruk frå midt i 1700 åri; men det finst ikkje eit einaste eksemplar att av han, so me er mest like kloke. So vidt det er råd å skyna, skil han seg ut frå bunader i andre bygder lag. Trøya gjeng berre ned til „Knebet i Livet“, og buksone „naae alene til Hofterne“. Ein skulde mest tru, at dei hev skore flaskone av den gam e trøya og under påverknad av motar i 1700 åri teke burt alle rukkone i den fellte bukse, so hø vart trong og smal.

Me veit ikkje visst, kva tid dei slutta med denne bunaden. Etter ein sogemann som var fødd i 1805, hev Skar ei skildring av setesdalsbunaden, slik han var det lengste sogemannen kunde minnast,<sup>14</sup> og det skulde vel svara til tidi ikring 1820. Då gjekk dei med sid, kvit kuft. Ho var rundsneidd nedantil og kanta med svarte, heimevovne band. I bæe bringekantane sat det tett med stålknappar. Bukse er enno den same. „Buksonne hekk på Mjødmebeini. Det var „Hektebuksu“ me kalla. Der var Hekte i Lina, og Sprette med Kneet.“ „Kufta og Buksonne var so drivende kvite; til „Gångvårklæ'i“ kunde dei inkji hava dei so; dei drog dei noko i Tilet fyrst, so dei inkje skulde vera so kvite.“ Av setesdalssidtrøyone er det ingi att no; men dei hev truleg set ut som trøyor i andre bygdelag på den tidi, og mest hev dei vel likna på dei i Telemarki.

Brystduken<sup>15</sup> hev dei slutta med no og fenge vest i staden. Han var brun eller blå og so sid, at han gjekk ned på bukselina. Han var knept med tettsette kvite stålknappar. „Kufta var noko lite sidare enn Vesten; ho hekk sovidt innpaa Herdarne barre, so Frambløkorne paa Vesten synt.“ Flangen

hadde dei enno; „han var skoren plent som „Grautekufta“ no“. (Sjå pl. 49, 1-2). Dei stappa han ned i bukse som ei onnor skjorte.

Sokkane er dei same som på Gjellebøl si tid. Dei var av grått vadmål. „Det var Leggjesokkar; dei rakk fram um Risti og Hælen. So hadde dei „Spjørri“ (d. e. fotklutar) dei veivla kringum Fotebladet. Um Sumaren gjekk dei berrfotte.“ Dei tunge skorner hev dei bytt med lettare. Dei kalla

dei „sundeskorner“ eller „luteskorner“ sko. Dei var sett saman av fleire luter og sydde med reim. „Dei var so snipne og lette dei Skorne.“ Skar skriv ikkje noko um, at dei brukte skospenne i dei; men det hev dei visseleg gjort. Alt på den tidi Gjellebøl skreiv, hadde nokre få unge „begyndt at bruge lidt tyndere Skoe med Spænder i“, og det må vera dei „sundeskorner“. Enno er det nok att av gamle skospenne i dalen som skriv seg frå fyrst i 1800 åri. I seinare tid hev dei oftast gjort dei um til beltespenne.

„Hattarne var kaldleg haage. Dei var smale, men dei tok ein Nottung — so haage var dei. Tovdølarne kalla den hatteslagen „Sjaupothatta“. Der var slik Vins med Hatten naar dei svaia og gjekk. Det var so drustelig med haag Hatt:

„Haage Hatta paa lause Kara —  
de hell eg bet'e, hell dei ha Gara.  
Haage Hatta aa store Or' —  
de hell eg bet'e hell dei ha Jor.“

„Til Kvardags gjekk dei med Huve. Der var ymist Mot paa Huvorne. Her var Huvor av graatt Vadmaal; dei var sauma av seks Stykkje og kveste til som ein Kolvauke. Her var Pikhuvor og Sluntehuvor, men dei var spita, Sluntehuvorne var spita av raudt og svart Garn, var herleg lange, og avfelte som ein Hæl. Pikhuva var endaa lenger; ho smalka av til ein Pik, og var med ein lang Dusk i Toppen; ned med Hovudet var ein smal Tveng, so ho seig til Leds og hekk ned paa Herdi.“

„Dei hadde Hornring av Sylv i Bringa — den Ringen var det einaste Sylv dei hadde daa. Mjaabeltet var av Bant-lêr dei kaupte i Byen; det var tettsett med smaa Massingnaglar, fire Rader fraa Ende til Ende. I Beltet hekk Tvisliri, med Kniven i den eine og Brynet i den andre Sliri.“

„Der var Bregd paa Klædningen av og til. Sume hadde raud Vest.“ „I Valle gjekk dei med ljosgraa Kuftor. I Byggland la dei til med svarte Buksor, av di det skulde vera



181. Frå Hylestad, 1880 åri

grummare.“ Den kvite sidtrøya heldt seg til ut i 1830 åri. I 1836 var det berre gamalt folk som gjekk med ho.<sup>16</sup>

I 1830—40 åri var bunaden skiftande. Då kom „Aussmannkufta“, „dei haage Stuttbuksunn“ og „Riebuksunn“, Um desse fortel Skar:<sup>17</sup> „Dei haage Stuttbuksorne var av svart Vadmaal og gjekk uppunder Armarne. Der var Løk til aa kneppa, og i Lina Knappar til Bukseselen — store Metalknappar, som ein Femøyring mestom. Utanbeins var ei grøn List, og med Kneet Sprette av Sylv. I Valle kalla dei desse Buksorne „Svinbillbuksu“. Der var noko Austmenner dei kalla „Svinbillann“. Svinbillarne fór her paa Handel i Dalen, og dei gjekk med sovorne Buksor; so fekk Buksorne Namnet av dei.“

„Aussmannkufta“ gjekk ned paa Buksorne noko lite, og hekk sovidt innpaa Herdarne barre, plent som den gamle kvite Kufta. Her i Dalen skar dei av graatt Vadmaal; men Austmennerne hadde kvite Kufkor. Kragen var haag og svart. I Ryggen, nedst paa, var tri „Skjeli“ — „Blokku“, „Bauga“, „Spruns“, „Vralsa“, „Frunta“ eller kva han vil kalla det — ei Skjel var midt att-i, og ei med kvar Led. Dei var eit Kvørtel lange, og kupne, og breidare nede so dei saag ut mest som ei Lumme.“

„Riebuksunn“ var Langbuksor. Dei gjekk uppunder Armarne dei likeins, og var skorne av svart Vadmaal som hine. Paa baa Leder utanbeins var Knepping med tettsette blanke Metalknappar, heilt fraa Lina og luks nedigjenom, og ei grøn List, tri Finger breid, som Gatorne var i.“

Det var ikkje mange som brukte „riebuksu“; „det var ikkje ko dei som var druste og rike og narrvorne,“ skriv Skar, so me helst må rekna med „Aussmannkufta“ og „dei haage Stuttbuksunn“ som vanleg setesdalsbunad i denne tidi.

Det hørde kvite spøtesokkar til. Dei var spøta med „Krunu“ og „Krøt“. (Sjå pl. 47, 6). „Krunu“ og „Sne'reita“ og „Sne'brøt“ var på alle sokkar; men Krøtet var elles so mangeleis. Dei hadde namn på det. Det var „Kurplereit“ og „Smøygekrok“, „Slettebøkji“ og „Fantevré“, „Hølekrok“ og „Haavekrok“ og „Flette“ og „Fiskebein“. Liten og stor hølekrok brukte dei mykje. Det er det same som tvobands- og tribandsfletting. Sokkane måtte vera drivande kvite. „Kom der Flekk paa, krita dei.“ Den fyrste i Byggland som gjekk med slike sokkar, var Knut Norenaa, skriv Skar. Det var ikring 1820. „Sokkebøndi var slengde av

raudt og grønt Løye og var med Løyeduskar i Endarne — plent som det lyder i Stevet:

„Sokkebøndi baa ven' aa greie,  
aa dei e slengde av pure Løye.  
Sokkebøndi me Brugdo ni,  
aa store Duska sku hang' uti.“

Dei gjekk paa lutskorne Skor som der fyre. Mange gjekk paa Pløseskor paa Austmannvis. Pløsa var Knipla og utgjord. Ho var fest med ei Reim øvst upp paa Uverhamen og nept

fram yver Skoen.“ Hattane som hørde til denne bunaden, var låge; men truleg hev det vore eit slag floshattar som dei me kjenner frå seinare tid. Dei heldt seg til ikring 1870. (Sjå fig. 180.) Då fekk dei store runde hattar med vid bard. Dei bruker dei enno. (Sjå fig. 181.)

Som me ser, skifte dei ofte bunad i denne tidi, 1820 og 30 åri. Den eine moten kom etter den andre. Same uroi viste seg på hårskurden med. Etter Skar gjekk dei i eldre tid med langt kringkøre hår. Det hekk ned på herdane. „Dei kløyvde det, so der var ein Beink midt etter, og kjemde det til baa Leder.“<sup>18</sup> Men det kom ein ny skurd på håret. „Dei snauklypte seg, ko barre det at der i Blesa stod etter ei Spire som dei slengde attum Øyra. Det var so vent med Spire fyrst han bar henne greidt:

„Dei Krullann' kring Øyrunn'  
forgløymer eg alli.“

Dei fyrste som snauklypte seg var Pær Nilsson og Olav Torbjørnsson Ljostog paa Skaamedal. Dei var snauklypte daa dei kom heimatt fraa Ufreden i 1814. Konorne gret; dei totte dei var so syndlege.

Sume klypte seg Maan — sette etter eit smalt Skeid attigjenom fraa Blesa liksom Maani paa ein Hest. Papa gjekk med Maan jamt. Det var so grumt hava ven Maan. Men det var ikkje alle som totte so: Knut Steinsson klypte Bjørguv Uppstad Maan; men Bjørguv heldt han med same Tak. Det var nog det, at Maani var so uhøg hava fyrst han slost. Med Spira derimot var det uvandt: ingen greip i den ho stod for laust — Skulemeistarane ruste henne av stundom, og det nauva ikkje Borni eit Grand.<sup>19</sup>

Tvillauust hev sogemannen til Skar rett, når han nemner, at spira ikkje var til noko hjelp i eit slåssbad. Ho hev visst aldri vore brukt, når dei spønte ut augo på kvarandre, som det so ofte både er sagt og skrive. Det å ha spire var berre ei motesak. Eit anna spursmål er, um sogemannen hev rett,



182. Konebunad, ikring 1860

når han sett tidi til 1814, då denne moten kom. Spire kann snautt vera anna enn „marelokken“ frå Kristian IV si tid, og ho skulde soleis høyra saman med flasketroya og dei fellte buksone; men difor kann denne hårmoten ha kome seinare upp til Setesdal, um ikkje fullt so seint som i 1814. Enno er det nokre få gamle som gjeng med spire i Setesdal. Måni hev dei slutta med for lenge sidan. Kvar denne moten kom frå veit me ikkje; men helst var det vel frå Telemarki, der bunaden i denne tidi òg kom frå.

Skjegget raka dei av seg, so dei berre hadde etter noko upp med kinni, „Kjakepustar“, dei kalla.<sup>20</sup> Det var vel fyrst i 1800 åri, dei byrja med raking. Fyrr den tidi gjekk dei truleg med heilskjegg der som andre stader i landet. I millomaldere var det eit lyte å vera skjegglaus, og slikt heng lenge att. Nokre få gamle setesdøler ser ein enno med heilskjegg, elles bruker dei fleste kjakepustar eller er heilt snauraka.

Austmannkufta og dei høge stuttbuksone hadde dei ikkje lenge, berre ti, tjuge år. Då kom den bunaden, dei enno bruker. Han er komen frå Telemarki denne med; men hev sjølv sagt fenge si serlege utforming i dalen. Etter Skar var det Nils Herbjørnsson frå Tinn eller Tinndølen som kom med han, og han var det som kom med den fyrre òg. Nils var skreddar og sydde i dalen. Han lærde upp Olav Knutsson Ose som vart svært glup og sydde i lang tid.<sup>21</sup> Umskiftet gjekk fyre seg i 1840 åri.<sup>22</sup>

Slik som mannsbunaden i Setesdal no ser ut (sjå pl. 2 og 48) med skinn bak, uppslag på ermar og buksor og render i buksone, minner han ikkje so lite um ei kavalleriuniform; men det er uråd å finna noko beintf am samband med ei slik. Skinnen t. d. var ikkje vanleg i den fyrste tidi. Det er kome til i seinare tid av reint praktiske grunnar, m. a. for slitet skuld.

I den fyrste tidi såg bunaden litt onnorleis ut. Buksone gjekk berre upp under armane, og so vidt det er råd å skyna, var det klaffebuksor som dei me hev på fig. 179.<sup>23</sup> Dei hev vore vanlege på mange kantar av landet i 1830 til 50 åri, og på Sørlandet ser ein av og til at eldre menn gjeng med dei enno. I Setesdal voks smikken eller klaffen oppetter og like eins bakstykket. No når dei mest i hop oppå aksli. „No e 'kji Buksesilen ko tri Finga,“ sa Jon Heddi; „no turge dei snart 'kji ko Krok og Lykkje,“ sa han.<sup>24</sup> Det

meste av saumen er òg komen til etter at klaffen vart so høg. Det fyrste var det mindre med saum og stas.

Det same er tilfelle med den bunaden eldre folk gjeng i no. Buksone er grå eller nærast brune med myrkeblå render og uppslag. Fargane på saumen er òg noko myrkle. Dei unge hev svarte buksor med grøne uppslag og render, og saum med sterke fargar. Vesten er svart han lik eins; men både unge og gamle bruker grå kuftor. I Valle hev dei slutta med kufta. I staden bruker dei spøtetroye eller „lusekufta“ som det heiter — ho er spøta med mange små, kvite prikkar. Ho liknar ei islandsk ulltrøye; men hev grøne uppslag på ermane (sjå pl. 2, 2). Um sumaren bruker dei sjeldan spøtetroya, då gjeng dei skjorterma (sjå pl. 2, 1). I Hylestad og bygdene nedanfor er kufta enno i bruk. Her er buksone òg litt onnorleis. På sidone gjeng dei heilt upp under armane (sjå fig. 181), det dei ikkje gjer i Valle og Bykle.

Til kvardags brukte dei for nokre år sidan mykje eit plagg, dei kalla „Grautekufta“. Grautekufta (sjå pl. 49, 1 og 2) er av svart vadmål og kanta med grønt klæde framme på ermane og i bringa. Etter Skar skulde ein tru, at Grautekufta var ætta frå den gamle flangen;<sup>25</sup> men det er vel snautt so, endå um det er likskap i skurden. Grautekufta er helst ei etterlikning av „busserullen“.

Um vinteren brukte dei snøsokkar (sjå fig. 180) og „kjole“ eller „kavaje“

når dei køyrde. Kjolen var av grått vadmål og skilde seg ikkje stort ut frå frakkar av noko gamalvoren skurd. Til heiekøyring brukte dei skinnkjolar av geite- eller saueskinn med ragget og ulli på. I regnvêr, når dei slo høy, hadde dei ryggskinn av bukk eller geit. Dei skylte herdane og ryggen. Skinnbul hadde dei òg. Han var utan ermar og likna mest ein stor, vid vest.<sup>7</sup> Desse plaggi gjeng truleg heilt attende til millomaldere.

Gamle skjortor er det ingi att av. Me veit berre, at dei var av strie, kortare enn no og utan saum, berre med nokre små takkar etter kanten av halslina.<sup>7</sup> Skjortone no hev svært høge halsliningar som dei bretter ned (sjå pl. 49, 3 og 4). Fyrr brukte dei halsklut eller halsbind av silke. Kluten knytte dei bak i nakken (sjå fig. 180 og 181).

Det høyrer mykje sylv til denne bunaden, og i den fyrste tidi, dei brukte han, hadde dei meir enn no. „Dei sylv seg



183. Brurepar 1905, Valle.



184. Pløsesko, Valle

N. F. 915-97

so det druste. I Bløkorne paa Kufta og Vesten var Knappar av Sylv, seks i kvar Bløke. Eit langt Lekkje heldt Vesten ihop i Bringa; det var smøygt gjennom Gatorne att og fram mange Vendor. I Kufta var Lekkje eller Laas. Eller der var Hekte: der var *slette* Hekte; men sume hadde gylte Filegranshekte — det var det venaste du kunde for Augo sjaa. Dei gjekk med Halsringar og Fingringar, med Halsknappar og Ermeknappar — alt av Sylv, og so ramlegt og støygt som det kunde faa vore.<sup>26</sup> Kring hatten hadde dei eit langt sylvband med lås (sjå pl. 2, 3 og fig. 180). Som nemnt bruker dei ikkje so mykje sylv no. Sjeldan ser ein sylvknappar i kufta og vesten, og ermeknappar er det aldri tale um. Lekkja i vester er òg burte, og i staden hev dei fenge eit spenne (sjå pl. 2, 2). I den vide hatten, dei no bruker, ser ein av og til ei sylgje.


Nokon sers brudgomsbunad bruker dei ikkje no i Setesdal. Det hev dei ikkje havt, sidan dei heilt slutta med flaske-trøya og dei fellte buksone. Sidan den tid hev dei gjenge med vanlege kyrkjeklæde; men sjølvsgt er dei alltid flunkande nye. Det einaste som ei tid frametter skilde brudgomen ut frå dei andre, var ein stor sylvkross, han bar på bringa. Krossen hekk i eit sylvband kring halsen.<sup>27</sup> På Kveste i Valle hadde dei so gild ein kross, og han gjekk mykje på lån. Det var ei gamal relikviegøyme.<sup>7</sup> Brudgoms-krossen er gamal i Setesdal. Han er soleis nemnt i ei ordsamling frå Robyggjelaget frå slutten av 1600 talet.<sup>28</sup> No bruker dei ikkje kross lenger.

Eit stutt samandrag av alt det som her fyreåt er skrive um mannsbunadene i Setesdal, gjev oss, at dei nedigjenom tidene hev brukt minst åtte ulike bunader. Frå millomalderen kjenner me eit par, skinnklædi og den kvite vadmåls-trøya med „sokkebuksoner“. Stakken er vel òg truleg eit millomalderplagg. Med renessansen, som i Setesdal byrja ikring 1700, kom flaske-trøya og dei fellte buksone. Ikring 1750 fekk dei kvite smale stuttbuksor med flange og stutt, kvit kufte. Umlag 1800 gjekk dei med sid, kvit kufte oð no kom vesten inn. Buksoner er dei same smale, stutte som hekk på mjødmebeini. Denne bunaden heldt seg til ikring 1830, då kom austmannkufta og dei høge stuttbuksone. Det varde ikkje lenge, berre 10–20 år, og so kom den bunaden, dei enno bruker. Ein må segja, at setesdølene hev fylgt tolleg godt med i dei skiftande motane.

Kvendi hev vore meir konservative. Skar skriv: „Kvende skifte aldri Klædning. I heile Taket var Skurden og Laget det same i all den Tid eg kann minnst. Dei gjekk med tvo Stakkar like fraa Fyndeheimen av, ein svart, og ein under som var kvit. Dei var noko lite sidare Stakkarne daa; men dei gjekk oppunder Armarne daa som no, og var med Line og Ermestaup. Stas var der inkje paa dei — aldri eit Grand. Den kvite Stakken var slett. Paa den svarte var smaa Skjeler upp og ned; der var eit heilt Tjug av dei kringum Stakken. Um Vetteren hadde dei kvite Jakkor. Dei hadde Belte av Lær med Metalhekte. Dei sylva seg lite; dei gjekk med Halsring — meir Sylv hadde dei inkje.

Men daa Karmennerne skifte, fór Kvendi til bregda paa Klædi dei lik eins. Dei heldt same Skurden, men bregda noko lite paa Laget. Dei stytte paa Stakkarne, og dei fellte den svarte Stakken, felte „Foddi“. „Fångji“ var slett — i det var barre tvo Breidder. Men heile „Foddi“ var felt. Og i det var tri Breidder det minste. Der var fire store Skjeler paa „Foddi“, so Stakken sprikte. Skjelerne kalla dei „Sprikji“.

Der kom mykjen Stas paa den svarte Stakken. Nede var ei raud breid List av Klæde og tvo „Missøym“, det øvste grønt, men hitt raudt liksom Listi. Millom Midsaumarne var ein svart smal Kant, smal som ei Snor mest, og lik eins millom den raude Midsaumen og Listi. Listi og Midsaumarne under eit het „Skjøyt“ eller „Skauti“. Skauten var tri-fire Tumar breid um Lag. Lina og Ermestaupi var lagde med Sylvbordor. Uppluten var baade løyesauma og borda. Paa den kvite Stakken var ikkje ko barre svarte Midsaumar og List.



185. Belteklut. Bykle

N. F. 874-97

Kufta var plent som Karmannkufta no, ko barre det, at Ermerne var vide, og der var ikkje Krage. Der var ikkje anten Laas eller Hekte; eit langt Sylvband heldt Kufta ihop. Dei sylva og braasa seg og gjekk med drustelege Sylgjor i Bringa. Hovdeplagget var svart, med Silkerosor som var sauma i Byen.

Dei gjekk paa lutskorne Skor eller Pløseskor plent som Karmennerne gjorde. Me totte so svært fyrst Pløsa var hard, so det klapra og small med me gjekk. Der var Skospenne av Sylv. — „Det fluste paa Penningarne aa skoföta seg greidt: „No kostar eg sjau Dale ti Kness!“ sa Hæge „der heimi“, og daa var det ikkje ko uvande Skoföt.


Den som var godt tilsett, hadde tri Klædningar, Karar som Kvende: „Hu e godt klæd'e“, sa dei daa; hu hev baa Kvendagsklæ'i aa Hægedagsklæ'i aa Kjyrkeklæ'i“, sa dei.“<sup>29</sup>

Denne skildringi av kvendebunaden høver plent på den dei bruker no, og eg skal berre leggja litt til. Den kvite stakken (sjå pl. 3,<sub>3</sub> og pl. 51,<sub>1</sub> og 2) bruker dei berre inne i huset. Skal dei gå ut, um berre burt til næraste garden, tek dei alltid den svarte stakken (sjå pl. 50,<sub>1</sub> og 2) utanpå den kvite og hev ei grå kufte eller trøye på seg. Gjeng dei til kyrkje, tek dei ei blå kufte på seg; men det er ikkje sylvbordor på ho (sjå pl. 52,<sub>5</sub> og 6). Ho er berre kanta med grønt klæde, men sjølv sagt utsauma (sjå pl. 3,<sub>1</sub>). Til den kvite stakken bruker dei no alltid eit lærbelte; men fyrst hadde dei „jure“, eit kort, vove belte med sylvhekte framme (sjå pl. 3,<sub>1</sub>, vevnaden ser me på pl. 4,<sub>11</sub>). Til kyrkje og elles, når dei skal vera „staute“ som det heiter, bruker dei eit langt vove belte. Dei hektar det saman på sida med eit sylvspanne, slik at endane heng ned i ein dusk. Desse belti vev dei alltid på „bandvevrei“ i ymse mønster (sjå pl. 4,<sub>6-9</sub> og 18-21). Til kyrkjebunaden høyrer eit „tjeld“ òg. Det er eit „pled“, vove av



186. Brureleist, Valle

N. F. 667—11




187. Pløsesko, Valle

N. F. 915—97

ull med kvite og raude stripor. No er dei kveite stripone svært smale so tjeldet ser mest raudt ut. Fyrr var det umvendt. Um sumaren brukte dei fyrst „spole“ i staden for tjeld. Spolen er plent som tjeldet, berre halvparten so breid. Pløseskorne (fig. 184 og 187) hev dei slutta med for lenge sidan, og gjeng i staden med „dalesko“, dei kallar. Dei kvesser til framme og gjeng upp mest som ein lauparsko. Håret flettar dei med „Tyleband“, og flettone bind dei i ein ring rundt, eller nærast uppå hovudet. Tylebandi er vovne dei med (sjå pl. 4,<sub>16</sub> og 17). Skjortone, dei gjeng med, er av kvitt lereft. Dei liknar mannsskjortone, men hev tett med små rukkor like under kragen både framme i bringa og bak i nakken, og so er dei mykje kortare. Det er lite med saum og stas på dei (sjå pl. 50,<sub>3</sub> og 4). Halsknappar og ermeknappar av sylv høyrer til. Som mennene brukte dei fyrst halsklut av silke. Dei knytte han bak og brette kragen nedover (sjå pl. 3).

Umlag slik gjekk dei klædde på Gjellebøl si tid òg; men nokon skilnad er der, so eg tek det med. Det heiter hjå Gjellebøl: „Næst Kroppen bruge de ikke det mindste linnede Tøj, men en saa kaldet ulden *Stak* af hvidt Vadmel, gjort som et Skjørt, med et meget kort Livstykke, som er syet tilsammen, og er uden Ærmer. Derovenpaa bruge de en liden trang Skjorte med smale Ærmer, som er saa kort, at den ikkun gaaer ned over Brysterne og Skulderbladene. Til daglig Brug gjøres den af Strie, men til Helligdagene og til Stads af Lærret. Udenpaa denne iføre de sig en sort Vadmels *Stak*, af Façon som den første, undtagen at den er presset i smale Folder, samt kortere. Den er ligeledes uden Ærmer; thi de bruge ikke uldne Ærmer, undtagen om Vinteren, da de tage paa sig en kort Vadmels Trøje, af samme Skikkelse som før bemeldte trange Skjorte, hvilken kaldes *Kufte*. Paa Fødderne og Benene klæde de sig ligesom Mandkjønnet. Istedendfor Kaabe bruge de et saa kaldet *Plagg*, enten af Vadmel for Varme, eller af Lærret for Stads Skyld, af een Brede, 4 til 5 Alen langt. Dette kastes som et Skjærf fra venstre til højre Side over den venstre Skulder, samt tages under den højre Arm, og svøbes sammen foran om Hænderne. Forklæde bruge de ingensinde dagligdags; og om Halsen og Brystet bruge de heller intet; men Skjorten



188. Tindesylgje, Valle N. F. 60-02.

sammenheftes alene med nogle Sølvspænder eller Messingspænder. Om Livet bruge de altid et Belte; dette er til daglig Brug enten et uldent Baand eller en Læderrem, besat med mange Messingringe og Plader, og heftes tilsammen foran med et Spænde; men til Stads bruge de et af samme Façon udaf Sølv, som skatteres fra 10 til 30 Rd., men ere gemenlig meget gamle, ja undertiden 100 til 200 Aar, og gaae bestandig i Arv og Skifte, til Søn efter Fader, og til Datter efter Moder.<sup>30</sup>

I den eldste „beskrivelsen“, me hev frå Setesdal,<sup>1</sup> stend det ikkje stort um kvendebunaden. Her finn me berre fylgjande: „Qvindfolkenes Kiortler vare skaarne medste parten, som deres ere, som nu er i Brug; uden allenest at de vare hviide — graae eller noget røde, som Faaret var lydt — farvet — til. De havde og et slags røde Huer, som havde en sort Liste nedenumkring indtil midt paa, toe eller tre Finger breed, og 3 Spidser hen i Weyret, med 2 eller 3 slags Leet — d. e. Farve — en fremme paa og en ved hvert Øre.“

So lite dette er, kann det likevel snautt vera tvil um, at det er ein millomalderbunad me her hev fyre oss. „Beskrivelsen“ er truleg som nemnt frå tidi ikring 1700, og enno hev dei same skurden på sine „kiortler“ som dei hadde havt fyrr, det er berre, som me kann skyna, fargen som er brigda. I ordsamlingi frå slutten av 1600 talet stend nemnt: „Rucke-stackien, de valmels skiørter som de bruger med mange folder og Rønker paa.“<sup>31</sup> Dette kann ikkje vera anna enn den fellte stakken, dei enno bruker i Setesdal. „Beskrivelsen“ og ordsamlingi som bae er umlag frå same tidi, tykkjest ikkje å samstava; for „kiortelen“ og „rucke-stackien“ kann vanskeleg vera same plagget. Um so var, vilde visseleg forfatternen til „Beskrivelsen“ ha skrive um alle rukkone, på same måten som han gjer det um dei fellte buksone, dei han totte det gjekk for mykje ty i. Skilnaden kjem truleg av, at „Beskrivelsen“ er frå Valle eller øvst i dalen og ordsamlingi frå nedre og austre Robyggjelaget, helst Vekusdal.<sup>32</sup> Rukkestacken eller den fellte stakken var ikkje komen so langt upp som til øvst i dalen enno; men han var på veg

og kom der vel snart. Me fær soleis ei tidfesting på, når kvendi i Setesdal fekk den bunaden, dei enno gjeng med. Det var ikring 1700 eller på same tid som mennene skifte og fekk flasketrøya og dei fellte buksone.

Som me kunde vita, skriv kvendebunaden seg frå renessansetidi, han med. Han tykkjest å vera ei sambinding av den italienske og spanske renessansebunaden, der livet eller uppluten er komen frå den fyrste bunaden og den stive, klokkeforma stakken frå den andre. Samanblandingi av desse tvo bunadene hev truleg gjenge fyre seg i Tyskland, der det var strid um kva bunad skulde vinna. Resultatet vart på fleire stader eit slikt kompromis. Korleis denne bunaden frå Tyskland hev nått upp til Setesdal, veit me ikkje; men som mannsbunaden på denne tidi hev han vel gjenge vegen um Danmark. Her i landet finn me han no berre i Setesdal; men han hev truleg vore vanleg fleire stader. På Sørlandet hev dei havt liknande fellte stakkar som i Setesdal<sup>7</sup> og lik eins i Seljord i Telemarki;<sup>33</sup> men noko sidare som dei òg var i Setesdal i eldre tid. Bunader med liknande stakk og nokolunde same uppluten finn me i Pommern, Altenburg og Bayern i Tyskland og på Øsel utanfor Rigabukti.<sup>34</sup>

Kvendi i Setesdal hev vore konservative i bunadsvegen, og sogemannen til Skar hev ikkje so lite rett, når han segjer: „Kvende skifte aldri Klædning.“ Dei hev visstnok ikkje havt same bunaden heilt frå fyndeheimen av; men tvo hundrad år er likevel ei lang tid, helst når det gjeld noko som skifter so ofte som bunaden. Brigda på klædningen hev dei sjølv sagt gjort nedigjenom tidene; men kor mykje eller lite, veit me ikkje. Berre når det gjeld hovud-bunaden, hev me noko å halda oss til.


I tidi fyre 1700 gjekk dei med den fyrr nemnde raude luva med „3 Spidser hen i Weyret“. På Gjellebøl si tid brukte gjentone å fletta håret sitt med eit band som no, og det er truleg ein gamal skikk. Men dei rikaste brukte „en Strimmel rødt Klæde, ongefær 2 Finger bred, som paasættes med 2 smaa tynde og fiirkantede forgyldte Sølvplader af en Otteskillings Størrelse, og bliver Kaldet *Bune*“. „Bune“ eller bunad kjenner me frå skifti, der han er kalla „Hofuit bonne“, „Hovet bonne“ og ein einaste gong i eit skifte frå 1793 „Stadsbuna“. Det eldste skiftet bunaden er nemnt i, er frå 1701 (sjå s. 190 merknad 91 i).



189. Sporesylgje, Valle N. F. 701-11

Konone og ekkjone fletta òg håret sitt, men so sette dei det upp i ein stor Knute bak på hovudet. „Derom sætte de en Top af Skikkelse som en Pegel eller et Halvpottemaal, med Navn en *Vrinsk*, som er gjort af Lærret eller Strie, fyldt med Stry eller Uld, for at gjøres stiv, af et Spands Højde og sættes fast til Hovedet med 2 Hegter. Til Stads bliver herom svøbt et hvidt Linklæde, som et litet Tørklæde, lagt i en spids Trekant, som staaer lige op i Vejret, og fæstes til Vrinsken med et Par Knappenaale. Dette bliver kaldet et *Skovt*, og bruges finere eller grovere, nemlig alt eftersom enhvers Lejlighed findes. Højden af samme er almindelig  $\frac{1}{4}$  Alen, ja undertiden  $\frac{1}{2}$  Alen, nemlig naar de vil gjøre stor Parade.“<sup>35</sup> Kor lenge dei brukte dette skautet, veit me ikkje plent. På presten Lund si tid (1794—1803) var det enno i full bruk;<sup>36</sup> men i 1830 åri hadde dei ein silkeklut rundt hovudet, knytt framme i ein knute og so eit plagg yver som dekte hovudet.<sup>37</sup> Tidemand hev måla ei „andags-brur“ i 1848. Ho hev skaut, so me skynar, det hev halde seg lengst som høgtidsplagg (sjå pl. 1, 2).

Etter det Skar skriv, sylva dei seg ikkje so mykje i gamal tid. Dette høver ikkje heilt med det ein kann finna ut av skifti. I kvart einaste skifte er det nemnt ei mengd med sylv. Det er sylvbelte med „Spanger“ og „Spraaden“ eller med „Kister, Ringer, Spende og Spenger“, det er snørelekkjor, med nål og utan, og halsband med ein eller tri forgyllte myntar i — det dei no vanleg kallar flatlekkje (*Agnus Dei*). Ein stad finn me eit „Hofuet laug af forgylt Sølf med 12 flade Spanger og Løv udi hver Spang samt 5 thornar og 3 runde Kubber“. Det er visseleg eit brurelad. So er det alle spennor og maljor både med og utan lauv. Noko som er kalla „Mallie stachs bonne“, er truleg maljor, dei feste i stakklina på kvar side uppe ved brystet. Hornringar og skjorteringar er det ei mengd av og sist men ikkje minst sylgjor og atter sylgjor. Det er bolesylgjor, tindesylgjor (fig. 188) og gluggsylgjor (fig. 190). „Trandeimsylgjor (fig. 191) og sporesylgjor (fig. 189)<sup>38</sup> som òg er svært gamle, er ikkje nemnde, og difor hev dei vel berre gjenge under namn av



190. Gluggsylgjor, Valle

N. F. 55-97



191. Trandheimsylgjor, Valle

N. F. 878-11

sylgjor. I skifti frå slutten av 1700 åri møter me filigransylgjone og fyrst i 1800 åri lauvsylgjone. I denne tidi er ogso slangesylgjor nemnde.

Som me ser, hadde dei både mykje og mange slag sylv, og um dei so gøymde på mykje av det berre for verdet skuld, vart det likevel nøgdi att til bruk. Sjølv sagt gjekk dei ikkje med so mykje sylv til kvardags; men dei tok sin mun att til høgtids. Serleg høyrde det mykje sylv til brurebunaden.

Denne var noko for seg sjølv. Bruri hadde tri stakkar på seg, den eine stuttare enn den andre, so alle tri var synlege. Fyrst hadde ho ein vanleg kvit stakk undst, so ein blå (sjå pl. 51, 3 og 4) med raude listor og sylvbordor og endeleg ein raud med grøn list og sylvbordor (sjå pl. 52, 1 og 2). Kufta eller trøya var blå med „traiesylv“ på kvar side framme og tvo digre sylvhekte på akslene (sjå pl. 52, 3 og 4). Ho hadde oftast tvo sylvbelte kring livet, „flatlekkje“ rundt halsen med ein stor og tvo mindre forgyllte sylvmyntar i og tri store sylgjor hangande på rad nedyver. På hovudet hadde ho eit raudt silkeplagg. Det gjekk rundt nakken og var knytt framme. Dertil hadde ho „lae“. Det er ein rund vrins klædd med raudt ty og tett sett med sylvstøler med lauv eller ringar i. Dei sette håret upp i ein topp midt oppå krana og feste ein „unde'vrins“ rundt toppen. „Lae“ som er holt, sette dei so nedyver undervrinsen. Til brurebunaden (sjå pl. 3, 2) høyrde òg eit kvitt forklæde og tvo raude silkeplagg som hekk ned frå beltet framme, eit på kvar side. Brurkonone gjekk òg klædde som bruri, berre at dei ikkje hadde „lae“. Inngangskonor<sup>39</sup> gjekk klædde som brurkonone eller „fygjiskønunn“. I minsto hadde dei raud stakk og sylvbelte.

Skildringi av denne brurebunaden gjeng berre attende til ikring 1860 åri;<sup>7</sup> men ei forteljing hjå Skar<sup>40</sup> som vel skriv seg frå 1820 åri, viser ikkje stor skilnaden. „La'vrinsen“ batt dei fast „med ei Fløyelsborde dei knytte under Høka.



Paa Halsen hadde ho „Glugg“; det var eit langt glugga Band av kvitt Linan, tri-fire Finger breidt. Glugget var knytt framme paa Halsen, med Endarne slengde attyver Herdarne so dei hekk nedigjenom heile Ryggen. Til dess ho vart brudeklædd gjekk ho med „Gjenteskaut“; det var av kvitt Lereft og reitutt og ørende lite, mest som ein Snyteklut. Dei brukte tvo blå stakkar, so dei i det heile gjekk med fire. Dette kjenner me ikkje frå andre kantar av landet; men i Skåne hev dei brukt endå fleire, og alle skulde ein sjå. Der var det eit merke på rikdom å ha mange stakkar.<sup>41</sup>

På Gjellebøl si tid såg brurebunaden noko onnorleis ut. Brurekonor og inngangskonor hadde „røde Klædes Skjørter paa, belagte med sorte Baand, samt sorte Trøjer med sorte Fløjels Baand paa Sømmene. Under det omtalte røde Skjørt betjene de sig af et hvidt Lærrets Skjørt, som hænger  $\frac{1}{4}$  Alen nedenfor det første. Foran paa Brystet have de en saa kaldet *Brystklud* eller *Smække*, besat med uægte Guldtresser og uægte Guldperler. De have tillige et hvidt Forklæde udsyet omkring i Kanterne som Kniplinger, hvilket de selv forarbeide. For Resten have de paa Skulderne og foran paa Brystet paa den sorte Trøje adskillige Løv av Sølv hængende. Iligemaade have de 3 à 4 Sølvkjæder hængende ned fra Halsen, og nogle store runde Sølvspænder i Skjorten paa Brystet, tilligemed et Sølv-Belte, i hvilket hænger en Klud udsyet med adskillige Farver af Uldgarn, istedenfor et Tørklæde. Og endelig sættes ovenpaa den før anførte Vrinsk paa Hovedet en Rundeel, gjort af Klude, om hvilken bindes et langt Linklæde, hvis ene Ende hænger  $\frac{1}{2}$  Alen ned over Ryggen. Dette bliver kaldet *Overkast*. Bruri gjeng klædd lik eins, berre at ho ikkje hev yverkast eller „ivikast“ som det heiter, men „lae“. Ho hev meir sylv, og utanpå sokkane gjeng ho med „et Par hvide uldne Strømper, som naae ikke længer end til Halvdelen paa Benene, og ere udsyede med rødt uldent Garn, og blive kaldet *Lejster*“.<sup>42</sup> (Fig. 186.)

Denne bunaden liknar på dei, me kjenner frå andre kantar av landet. Dei hev bringestas som brystkluten eller rettare bringesmikken vanleg heiter, og berre tvo stakkar. Dei tri-fire stakkane skriv seg soleis frå ei seinare tid, helst frå 1820—30 åri, då det kom so mange umskifte i bunadsvegen. Yverkastet er truleg eit eldre plagg enn skautet. Me ser, at på Gjellebøl si tid var det høgtidsplagg, det var berre brurkonor og inngangskonor som brukte det, medan skautet hørde til den vanlege konebunaden. Yverkastet er kjent frå ein akvarell av Tidemand frå 1848 (sjå pl. 1, 3); men då var det snautt i bruk.

Brurebunaden, dei bruker no i Setesdal, er som den frå 1860 åri, når rett skal vera; men oftast gjeng dei berre med blå stakk. Lae er òg onnorleis. Dei hev teke til med „ut-

mannlae“, dei kallar. Det er ein høg valk eller rull som er tett sett med lauvsygljor (sjå fig. 183).

## MERKNADER

<sup>1</sup> Kildeskiftkommissionen, Kr.a. M. s. Nr. 197. Avskrift etter ei avskrift i Det antikvarisk topografiske Archiv i Kbh. Sogneprest P. L. Lund hev gjort den fyrste avskrifti. Han var prest i Valle 1794—1803 og fekk lånt originalmanuskriptet som no er kome burt, av justitsråd Schytte. Han hadde fenge det i Setesdal. Forfattere er ukjend, for titelbladet er burte; men det er ikkje tvil um, at det er gjort av ein embetsmann i Valle. Av embetsmenn budde det i Valle, utanum ein og annan kapteinen som det i dette høve ikkje kann vera tale um, berre prestar, so me er visse på, at det er ein prest som hev skrive det. Tidi det er skrive, tykkjest vera i slutten av 1600 åri eller ikring 1700, og millom dei prestane som var der i denne tidi, må ein helst gissa på Erik Leganger som forfattar. Han var i Valle frå 1709 til 1715.

<sup>2</sup> I ein merknad i ovannemnde manuskript trur presten Lund òg, at det er slik.

<sup>3</sup> Kristofer Visted: Vor ældste bondebragt, Tidskr. for Norsk Bondekultur, Bergen 1906, s. 87 fr.

<sup>4</sup> Skar IV s. 17 f.

<sup>5</sup> Kjem av det franske *Capuce*.

<sup>6</sup> Top. Journ. h. 26 s. 64 ff.

<sup>7</sup> Arkivet åt Norsk Folkemuseum.

<sup>8</sup> Namnet kjem av *flasque* = mjukt hangande ned. Det er vel alle lappane eller flaki etter trøya nede som er skuld i namnet.

<sup>9</sup> Fyrr den tidi hadde dei ikkje noko plagg dei kalla bukse. Dei hadde lange hosor. Namnet bukse kjem vel helst av *posche* = lumme.

<sup>10</sup> Litografi av Prael, sjå Bendik Taraldlien: Fyresdal, Kr.a. 1910, tittelbilette.

Eit bilete frå Gols kyrkje i Hallingdal, no på Norsk Folkemuseum, sjå Kristofer Visted: Vor gamle Bondekultur, Kr.a, fig. 60. Bilette ber årstalet 1699. Gerhard Schønings Reise igjennem det nordlige Gudbrandsdalen i Aaret 1755, Budstikken II, Kr.a 1820, 1821, s. 640.

<sup>11</sup> H. F. Hiorthøy: Fysisk og Ekonomisk Beskrivelse over Gulbrandsdalens Provstie, b. II, Kbh. 1786, s. 12 f.

<sup>12</sup> Kildeskiftkommissionen, Kr.a, M. s. Nr. 197, presten Lunds merknad nr. 13.

<sup>13</sup> Skar IV s. 74 f.

<sup>14</sup> Skar IV s. 55 ff.

<sup>15</sup> Brudgomen på Tidemands akvarell (sjå pl. 1, 4) hev raud brystduk. Han gjeng so vidt tvert yver bringa og er sydd fast til trøya på bae sidone. Under brystduken ser me flangen. Han er grøn og radd med knappar etter bringeøpningi.

<sup>16</sup> P. M. Søggaard: I Fjeldbyggerne, Kr.a, 1868, s. 37.

<sup>17</sup> Skar IV s. 61 ff.

<sup>18</sup> Skar IV s. 58. Den siste i Hylestad som bar håret slik, døydde i 1864, sjå l. c. s. 64, merknad under.

<sup>19</sup> Skar IV s. 63 f.

<sup>20</sup> Skar IV s. 58.

<sup>21</sup> Skar IV s. 68 f.

<sup>22</sup> Skar IV s. 65 f.

<sup>23</sup> Ei teikning av Schneider frå ikring 1860 tyder på det same. Sjå Kristofer Visted's l. c. fig. 66.

<sup>24</sup> Skar IV s. 64.

<sup>25</sup> Skar IV s. 56.

<sup>26</sup> Skar IV s. 65.

<sup>27</sup> P. M. Søggaards l. c. s. 58 f.

<sup>28</sup> Torleiv Hannaas: Ordsamling fraa Robyggjelaget fraa slutten av 1600-talet, Kr.a 1911, s. 31.

<sup>29</sup> Skar IV s. 69 ff.

*Setesdalsbunaden*

<sup>30</sup> Top. Journ. h. 26, s. 69 f.

<sup>31</sup> Torleiv Hannaas' l. c. s. 46.

<sup>32</sup> Torleiv Hannaas' l. c. fyreordet s. III.

<sup>33</sup> Hans Jacob Wille: Beskrivelse over Sillejords Præstegield, Kbh. 1786, s. 223.

<sup>34</sup> Albert Kretschmer: Deutsche Volkstrachten, 2. utg. Leipzig, pl. 10, 21, 22 og 61.

Axel O. Heikel: Die Volkstrachten in den Ostseeprovinzen und in Setukesien, Helsingfors 1909, s. 47 og pl. IV, 24.

<sup>35</sup> Top. Journ. h. 26, s. 68 f.

<sup>36</sup> Kildeskiftkommissionen Kr.a, M. s. nr. 197, presten Lunds merknad nr. 15.

<sup>37</sup> P. M. Søegaards l. c. s. 38.


<sup>38</sup> Kva dette namnet kjem av, hev eg ikkje fenge greie på. Det er mogeleg, at desse sylgjone er komne frå Trandheim = Trondheim.

<sup>39</sup> Konor som neit hev havt barn og er til kyrkje fyrste gongen etter sengeferdi kallar dei inngangskonor. Presten leider dei inn.

<sup>40</sup> Skar IV s. 74.

<sup>41</sup> P. G. Wistrand: Svenska Folkdräkter, s. 5.

<sup>42</sup> Top. Journ. h. 26 s. 71 f.



192. Hornring, Valle N. F. 62-02



193. Barnelikferd, Valle

Etter målarstykkje av fru Helga Ring Reusch 1905. N. F.

## LIV OG LEVEMÅTE

AV GISLE MIDTTUN

Heime på garden var det husbonden som rådde, „gardmannen“ eller „mannen sjave“. „Herre i huset er mannen sjave,“ heiter det.<sup>1</sup> Mannen stod for alt utvendes arbeid, styrde og stelte med jordi, åker og eng, ved og høykøyring. Inne i huset og i fjøset rådde kona; men stallen hadde ho ikkje noko med. Mannen studdra hesten. Mann og kone åtte i hop; men mannen styrde med alt dei skulde venda, var so han verkeleg var mann i huset, og det hende at han rådde med det kona hadde havt med seg den tid dei vart gifte òg. Hadde dei ikkje born, var det som oftast onnorleis. Då grov kvar til seg. Men born hadde dei vanleg, og det mange òg.

Borni arbeidde på garden heime, so fort dei var gamle nok til det. Um sumaren var dei hjuringar, og um vetteren pusla dei og hogg ved noko lite, um dei ikkje alt var

so store, at dei kunde vera med i høyskog. Vaksne born fekk stundom løn, når dei arbeidde heime; men det hende visst ikkje ofte, og løni var ikkje stor. For det meste arbeidde alle „i ei gryte“. Borni fekk klædi og kosten — det var vanlegaste løni. Elles hev dei vore og er snilde med borni sine i Setesdal, snildare enn dei fleste andre stader. Det hender visst sjeldan, at borni fær ris i Setesdal, og det gjeng best so, læt dei eldre um. „Tita“ og „boa“ og „mame“ og „papa“ kjem alltid godt utav det med kvarandre.

Var det gamle folk i eit hus, godfar og godmor, so hadde dei follog, so og so mykje til året. Det hadde ikkje so mykje på seg. Som oftast gjekk dei i hop. „Dei skjulde seg med retten, men gjekk ihop likevel.“<sup>1</sup> Dei gamle streva på garden og gjorde det dei kunde. Verre var det, når borni dei hadde gjeve seg i follog til, døydde, eller vart nøydde til å

selja garden til framande. Då kunde det verta hardt nok for dei gamle. Follogi var jamnast små, so det var med naudi dei greidde seg.

Dei heldt so sterkt på ætti i eldre tid. „Og Skyldska var so lang daa; um dei var ikkje ko „Frenda“, var det kjærlegare. Trimeningar var som næraste Skyldfolk, — dei var meir skyld enn Syskenborn er no.“<sup>2</sup>

Tenestfolk brukte dei lite. Det var berre ei ti vikors tid um sumaren, i slåtten. Dei stelte vel med tenarane sine og gjorde ingen skilnad på seg sjølv og deim. Same maten fekk dei, og sengeboset var like hardt for alle. Um vetrane leigde tenarane seg inn rundt i stovone. Dei fekk husrom og seng fritt, karane mot å hogga upp veden og gjentone mot å två tilet um laurdagane.<sup>3</sup> Dei som på denne måten leigde seg inn hjå folk, kalla dei „busetar“, og enno sleng det slike i Setesdal

Sjeldan og aldri selde dei gardane sine i Setesdel. „Gardarne gjekk aldri or Ætti, til Uskyld. Ætt og Gard var uskiljande som Tonni og Hausen. Ikkje Gravi eingong kunde skilja for allstødt: „Me kome her nog att'e,“ sa dei; — Dalen yver var dette so viss ei Tru. So sat dei paa sin Odel. Mann etter Mann, alt fraa Fyndeheimen av. Mange heldt seg Ættline av sjølve Rudkallen. Og gamall Liverett og Tru og Sed ervdest ned og vart aldri rupla: „Den gamle Se'en 'an maa ti'ligge“, sa dei.“<sup>4</sup>

Setesdølene levde som no av jordbruk. Dei dyrka korn og sette seg til med stor buskap. Dei dreiv litt med jakt og fiske òg, men mest uppi Bykle, der kornet sjeldan slær til. I Valle og dalen utyver var gardane det visse, og livet gjekk sin jamne gang og arbeidet med, vår og haust, vetter og sumar.

Um våren tok dei til med vårvinna, „verki“, so fort tid var til det. Åkrane var dei same mann etter mann. „Det som var Aaker, var Aaker, og det som var Voll, var Voll, ifraa ævorleg Tid.“<sup>5</sup> Jordfaste steinar lea dei aldri. Dei hadde lege for betre menner fyrr, gjekk ordtøket, og so hevda det av steinane. Småsteinen pila dei aldri av. Dei berre pløgde eller spadde han ned. Han vermde upp åkeren. Sågauken, vendehalsen, sa til, når dei skulde så. „Så-ti, så-ti!“ sa han og heldt det og gol utan ende. Dei hadde andre merke òg som t. d. storleiken på ymse snøfenner, eller når bjørkelauvet spratt. Når dei hadde sått åkeren, slo dei ein kross i moldi med hörveriva, og so sette dei seg og „kvilde åkeren“. Då grodde det betre.<sup>6</sup> Det var bygg og havre, dei sådde; men dei avla aldri nok til eige bruk utan i Valle, når det var gode år. Jordepli tok dei til med i slutten av 1700 åri.<sup>1</sup> For Bykle vart epli til so god ei hjelp. „Dei var upp i Under for Epli i Bykle: „De va a velsiggnu Frukt; de e Merg altsame!“ sa dei.“ „Næpe-reitar hadde kvar Mann av

gamalt — andre sa „Næpetrø'u.“ Det var Samloge mestom; kvar måtte rysja og eta so mykje han vilde.“<sup>7</sup>

Dei hadde merkedagar, koss året skulde verta. Skirtorsdagen og Langfredagen var so sørs. Var det solskinsdagar utan ei sky på himlen, fekk dei skinår. Såg dei den minste skyfloken, var dei glade og lova Gud. Dei tok merke av isen um våren. Dreiv han inntil landet med gardane og vart liggjande still til han bråna, då var godt år so visst. Men rak isen utigjenom, reiste kornet or dalen. Syftesok, 2. juli, var òg merkedag av gamalt. Regnde det den dagen, vart det ikkje noko godt kornår.<sup>8</sup>

I „Håbbalen“, tidi millom våronni og slåttonni, tok dei seg ei kvild. Frå dei la verkegreidone ned, gjorde dei ikkje anna enn å kvila, heile håbbalen til endes. „Dei gjekk Stogegøng, plent som det var heilag. Dei samlast i Tuni og laag ned Graset — Tuni var i ei Lege. Av og til tok dei Fiske-raata og daska paa Heidi og fiska.“<sup>9</sup> Dei „skjala“<sup>10</sup> seg òg so mykje i håbbalen og heldt bryllaup, um so høvde. Dei hadde beste tidi til slikt då.

Men dei fekk det att. Slåtten kom, og då gjekk det i eitt heilt til svartaste hausten. „Dei hadde meste Slaatten paa Heidi; jamtyver hadde dei fire Gonger so mykje Høy der som heime. Dei snjovanna<sup>11</sup> aldri; so var der ikkje Gras paa Vollen fyrr langt ut paa Sumaren. Di slo dei paa Heidi fyrst. Dei la til Tri-Vikur etter Jonsok og heldt det i eit Renne til Mikjaalsmess Bil, seks-aatte Vikor det minste. Naar dei so kom heim, laag den gode Vollen i Legd og rotna; Skrap-engi hadde skjærna; der fanst ikkje Fræ; Fræet hadde drust or longe sidan.“<sup>12</sup> No snjovannar dei, so krøteri slepp ikkje på bøen um våren; men likevel er dei i Valle i minsto ein tur på heii fyrst. So kjem dei heimatt og slær bøen og skjer åkeren, og so tek dei på heii att.<sup>1</sup>

Dei hadde so mykje med kapping fyrr, når dei slo;



194. Skeidvollen, Valle

Fot. Gisle Midttun



195. „Brautægje“, Valle

N. F. 847—13

„Dei la upp Øykteslaattor og Dagslaattor, Vikeslaattor og Fjortandagsslaattor. Daa vilde ikkje andre vera tælnare; dei slo so dei drap seg mest.“<sup>13</sup> Dei slo so snautt dei kunde; men det var ikkje alltid, dei fekk meir høy for det, heller mindre. Mange heldt det best å slå so slarve som mogeleg, slå som um dei aldri vilde ha høy, då fekk dei mest.<sup>14</sup> I skurdonni tok dei det òg skarpt; men fullt so ille som i slåtten var det ikkje. Når dei hadde skore av, la dei ein grasbendel etter i åkeren. Var siste bandet dei skar, stort, vart kornet drygt, og dei fekk godt år andre året. So passa dei det oftast ut slik, at siste kornbandet vart stort. Det høvde stundom, når dei skar, at vinstre handleden trutna upp. „Du hev gripe gjygri,“ sa dei då. Av kornstråi dei pila på åkeren, når kornet var kome i hus, gjorde dei „øksebukka“, og dei gav dei bukkekjei i jøli. Oksebukkane kom aldri i hop med anna korn; men dei hengde dei på loftet eller i stova til turkings. Når dei hadde fenge kornet i hus, åt dei skurdgrauten. Den som skar seg i skurden, skar skurdgrauten frå seg; men skar ein seg i tri fingrar, skar ein han til seg att. Kornet eller maten, dei kalla det, hadde dei slik age for. Dei måtte aldri kasta korn på elden, og dei pila upp kvart akset på åkeren um hausten. Når dei sådde og det spratt korn ut på åkerreini, jamna dei det innatt på åkeren, so det fekk grott, og når dei treskte, måtte dei aldri spenna maten ifrå seg, „dei skulde skuva Bandet snildt innaat med Høndi“.<sup>15</sup>

Buskapen slepte dei ut so tidleg dei kunde um våren. Som andre stader i landet i eldre tid, brukte dei svelteföring. Dei hadde ikkje anna enn buskap og skinn å berga seg med, når skattar og slikt skulde ut. So sette dei på seg so mykje, dei kunde, um hausten. Men når det leid noko på vetteren, var dei förlause plent, og so måtte dei slita seg fram med skogerusk og skav.<sup>16</sup> Dei stunda svært på våren då, og det var ikkje fyrr tåe, so slepte dei buskapen ut på bøen. Fyrr dei slepte, gjekk dei til fjøset med ein eldsnart og las fadervår. „Her var slik Tuml naar dei slepte. Var det mangbølt, heldt kvar Mann sin Buskap paa sitt, til dess dei hadde freda seg, og det var visst kven var „Bukungji“ for Flokken. Men so blanda dei Buskapen — det var det sværaste. Daa stodst det av, kven skulde vera „Bukungji“ for heile Garden — „Garsjagari“ sa dei i Valle.“ Her var so kaldlege Otor; dei ala

paa Bukungarne, kvar paa sin, so dei var mastige og fæle.“ — „Dei gav dei Ormehovud — daa vart dei so vonde.“<sup>17</sup> Krøteri gjekk på bøen ei stund utyver våren, so vart dei drivne upp i buskogen. Dei hadde hjuringar; for udyri var so fæle:

„Heim kaam Hjuringen, burti va Fe'i,  
uti va Auga, sund'e va Kne'i,  
Armen va av i Obogle'i.  
Stakkars liten Hjuringji!“

„Då hadde dei Gamle so ven ei Bøn:

„Love, love Line,  
gjøy Solè maatte skjine  
yve Dogg, yve Dé,  
yve Topp, yve Tré,  
yve Fokk, yve Fé,  
yve Jomfru Marias kvite Kné.  
Hu sit i Stette  
byster aa flette.  
Hu be'e ti Gud  
at de maatte lette,  
Dagjen maatte lie,  
aa Solè maatte skrie  
yve dei smaa Hjuringann'  
som gjæter i grøne Li'a.“<sup>18</sup>

Det var serleg bjørn og skrubb som jaga etter buskapen; men bjørnen var verst, totte dei: „Det armast etter bjønnetonn; men gror etter skrubbetonn,“ sa dei.<sup>19</sup> Hjuringane var so ille farne, når udyri kom. Dei hauka og hausta, mest dei vann. Stundom hjelpte det å godtala med bjørnen:

„Lo'ne Goffa,  
gakk ifraa!  
mi e smaa,“

sa dei, og då gjekk han, eller dei sa:

„Aa goe Goffa,  
gakk at Bakkjen  
aa set seg!“

Då rugga han hit i ein bakke og sette seg. Han vart skamfull, når hjuringjentone lyfte på stakken og synte han berre kroppen:

„Bjønn Bessi,  
koss e ditt av dessi,“

sa dei. Då rann han.



196. Stumpeformer, Valle

N. F. 591—97, 684—97  
og 1173—11

Skrubben kunde dei klumsa. Fekk dei berre set han, fyrr han såg dei, var han klumsa med ein gong.<sup>20</sup> Elles hadde dei i gamal tid ei våbøn eller klumsing mot alle udyri i skogen. Dei las ho med same dei slepte um våren.<sup>21</sup>

„Skrubben var so næpen paa det, kva Namn dei gav han.

„Kaddar du meg graar'e,  
reiser eg ifraa di.  
Kaddar du meg Skrubb'e,  
et' eg meg fudd'e.“

sa han. Og der var eit Ordtøkje: „Der 'an vare nemnd, e 'an stemnd,“ sa dei. So kalla dei han aldri med rette Namnet; dei kalla han „Graabein“ og endaa tidare „Troddi“: „So kòme Troddi aa draape ne“ — det lyddeest annan Gongen. Men det var ein or Aaraksbø som nemnde han med Skrubbe-namnet. Daa vart han i Skrubbe og gjekk med Skrubbarne sidan“.

Mot ørn og hauk hadde dei våbøner. Ei av dei lyder slik:

„Svaalug Ørni,  
fjuk i Søri.  
Ellen undi,  
Øksi paa.  
Adde di Unga  
sku brenn' upp daa.“

Når noko av buskapen kom burt, „dei gjætte burte,“ som dei sa, turvte hjuringen „barre „hengj' upp Juten“, der Kræturet var set siste Gøngen; so var det paa Staden att andre Dagen. Men „Juten“, det var det same som Rysarne no“.<sup>22</sup> Hjuringane hadde oftast øks, kniv og navar med seg i buskogen, og so arbeidde dei kistillar og anna og fletta store korger av bjørketæger.<sup>1</sup> Rart nok skal alle dei største kornkjeri i Setesdal vera hjuringarbeid, både „Gla'Aakri“, „Vikepik“, „Klavegrisen i Rikjè“, „Aamsveipen“ på Ose og kornkjeri til Mugg Byklum.<sup>23</sup> Dei tek frå sju til tolv tunnor korn.

Krøteri gjekk i buskogen til jonsok bil. Då flytte dei på stølen; men dei måtte ikkje flytta sjølve jonsokdagen. Det kom eitkvart på krøteri då.<sup>24</sup> Bufardagen heldt hjuringane gjestebod i buskogen. Dei fekk ei potte søt mjølk i kvar stove den dagen, og so åt dei løyping, dravle, når dei kvilte til middag. I øvre dalen var det ikkje sjeldan, at kona sat på



197. Smørstaupe og smørambar, Valle N. F. 867—13 og 910—11



198. „Brautægje“, Set.

N. F. 666—98

stølen. Oftast hadde ho sogbarn, so ho gjætte aldri, berre stelte i bui. Lenger ute i dalen var hjuringane eismale dei fyrste vikone; men so kom slåtten, og då vart det folkesamt på stølone. Ingen vilde vera i dalen. Alle, både gamle og unge, tok på heii. „Heidetidi var den gladaste Tid ein Hjuring hadde,“ fortel ein sogemann til Skar. „Sundagarne var det sers; me var fri, og andre gjætte i Staden. Der kom Skjalefolk — dei skjalast vidt utyver Støylarne; kor han kom, vart han teken det beste dei kunde. Gjætte me, var der Folk aa sjaa alle vide Vegner utyver. Gamle-Olav hadde gjætt so mang ein ærefull Dag; han kom paa slikt Lag allstødt, fyrst han var til rødde um Heidi — „de e so eg mest'e lyt kve'e,“ sa han.“<sup>25</sup> Øvst i dalen heldt dei seg på stølone med buskapen upp til tolv, fjortan vikor, lenger ute var dei der berre seks, åtte vikor. Bufardagen hadde dei det gildt. Dei fekk „bufartembe“: „Ostegrisar“, eit stykke fersk ost, mylja i hop med rjome, og dei fekk „bufargrauten“. Det var anten rjomegraut, eller òg var han kokt av søt mjølk med smørauga i. Maten dei fekk bufardagen, kalla dei „bufartrykken“. Um kvelden gjorde dei upp „bufareld“, og so stroka dei til langt ut på natti.<sup>26</sup>


Tussane hadde dei so mykkje stell med på stølone. Når dei flytte til og frå eller millom stølone, stappa dei ein grasdott i bjøllone. so dei ikkje skulde uroa dei. Med same dei kom til stølen, la husbonden seg på kne med dørstokken og bad „støylsmannen“ um lov til å sitja ei viss tid. Han bad „det snildaste han kunde:

„Hus aa Sæti,  
Maanas Lætri,  
kjære Katte-raasbondi!“

sa han — fyrst det var paa Katteraasstøylen han flutte“, fortel Skar.<sup>27</sup> P. M. Søegaard skriv, at alle var med og bad. Skikken var på det nærmaste slutt i hans tid.<sup>28</sup> Han var i Valle 1836. Paa stølen Ljaaraasen under garden Tveiten i Bykle var der ei berghøle, fortel Blom,<sup>29</sup> og der mjølka dei ei kvit geit på ein viss stein og bad so mannen som fyre sat, um fred. Når dei flytte frå stølone um hausten, slo dei siste kinnerøra ned på dørstokken. Den skulde tussekøna ha, med same ho kom. Tussane flytte inn på stølone, so



199. Ostekollar og ostestaupe



N. F. 536—12, 582—08, 725—11 og 1798—11

fort folk hadde fare derifrå.<sup>30</sup> Det var so mykje med tussar fyrr i tidi, og tussebuskap såg dei so tidt i heiane:

„Tussann' fór yve Gjyann-hei  
med Buskap aa Bruri ti Feggji;  
med Simunsvipa da dengde dei,  
so Bloi skvott um Leggji.“<sup>31</sup>

Når alt haustarbeidet var enda, åt dei „skjeisungraute“. Dei reidde av fyrste målet, dei mjølka, etter at buskapen var komen heim frå stølen, og av mjøl som nett var male av det nye kornet. Dei tykka sauemjolk og hadde attåt.<sup>32</sup> Grauten åt dei „skjeisundagen“, sundagen etter skeidet, og av det kjem namnet.

Um vetteren tok folk det med ro i Setesdal, serleg då mannfolki. Det hadde ikkje sin grunn i latskap, det var berre den gamle måten å leva på. Som det var skikk hjå våre forfedrar og er det enno millom primitive folk, levde dei um vetteren av det dei hadde samla i hus um sumaren. Dei tok aldri ut på noko arbeid og dreiv ikkje med småarbeid av gogner og slikt til sal. Kvar mann var sin eigen snikkar, smed, skomakar og timbermann, og gjorde det som trongst so til husbruk.<sup>33</sup> Var det noko sérs arbeid, dei skulde ha gjort i bygnads- eller bunadsvegen, leigde dei kunnige folk til slikt. Då bytte dei ofte arbeid, kørde heim høyt og ved eller gjorde noko anna i staden.<sup>1</sup>

Hustekking var eit arbeid for seg sjølv. Dei kunde ikkje fara smått med det, og so gjorde dei dugnad. Dei som var med i tekkjelaget, hadde plikt på seg til å møta, oftast tvo or kvar stove. Dei som gjorde dugnaden, stelte seg til med mat og øl, so det var flusande. Det var løni dei fekk. Tøkedugnad heldt dei helst um våren eller i håbbalen.<sup>1</sup>

200. Smørambar frå 1675, Valle  
N. F. 562—11

Ut anum dette gjorde dei det arbeidet som fyre barst på garden, kvart arbeid til si tid. Dei slakta, treskte, hogg ved og kørde heim høyet av heii. Det siste var sværaste arbeidet. Dei byrja like etter jol og heldt det til langt ut i mars månad. Mange drog høyet heim. For fødingi skuld sette dei seg ikkje til med hest frå hausten av. Dei selde han, og so måtte

dei draga. Dei drog, so dei drap seg mest. Det er sett til mang ei helse på høyskogvegen. Dei leigde mykje folk til å draga og gav åtte skilling dagen.<sup>34</sup> Kørde dei høyet, var det tolleg greidt arbeid. Når vêret var godt, og det leid fram mot våren, kunde dei ikkje ha det likare. Dei gjorde berre ei vending um dagen. Ein og annan, helst busetar og ungdom, dreiv snørefangst. Stundom nista dei seg ut og låg heile vikone på heii. Dei budde i stølsbuene.

Når karmennene ikkje hadde noko støre å gjera — det var stygt vêt eller so, sat dei rundt i stovone og rødde med kvarandre. Eit bil var det mange slike „stogelauparar“, dei kallar dei; men no er det berre nokre få som held på den gamle skikken.<sup>1</sup>

Kvendi hadde mykje meir å gjera, um det ikkje var fullt so annsamt som um sumaren, då dei gikk jamsides med karane i slått og skurd og hadde alt husstellet attåt. Dei slapp utearbeidet no. Dei skipa i huset, stelte krøteri, og so spann dei og vov og sydde og sauma alt dei trøng.

Fjøsstellet var største arbeidet. Dei gav krøteri tri gonger um dagen, morgon, middag og kveld. Ein gong um dagen fekk kyrne „Agne“. Det var helst, når dei var utatø og brynnte etter morgonmålet dei fekk det. Agnene „tøysa“ dei. Dei hadde dei up i „sæa“, eit trekjær, og slo varmt vatn yver. Dei hadde åre i fjøset, so det var lett vint å verma vatn. Elles brynnte dei med kaldt vatn; men ei ku som nett hadde børe, vermdede dei vatn til, og gav ho mjøl dei fyrste åtte dagane. Dei mjølka tvo gonger um dagen. Fenaden (sauer og geiter) gav dei på same tid som kyrne. Dei fekk litt korn, når dei hadde lembe. „Dei mokka Fenaren, dei Gamle, jamt yver — det var den sprækaste Molk du kunde faa. Var det daa Fatigsfolk som ikkje var Mann til aa føda ei Kyr, so hadde dei Fenar, ein Sau eller ei Gjeit. Daa turvte dei inkje syta.“<sup>35</sup>

Det fylgde so mange gamle truer og skikkar med buskapstellet. Når dei møka i fjøset, måtte dei ikkje gjera det for vel. Det skulde alltid liggja noko etter. Heller ikkje måtte dei



201. Smørambar N. F. 859—97



202. Stettefat, Valle



N. F. 690-11, 958-13, 688-11 og 899-97

sopa godt or båsane eller mjølka vel eller brynna til botnen i bytta. Det som var etter, slo dei ned og tok nytt vatn.<sup>36</sup> Dei måtte aldri slå buskapen med ei vidje eller vridi stong. Då kom det utriv på han.<sup>37</sup> Helst var det vel svive-sjuken, dei fekk, dei vreid seg og sveiv rundt. Vidja er vridi, veit me. Stundom vart krøteri slegne av draugar, daude folk. Då var det best å draga eit likklæde tri gonger yver krøteret,<sup>38</sup> eller dei slo det med eit tjeld som hade lege yver ei likkiste.<sup>39</sup> Kvigor som bar, trutna ofte upp i juret. Då strauk dei tri gonger andsøles kring juret med ein stakk av ei kone som hadde fenge gut fyrste barnet.<sup>40</sup> Det hōvde stundom, når eit kvikjend hadde foster, at fosteret ikkje rokk fram. Det skrumpa inn og vart til stein. Det vart bustein av, som dei sa. Då brukte dei bustein til å løysa upp med. Men rette busteinen tok dei av ormane. Blåsmessedagen legg sju ormar seg i ring og blæs bustein. Dei blæs mot kvarandre, og den som er veikaste til å blåsa, lyt inn i ringen. So hōgg dei andre han og sputtar på han, og til slutt vert han bustein. Den av ormane som då fyrst kjem til vatn, fær busteinen og vert drake. Medan ormane er av og drikk, lyt ein passa på å snitta steinen til seg. Busteinen var so nytteleg å ha. Det fylgde slik lukke med han. Den som hadde bustein vart aldri fatig.<sup>41</sup>

Ymse krøtersjukdomar var finnar og trollkjeringar skuld i. Finnane skaut etter krøteri, so dei datt på staden. Det var so speleg, når fjøsdøri vende mot nord, då kunde dei skjota like inn i fjøset, og stod fjøsreka utanfor døri, skaut dei til måls. Slakta dei eit gjøldslenaut, la dei ein stein i båsen i tri dagar. Elles miste dei det nautet, dei sette på båsen att.<sup>42</sup> Fekk ei ku finnskot, holor i kroppen innunder hudi i vombi og ved frambøgene, skov dei bly av ei kule, det var skote rein med, og gav kui i noko deig eller graut.<sup>43</sup> Trollkjeringane kunde drepa eit krøter på staden, dei, like eins som finnane. „Ko Furu e detti! sa Trydalskaana; Granne-

kaana grev i Mittingje me 'n Kjæss-lem, so Blo'i ryk'e," sa ho — det var tidleg Joledags Morgonen. „Ditt Nautehovu du e!" sa Mannen; „at du ha daa 'kji lært so mykje, at du kunna døyve de," sa han. „Koss ha eg daa silt fari," sa ho. „Alli ko taalt


Dagann' i Vikunn òvigt," sa han. Um Kvelden laag beste Kjyri dau i Baasen." Dei kunde varna seg på onnor vis òg. Dei sette seg i åren og krossa i oska og tok so ut og gjekk tri gonger kring huset.<sup>44</sup> Trollkjeringane mjølka kyrne, so det var på livet. Hengde ein snjosokkane slik, at reimane hekk ned, mjølka dei i reimane, eller dei sette ein kniv i ei bjørk og mjølka i skaftet.<sup>45</sup> Dei kasta vondt på kyrne, so mjølki vart urein, då måtte dei mjølka gjennom det gamlaste sylvet dei åtte.<sup>46</sup>

Når ei ku skulde kalva og fōr til å dra oppunder seg, krossa dei oppyver henne og sette ein kniv i simsi. Når ho hadde bōre, kasta dei aldri etterburden ut. Kom han ut, og det var kaldt, so han klaka, vart kui sjuk. Fyrste mjøldrikkane, dei gav, vigsla dei. Dei sveivde ein eldsnart, brand, tri gonger andsøles kring bytta, eller dei kasta ei glo nedi. Andre målet dei mjølka, gav dei til eit fatigmenneske. Då fekk dei godt av kui. Var det ei frums, kvige, som kalva, då var det endå fleire sveivar. Dei kasta ein kniv i brynna, fyrste gongen dei brynnte. Fyrste målet dei mjølka, hadde dei slikt strev med. Dei laga seg som det var so stort og tungt. Frumsi vart truleg ei svær mjølkeku då. Ein gut og ei gjente streta og bar og heldt bytta tvihendes. Dei kvilde seg med kvar dørstokken og krossa seg. Alle let som dei var forstøkte og spurde, kva furdor dei bar på. „No bere me Frumsemaak, stor aa go, o' Fjosè", svara dei. Ved eit slikt høve vart sjølvsagt ikkje vetti gløymde. Dei bar til vettetreet og slo ned ein skvett, og so sa dei eit vers, der tvo linor lyder slik:

„Et søtt aa godt  
av go Frumsemjaakk!"

Dei baka frumsekake, og alle skulde ha eit stykke av den. I Bykle sende dei til og med ei kake til kvar kyrkjesokn.<sup>47</sup>

Dei stelte godt med buskapen sin i Setesdal, so godt at ein mest lyt undra seg. Sjølvsagt var sveltefōringi fæl; men det hadde tidi og tilhøvi meste skuldi i, og det var ikkje betre andre stader, heller verre. I grunnen var ikkje krøteri dyr i Setesdal, dei var noko nær som folk. Dei tala til dei: „Kaami no adde mi smaa!" sa ho som stelte dei, og dei kom alle både store og små. Ei frums skauta dei, når dei hadde mjølka fyrste målet. Ho hadde



203. [Mjølkekolle frå 1832, Valle  
N. F. 881-11



204. Ostestaup, Austad  
N. F. 442-97





205. Mjølkebolle, Valle  
N. F. 557—11



206. Vengebolle, Bykle  
N. F. 592—97

vorte køne då, skynar me, og det var plent som eit køne-skaut, dei sette på ho. Dei hadde ein vrins under, so det stod ende upp i ein pik som dei gamle setesdalsskauti. Det var av lin, drivande kvitt med kniplingkantar. Glugget var eit langt, kvitt, glugga linband, dei knytte kring halsen. Endane låg langt burtetter ryggen.<sup>48</sup> Kjeungar og lømb skirde dei. Det var Skirtorsdag dei gjorde det. Dei auste vatn på hovudet og gav dei namn og lyste gode ynske yver dei:

„Blaamann ska du heite,  
vi' Gud deg kveikje.  
Ete grønt Gras,  
drikke kaldt Vatn,  
fygje vel Buslone  
ti Sumaarè.“<sup>49</sup>

Som me ser, hev dei ikkje gjort so stor skilnaden på krøter og folk, dei både døypte og skauta dei.

Matstellet var tolleg lettvtint. Kosten var uvand, so det tok ikkje lang tidi å få han i stand. Dei åt fire gonger um dagen, og måli var „bitål“, „dugurd“, „non“ og „øyktebite“. Til bitåls var det skyr, smør og brød og oftast sur ost, til dugurds graut og skyr eller kabrette, prim; til nons det same som til bitåls og stundom med noko kjøtt attåt, og til øyktebite var det graut att. Kosten var den same vetter som sumar; men sjeldan hadde dei kjøtt um sumaren. Det varde ikkje so lenge. I heietidi brukte dei mykje haglette til å spara på brødet.<sup>1</sup>

Brødet dei brukte, var flatbrød av byggmjøl. Dei baka haust og vår. Noko av brødet var „nept brau“, dei kalla, Det var som det andre, men berre knept i hop i ein fir-kanta pakke, so dei kunde føra det, utan at det gjekk sund. Dei brukte det på heii, og når dei elles nista seg ut. Stump baka dei berre til dei store helgane, jøl og påske. Dei låga han av malt og rugmjøl og sette kveik i deigen med ølgjær. Dei steikte han i basstoveomnen; men fyrst forma dei han i utskørne treformer (fig. 196).

Smøret kinna dei kvar laurdag. Ofte var det vondt å få smør, og då var det sjølvsagt trollkjeringane som var ute att. Då hadde dei so mange råder. Dei kasta ned i kinna ei sylgje som hadde gjenge i tri arvar. Dei sette kinna på årehyrna og kinna eit bil på kvart hyrna. Dei skura mjølketroggi med mold frå kyrkjegarden.<sup>50</sup> Stal trollkjeringane rjomen av trøgi, noko som ofte hende, måtte dei kasta eit

trøg på elden med rjomen på.<sup>51</sup> Ei trollkjerring på Homme i Valle var so uheppi ein gong. Ho hadde nett kinna og samla smøret, so bad ho tenestdrenge sin kinna vidare på saupet, og ho sa han fyre, at han skulde segja: „Simle og samle or kver manns kinne“; men han sa: „Simle og samle or kver manns kāmra“, og so veit me, kva der kom i kinna.<sup>52</sup>

Grauten koka dei av byggmjøl og vatn; men stundom brukte dei mjøl til mauk, og då kalla dei det tukkje. Kjøtet salta dei og turka eller røykte det. Dei slakta ein sau um hausten til kvar av husens folk. Av blodet og innmaten laga dei „kurvepylsor“ som dei salta og røykte. Stundom slakta dei ein kalv òg. Kjøtt brukte dei lite og inkje til kvar dags, og um so var, skar dei oftast berre noko av sidekjøtet og steikte på glørne. Kokte dei kjøtet, gjorde dei spa, supan, på det. Dei hadde på ei jamning av byggmjøl. Elles var kokt kjøtt og spa, soden mat dei kalla, gjestebodskost; men då kokte dei helst spaet på ertar og nepor. Annan gjestebodskost var kling, kvit, søt ost og gumbe. Fisk brukte dei lite av, og aldri fersk. Dei fiska det meste på bekken um hausten. So salta dei ned og hadde til jolefisk.<sup>1</sup> Til likferds brukte dei òg fisk.<sup>53</sup>

I gjestebodi brukte dei alltid øl til drikke. Dei bryggja tvo gonger um året, til jøl og til slåtten, og elles når dei heldt festarøl, bryllaup og likferd. Det var helst so, at dei bryggja mykje øl, og Gjellebøl klagar yver at det gjekk for mykje korn med til ølbryggjingi. Han rekna ut, at dei brukte minst tusund tunnor korn til året i Valle og Byggland.<sup>54</sup> Når dei bryggja, stakk dei inn jarn på sida av kjéret, og av vørteret bar dei til vettehaugen, der dei mulla og las noko. Dette hev me døme på frå slutten av 1600 åri.<sup>55</sup> I seinare tid la dei ei salmebok på gongkjéret og sette tvo knivar i gjordi, og dei gav vetti øl.<sup>56</sup> Både gongkjéret og øltunnone krossa dei.<sup>1</sup>

Denne skildringi av kosthaldet i Setesdal gjeng attende til 1820—30 åri. På Gjellebøl si tid, 1770 åri, var det umlag like eins,<sup>57</sup> og me kann vel gå ut ifrå som visst, at slik hev dei levt heilt frå millomalderen av. Kosten no er heller ikkje stort onnorleis. Dei hev fenge eit femte mål, kveldsmaten. Då et dei graut og skyr eller jordeple og skyr. Jordeple brukar dei mykje no. Til nons kokar dei oftast eple, og dei reier graut av dei. Kaffien er sjølvsagt komen. Han er mest viss til fyrste målet, og til nons tek dei seg gjerne ein kopp. Sume stader tykkjast kaffikjellen hanga yver elden heile dagen: „Han kann drikke Øl, aa 'an kann drikke Brennevin,“ sa Byklaren; „men ti vare so timeleg og lageleg i Kroppè som av Kaffi — de



207. Ostestaup, Bykle N. F. 574—97

e umogelegt," sa han. Kaffien kom til dalen, då dei la postvegen.<sup>58</sup> Det var i 1840 åri.

Dei sat ikkje ved bordet, når dei åt. Det gjorde dei berre um jolekvelden og i gjestebodi. I kvardagslaget sat dei her og kvar burtetter pallane. Grauten åt dei av gryta, då heldt han seg passeleg varm. Dei sette gryta på pallen og åt tvo og tvo i senn. Dei slepte ikkje kven som helst til burt i gryta. Det var som ei vyrding, at ein framand mann fekk eta av gryta: „De e so gjill 'n Mann'e, han må nog et' o Grytunn'," sa mannen i Berdalen til kona si, ho vilde ausa upp grauten i eit fat til lastehandlar Stray frå Kristianssand.<sup>59</sup> Smøret sette dei fram i øskjor eller ambrar. Dei var oftast vakkert svidde (fig. 197-201). Brød tok dei seg sjølv i bordkista eller frå „braudtægja" som mange stader stod på bordet allstødt. Brødtægjone var anten fletta av bjørketæger eller laga av trebøygje. Då var dei for det meste utskørne (fig. 198). Mjølki hadde dei i trog og kollor eller uvande trebollar (fig. 203, 205 og 209), kjøt og supan i trøg eller store trefat, og osten stod på ostekollor eller ostestaup, fint skørne eller svidde (fig. 199 og 207). Karmennene åt med tollekniven. Kvendi hadde ikkje knivar. Dei hjelpte seg med fingrane eller grov med ein brødmøle i smørøskja. Treskeier brukte dei alle dagar.


Dei las fyre og etter maten, og dei tok hatten av, når dei las; men elles sat han på hovudet. Dei hadde slik age for maten. Dei vanvyrde ikkje den minste brødmølen. Datt ein brødmøle på golvet, tok dei han upp, kysste på han og åt han.<sup>1</sup> Dei måtte ikkje slengja skeii uvyrdsleg frå seg: „Kastar du Sponen, kastar du ifraa deg a Maalti' Mat'e," sa dei.<sup>60</sup> Av all ting dei hadde i koppår og hus, skulde allstødt noko vera etter, graut i gryta, korn i kjeri, mjøl i bingen og brød i byrda. Skrapa dei snautt, vart dei nøydde til fyre enden å skrapa. Dei måtte aldri eta på berr botn heller.<sup>61</sup>

Framandt folk som dei gav mat, sette dei ved bordet. „Det var ei Vyrding fyrst dei fagna med Mat, at Bordet var vel skipa. So sette dei fram heile Stavøskja med Smør og Haugar med Braud, og Ostestaupet innmed. Og Mjøl — heile Kolla med Rjomen paa stod paa Bordet. „Ha du no vilt set deg 'naar fengje deg noko Maté." sa dei. „Kvæ veit



208. Ølstaup, Bykle N. F. 503—17

um du ha vilt sett deg innat." Dei felte det *til* paa so mange Maatar; men det vart rekna til Fisl aa segja: „Ha du vilt vore so snill aa sett deg inn-at." — „Aa de varte vel liti av me di," sa dei, fyrst han takka for Maten. Aa eta snautd Bord var uvisklegt: „De e bet'e ete mannlegt ell



209. Mjølketrog, Bykle N.F. 606—97

210. Mattrog, Valle N.F. 981—11

leive skamlegt," sa dei." — „Ein Granne fekk barre Skjenk. Med Mat måtte dei inkje fagna han — plent som han hadde teke ut solten ifraa Heimen." Når dei skjenkte, fór dei etter det gamle ordet: „Det e 'kji fullt, fyr de ivi renn'e." Dei unnte ein vel. „Dei totte ugodsklegt, fyrst Drykken inkje „tok aa": „Han e forgjord'e; de ri'e 'kji Guss Gaavu aa 'an!" sa Gamle-Berte Haugå.<sup>62</sup>

Til gjestebodi stelte dei til so mykje mat og skipa bordet på beste måten. Klingen la dei på store trefat med kvitostskivor uppå. Ved øvste bordsenden stod høgsæfatet. Oftast var det på skap som ein vengballe (fig. 206). Gumben la dei paa gumbefat, dei kalla. Det var små stettefat eller borddiskar (fig. 202). Kjøtet stod i trøg og trefat, fleire stykke nedetter bordet, og skeier la dei fram, men ikkje knivar.<sup>1</sup>

Huset skipa kvendi som skikken var. I kvardagslaget gjorde dei ikkje so mykje av det. Dei reidde upp sengene, sette koppar og kjerald til rettes og sopa golvet. Men dei sopa ikkje vel. Noko lite bos måtte vera etter. „Der var Tru med det. „Sopar du vel, sopar du Lykka ifraa deg," sa dei. „Sopar du vaakje, vare du rik'e; sopar du vel, vare du fatig'e," sa Gunne Norenaa, og mange sa som ho.<sup>63</sup> Stova vaska dei tvo gonger um året, jol og jonsok. Dei sandskura veggene tri, fire kvørv uppetter. Ovanfor var det svart av røyk og sot. Sjølv bada dei seg kvar laurdag. Dei tok basstøvebad både gamle og unge. Ikring 1830 slutta dei med det (sjå s. 179), og etter den tidi hev det vore so ymist med laugingi. Men dei laugar seg då i fjøskjéret stundom,<sup>1</sup> og stend i so måte yver folk i mange andre bygdelag, der dei ikkje hev lauga seg på år og dag. Skinnfeldane døyvde dei i basstova, og klædi tvo dei i fjøset. Skjortone vaska dei so drivende kvite. Dei saud lut av oske og tvo dei med.<sup>64</sup>

Dei hadde ikkje klokkor i dalen i eldre tid, so såg dei på soli, kor langt dagen var liden. Morgon og kveld retta dei seg etter stjernone. Um morgonen såg dei på „Dagsjønna" og um kvelden på „Fiskji" eller „Jakops Stav" som ho òg var kalla. Var det ikkje stjerneljost, kjende dei det på seg, kva bil det var.<sup>65</sup> Dei stod upp med soli og la seg med soli både sumar og vinter, skriv Gjellebøl.<sup>66</sup> Dette er vel litt stridt, helst når det gjeld vetteren; men tidleg la dei seg nok um vetterkveldane; for det var smått stell med ljøset, dei brukte. Det var berre tyrespikar eller „skunda" som dei kalla dei. Det brukte dei langt ut i 1800 åri. Då la dei



211. „Nystøskje“, Valle

N. F. 726—11

So la dei Ljorefjøli paa. Var so Glodskjøra stor, var det varmt eit heilt Bil utetter Dagen.“ Naar det kolna i stova, sat dei på fjøstrevet med arbeidet sitt (sjå s. 183). „Andre Gøngen dei elde var mot Kvelden. So skara<sup>67</sup> dei Elden fyrst dei notta seg. Det var traat dei skara ned ei Kjuke eller ein Bork til aa „halle Ellsmoiri“. Var der ikke Eldsmor etter um Morgonen, so laante dei Eld. Jamnaste la dei av med Eldskøra.“ — „Dei skara Elden so virkeleg allstødt og krossa seg; daa rymde den Vonde,“ sa dei. „Vi ’an have Fre i Husi, maa ’an skare Ellen vel,“ sa Signe Bendiksdotter.“<sup>68</sup>

Mannen og kona låg inne i stova. Dei andre låg på fjøstrevet. Dei krossa seg kvar morgon, med same dei slo upp augo. Gjorde dei ikkje det, „flaug dei å“, som dei kalla det, når den vonde hugen herska utyver og tok på alt dei trådte etter. Dei song „Dagvisunn“, då hende ikkje noko vondt den dagen. Dei hadde tvo dagvisor — „Den signede dag som vi nu ser“, den song dei helst um sundagane, og „O Gud ske lov til evig tid“ um kvardagane.<sup>69</sup>

Folk som bad um hus, vart aldri nekta. Det hemnde seg å nekta hus. Fatigfolk og fantar som gjekk og bad seg, fekk alltid noko. Sume fanteflokkar som dei likte sers godt, gjorde dei plent gjestebod for. Dei klinte og bryggja, når dei venta dei.<sup>70</sup> Kom folk inn, helsa dei „Guss Fre Denn“, og dei i huset svara „Gu signe“. Var det framandt folk



212. Grautambar, Valle

N. F. 913—11

Merkt GKD P NS 1090

som kom, snudde husbonden talen til dei, og der var stilt i stova. Kom ei fatigkone inn og bad seg, og ho var med barn, sa dei: „Gu signe deg aa de du ber’e me deg“, når ho takka for det ho hadde fenge. Møtte dei nokon på vegen, helsa dei „Gu Moti“, og svaret var „Gusigne“.<sup>71</sup> Dei sa *du* til alle menneske både høge og låge og tok aldri hatten av for nokon. Han sat på hovudet, når dei kom inn i stova til

folk òg. Dei nevehelsa når dei møttest ved kyrkja, på tinget og i gjestebod og elles, når dei råka folk frå ei ònnor bygd, og dei kjende dei.<sup>1</sup>

Um kveldane samla dei seg mykje i ei eller onnor stove og sat og rødde, men mest vilde dei høyra „Gamalt“. „Sogemennene reikna upp gamalt i Kapp; dei heldt det Næter og Dagar, til *ein* var kvitt. Det skilde kven som var greidare i Ordlaget: „Aa sei’ a grei Mening me faa Or“ — det var Hegdi.“<sup>72</sup> Ungdomen samla seg i stovone og dansa, og dei gamle var med. Torkjell Bjørnsson dansa og tok blindetjuv til han var 70 år gamal.<sup>73</sup> Um sumaren heldt dei seg på dansefløti. Dei samla seg visse dagar, helst sundags- og laurdagskveldane, og gjorde upp eld og dansa. Småborni leika seg og hadde gaman dei like eins um sundags- og laurdagskveldane. Dei hadde so mange leikar — „Hindeleiken“, „Gøyma belte“, „Kasta Kakl“, „Mass og Kristi“, „slengja Revsrova“, „føda Sauen“, „smjuga gjennom Luen og Gruen“, „vera Bjørn“, „bomma og løyna“, „bera Stabben“, „gjare um Næpa“, „køyra Beit“ o. fl. a.<sup>74</sup>



213. Brurebolle, Valle

Dei gamle var so glade i felespel og dreiv so mykje med det. Dei hadde langleik òg. Bøker var dei so øre etter å lesa. Dei sat på fjøstrevet og las. Det var helst sogebøkene dei totte um — Snorre og so krønikekene um Karl Magnus og Holger Danske. „Tvo hundreviseboki“ var òg mæt, og so hadde dei „Prestepina“, „Fandens fire Døttre“, „Fattigmands Husven“ o. fl. a. I skifti stend ikkje nemnt so få bøker, men mest i dei frå slutten av 1700 åri og fyrst i 1800 åri. Lesehugen hev vore størst då. Men so kom den store vekkjingi i 1820 åri. Sogebøkene brende dei upp og like eins felone, og dei slutta med leiken og dansen i stovone. Dei hadde berre gudsordbøkene att, og dei maatte vera av eldste slaget.<sup>75</sup>

Heilagdagane var det so strengt med. Dei måtte aldri gjera noko då, berre det som var plent naudsynleg. Ikkje måtte dei raka seg, og ikkje smyrja skorne sine ein gong. Handi visna på ei gjente som hadde pila ørte-knappar (ville vikkor) ein sundag, og ei gjente som hadde skøre neglene sine og vendt seg mot nord, då ho vaska håret sitt, gjekk heimatt, og då kvad ho:

„Du synduge Saal!  
Me sundagsskorne Negla  
Aa nortvegji Haar!“

Skulde dei leva plent rett, måtte dei i grunnen berre eta og so lesa teksti for dagen.<sup>76</sup> Slik lærde dei i minsto; men um setesdølene meir enn andre levde etter det dei lærde, er eit anna spursmål. Det var vel helst berre gamalt folk og dei som var av „læraro“, som var so stempla. Ung-

domen dansa og strøka både um sundagen og andre heilag-dagar, det veit me.

Av helgane var joli so sèrs. Dei hadde so mange skikkar og vedtak dei fór etter då. Som fyrr er nemnt, bryggja dei til jol. Vanleg bryggja dei ei tunne. Ei halvtunne var det minste. Det hadde kongen sagt, og det er rett nok. Det er påbod både av Haakon den Gode, Olav den Heilage og Magnus Erlingsson.<sup>77</sup> Dei spådde av gongkjeret, koss det gjekk i joli. Dunå og saud det for mykje, vart det slagsmål i huset. Fekk dei ikkje ølet til å gå, slo dei ein skvett på åren til vetti. Elles passa dei alltid på å gjeva vetti og tussane øl jolekvelden. Dei bar til vette- eller tussetreet, og i gamal tid sette dei ei skål med øl og ei med vatn på årepallen for vetti, og so brende dei med svovel. Eller dei skvette med øl og vatn rundt åren og heilt ut til fjøsdøri.<sup>78</sup> Når dei tappa upp ølet, skok upp, dei kalla, drakk dei skòkedrykken alle i huset. So bar dei til grannane, so



214. Skrin til festgåvor, Valle N. F. 1134-11

mange som hørde til skòkdrykkjelaget, ein nottung til kvar. På Langeid bar dei til kvarandre alle fire mennene i Heimigard og på Øyrak der det var seks menn, bar tri og tri til kvarandre. Dei vigsla skòkedrykken — kasta ei glo eller ein brødmole ned i ambaren.

Dei slakta ein vèr til jol eller ein bukk, „Jolebukken“ dei kalla. Hadde dei ikkje ein bukk, tok dei ei geit, „Jolegeiti“. Dei var umfram anna krøter, dei batt dei i fjøset og gjødde dei. Som fyrr nemnt fekk jolebukken „òksebukkan“, dei batt, når dei pila aks på åkeren um hausten. Då dei byrja med griser, slakta dei ein gris. Underleg nok stakk dei ikkje grisene det fyrste, dei sette ei rennesnare kring halsen, heiste dei upp og kverka dei. Fyrst når dei hadde skòlda grisen, skar dei ut barken og tappa blodet av han.<sup>79</sup> Dei baka lefse og stump og ei kake som dei la på bordet jolekvelden. Uppå kaka var det baka ei høne med egg rundt (fig. 247). Kaka låg på bordet heile jolehelgi.<sup>1</sup>

Jolaftansdagen heldt dei jolaftansotte, dei kalla. Dei var uppe tidleg i otta, og dei hadde slik moro, då dei stod upp. Den som vakna fyrst, gav dei andre ris, „Joleskjerka“, som dei sa. Kvendi vaska, kinna og klinte, og karmennene hogg tyre og ved. Dei bar inn mat, vatn og ved, so dei hadde flusande joledagen ut det minste. Dei rudde og sopa i tunet for oskereii. Henne var dei so redde. Dei sette tjørkrossar yver dørene og på tunnor, kistor og kjer. Yver stalldøri sett dei ei Simunsvipe og hogg inn ei øks, og dei la stål i kornstaden, so ho ikkje kom til der og tappa øl.<sup>80</sup>

Reii kalla dei stundom for „Staalifæri“. „Lusifæri“ sa dei òg; ho var ute notti fyre solhøv. Staalifæri hadde namn etter StaaliSkavhedderè, den mætaste i ferdi. Når dei baka stump til jol i Homme i Valle, gav dei Staali ein stump. Dei la han på basstovomnen eller basstovpallen. Stundom la dei han på kvilesteinen ved døri.<sup>81</sup>



215. „Nystebomme“, Valle N. F. 549-11

I skymingi fór dei rundt og skaut inn joli. Dei som skaut, vart bedne inn og fekk øl.

Jolaftanskvelden sat alle i hop kringum bordet, når dei åt. Dei sat der berre denne eine gongen i året. Då var det so sakneleg, um ein var fallen burt sidan sist dei sat der. Dei hadde ljøs på bordet, og det måtte dei ikkje sløkkja. Det skulde brenna til endes. Då spådde dei av det. Halla veiken, var det feigt folk i huset. Dei „toppa fyre seg“. Det gjorde dei, når dei hadde ete av, og bordverset var sunge. Då sa dei:

„Toppe, toppe Taari!  
maa eg liv' at Aari.  
Toppe, toppe Ljos!  
maa eg liv a ònno Jol —  
toppe haagt!“

sa dei og heldt handi oppyver logen. Toppa det, logen vart høgare, skulde dei leva. Stod det stilt, var det på voni. Men lægna det, då var dei feige.

Dei kunde få vita, kven dei skulde verta gift med, jolekvelden. Dei tok ei skål øl or kjeret og hòpa seg ut og burt til låvedøri. Der drakk dei ut skáli og slengde ho attyver seg inn døri. Då kom han krabbande yver låvebriki den dei skulde ha. Dei kunde hòpa seg ut tri dører òg, med vatnet dei hadde vaska seg i. Då sat han på tòka. Eller dei hòpa seg tri gonger andsøles rundt basstova jolaftansdagen, når dei døyvde kvardagsklædi. Glåpte dei då mot veggen tridje gongen, såg dei den dei skulde ha. Stundom sat dei „Glumsnotti“ — det var jolenatti dei kalla so. Då måtte han ikkje høyra på, når dei las um kvelden, men røma ut, den som vilde sitja. Han sette seg ved bordet med ein bolle brennevin, ein bolle øl, ein bolle mjølk og ein bolle vatn framfyre seg og sa:

„Her set eg meg i Fa'ns Namn;  
skaff meg so min Kjærast fram,  
um 'an ska kaame o' Helviti.“



216. Grautambar frá Valle Festegåve N. F. 1110-11  
Merkt: V T S 1698 DET AR GIFET SIGRID NOMELAND



1721



1751



1754



1811

217. „And og hønør“, Bygland

N. F. 1197—11, 336—97, 238—12 og 588—95

Då kom den dei skulde ha og drakk av ein bolle. Drakk han brennevin, vart dei rike, øl, vart dei stendige, mjølk, vart det trøngt for dei; men drakk han vatn, vart dei blåfatige. Skulde han ikkje verta gift, kom det ein med hakke og spade, plent som der var likferd. Dei „klædde Jolestolen“. Då klædde dei ein stol med dei klædi dei skulde ha til kyrkje joledagen. Men elles fór dei plent som når dei sat Glumsnotti.<sup>82</sup>

Joledagsmorgonen gjorde dei eld på av ni vedslag. Låg der stikkor og strå i kross på tilet, var det feigt folk i huset. Hestar og buskap fekk god mat. Dei gav kyrne vallhøy: „Idag e de Joledagjen,“ sa dei og la høyet i båsen. „Hesten fekk Deig og Malt; dei tok eit Kvørtel Korn og gjorde Malt av. Um Morgonen stod han sveitt som Sil so tidt, av dñ Hestarne var ikkje vande med Mannemat.“

Dei byrja alt å drikka frå morgonen, av:

„No vi me drikke i Jolo,  
Som Bonden hev okko lova.  
Fyst'e me kom' at svorte Mollinn',  
Daa have me Roi ti sova.“<sup>83</sup>

Dei var ofte på godt lag, når dei kom til kyrkje, og dei kappkøyrdde heimatt frå kyrkja. Resten av dagen held dei seg i ro heime; for dei heldt han so ut ifrå heilag, fyrste joledagen. Dei måtte ikkje so mykje som vaska ei skei eller sopa tilet. Dei lea ikkje maten av bordet, ikkje møka dei fjøset og ikkje tok dei inn eit klædeplagg frå loftet, um dei aldri so mykje trong det.

Men so tok dei sin mun att andre joledagen. Dei var ute tidleg og møka for kvarandre i fjøset. Det var slik gissing, når studraren kom, kven som hadde møka. So vart dei henta heim og fekk øl — „Mokstretus“, dei kalla. Ei tid på dagen væpna dei seg alle, både store og små, med staurar og stenger og slo inn under krakkar og senger og skåp og skreik:

„Ut Dverg om Dynn,  
inn Kaarn aa Kyr!“<sup>84</sup>

„Dei „rei um Hus“ — svarma utyver fraa Gard til Gard og reid kringum Husi. Dei reid fyrst kringum Stall og Løde og

Fjos. So var det Vaanningen; daa stødva dei med Hella og fekk Øl. Dei reid i Kross og i Krans i Tunet — der var so kaldleg ein Tuml.“ Sume reid like inn i stova. „Dei brynnte Hestarne i „Frobrunnann“ — daa drakk dei „Stefansvatn“. Der kom slikt Triv paa Hesten daa, av di det var „vigt Vatn“. Den som drakk fyrst, drakk Vin. Frobrunnann' var tri Aatehøl med „Vrøngevje“. Dei søkte til or heile Austad og Sandnes Sokn; jamvel or Bygglands Sokn kom der Folk. Dei tok ut i Otta, den eine tidlegare enn den andre, og køyrdde som dei var hamgalne. Rakk mange fram i same Stundi, daa slost dei paa Livet. Ein laut i og druknast i Brunnen“. — „Frobrunnann' stod like tidne allstødt, heile Vetren igjenom. Vatnet ida seg og klædde seg jamt med Fraud.“

„Um Kvelden var der „Anndagsgjestebo“. Dei bar ihop Øl, ein Nottung fraa kvar Støge. So dansa dei og drakk, og stundom lykta Leiken med Slagsmaal.


Det skilde mykje kva Fugl han saag fyrst, den Dagen. Var det ein gul, daa vart du tett, og turfte barre lite; var det ei Skjer, daa vart du hol, og turfte mykje heile Aaret.“

„Sjaundi Dagjen i Jolo“, Nyaarsdagjen, reidde dei „Bassegrauten“ og „ropa Bassen“, av di daa snudde Bjørnen seg i Hiet og glaapte seg kringum, og tok „Heiebiti“.<sup>85</sup> Med same der var reidit, la Borni hit til Fjoset med Graute-tvøra og ropa: „Bassi, Bassi! kaam aa sleik av Graufforunn' sjaundi Dagjen i Jolo!“ sa dei. Daa var der ein som hadde løynt seg attan-aat Fjoset og tok Tvøra av dei; han hadde veivla ei Fylle<sup>86</sup> kringum seg og var Bjørn.“

Tolvtedagen heldt dei so heilag. Dei måtte ikkje gjera noko då heller, i minsto ikkje um kvelden. Det var den gamle joledagen.<sup>87</sup> Sume stader hadde dei eit trigreina ljøs på bordet, „Heilag tri-kongar ljøs,“ dei kalla. Mest kjend er dagen av „Tovtirusi“. „Dei la til Tolvtedags Kvelden og heldt dei i eit Renne Trettande til Endes:

„Den gamle Vanen 'an maa ti'liggie:  
fystund' i Joline maa mi drikke.  
Trettandi Dagjen halle mi Rus;  
Tjugande jage mi Joli ut.“

Tolvteruset var det sværaste Rus her var i Joli. Det var Samlògrus:<sup>88</sup> dei bar ihop og bryggja, Drengjer og Gjentor.

218. „Høne“ frå 1756, Valle  
Målt i 1874

N. M. 8185



219. „Høne“ og „And“



N. M. 16456 og N. F. 893—13

Gjentorne ein Nottung Malt til kvar, og Drengjerne tvo Nottung. Og so la dei for dei som dei vilde beda.“ Siste tolvteruset i Valle stod i Viki i 1816. Då bar dei seg so fælt, at dei vart forstøkte og heldt upp. Dei slost so heile tunet var i blod. „Dei saag der den Vonde ljusbærlege,“ og „svarte Fuglar skeinte oppyver Hovudi.“<sup>89</sup>

„Jolebassann“ var ute og gjekk alt som tidaste. Dei klædde seg ut, „basseklædde seg,“ og fór utyver bygdi og fekk øl. Det var plent som dei hadde øl til gode i stovone, difor vart dei ofte kalla „Drykkjebassann“. „Fælaste Bassen kalla dei „Guddurs-bassen“; han var Styrevolten for Bassarne. Trettande kom „Smaabassann“ kvirrande.“

„Tjugande kom Sante-Knut og jaga Joli ut. Han fór med ein Stav hit i alle Krør og jaga:

„Ut Verg um Vegg,  
innte Gjeita aa graa Sau!“

sa han — visst daa i Bykle, i Heidegardane sa han so. Var der Øl etter daa, var han vond; so sat Halvor Fokkison med ein Kveikkopp allstødt og syntte han.“<sup>90</sup>


Påskehelgi var på langt nær so mæt som jolehelgi; men dei hadde nokre gamle skikkar og truer då med. Som fyrr nemnt skirde dei kjeungar og lamb Skirtorsdagen, og Langfredagen pinte dei seg og heldt faste (sjå s. 89). Påskemorgonen var dei upp på høge nutar og fjell og „saag ti Sole“. Med same ho stod upp or havet, leika ho. „Dei gjorde Eld paa av nie Vedsløg. Veden truste dei det Bil Soli spratt paa Fjell. Daa spaadde dei av Røyken: slo han mot Kyrkja, daa var ein feig det Aaret; fyrst han tok ei onnor Leid, daa var dei so fjaage. Dei sytte so med aa gjera Eld paa fyrst, den Dagen, av di alle glaapte hit til den fyrste rjukande Pipe.“

Dei ti heilagdagane som Struense tok burt i 1770, heldt dei fast ved lenge. Dei las teksti og let alt arbeid kvila.

„Presten maka med dei, at det var ikkje heilagt,“ og so slutta dei å lesa; men det var lenge, fyrr dei torde gjera noko dei „haavheilage“ dagane som dei kalla dei.<sup>91</sup> Jonsokdagen var ein slik dag. Noko sérs tru som skilde han ut frå dei andre og minnte um eldre religiøse skikkar, finn me lite av. Dei brende bål og dansa jonsokkvelden; men det gjorde dei andre



220. „Høne“, Valle  
Brukt ved einskjøling



221. „Høne“

N. F. 585—97

kveldar med.<sup>1</sup> Den tjøra dei brukte, når dei sette krossa yver dørene mot oskereii, skulde dei helst brenna ved jonsoktider.<sup>92</sup>

I gamal tid heldt dei laurdagen heilag frå middag av,<sup>93</sup> og torsdagen var det og noko sérs med. Dei måtte korkje hogga eller spinna torsdagskvelden,<sup>94</sup> og dei som vilde verta òvspelemenn på fele, gjekk tri torsdagskveldar på rad til nykken eller fossegrimen, og dei måtte ha ein kvit bukk med seg til gåve. Tulla dei i hop sokkane dei hadde gjenge med tri torsdagskveldar, og la dei under hovudet, drøymde dei um den dei skulde verta gift med, og like eins når dei knøda i hop ei kake tri torsdagskveldar næst fyre jol av salt, mjøl og vatn, ei skei av kvart, og åt ho jolekvelden. Dei kunde òg ganga med ei skjorte dei same tri torsdagskveldane, og når dei so la ho i hovudlauget og sette det framanfyre sengi jolenatti, kom han, den dei skulde ha, og vreid skjorta.<sup>95</sup> Truleg er dette minne um at dagen hev vore heilag, og um so er, helga til guden Tor.<sup>96</sup>

Um hausten, når dei hadde flutt heim frå heii, og det meste av avlingi var komi i hus, hadde dei so stor ein festdag. Dei samla seg fyrste laurdagen etter dei var flutte og heldt skeid, og dagen hadde namn av „Skeisunlaurdagien“. I Valle der største skeidet var, trefte det inn på siste laurdagen i august. Skeidfløti var i tunet på Sagneskar (fig. 194). „Der var ein fast Skipnad med Ota. Paa Skeidfløti var ei liti Dokk — dei kalla den Dokki „Frikshol“; men Frikshol hadde Namnet etter eit som het Frikk, sa dei Gamle. Der heldt dei „Skjei-merri“. Ein av dei beste Karar der var, laut halda henne; til Handyvle hadde han ei Lurke Skeidstong. Merri heldt han so, at ho stod med Fudi innaat Frikshol.

So etja dei Hestarne. Dei leidde dei inn paa Floti, tvo og tvo, fraa kvar si Led og sleit Beitslet av. Men dei rann til og snugga innpaa Merri og illvaala. Og baee vilde vanna henne. Dei lynnde og spente og sveiv paa Huken; dei beist so det small i Kjeftarne: det lyddest utyver heile Garden. Fyrst so ein fór til slengja seg og vilde ryma, daa la han seg paa

N. F. 699—97



222. Utskøren ølbolle, Valle, måla i 1745



N. M. 13755

Merri so traatt og beit og spente og vilde elta henne av. Men daa la han paa han med Stongi, den som heldt Merri. Og inkje fekk han rynt, av di dei stod med Skeidstenger rundt kringum Floti og gjegnde han innpaa att. Var so ein Hest kvitt, sette ein annan sin Hest upp imot den som hadde vunne — um der var daa nokon som trudde seg til. Sossi heldt dei det og sette Hestarne upp, til dess ein „fekk Skeidfolen“ og Leiken lykta.“

I gamal tid var skeidfolen ofte ein huldrehest, og av desse var Graafolen til Leiv Røysland og „Aakrisrauen“ namngjetne.<sup>97</sup> Den vonde synt seg og på skeidet. „Der kom ein Fole som ingen Hest torde til med; det fylgde han ein Biv; dei rann med same dei saag han. So sprang han og gasta seg eisemall; han sprang so Eldspruten stod under Hovarne. Daa skyna dei kven det var, og la til Sprangs heimigjenom. Han kom att i tri Aar i Rad. Det fjerde Aaret var aldri eit Menneskje paa Skeidet.“ I dei siste åri dei heldt skeid, var ein liten tusk av ein hest, „Boteblakkjen“, skeidfole. Han var berre tvo alner høg.<sup>98</sup>

„Fyrst Hesteota var avstadi, la dei hit paa „Leikvodden“ og kappreid, alle som hadde raske Hestar.“ Dei reid etter ei døl som heldt sørigenom og frametter med dei gamle prestehusi. Det var ikkje stort etter av dagen, når ridingi var ende. „Daa var der so mykje med Hestehandel; det var plent som der var Marknad. Dei drakk. Dei ørtest og trugast og prøvast.“ Alle som kunde, var på skeidet, både store og små, gamle og unge. Tenestgutar og tenestgjentor skilde seg alltid fri den dagen. Fyresdøler og nordmenn søkte dit, og alle som heldt seg gode karar. Bjørgulf Uppstad, „kjempa for dalen“, gleddest åt skeidet, so han aldri fekk sova. Det var som bygdi stod på ende.



223. Ølbolle frå 1765

B. M. 5588

Det siste året dei hadde skeid, vart gamle Torgrim Kjelleberg yverriden og skamførd, so han ikkje hadde ein helse-dag sidan. Då la presten seg inn i det, og skeidet vart avlyst. Musæus var prest i Valle då. Han var der frå 1815 til 1821.

I Bykle heldt dei skeid ved „Kaupmannbu'i“ inne på heii, ei halv eller heil mil frå kyrkja. Dei kappreid på „Troddeskei'i“ ein fjordungs veg der ifrå. Med kaupmannbui hev truleg vore marknad.<sup>99</sup> I Hylestad stod skeidet av seg på Rysstad, åtte dagar fyre Valleskeidet.<sup>98</sup> Skeidet i Austad stod på sjølve Austad. „Skjeivodden“ var med „Skjei-evje“, på ein odde der „Kvennaane“ renn ut i Ottre. Dei kappreid på „Skjei'i“ nordetter frå kyrkja. Presten Münster (1828—41) fekk Austadskeidet avlyst. „I Sandnes Sogn var der Skeid i Aaraksbø, paa Haugemoen. Midt i Skeidet stod „Brurè 'ass Olav Taaralsson“ — det var ei gaste stor og greinutt Bjørk. Riset var so langt; det hekk so det lavde. Kvar Vaar la Olav eit Kjærrelass Myk paa Røterne.“ I Bygglands sogn stod skeidet på Kvaalsmoen. Dei kappreid, tvo og tvo, frå „Smedalen“ og austigjenom moen til „Skjeibrokke“. Skeidet slutta der i 1830 åri. I Aardal var der skeid like eins. Ein mann som var fødd i 1812, kunde minnst det. „Dei gav Hestarne Ormehovud eller Brennevin, fortalde han; daa vart dei so vonde.“<sup>100</sup>

Me hev truleg havt skeid i dei fleste bygdene i landet, noko alle stadnamni på „skeid“ og „leik“ tykkjest tyda på. Frå Fyresdal i Telemarki fortel bispen i Oslo frå visitasreisa si i 1618, at dei heldt skeid der Bartholomeusdag (24. aug.).<sup>101</sup> Skeidi er gamle. Frå Sverige hev me eit døme heilt frå den eldre jernalderen. På ein stein frå Engeby kyrkje i Uppland er ein hestekamp avskildra.<sup>102</sup> I sogone er skeid nemnt fleire gonger.<sup>103</sup> I Setesdal heldt skeidi seg lengst — som me hev høyr, heilt til 1820—30



224. Som fig. 221



226. Ølbolle, Valle  
Skåret av Ola Olason i 1692

N. F. 2163-06

åri. Då fekk prestane dei avlyst, heiter det. Det kann vera vel nok; men den røynelege grunnen til at dei slutta, hev me helst i vekkjingi som nett i dei åri tok setesdølene med slik storm. Dei fekk eit anna livssyn og heldt opp med so mykje av det gamle då.

Me hev no fare året igjennom og havt fyre oss dei festar me kjenner til og dei restar av skikkar og truer som fylgde med. No stend berre etter å gjeva eit stutt yversyn yver dei meir personlege festdagane og hendingane som fylgde med, når ein vart fødd, gifte seg og døydde. I eldre tid tok dei ein breid plass i folkelivet. Folk levde meir i hop då. Det som hende den eine, hende i grunnen alle; for alle var med, når noko stod på. Det me no tykkjer er reint personlege hendingar, var den gongen bygdesaker, samfundssaker um ein vil, og var difor underlagt fast skipnad og gamal skikk og tru som ingen torde rupla. Serleg var dette tilfelle i Setesdal der det gamle hekk seigare att enn i andre bygder.

Når dei venta eit barn til verdi, måtte mori ha umsut for det, lenge fyrr det var født. Ho måtte akta seg for kvart steget ho tok; for det var so mangt som kunde skada fosteret. Ymse dyr måtte ho vara seg for, soleis ormen, haren, reven og bjørnen. Såg ho ein orm, vart barnet ormøygt, ein hare vart det haremynt og ein rev vart det raudt. Bjørnen var det noko anna med. Han var so sli etter fremmelege konor. Han vilde riva dei sund og ta fosteret og føda det upp, og dei hadde fleire segner um slike born som var fostra upp av bjørnar. Ho måtte vara seg for det ho åt, so ikkje barnet vart flekkut og ureint i leten. „Skogerusk“, bær, var dei so redde å eta. Det var so lett å få ein flekk i andletet då, og han kom att

på barnet. Heller ikkje måtte dei sjå på, når dei slakta for blodflekkene. Hadde dei hogge på ein dørstokk, og ho var den fyrste som steig yver han, fekk barnet „dýrehogg“, eit mindre skard i lippa. Det var so tidt dei hogg på dørstokkane, lauvkjerv på fjøsstokken og kjøt på bursstokken. Men so steig den som hogg yver fyrst, so naua det ikkje. Ei fremmeleg kone måtte aldri ta den minste ting av det som andre åtte — ikkje so mykje som ei flis or tunet ein gong. Barnet kunde so lett verta ein tjuv. Ein måtte aldri kasta noko på ei fremmeleg kone. Barnet fekk synemerke der ein høvde henne: „Gud flytkje det!“ måtte ein då segja, når det var i andletet eller på hendene ein høvde. Var det likferd, måtte fremmelege konor alltid gå ut fyre kista, når liket vart utbore. Gjekk dei etter, vart det „ham-sjåara“, borni dei gjekk med.

Dei stelte seg til med barneklæde i god tid, um dei ikkje hadde frå fyrr. Dei sauma barnehuvor (pl. 4, 5 og 13) og kinnplagg eller „bleiu“ (pl. 4, 1, 2, 14 og 15). Dei stelte til skjortor av lereft og reivar av kvitt og raudrandut vadmål. Dei vov lange lindar (pl. 4, 20 og 21) til å veivla rundt barnet, når dei reiva det.<sup>104</sup> Mannen måtte bryggja øl — det hørde alltid med til ei sengeferd — og han måtte få heim brennevin frå byen, um han ikkje brende sjølv — det var mest endå meir naudsynleg.

Til nærkone tok dei det kvendet dei trudde best til, og der var alltid ei eller onnor kone som var god i eit slikt høve. Vatnet dei vaska barnet i, „bånelaugji“, slo dei innunder svilli. Navlestrengen brende dei upp, elles kom ikkje barnet til å halda vatnet. Dei vog aldri borni: „Veg 'an Baani, so døyr de.“ Dei sprete sylv i linden



225. Ølbolle  
Merkt: IHS TSSEH 1734

N. F. 939-06





227. Ølbolle, Valle  
M. a. merkt: O M S E H 1756

N. M. 8201

med same dei reiva det, og sylvet måtte vera i linden, heilt til barnet vart kristna, elles tok tussane det, og dei fekk ein byting i staden. Når dei la det i vogga eller trøget, um dei ikkje hadde vogge, stakk dei ei saks og ei salmebok inn under høvendet.

Dei fyrste tri vikone måtte ei nedfallskone eller barselskone berre ha graut til mat, øl og graut og smør og graut. Der måtte mykje graut til: „De ska 'n Nottaang'e Graut'e ti fydde Baansromi“ — det var eit gamalt ord. „Brennevin drakk dei herleg; ein Buttell til Dagen, det var det jamne.“

Nokre dagar etter at barnet var født, kom grannekonone med senggrauten. Dei bar til fatig som rik; heile garden bar, skylde og uskyld. Alle kom på same dagen — slik var det både på Brokke og Straume i Hylestad og på Rygnestad og i Hømm i Valle. Senggrauten som sume gamle kalla „noene-graut“, var god gryngraut. Dei bar han i ein nottingsambar, og denne var alltid vent utferda og sviden (fig. 212 og 216). „Der fylgde med eit Smørstykkje, tvo-tri Merker, etter som Skyldska var. Naar so Sendingskona kom fram imot Huset, la ho Smøret midt i Grauten, so der braana noko av, til ho kom inn. Daa la dei det paa ein Talerk og hadde det til aa bræda i Grauten, kvar Gøng dei aat.“ Når sendingskonone kom, vart det heilt gjestebod. Dei fekk mat og drikke, so det fløste, og var det konor som lika det sterke, kom dei ikkje so sjeldan heimatt med eit godt rus på. Senggrautskikken er gamal og truleg av heidensk, religiøst opphav.<sup>105</sup>

„Nedfallskona maatte liggja i si eigi Seng eisemo, og inkje maatte ho koma inn Kyrkjedyri fyrr ho hadde „gjengje att'e til Kyrkje“,“ d. v. s. hadde vore inngangskone.<sup>106</sup> Det måtte ho venta med til seks vikor etter sengeferti. Då kristna dei oftast barnet òg.

Til faddrar bad dei alltid skyldfolk, tri karar og tvo konor. Gjentar vart aldri bedne. Den som skulde bera barnet, kom heim og henta det. Dei



228. Ølbolle frå 1677, Valle N. F. 1089—15

andre faddrane møtte berre upp med kyrkja; men dei fylgde heim etterpå og fekk nonsmat. Faddrane gav stundom gåvor til barnet — ty til klæde, ein reiv, ei huve eller dilikt; men det var ingen fast regel.

Dei hadde so fast ein namneskikk. „Dei „reiste uppte“ sine Fyremenner, og andre av Ætti etter som dei var nærskylde! Far og Mor til Mannen fyrst, so Far og Mor til Kona. So var det Farbrøder og Morbrøder og Farsyster og Morsyster til Mannen, og so likeins til Kona. So var det Systkini deira, visst daa um dei hadde Systkin som var avlidne. Dei totte so gildt, dei Gamle, at Namnet kom til liva. Dei gav Namnen store Gaavor, skar han nye Klæde fraa Hønd til Fot, eller gav han andre Ting som var Mun i. Dei tok han til seg stundom og fødte han upp og gav han alt dei aatte og hadde.

Barnet fekk same Liv som den dei hadde reist upp att, og den kom han til likjast. „Sjaa der hev Gamle-Gunnaar stae uppte — sjaa de, ko like dei e“, det var so tidt aa høyra; „han vare plent som den 'an heit' etti,“ sa dei. Dei som hadde havt eit vondt Liv, dei sytte dei med aa reisa upp att — dei vilde ikkje „Namni“ skulde lida vondt ein Gøng til.“ — „Sume hadde so mykje imot det, at han reiste dei upp att: „De trivst 'kji tvau Nømn i Husi,“ sa dei.“ — „Fór eit Barn, og dei reiste det upp att naar det næste kom, daa fekk det inkje liva, det Barnet — der maatte koma eit Namn imillom. Sume Nømn vilde slett inkje liva.“<sup>107</sup>

Etterkvart som borni vart vaksne, kom dei med i ungdomsflokken. Kvar gut valde seg ein ven — skikken var so — og tvo vener var som eitt. Dei trudde seg til kvarandre og tok kvarandre i forsvar. Me hev døme på, at dei nekta å vitna mot kvarandre i retten; for dei var „venir“,<sup>108</sup> og skal me tru presten Lund, kunde dei gå so langt som til å giera eit dråp for venen sin.<sup>109</sup> Dette minner ikkje so lite um gamal fostbrøderskikk, me kjenner frå dei islandske ættesogone.

Gutane byrja tidleg å „fara ute“, d. v. s. gå på nattefriing eller nattelauping, „trevgøng“ kalla dei det òg ofte — ungdomen låg på fjøstrevet, veit me. Trevgongen hørde med til uppsedingi: „Di mōge fare uti aa lære se'e dikko,“ sa dei til dei unge. Men dei måtte fara i flokkar. Det var skamleg å fara eismal.<sup>110</sup> Prestane, serleg Gjellebøl,<sup>111</sup> ivra so sterkt mot trevgongen; men dei kom ingen veg med det. Trevgongen heldt dei på med, so lenge dei låg på fjøstrevet, og gutane fann vegen inn til gjentone, etter at dei hadde flutt upp på skjeldtilet yver nyestova med.



229. Einskildskopp, Hylestad  
N. F. 52—97

Merkt: G O S E H · T A A X 1757 X

Som rimeleg kann vera hekk denne skikken lenge att. Folk såg ikkje noko rart eller stygt i det som der heller ikkje var. Laurdagskvelden venta gjentone gutane, og dei låg fullt klædde i sundagsstasen sin. Gut og gjente hadde ingen annan måte å verta kjende med kvarandre på; for korkje i leik eller lag, langt minder „i dagsens fulle ljøs“ som skal vera so gildt, måtte ein gut tala eismal med ei gjente. „Daa var dei paa Allemanns Munnar med same,“ og det vilde dei sjølv sagt ikkje våga. Trevgongen var ein gamal naudsynleg skikk som — når dei tok dei umsyn god bygdetone kravde — korkje var verre eller betre enn andre friarskikkar. Sjølv sagt var det ikkje berre ein friarskikk, slik som han mange gonger vart driven. Mange tok det som ein rein sport å fara bygdi rundt til gjentone, og gjentone på si side totte det var gildt, når dei hadde mykje renn på dørene — di grummare var dei sjølv sagt. Men enden på det vart likevel, at ein gut og ei gjente kom so langt, at dei skyna meiningi, som ein segier. Då måtte guten til å fri for ålvor. Etter Gjellebøl<sup>112</sup> gjekk det for seg på den måten, at han kom



230. Einskildskopp N. M. 63766

heim til gjenta um natti, kalla henne ut og spurde henne. Fekk han ja, kom han att natti etter, vekte foreldri upp og spurde, kva dei meinte. Det var sjeldan han fekk svar med same; men då heldt han det og kom att natt etter natt, til svaret vart gjeve. Foreldri hadde so mykje å segja fyrr. Då som no vilde foreldri gjerne, at borni skulde få seg „eit godt gipte“; men den tidi var eit godt gifte mykje meir enn no eit rikt gifte. Det var heller ikkje so underleg, at dei totte so. Dei unge sat heime og tok aldri ut paa noko arbeid, og andre vegar var oftast stengde. Det var skam å senda borni sine ut — plent som ein mann ikkje kunde føda sine. So tente dei unge ingen ting, og arven var ikkje noko som drog. Då var det um å gjera å verta godt gift, so dei fekk noko under hendene og hadde god utkome. Det stila alle mot; men det var lettare sagt enn gjort å få det slik til. „Det var uvandt for den som var Gardskar; det var Drelt med Gardegutane. Men der var Skil paa Gardar — um det var Hude-bruk, eller det var Skinn-bruk barre. Gamle-Gyro Harstad var forstøkt daa Lisle-Gyro gifte seg til Sandnes: „Du e a grom Garsgjente, aa tek 'n Gjeis-skjinnmann!“ sa ho — der var ikkje ko eit Gjeite-skinn i Skyld paa det Bruket.“ Men „dei lause Karann“, dei var det verre for, og um dei var det krøkt i hop eit stev:

„Det e nog av dei lause som have 'kji Gar,  
dei laupe kring Bygdann' som Hunda,  
paa Oddann' aa glør  
aa rope paa Mor.  
De drys' inkji Pening o' Lumma.“<sup>113</sup>



231. Einskildskopp

B. M. 5594

Ætti hadde mykje å segja òg: „Han ska sjaa ette Fokkeslagjè som ette Gjeiteslagjè,“ sa dei. — „Han kann 'kji stele Mannen o' Ættinn.“ Alderen tok dei umsyn til, at ikkje skilnaden var for stor:

„Snjoren fedd'e paa Haagheian',  
i Dalann' fedd' 'an tung.  
De kann so iddi isame kaame  
'n gaamaal aa so 'n ung.“

Helst skulde guten vera nokre år eldre. „E 'u ven'e,“ det lyddest so traatt. Men daa viga det meir, sa dei Gamle, at ho var av rikt Folk so dei kunde sitja paa Garden, og at ho var god til aa arbeida og skipa i Huset: „Sko alli Slaatta i Solegla', og alli Gjenta i Kyrkjelag,“ sa dei. Var ho so god i seg der til att, daa var ho ven, sa dei.<sup>114</sup>

Men ikkje berre foreldri måtte vera einige og tykkja um giftarmålet. Ætti måtte og vera med på det, og oftast hadde dei meste strevet med å „telja til og ifrå“, som dei kalla det. Ingen kunde som dei vega ørfint på vekti.<sup>115</sup> Eit giftarmål fyrr var mykje meir enn no eit ætte-spursmål.

Men framum alt stod lagnaden. „Dei som var lagji til havast, laut havast,“ elles var det rådlaust å koma i hop. „De va lyst for Olav og mi,“ sa Gunnhild Aamlid; „men de va 'kje lagji ti,“ sa ho, so fekk ho ein annan.<sup>116</sup> Dei hadde so mange råder til å få vita, kven dei skulde verta gift med. Me hev høyrte, at dei åt saltkake, og at dei gjekk med ymse klædeplagg tri torsdagskveldar etter kvarandre og so drøymde um den dei skulde få, og me hev høyrte at dei høpa seg jolekvelden og klædde jolestolen. Det same kunde dei gjera nyårskvelden med; men dei hadde andre råder òg. I dei fleste høvi drøymde dei um den dei skulde få. Som når dei la seg på kornstaden med eit korn under tunga fyrste notti etter at kornet var kome i hus og sa:

„Her legg eg meg i Fa'ns  
Namn,  
skaff meg so min kjærast  
fram.“



232. Ølbolle, Valle

N. M. 8182



233. Velfarskopp, Valle N. F. 1089—15

Eller dei låg på eit høgt fjell, eller på ei øy, der det rann like mykje vatn på baa sidor, eller i eit nytt hus, og dei talde sperrone til dei sovna, eller dei la sokkebandi under hovudet, fyrste gongen dei låg på ein stad eller dei la ein ormeham under hovudet eller dei åt oskestump. Stumpen var so liten, at han låg på ein knivsodd, og han måtte ikkje vera steikt. Vilde dei vita, um dei fekk den dei tenkte på, då børa dei tvo hol i „spåbeinet“, eit lite flatt bein under kyreskrøvet, og kasta beinet på elden. Sprakk då holi i kvarandre, måtte dei havast.<sup>117</sup> Mange av desse rådene var sjølvsgagt lite sætande, og vart mest brukte berre for moro; medan andre, dei styggaste, som å høpa seg, klæda jolestolen eller liggja på kornstaden, var visse. I minsto hev me fleire døme på det.<sup>118</sup> Men det var berre få som torde bruka dei rådene.

Når toredri og skyldfolket endelig hadde fenge tid til å samrå seg og tenkja yver tilbodet, fekk guten svar. Sette dei seg imot, at dei fekk kvarandre, so vart det med det:

„Vis aa Se'i so ljote mi fygie;  
Forello ljote mi helst'e lye,“

og den som gifte seg mot foreldri, vart aldri langliva. Sjølvsgagt var der sume som fylgde sin eigen hug og ikkje lydte foreldri — me hev døme på det;<sup>119</sup> men det var berre undantak. Dei fleste var vituge og tok seg vel i røyndi ikkje so nær av det. Lika foreldri og ætti tilbodet og svara ja, måtte guten so koma med den „formelle“ friingi. „Daa hadde han med seg ein „Belegut“ til aa bera Ærendi fram og leggja godt fyre han. Fyrst dei rødde um kor rik han var og koss Garden var, daa skrepte Beleguten og gjorde Allting dubbelt. Til Belegut tok dei helst ein eldre Mann som var Vyrndad med.“<sup>120</sup>

So kom trulovingi eller festarølet som dei kalla det. Koss det gjekk fyre seg skildrar Gjellebøl<sup>121</sup> slik: „Paa Fæstemandens Gaard, eller hos en af hans nærmeste Slægtninge, samles nogle Mandspersoner af hans bedste Venner, som kaldes hans *Bejlere* eller *Følgingsmænd*. Disse æde, drikke og holde sig nogen Tid lystige, hvilket bliver kaldet at *qvæke sig*. Naar det lakker imod Aftenen, begiver hele Følgeskabet sig til Fæstemøens Gaard, hvor enten hendes

Forældre eller en af hendes Paarørende boer, med Skrigen og Allarm, ridende paa bare Heste uden nogen Sadel, og havende alene en Bjelde paa hver Hest, som giver en Hoben Skrammel og Lyd fra sig. De blive aldeles ikke indbudne, naar de komme til Fæstegaarden; thi det ansees for en Skam; men efterat de have opholdet sig nogen Tid udenfor, gaae de selv ind, hilse og tage i Haand Præsten, og Fæstemøens nærmeste Slægtninge, som sidde omkring Bordet sammesteds. De spørge dernæst, om det er den rette Stævnetid, og begjære Fæstemøen. Naar dette er skeet, gaae 2 af Fæstemandens Følgeskab ud, og opsøge i et andet Værelse Fæstemøen, som er forsamlet med en Hoben andre Qvinder. De bringe hende herpaa ligesom med Magt ind, og Fæstevielsen skeer. Ved Enden af denne Forretning sætter

Præsten en Sølvring, som bliver ham af Fæstemanden overleveret, paa Fæstemøens Finger; og Fæstemøen efter gammel Sædvane giver Præsten et Hosebaand, som de selv meget artigen virke. Naar dette har Ende, give de nærmeste Omstaaende Fæstemøen nogle Slag paa Ryggen med disse Ord: *Slaae Fæst*. Hun gaar derpaa ud af Døren, og lader sig ikke mere see den Aften.“ So heldt dei gjestebod, der dei etter gamal skikk drakk presten si skål, og kvar mann gav han frå 1 mark til 1 mark og 8 skilling, ettersom rådi var

I slutten av 1600 åri veit me, at dei heldt festarøl utan prest. Det var berre nokre få vener til stades, og gjenta vart burtfest med handslag. Det kalla dei „Haander-bondd“ (handaband),<sup>122</sup> Trulovingi som presten stelte med, stod vel då av seg i kyrkja ein sundag etter gudstenesta. På Gjellebøl si tid ser me at trulovingi og festarølet var slegne i hop. Truleg byrja dei med det ikring midten av 1700 åri. Etter 1799, då presteleg truloving vart avlyst, heldt likevel festarølet seg. Festarmannen tok med seg tri, fire „belar“ av dei lølegaste menner der var og feste gjenta. „Han gav henne „Festargaavunn“ — „Fyste-gaavunn“ me kallar no; det var Sylgjor og Belte og Lekkje og Halsringar og anna av Sylv — noko kostelege Muner som ho gjøymde til sin døyande Dag.“<sup>120</sup> Han kom



234. Øltrøys

Merk: Olaf Kittelsen. Truleg måla av Elef Nielsson Odde

B. M. 5577

235. Stavkanne N. M. 14164  
M. a. merkt: THS 1717

gjerne med sylvet i eit lite skrin som han truleg hadde skøre ut sjølv (fig. 214). Dei gav anna enn sylv òg. Ein grautambar (fig. 216) t. d. kann me skyna hev vore fyrstegåve.<sup>1</sup>

I eldre tid bruka uei å gjeva fyrstegåvor like etter den „formelle“ friingi, då dei hadde fenge jaordet. Torer me tru ei skildring frå slutten av 1600 åri, skulde so guten og gjenta liggja saman på eit hardt golv, „at fornemme sig imellom om alting vel bequemer“. Ved festarølet måtte han atter gjeva ei gåve, benkjegåva eller festegåva, og den gav han henne på benken. Truleg var det som ei betaling for, at ho sette seg ved sida av han på benken. Kvart slikt viktugt steg festarmøyi tok i eldre tid, kosta festarmannen ei gåve, og han hadde enno eit par gåvor att å gjeva. Det var sengegåva og motegåva eller motegjevjet. Sengegåva måtte han ut med, fyrr han slapp upp i sengi til festarmøyi eller bruri si. Brurkonone sat framanfyre og vanna. Det var brudlaupskvelden dei hadde denne skikken, og bruri og brudgomen var ikkje vigde endå; men folk såg ikkje noko gale i det, at dei søkte seng i lag då. Etter vanleg meining i den tidi var dei i grunnen gifte på den dagen dei heldt festarøl, slik det var i gamal tid. Motegåva måtte han gjeva brudlaupsdagen, like fyrr dei fór til kyrkje. Bruri vilde vel ikkje vera med elles. Det var største gåva, og ho vart gjevi i reide pengar frå 4 til 20 dalar, ettersom rådi var.<sup>123</sup>

Motegåva hev som me seinare skal høyra, halde seg mest heilt upp til våre dagar; men i den siste tidi berre som ei brudlaupsmoro — „å løyse bruri av padi“ som dei kalla det. Festarmøyi på si side gav sjølv sagt festarmannen gåvor òg; men frå Setesdal kjenner me lite til dette. Me veit berre, at ho gav han sokkeband, og dei måtte han gå med, når han var brudgom.<sup>1</sup>

So lenge truloving med prest var vanleg og elles festarøl i gamal tyding, var festarmøyi og festarmannen bundne i hop for livet ved festarølet. Onnorleis vart det frå fyrst i 1800 åri og utetter. Då var dei aldri „innanfyre“ eller visse på

kvarandre, fyrr dei var vigde. Det var slikt karsstykke å ta gjenta frå ein gut like fyrr brudlaupet skulde stå, og dei hadde stelt til brudlaupskosten. Lysingi hjelpte aldri det slag. Det var gjentor

det var lyst ni gonger for, fyrr det endeleg vart ålvor. Gjentone totte det var gildt slik, di mætare var dei.<sup>1</sup>

Brudlaupi heldt dei vanleg i håballen eller nærare tidfest, Bolsokbil.<sup>124</sup> Det skilde dagane, då det var godt å vigja. Tysdagen og fredagen var gode; men onsdagen var ein

vond dag. „Møkedags Møe“, braut ho i, gamle Tore Harstad, ei brureferd reid gjennom tunet, og det var midvikedag.<sup>125</sup> Som vanleg til gjestebodi bryggja og baka dei, koka gumbe og klinte lefsor. Øl og brennevin brukte dei mykje av. Dei rekna at det gjekk med ei tunne øl og eit anker brennevin til dagen, og brudlaupi kunde vara frå tvo til sju dagar etter som det var rikt folk til. I huset der brudlaupi skulde stå, pussa dei upp på beste måten, og i gamal tid veit me, at dei drog eller klødde veggene med store vovne tæpe eller husbunader som dei kalla dei.<sup>126</sup>

Til brudlaups bad dei folket på garden og skyldfolket på baa kantar. Dei hadde ikkje be'mann. Brur og brudgom bad kvar på sin kant. Brudlaupi stod mest alltid heime hjå brudgomen. Dei som var bedne, kom kvelden fyreåt og hadde med seg nystor eller sending. Det var den beste fysemat dei åtte: kling og gumbe, smør og ost og stump. Dei kom med sendingi i store bommor eller nystøskjor som var vent skorne eller svidde (fig. 211 og 215).


Brudlaupskvelden henta belane bruri. Dei hadde spelemann med seg. Ho vart henta med hesten til brudgomen. Bruri heldt eit gjestebod for grannane då, „heimareisla“ dei kalla, og når heimanreidsla var drukki, tok ho ut. Tapparen hadde so vent eit stev, då ho takka for seg:

„Fari no vel  
baa Veni og Frenda!  
no hev 'u kaame  
i goss Manns Henda,  
aa Liljunn' sku skjer' 'enni Klæi,“

sa han. „Ho hadde heimanfylgje med seg: Kiste og Buskap, og alt som var laust daa med same. Det var so vent, fyrst



238. Ølbolle. N. M. 13726  
Merkt (skören): OKSEH 1709



237. Vengebolle N. M. 16465  
Måla i 1716, truleg av Tore Nappe



236. Ause, Valle N. M. 8849  
Sköri av Torgus Halvorsen 1714



239. Ølskål, Valle  
Måla av Tore Nappe i 1716

N. F. 272-03



241. Ølskål, Valle  
Måla i 1745, truleg av Elef Nielsson Odde

N. M. 8090

Rekkja var lang itt ho kom heim i Brudlaupsgården. Daa leid det med Dagen jamt.“

Henta dei bruri utanfjells ifrå, då „la dei brulé“ på heii. Dei la det just på høgste heieristi med same det byrja å halla heimetter til dalen. Bruri og brudgomen sette upp tvo vardar. Dei borni som var med, la kvar sin stein i vardane; men dei hine la steinar i rad, so mange steinar som det var folk i ferdi.

„Det var so greid ein Skipnad med Brudlaupet daa, baade heime, og fyrst dei var til Kyrkja. Brudi hadde ei „Bru'kaane“ og ein „Fygjesmann“, og likeins Brudgomen. So var der ein „Bruresvein“ til aa leida Brudi. Fylgjesmannen til Brudgomen var „Fyregøngsmann“. Brud og Brudkonor under eitt kalla dei „Bru'rinn“. Fylgjet til Brudgom og Brud under eit var „Bru'færi“. Heile Brudlidet, baade Brudeferd og Brudlaupsfolk, kalla dei „Færi“. Brur og brudgom måtte dei aldri nemna ved namn brudlaupsdagen.

Fyrr dei reid til kyrkje, hadde dei slik moro. Med same dei hadde ete, måtte brudgomen „løyse bruri av padi“ (pallen), elles fekk han henne ikkje av staden. Hennar fylgjesmann sette på, og fyregøngsmannen baud. So heldt dei det

og pranga og tretta fram og attende som var det ein krøterhandel det galdt, og folk lo, so dei mest var klære; for ordi kunde falla rett dryge stundom, og alle hadde eit lite mot på. Til slutt vart dei samde, og det enda gjerne slik, at brudgomen skulde ut med „hest å sal å hundre dale“. Men det hadde ikkje større på seg; for det var berre som ei moro.<sup>1</sup> Onnorleis var det fyrr. Um det bar so til, at mannen fór fyre kona, og buet vart skift, so fekk ho desse pengane eller motegåva umframt. Då var motegåva heller ikkje so stor, frå fire til tjuge dalar som me fyrr hev høyr. På Gjellebøl si tid

gav dei upp til tretti dalar, og pengane vart talde upp til brurekonone.<sup>127</sup> Skar nemner, at ei støytrik brur fekk fem, seks hundrad dalar.<sup>128</sup> Um so er, hev det vel berre hendt ein einaste gong.

Dei reid alltid til kyrkje, og på vegen både frå heimen og til att, skulde bruri rida so, at ho var nærare kyrkja enn brudgomen. Reid ho fyre heim i tunet, då fór han fyrst, og ho vart sitjande etter eismal. Gjekk det eitkvart gale, buk-gjordi sprang eller so, var det so vondt eit merke. Vêret gav dei og mark åt:

„Sol for sæle Brur,  
aa Regn for rike Brur,  
aa Vind for Vesaalè —“

so var det gamle ordtøket.



240. Stor ølskål, Valle  
M. a. merkt: V DARBEIDET | AF | MIG | EIVIND |  
HALVOR | SEN | OMLI | AAR 1846

N. M. 13757



242. Ølbolle, Valle  
Måla av Tor E. Lande 1839

N. F. 43—97



244. Ølbolle, Aardal  
Innskrifti frá 1798. Rosone frá ikr. 1850 av Jørund Tallaksson Tjorehom

N. F. 420—97

Dei tok inn på ein gard nær kyrkja. So gjekk brudgomen og fylgjesmennene heim til presten og sa han *til*, og „Brurinn“ raudstakka seg og sette ladet på bruri. Ho kunde ikkje ha det på når ho reid. So spela og dansa dei til presten kom. I Valle dansa dei på dørhella til presten, „Stigandhella“, dei kalla. Fem par um gongen kunde dansa på den hella.

„Fyregøngsmannen“ gjekk fyre inn i Kyrkja; so Brudgomen og den andre Fylgjesmannen. Atti dei kom Brudkona til Brudgomen, so Brudi og hennar Brudkone; so kom Brudesveinen. Presten sette Fingrung på Brudi framfyre Altaren — det var den fyrste Ring ho bar, av di Gjentorne gjekk aldri med Fingrung fyrr dei vigde. Daa kravde Presten Brudgomen etter Ringen, og han tok han upp or Lumma.“ Medan bruri stod framfyre altaret, la dei so merke til sylvet ho bar. Bivra og skolv det i sylgjelauvi, var det eit godt merke, då skulde ho leva lenge; men hekk lauvi stille, då døydde ho snart.

På heimvegen frå kyrkja reid dei mest som dei var galne, og dei „huva i Himmels Hægd — det var ikkje karslegt helles. Og so kunde Folk tenkja dei var rædde fyre seg og hadde lite Drikke.“ „Med same dei kom heim, la dei seg paa Kne i Tunet og las; daa vart der skote yver dei med dei laag, tri-fire Skot. So fekk dei Skjenk — dei møtte dei ute med Brennevin og Øl. Vermori

skjenkte Brudi med ho sat paa Hesten; ho gav henne ein Ølkopp av Durhella. Daa ho hadde drukke ut, steig ho av og vatt Koppen *til* attyver seg yver Tøka. Kom han ned standande, daa fór ho fyre Brudgomen; men kveldest han, var det han som fór fyrst. Ho maatte kasta tri Gonger. Vann ho han ikkje yver, var det so vondt eit Merkje. Daa maatte Brudesveinen hjelpe.“ Koppen bruri drakk av og kasta yver tōka, brurebollen dei kalla, var berre liten, men oftast vent utskoren (fig. 213).

Dei gjekk inn med same skipnad som med kyrkja. Spelemannen gjekk fyre og spela brureslaget. Fyrr bruri var komi gjenom dōri, smelte bruresveinen hurdi att tri fire slag av dragande makt. Han „slo huro for bruro“ som dei kalla det. Brudgomen hogg eit hogg i gøya. „Spelemannen spela kvar Bordgøng til Bords, og likeins ifraa att. „Brufæri“ sat med øvste Enden. Brudi sat i Haagsætet, og paa kvar Led av henne ei Brudekone. Næraste dei i Pallen med Veggen, sat Brudgomen og Fylgjesmennerne. Framfyre Bordet, midt fyre dei att, sat Brudesveinen. So sat dei gamle utetter fraa Brudferdi, og av dei hine gjekk so mange innaat som lodde. „Brurebøysti“ stod framfyre Brudgomen og Brudi: det var anten eit Fleskelær, eller det beste Stykkje Kjøt dei hadde. Brudesveinen skar upp.“

Dei drakk heile dagen. Vanleg „skåla“ dei — alle drakk av same



243. Ølbolle, Valle  
Måla i 1799. Truleg av O. A. Reiordal

N. F. 2163—06



245. Ølbolle

N. F. 319-06

skåli som gjekk rundt. Men eitt bil på dagen „ei'skjælte“ dei. Då sette dei ein stor ølbolle som kunde ta upp til fire nottungar midt på bordet. Uppi bollen flaut det ei „and“, ein „hane“ eller ei „høne“ (fig. 217, 219 og 221) som dei auste med uppi mindre bollar, „ei'skjælskoppa“ dei kalla (fig. 229—231), og kvar fekk ein sovoren kopp å drikka av. Når dei einskilde, fekk alle like mykje. Var det nokon som vilde svika undan, sa dei andre til. Dei berre ropte på namnet. Hadde dei so einskilt ut, tappa tapparen i att — det var han som stod for tunna. Dei gamle sat kringum bordet, når dei drakk, og dei kvad visor og ølstev. Løglege roglor hadde dei òg so mange av. Kvendi sat i pallane, og røda gjekk so ustoppelig. Ungdomen dansa anten i ei onnor stove eller òg ute på tunet. Det kom fullt av „utlaupara“. Sume var inne og dansa og drakk, medan andre stod utanfor og lurde. Var der ein som var mann til å kasta brudlaupet ut, so måtte han.

Kvar morgon spela spelemannen „brurine“ ned av loftet. Andre morgonen var dei svartstakka, og bruri gjekk med skaut. Til dugurds tok dei på seg brureklædi att, og spelemannen spela dei inn i stova.

Andre brudlaupsdagen fekk dei bruregrauten, og leivningane åt dei upp dagen etter. Då blanda dei grauten med

246. Øbolle, Valle  
Måla i 1771

N. F. 807-11

brennevin og „åt brurebeten“. Dei hadde brurebeten i eit trøg som gjekk rundt, og alle pinte i seg litt.

„Fyrst dei hadde ete siste Maalet, tømde dei Tunnorne, og drakk att-i Skaali“. Dei einskjælte daa, og itt dei hadde drukkje ut, la dei Penningarne i Koppen. For full Kar var det ein Dalar; men sume gav meir, heilt upp til fem Dalar. Mange drakk Korn og Sauder og Kjyr att i Skaali. Var der ein som var god til aa tala, skilde han for Skaali og snudde Talen til Brudeparet: han skrepte fælt, for rauste og greide dei var, og for snildt eit Brydlaup dei hadde drukke, og reikna upp alt det beste han ynskte dei:

„Mange Bonn  
aa mykje Konn,  
store Stuta  
me lange Honn“.

Til slutt kom spelemannen med „Reiseslaget“, og då laut alle fara. Dei hadde so mange reieslag, og det var sett ord til dei. Eit av dei lyder slik:

„Fari no vel, aa havi meg  
kjær,  
aa leggji de Ori ti Minni!“



247. Jolekake

Valle

Folket til brudgomen fekk gåvor av bruri, fyrr dei fór. Det var helst noko ho hadde laga sjølv: belte, vottar, sokkeband og tyleband. Når det var brudlaup, skulde ein laga *til* mykje og øyda det *vel* upp. Var ein redd for seg, reiste lukka. Brudlaupi varde so lenge der var noko att av mat og drikke. Ofte var det mykje drikk og slagsmål i brudlaupi, men seden var so. „Kom han or Brudlaup, daa var det dei same Spursmaal han fekk allstødt: „Va de noko ti Bryddaup — va der mykji Drikke. Slogust dei herleg; kvæ var beste Karen“ — so lyddest det allfort.“

Denne skildringi av setesdalsbrudlaupi som for det meste er teki frå Skar,<sup>129</sup> skriv seg vel frå tidi fyrst i 1800 åri med eit og anna drag frå eldre tider. Frå 1770 åri hev me ei skildring av Gjellebøl,<sup>130</sup> og i mangt og mykje samstavar ho med Skars; men litt skilnad er det som me skal sjå. Gjellebøl skriv soleis, at dei fyrst heldt „Stævne“ på „Stævningsgaarden“ som helst ein av dei næraste slektningane åtte. Hit kom bruri med sine tvo brurkonor. Dei gjekk ikkje inn i stova der stemna skulde vera, men inn i eit rom ved sida og venta der i lag med andre kvende. So kom brudgomen med sine fylgjesmänner. Dei gjekk like inn i stova, og bruri vart henta. Då „slo dei huro for bruro“. Når dei so hadde ete, løyste dei henne av pallen, og dei drog til kyrkje. Med same brudgomen gjekk ut or stova, hogg han tri hogg i bjelkane, og det same gjorde fylgjesmennene. Di

større flisar dei hogg av, di lukkelegare skulde brur og brudgom verta. Frå kyrkja fór dei til den rette brudlaupsgarden som det heiter, og her gjekk det fyre seg umlag slik som Skar hev skildra det, berre med den skilnaden, at dei klædde bruri med koneskaut denne dagen, at dei då „drakk att i skåli“, og baketter kasta brudgomen sverdet sitt tri gonger upp i vêret yver nokre bjelkar, truleg dei tvo bjelkane nede ved døri i gamlestova (sjå s. 149). Vart sverdet liggjande på bjelkane, var det eit godt merke.

Skilnaden millom Skar og Gjellebøl kjem truleg av, at Skar skildrar eit brudlaup der dei hentar bruri frå ei onnor bygd eller frå ein gard noko langt burte. Ho kjem soleis til brudlaupsgarden kvelden fyre brudlaupet, medan ho hjå Gjellebøl fyrst kom dit, etter dei hadde vore i kyrkja. Det siste var truleg det mest vanlege i den tidi, når bruri var frå same garden eller frå ein gard i nærleiken. Brudlaupi fell soleis i tvo bolkar: brurestemna og det eigenlege brudlaupet. Bruræstemna heldt dei i bruri sin heim eller hjå ein slektning, fyre vigsla, og brudlaupet etter vigsla i brudgomen sin heim. Kostnaden fall då på bae partar, og me ser òg, at kvar bad sine.



248. Smørøskje, Tveiten, Bykle N. F. 513-17

Same brudlaupsskipnaden veit me dei hadde i slutten av 1600 åri; men då kom brudgomen med sine folk alt brudlaupskvelden som den tidi var um laurdagen, til bruri sin heim og var der til sundagen, då dei fór til kyrkje. Med same dei kom upp til velfarsgarden, som dei sa, fekk dei velfarsskåli, og so heldt dei velfarsgilde; men „huad skick og aberi der nu holdis, kunde icke paa een baag papir opteignis“, legg forfattaren til. Det var skade, han ikkje gjorde det, so hadde me visst litt meir um dei gamle brudlaupsskikkane. Ein av dei fær me likevel høyra um. Det er gøye-hoggi, og det skildrar han slik: „*Hevie me han te bonde, so hevie me han te buonde*, siger Brudgomsmendene tre gange, naar de lige saa ofte løffter hannem op imellom sig, at hand, nemblig Brudgommen, skall med een sponsebiil eller værre hugge tre hug, for huer gang de løffter hannem op, udi *Gieyin*, v-anseet hand kunde vell naa till at hugge foruden deris Løffting mens god maade og *sæe* | gammel vaane og skick;| skall *hand* endelig hafue til sin Dan-nemands intredelse, Derfor kaldis disse hug ogsaa *Buondehugg*. *Da-mands-hugg*, eller *Gieye-hug*, huilke, naar gjorde ere, skall hand kaste veriet i *Rondæ*, paa nogle bielcker under taget, der blifuer det i Lang tid liggende etc.“<sup>131</sup>

30 — Norske Bygder.



249. Ølskål, måla i 1779  
Sign. O A R (?). Truleg O. A. Reiordal

N. M. 83386

Denne skikken fær me vita litt meir um i ein gamal „beretning“ frå Setesdal<sup>132</sup> som truleg er skriven ikring 1700, men fortel um tidi lengst der fyre. Me fær vita noko meir um brudlaupi òg so eg tek det heile med: „En Mand skulde ikke brygge mere end 3-Korn. som var et eller 2de Mæler til Brøllups, og skulde Brølluppet ikke staae længere end i 2de Dage, og skulde Faderen, med noget medhavende Selskab føre Bruden til Brudgommen. Naar Brølluppet skulde staae, saa skulde De drikke Brøllup alle tilhobe, Faderen til Bruden med sine Mænd, Faderen til Brudgommen med sine Mænd, med begge Deres Hustruer og Forvandte. Der maatte ey fleere komme til Brøllups end de, som budne vare. Drængene maatte ey sidde til Bords med Mændene, men staae paa Gulvet, hvis Embede var at passe paa hvad Høflighed og Tugt da var. Fremdeles havde man den Skik udj Brøllupperne, at di om Mandagen satte en frisk Ost eller toe paa det Stæd, som var strax over Ildstæded. Disse Oste skulde Brudgommen med et slags Sværd, som han gik med saalænge han var Brudgom, hugge et eller toe Hugg udj, siden skulde Bruden udskivte den med Smør paa, med denne



250. Ølbolle, Byggland  
Måla i 1870

N. F. 437-97





251. Bursdør frå 1727

Haugen, Aaraksbø

Betydning: at joe mandigere Hun skar deraf joe rundere skulde Hun blive, og disse Oste kaldte de Brude-Oste. Item — naar Hun havde udskivtet og drukket sin Herres og Bondes Skaal, som de kaldte det, da blev Nød-siden indbragt og lagt paa foreskrevne Bord. Saa skulle nogle af Brudgommens Følge-mænd løvte ham op i Weyret, holdende ham om begge Beenene og raabe: her er Bonden; og i det samme skulle Brudgommen hugge med sit Sværd i Randen og ned paa den Nødside, partere den i smaae Parter; hvilke Bruden iligemaade siden uddeelede, og dermed betægnede gavmildhed i Fremtiden; og den kaldte de Brudestuden.“

„Det Stæd, som var strax over Ildstæded“ som dei la brureostane og brurestuten på, må vera årebordet, eit bord eller ei skive som dei la yver åren, når dei heldt gjestebod, at ikkje eld og oske skulde fyka kring øyro. Når dei heldt brudlaup brukte dei å hogga i årebordet med sverdi eller øksane sine, både når dei fór til kyrkje, og når dei kom att.<sup>133</sup>

Brudlaupi i seinare tid er det ikkje stort å segja um. Dei folki bruri hev bede, møter upp brudlaupsmorgonen i hennar heim, og brudgomen sine folk hjå han. Båe lagi tek ut til kyrkje kvar for seg og møtest fyrst på vegen eller ved kyrkja. Etter vigsla fer alle til brudgomen sin heim eller brudlaupsgarden. Dei skyt yver brur og brudgom, like fyrr dei kjem fram i tunet, og han som skyt, skal helst liggja løynd. Foreldri til brudgomen som ikkje er med til kyrkje — bruri sine foreldre er heller ikkje med — stend ute på tunet og byd velkomen og tek mot bruri med ein bolle øl. Medan dette stend på, gjeng nokre folk inn i stova og set seg kring bordet. Ei stund etter kjem brudgomen med sine

fylgjesmänner. Spelemannen spelar dei inn med „brureslaget“. Dei som sit inne ynskjer brudgomen velkomen og bed han setja seg „nåre“, innar. Han set seg øvst ved bordet, innar ved tverrveggen, og fylgjesmennene hans ved sida nedanfor. So kjem bruri med sine folk, spela inn med brureslaget, dei like eins. Bruresveinen smeller med hurdi eit slag for kvar av „brurin“. Brudgomen ynskjer dei velkomne og bed dei setja seg upp i høgsæte. Bruri set seg der med ei brurekone på kvar side. Bruresveinen og den andre fylgjesmannen til bruri set seg øvst på krakken frammanfyre. Når dei hev ete, løyser dei bruri av pallen og drikk kaupskåli. Spelemannen stryk upp ein gangar, og kven som vil kann no dansa med bruri. Brudgomen plar gjerne dansa fyrst. Etterpå spelar spelemannen brureslaget att, og brudgomen og „brurin“ gjeng på loftet der bruri tek av seg brurestasen sin. Når dei då kjem att, hev dei brennevin med seg og skjenkjer rundt. Sidan er det lite ordning i brudlaupet. Folk drikk og dansar og held moro best dei kann. Den andre dagen hev bruri og hennar folk heile matstellet, og brudgomen og hans folk er gjester. Matstellet er ikkje so stort just; for dei fær ikkje „soen mat,“ og ikkje bryr folk seg so mykje um mat heller denne dagen, det er meir, at dei kann få friska seg med noko drikke. So held dei det og dansar og drikk til det lid mot kvelden. Då takkar kvar for seg og gjeng heim.

Slik var brudlaupsskikken i Valle ikring 1860.<sup>1</sup> Som me



252. „Skjeng“

Valle

ser er dei fleste gamle skikkane gløynde eller so utvatna, at dei er lite atkjennande, og endå verre hev det vorte i dei siste åri. No reiser dei for det meste ned til Kristianssand og „vigjer“. Dei „stel seg av garde“, berre den næraste slekti veit um det.

Det er mogeleg, det hev vore litt skilnad på skikkane i dei ymse bygdene; men det veit me lite og inkje um. Um so er, hev det vel vore lite; for i alt anna er der likskap dalen til endes. Einaste er i Bykle. Der hadde dei ein skikk me ikkje hev døme på frå dei andre bygdene; men det hindrar sjølv sagt ikkje, at han ein gong kann ha vore i bruk heile dalen yver. Ein soge-mann til Skar<sup>134</sup> fortel, at andre brudlaupsdagen hadde dei ei moro han aldri hadde set fyrr. „Brudi kom burt. Der var slik Umloge. Brudgomen gret og bad at me maatte hjelpa han aa leita. Me fann henne fyre Enden i ei Urd; ho hadde løynt seg der med ein Dreng ho laup av med.“

I eldre tid la dei burt brure- og brudgomsklædi heilt til dei døydde. Dei skulde „liggje“ med desse klædi i kista. Um ikkje anna so hadde dei skjorta etter og låg i.

Me skynar, at dei alt tidleg tenkte på dauden. Det var best å vera budd på alt; for kor lenge dei skulde leva, visste dei ikkje. Det rådde lagnaden for. Kvar hadde si visse levetid, fastsett frå æva av. I Setesdal som andre stader i landet var dette so viss ei tru. „Timen e kaamen, men Mannen inkje,“ ropte det frå Bygglandsfjorden. Presten sette vakt,



253. Frå koret i Bykle kyrkje



254. Bursdør

Oseloftet, N. F.

og um eit lite bil kom ein mann springande. Dei fekk stogga han; men um kvelden vart han sjuk. Han bad um vatn frå fjorden. Med same han hadde drukke, fór han.<sup>135</sup> Me ser, måten han skulde døy på var òg fastsett. Vatnet skulde vera hans bane. Fór dei fyre tidi, hadde dei sin eigen uvyrdeskap å takka for det, og då laut dei venta i so mange år dei skulde lev, fyrr dei kom på den fullgode staden.<sup>136</sup>

Sjeldan kom dauden uventa. Dei fekk mest alltid „fyrribod“ for feigdi. Det „skreik for lik“. I Bykle høyrde dei det so tidt. Det var ei gjente som skreik. Ho var drepi, og so sveiv ho fredlaus ikring. Skramla det i bord dei treffe til å ha liggjande på forstog-skjeldtilet eller so, kom dei snart til å gjera likkiste. Det lever mange folk som hev høyrte det. So seint som i 1897 høyrde dei fyrebod i ei stove der ein vart drepen. Det gav som ein „skufs i paden“, smell i benken, og åtte dagar etter vart ein spent i hel nett der. Ymse dyr og fuglar varsla feigt folk. Soleis reva, når ho gøydde mot eit hus, og haren, når han kom like inn til husveggen. Kraup ein orm yver kyrkjevegen, kom det snart lik, og høyrde dei likormen — buorm som held seg ved husi — sjoga, var det feigt folk i huset. Like eins når dei høyrde veggemeden yver døri. Høyrde ein lómen for fyrste gong um våren og hadde ikkje ete, var ein feig. Sette kattula seg på stovetaket og skreik, var det feigt folk i huset. Gól hanen utanfor den vanlege tidi, og føtene hans var kalde når dei kjende etter, skulde einkvan i huset drukna. Var dei varme, vart det brand. Hanen brukte dei òg, når dei vilde finna att drukna folk. Dei tok ein hane med seg ut på vatnet, so gól han yver staden der den drukna låg.

Dei hadde mange andre merke på feigdi. Me hev fyrr



255. Kistelok

Valle



257. Benkerygg

Valle

høyr, at dei „toppa fyre seg“ i joli, og at dei såg etter um stikkor og strå låg i kross. Hadde nokon døytt i huset, og dei la liket i kista, kom det snart eitt til, um halsbeinet var mjukt på den avlidne. Siste skjorta ein saumar for feig mann, vert ikkje kvit, og såg ein folk kvitklædde, var dei feige. Song det for øyro, spurde ein snart feigdar ord, og drøymde ein, at ein grov i svart mold, kom ein snart i likferd.<sup>137</sup>

Mange var framsynte og kunde sjå, um einkvan snart fór, medan andre visste, når dei sjølve skulde døy. Døydde einkvan av deira næraste langt frå heimen, såg dei hám av han.<sup>138</sup>

Som me ser, hadde dei nok av fyrebod, og dauden kunde aldri koma uventa, berre dei la merke til dei. Elles var folk då som no oftast sjuke, fyrr dei døydde, og var sjukdomen svært hard, var dei mest visse: „Det er berre dø'en,“ sa dei. Då nytta det lite, kva dei gjorde. Dokter hadde dei ikkje i eldre tid, og seinare, etter at dei hadde fenge, vart han lite nytta. Henta dei han, var det mest alltid for seint. Dei hadde ikkje større trui til han heller, og når dei henta han, var det mest berre for at det òg skulde vera gjort. Dei vilde roa samvitet.

Sjolv hadde dei nokre råder. Årelating og kopping var det mest vanlege, og det brukte mange gamle, endå um dei ikkje var sjuke. Dei koppa seg ein eller tvo gonger um året. Altvinn var

nytta, og like eins rust eller metall dei skrapa av kyrkje-klokkone.<sup>1</sup> Mot „troddi“ (svull i halsen) drakk dei vatn frå bekker som rann mot nord,<sup>139</sup> mot gulsot åt dei gulspettkjøt, og sår som ikkje vilde gro att, heila dei med oska av ein gram (raud makk ein finn i gamle bjørke- og orestuvar).<sup>140</sup> Hadde dei hogge av ei blodår, las dei naudstemmen, eller fekk einkvan som kunde, til å gjera det. Mange var so duglege, at dei berre turfte vita namnet på den som hadde hogge seg, so stod blodet. Mot vré og verker, las dei vréordi.


Dei hadde so mange vréord; men det er dei vanlege som er kjende mest frå alle bygder.<sup>141</sup>

Men var det dauden den sjuke drogst med, so nytta det lite med råder. Då hadde han berre å bu seg på å fara her ifrå. Skipeleg folk tok det tolleg. Dei skipa sitt hus som alt skulde vera, etter at dei var burtfarne. Sa koss dei vilde ha likferdi, og kva klæde dei vilde liggja i. Sume skilde seg kyrkjegard dei vilde liggja på òg. Helst vilde dei vera gravne i den sokni dei var fødde; men elles var det godt å liggja med Sandnes kyrkja. Det var lovekyrkje. Hadde dei små born, sette dei inn umbodsmenner for dei. Dei la vinn på å døy vent, og mange slokna med eit gudsord eller salmevers på lippa. Sume let seg bera ut, so dei kunde få glåpa kring seg for siste gong. Dei som var „burtgjevne“ — hadde skrive seg djevelen i vald — fekk ikkje døy, fyrr ein reiv



256. Loftsdør

Bø, Valle



258. Kistelok, 1684

Jördalsbo



260. Kiste

Valle

høl på tōka eller klypte dei i lippa.<sup>142</sup> — Når einkvan døydde, la dei liket fram på eit bord eller ein breid krakk og tvo det og klædde det. I eldre tid vart dei lagde med full klædning, og helst brureklædningen som me hev høyrte. Seinare slutta dei mykje med det og la dei i kyrkjeklædi deira. Enno ligg dei mest fullt klædde, kvendi i kvit vadmålsstakk, skjorte, sokkar og plagg på hovudet karane i bukse, skjorte og sokkar. Når liket var klædt, la dei ei salmebok på bringa.<sup>1</sup>

Grannane på garden gjorde kista. Det var ei plikt dei hadde paa seg. Fyrr i tidi brukte dei aldri spikar i kista.

Ho var alltid laga med naglar. Kista var einfeld, mest som ein lang kasse og aldri måla. Uppå loket skar dei ein kross. I eldre tid gjekk dei til skogen og laga kiste. Det var eit dagsverk for ein vaksen kar.<sup>143</sup> Me hev dōme på, at sume laga seg kiste med dei levde og hadde ho standande; men det var snautt vanleg skikk.<sup>1</sup>

Dei som arbeidde kista, la liket i. Dei la høvelflis i kista og elles berre ei liti hovudpute. Liket fekk ein duk av lereft under hovudet, og duken sveipte dei yver andletet og ned yver hendene. Når liket var lagt i kista song dei ein salme. So bar dei kista ut i buret eller stolpehuset. Dei la eit tæpe yver og ei salmebok uppå; men var det ei gamal kone som var død, fekk ho kyrkjetjeldet sitt yver kista.<sup>1</sup>

Etter som årstidi var til, heldt dei likferd åtte til fjortan dagar der etter, men aldri under åtte dagar. Dei hadde so mykje å stella i stand fyrst. Dei bryggja,

baka, steikte stump og tvo heile huset, vegger og alt som inne var. Dagen fyre likferdi klinte dei lefsor og kokte gumbe. Folk or grendi bar söt mjølk til, so dei hadde å koka av. Til likferds bad dei heile grendi og slekti. Grendi måtte dei be, når det var likferd. Dei hadde ein fast grendskipnad soleis; men ein gard kunde høyra til fleire grender. I hovudbygdi i Valle t. d. var grendskipnaden slik: Kyrvestad bad Viki, Viki bad Kyrvestad og Rike, Rike bad Viki og Aakre, og Aakre bad Rike. Av slekti bad dei ned til syskenborn at den avlidne. Dei hadde ingen fast bemann, ein av dei

næraste slektningane til den avlidne bad. Under sjølve likferdi hadde dei ein mann til „å tala um“ som dei sa. Han bad folk til bords og styrde med songen og skipnaden i likferdi. Den av likferdsfolket som best kunde, vart beden til dette.<sup>1</sup>

Fyrr i tidi bar dei sending eller nystor plent som til eit brudlaup;<sup>144</sup> men det hev dei slutta med. Berre dei som ikkje høyrer heime i grendi, kjem med ein söt, ny-ysta ost i ein ystekopp. Dei fær alltid ein smakebit med seg attende i koppen.<sup>1</sup>

Likferdi stod av seg på ein dag. Dei skipa bordet, fyrr likferdsfolket kom. Det stod klingfat ned etter heile bordet og ved øvste bordsenden høgsetfatet. Uppå klingen låg det oste- og stumpeskivor i krans, og der uppå att stod eit lite gumbefat. Ølet hadde dei i store ølskåler som stod på bordet med ein-skildsskåler ved sida. Dei skiftet til og drakk av desse.<sup>1</sup>



259. Bursdør på Sordal  
Jarni skal vera smidde på ein Langfredag

Austad




261. Gamlestogstol

Valle

Når likferdsfolket kom, vart dei som ikkje høyrde grendi til, bedne inn fyrst og fekk mat. Dei hadde gjenge eit stykke veg og var kann henda svoltne. Seinare fekk dei mat att i lag med dei andre. Då sat presten i høgsætet, um han var med; men var han ikkje det, skulde ein av dei mest vyrde gamle menner eller konor sitja der. Dei eldste på garden sat øvst ved bordet, etter dei, tvo, tri av dei eldste konone i grendi og so dei næraste frå garden. Var det ei stor likferd, hadde dei mange bordgongar.<sup>1</sup>

Med same dei sette seg til bords, bar dei inn kista. Rundt denne sette dei næraste slektningane seg. Yver kista låg eit tæpe, og tri ljøs brann på loket.<sup>145</sup> No brukar dei berre eit ljøs. Det stend midt yver bringa på den avlidne. Yver hovudet ligg ei uppslegi salmebok.<sup>1</sup> På Gjellebøl si tid stod kista inne i stova, når folk kom. Ho stod på ein benk ved veggjen med eit tendt ljøs uppå loket. Alle som kom inn, måtte fyrst burt til kista der dei la seg på kné og bad Fadervár.<sup>146</sup> Det eldste er truleg, at kista vert bori inn, når dei set seg til bords.

Det bil dei las bordbøni, la dei ljorefjøli yver. Det skulde



262. Gamlestogstol, Valle


N. F. 893—98

vera myrkt i stova då.<sup>144</sup> Dei song og las både fyre og etter maten; men ljorefjøli la dei yver berre fyrste gongen. Når alle hadde ete, og maten var teken ut, sette dei seg rundt bordet att. Ei stor ølskål vart bori inn og sett på kista med ein liten bolle, velfarskoppen (fig. 235) ved sida. Den drakk dei av, fyrst dei næraste slektningane og so alle dei andre etter tur. Det var velfarskåli. Ein av dei eldste, den som best kunde, heldt ein lovtale yver den avlidne. Han takka for samlivet og skrepte av han, kor gild ein mann han hadde vore. Etterpå song dei ein liksalme og bar kista ut. Ved døri stogga dei litt med kista, og ein av dei som bar, vende seg og sa: „Farvel, og mange takk sku de have for kver dagen.“ Han takka for den avlidne.<sup>1</sup> På Gjellebøl si tid bar tvo karar kista ut på ei stong; men fyrst gjekk dei tri gonger rundt åren med kista.

Når dei var komne ut og hadde sett ho på sleden, fekk dei øl att. Dei sette ølskåli på kista.<sup>146</sup> Det var siste skåli. Var det ein sjølvmodar dei heldt likferd yver, førde dei kista ut under svilli.<sup>147</sup> Gjekk kyrkjevegen yver heii, måtte dei bera kista, og då „la dei likkvile“ der dei sette ho ned og kvilde. Dei la steinar kring kista, stein i stein. Møtte dei eit brurefylgje, kasta dei upp verp. Kvar mann la ein stein på haugen.<sup>148</sup> Elles køyrde dei oftast, men alltid på slede, både sumar og vinter. Ein av dei næraste slektningane sat på kista og stundom fleire òg.

Koss skikkane var i eldre tid, når dei kom til kyrkjegarden, veit me lite um. Gjellebøl fortel,<sup>148</sup> at dei bar kista inn på kyrkjegarden med den same stongi dei hadde bore ho ut av stova med. Dei bar kista rundt kyrkja. Stongi slo dei i so mange stykke som råd var på ein stein inne på kyrkjegarden. Fyrr i tidi leigde dei ikkje til å grava. Då grov dei som var med i fylgjet. Dei grov aldri djupt, berre so vidt kista var under. Gjellebøl klagar yver dette. Alle vilde liggja på sundre og austre sida av kyrkja mot morgonsoli,<sup>145</sup> so grov dei uppatt der so tidt. Då kom det upp restar av bein, kistor og likklæde som vart liggjande burt yver kyrkjegarden.

Når dei no kjem til kyrkjegarden med eit lik, gjeng ein fyre og syng heile kyrkjegarden innyver (fig. 193), og klok-kone ringjer, til liket er firt ned i gravi. Er ikkje presten med, kastar dei gravi att med same, og klokkone ringjer heile tidi medan dei skuffar mold på. Baketter syng dei ein salme, og so fer dei heimatt til likferdsgarden der dei fær nonsmat.

263. Stol N. F. 729—97  
Merkt: T G S 1764

Dei drakk mykje fyrr i likferdene. Dei kunde vera so galne, at dei slost rundt kista, og verre vart dei seinare på dag, når dei kom heimatt og fekk meir øl. Konone hadde likskjorta med til mannen, fortel Skar.<sup>149</sup>

No brukar dei sjeldan øl eller annan sterk drykk. Det er mest kaffi. Litt av dei gamle skikkane heng att. Soleis drikk dei velfarsskåli. Dei fær ein kopp kaffi kvar like fyrr dei ber kista ut. Summe stader hev dei heilt til no sett kaffibollen på kisteloket. So søkkte dei nedi med ein kaffikopp og drakk.<sup>1</sup>

Me hev no gjenge igjennom alle dei skikkar og truer me kjenner frå Setesdal, som hørde til det daglege arbeidet, til helgane og til dei store hendingane i livet. Mange av dei kjenner me frå andre bygdelag og andre land, so Setesdal i

den leid ikkje er noko for seg sjølv. Men å samanlikna kvar skikken i Setesdal med skikkane andre stader vilde føra for vidt, og eg lyt difor nøgja meg med å ta det heile meir i store drag. Ei utgreiding um det opphavet skikkane kann ha lyt vera på same måten.

Me skal fyrst ta for oss haustskikkane. Dei gjeng truleg so langt attende som jord



264. Stol, Valle N. F. 856-11

hev vore dyrka. Både her i landet og ute i Europa er det knytt mange skikkar til det siste kornbandet. I Setesdal hev me ikkje berre eitt siste kornband men tettpå tri. Me hev soleis høyrte at det siste kornbandet dei skar, gjorde dei stort. Då vart kornet drygare og dei fekk mykje korn andre året. So pila dei alle aksi av åkeren og gjorde „oksebukka“. Til slutt la dei ein grasbendel etter på åkeren. Ein grasbendel er rett nok ikkje noko kornband; men me hev grunn til å tru, at det hev vore eller var tenkt som eit kornband. Fleire andre stader la dei siste kornbandet etter på åkeren. Soleis i Skåne der dei gav det til „Oens“ eller „Noens“ hest, og på Møn til „Jon Opsals hest“. På Lolland la dei siste kornstråi att på åkeren til Goen, og på Falster la dei eit kornband av den siste „hob“ att på marki til „Godens (Goins) hest“. I Meklenburg fekk „Woden“ (Oden) det siste kornbandet.<sup>150</sup> I Setesdal let dei ikkje det minste kornet vera etter på åkeren, dei totte vel „maten“ var for dyr og heilag til dess. I staden la dei ein grasbendel som dei vel tenkte kunde gjera same nytten. At det hev vore brukt andre stader, kjenner eg ikkje til. Derimot hev me døme på, at dei i Jarlsberg, Hadeland, Buskerud o. a. st. la ein høydott etter på slåttevollen.<sup>151</sup> Mange stader i Tyskland la dei ein halmbendel etter på åkeren.<sup>152</sup>



265. Gamlestogstol N. F. 600-95

Desse skikkane hev si rot i gamal vegetasjonsmagi. Når dei gjorde siste kornbandet stort og la ein grasbendel etter på åkeren, vona dei å få mykje korn til komande år. Det var på same måten dei tenkte, når dei alltid let noko vera etter i koppar, kjer og byrdor. Likeins hev det seg med oksebukkane; men her er det kome ein snev av sakramental seremoni til: Dei hadde ikkje oksebukkane i lag med det andre kornet, men hengde dei inn i stova eller på buret, og so fekk bukkekjéi eller jolebukken dei i joli.

Etter utgamal religiøs meining drog vokstermakti, livsmakti i åkeren seg attende etter kvart som dei skar, heilt til dei siste kornstråi eller det siste kornbandet. Let dei det liggja att på åkeren, vart livsmakti verande der og kom att til neste år; men gav dei det til jolebukken, gjekk makti yver til han og dermed vidare til alt levande på garden.

Namnet oksebukk skulde tyda på, at dei hev tenkt seg den makti som var i åkeren i skapnad av ein bukk. Det hev me døme på frå mange andre kantar både her i landet og i Nord-Europa.<sup>153</sup> I Setesdal hev dei soleis gjeve eller ofra kornbukken til jolebukken, og denne siste slakta dei og åt upp i joli. Ein nærare utgreiding av dette kunde vera sérs forvitneleg, men vilde her føra for vidt. Frå andre kantar hev me høyrte, at dei ofra det siste kornbandet til Oden. I Setesdal fekk jolebukken det, og då ligg det nær å tru, at det var Tor dei tenkte på med kornofferet sitt, endå deter noko på det uvisse. For kornofferet er eldre enn både Tor og alle dei andre personlege gudane.

Det ser ut til at dei hev tenkt seg livsmakti i åkeren eller korndemonen som det vanleg heiter, i skapnad av ei gyger òg. Når dei skar og



266. Stol, Valle N. F. 920-11



267. Skrin, Valle

N. F. 893-97

Den kjende granskaren Mannhardt ser endå til den kvinnelege korndemonen som opphavet til den greske gudinna Demeter.<sup>155</sup>

Når me i Setesdal finn endå fleire skikkar knytt til det siste kornbandet, kjem dette truleg av påverknad frå mange kantar og til ymislege tider. „Nye skikkar hev kome inn; men dei eldre hev levt jamsides med dei nye. Dette torer vera grunnen til at dei i Setesdal hev tri siste kornband, når me tek grasbendelen med. Eit fyremål er det med alle skikkane: Dei skal gjera jordi grøderik til komande år.

Skeidi lyt me sjå i samband med haustskikkane. Dei heldt dei so snart krøteri var komne heimatt or heii og dei meste av haustarbeidet var gjort. Den opphavlege grunnen til at dei heldt skeidi, er truleg den same som ved det siste kornbandet: Dei meinte å gjera jordi og alt levande grøderikt og fruktsamt. Diverre er det uråd å finna noko fullgodt prov før, at dette er slik med skeidi. Me kann soleis ikkje samanlikna med skikkar i andre land der skeidi so vidt eg veit er ukjende; men det tykkjest skina igjenom av sjølve skikken. Hestane slost um ei merr, og leiken lykta med, at skeidfolen fekk skeidmerri, m. a. o. ei avleakt. Folk såg på dette med andre augo i gamal tid. Dei tykte ikkje det var noko usømeleg. Det var grøderiskap dei vilde vinna, og i naturi var alt som heitte grøderiskap eitt og det same, anten det so galdt folk eller fé, åker eller eng. Som barnet skaut upp or morslivet, slik skaut grøda upp or jordi, og ei åtferd som gjorde fruktsam i eitt høve, verka det same i andre høve òg. Frå Fyresdal hev me eit døme på samanheng millom skeidi og grøderiskapen. Når hestane slost og beistst godt, vart det eit godt år, meinte dei.<sup>156</sup>

I Valle kalla dei det „Frikshøl“ der skeidmerri stod. Um dette kjem av frek—frisk, eller av namnet Frigg, kona til Oden, torer eg ikkje ha noko viss meining um; men eg

handleden trutna upp, hadde dei gripe gygri, sa dei. Frå andre kantar hev me døme på, at korndemonen ertenkt både som gyger, heks, kjerring og kall, for ikkje å tala um alle dyreskapnadene.<sup>154</sup>

trur det siste er det rettaste. På gamaltysk heiter Frigg Fria eller Frea, den same som romarane kalla Venus. Namnet kjem av ei gamal rot å elska (got. frijôn). Det er i ætt med det svenske tilnamnet til Frey — Fricco og det greske Priapos — elskhugsguden.<sup>157</sup> At Frikshøl kjem av Frik, Frigg, tykkjest soleis høva best med skikken.

Me tykkjest òg skyna, at det løyner seg noko bak segnene um huldrehesten eller den hesten dei trudde var den vonde, som alltid var skeidfolen. Upphavet torer liggja i ei myte der Oden eller ein annan hestegud kjem ned på jordi til Frigg og fullfører frævingi til gagn og gror for alt som skulde veksa.

Til haustarbeidet og heimflyttingi frå stølen var det som me hev høyr, knytt nokre sers måltid. Dei fekk skurdgrauten, når dei hadde skøre av, „Bufartemben“ og „Bufartgrauten“ nett fyre dei flytte frå stølen, og „Skjeisungrauten“ like etter heimkoma. Skurdgrauten er vanleg heile landet yver, og likeins er det mange stader skikk, at siste målet dei ét på stølen, skal vera sers godt; men „Skjeisungrauten“ er so vidt eg veit, ukjend andre stader.

Truleg hev desse måli opphavleg vore eit slag sakramentale måltid. Serleg tykkjest det vera tilfelle med „Skjeisungrauten“ som dei koka av det fyrste målet dei mjølka heime um hausten, og av mjøl, male av det fyrste nye kornet. Liksovel som dei meinte det låg ei sers livsmakt i det siste kornbandet, i det siste av mat eller korn som låg etter i koppar og kjer, slik var det ei livsmakt eller same


makti i det fyrste av alle slag — i det fyrste kornbandet, den fyrste mjølki og i mjølet av det fyrste nye kornet. Frå andre land hev me døme på, at dette hev vore vanleg tru.<sup>158</sup> Når dei åt grauten, gjekk livsmakti, vokstermakti som var i det fyrste kornet eller i årsgrøya, og livsmakti i det fyrste mjølkemålet eller all budrätten, yver ti dei som åt.

„Skjeisungrauten“ minner noko um eit mål, som hørde med til ymse gamal-greske haustfestar. Dei blanda i hop alle moglege korn- og erteslag og kokte og åt,



268. Skrin, Valle

N. F. 893-97



269. Skrin, Valle

N. F. 893-97

*Panspermi*, dei kallar det. Nokolunde same skikken finn me att i Tyskland og Litauen i seinare tid. Mannhardt som hev skrive um dette, meiner, at det er sakramentale måltid.<sup>159</sup>

Elles er det truleg, at graut i gamal tid i visse høve hev vore nytta til kult-rett. Bruken av jolegraut, barsels- og bruregraut tyder på det, og i „Brurebiten“ hev me visseleg eit sakramentalt måltid. Brurebeten var leivningar av bruregrauten blanda med brennevin. Fyrr brennevinet kom i bruk, var det vel øl og endå lenger attende mjød, dei blanda i grauten. Sjølv sagt var leivningane av bruregrauten i seg sjølv eit framifrå maktemne til å vekkja liv og gror; men blanda dei so mjød eller øl i, måtte det verka so mykje sterkare; for mjød eller øl var frå gamal tid ein heilag drykk som dei tillagde fleire guddomlege eigenskapar.<sup>160</sup> Fyrst og fremst hev dei vel meint, at brurebeten skulde gjera bruri fruktsam, so ho fekk mange born; men med di alle i laget måtte smaka på han, er det vel samstundes meint som ei kveikjing av alt liv, av alt som skulde gro. M. a. o. brurebeten skulde fremja grøderikskapen i vidare tydnad.

Nokre andre brureskikkar som „Brurebollen“, „Brureosten“ og „Brurestuten“ tykkjest å ha umlag same innhaldet som „Brurebiten“, og det høver difor best å ta dei i denne samanheng. Skikken med brurebollen kjenner me m. a. frå Telemarki der bruri fekk mjølk.<sup>161</sup> Likeins var det i Vermland i Sverige, og der heiter det, at bruri fekk mjølk, so ho kunde verta ei god mjølkeku.<sup>162</sup> I Setesdal hev me høyr, at det var øl i bollen, stundom blanda med brennevin — m. a. o. rett ein „makt-drykk“; men i slutten av 1600 åri brukte dei rjome,<sup>163</sup> mogleg av same grunn som i Vermland. Elles er dette, at ho skulde verta ei god mjølkeku, berre ei umskrivning for, at ho måtte verta fruktsam og få mange born. I Setesdal og likeins i Telemarki, Båhuslen i Sverige og ymse stader i Tyskland<sup>164</sup> høyrde det med til skikken, at bruri kasta bol-



270. Sylvøskje, Valle  
Merkt: O N S 1788

N. F. 313—13



271. Tine, Bykle



272. Bomme, Valle

N. F. 482—11

ner me frå Telemarki og Båhuslen, når dei drakk „Eldbjørg-minne“.<sup>165</sup> Då drakk dei øl og åt lefsekling, og elden fekk sitt, at ikkje huset skulde brenna upp i det komande året. So kasta dei bollen bak seg yver hovudet, og fekk då vita, um dei skulde leva eit år til. Ølet og klingendei kasta på elden, lyt me sjå som eit offer til årevetti eller årevettet<sup>166</sup> — elddemonen. Når han fekk det, vart han truleg blid og skipa lagnaden deretter. Tankegangen i brurebolleskikken er vel umlag den same. Dei ofra rjome eller øl ute på tunet, og kven som upphavleg skulde ha offeret, kann det vandt vera tvil um. Det må vera sjølv tunkallen, rudkallen, ættefaren, som dei på denne måten gjer blid til å vinna eit langt liv og god lagnad for brur og brudgom. Som me ser, tykkjest skikken ha si rot både i vegetasjons- og ættekultus.

I dei tvo andre brudlaupsskikkane ofra bruri ost og brudgomen ei nauteside eller upphavleg ein stut, som ein kann skyna av namnet på skikken. Um bruri heiter det, „at joe mandigere hun skar deraf, joe rundere skulle Hun blive“. Mange stader, og serleg på Sørlandet, brukar dei enno ordet „rund“, når dei vil segja, at ei kone er fremmeleg. Her tyder det visseleg det same, og då vert det skynleg, at brudgomen hogg eit par hogg i ostane han òg. Likeins er bruri med, når brudgomen ofrar nautesida eller brurestuten. Både desse ofri lyt me tru var til gagn og god lagnad for brur og brudgom.

Men skikkane rekk vidare, hev eit større innhald, um ein vil. Brudlaupsfolki lyfte brudgomen upp i vêret og ropte: „Her er bonden!“ eller: „Hevie me han te bonde!“ Det er truleg, dei hev lyft bruri upp i vêret likeins, fyrr ho skifte ut osten. Frå Sverige kjenner me ein skikk som minner noko um våre. Under ymse seremoniar lyfte ungarane brudgomen tri gonger upp i vêret, og han drakk farvel-skåli med dei. So kom dei gamle, og på same måten vart han





273. Kistill, Valle

N. F. 1024—13



275. Som 273

N. F. 1034—13

uppteken millom dei gifte. Bruri lyfte dei likeins upp i vêret, ho vart uppteki i konelaget.<sup>167</sup> Det er mogleg, at noko liknande kann vera opphavet til skikkane i Setesdal, i minsto vert brudgomen uppteken i bondestandet ved „Brurestut-seremonien“. Elles er det eit og anna som tyder på, at me i desse skikkane hev restar av eit eldgamalt vigselritual.

Årseldane ved jonsok og påske og bufareldane lyt me tru hadde noko med grøderikskapen å gjera. I minsto er dette tilfelle med dei tvo fyrste eldane. Skulde jordi verta fruktsam, måtte det solskin og varme til. Elden var det beste biletet dei hadde på soli, og når dei tende upp desse eldane, var det med den tanken, at soli skulde skina, og det måtte verta varmt vêr. Frå Setesdal veit me ikkje so mykje um dette; men frå andre kantar hev me nok av døme som tyder på, at det er solmagi som ligg til grunn.<sup>168</sup>

Bufareldane er truleg i ætt med påske- og jonsokeldane. Heller ikkje desse eldane veit me so mykje um frå Setesdal. I Hardanger brukte dei berre for nokre få år sidan å brenna bufareld eller „daureld“, dei kallar det;<sup>169</sup> men dei brende um våren, med same dei slepte krøteri ut. Dei meinte å berga dei for udyr og anna vondt då.<sup>1</sup> Me hev døme på, at dei her i landet ikring 1600 brukte å tenda upp tri, fire eldar, når galne ulvar hadde vore framme og bite i krøterflokk. Dei dreiv flokken millom eldane, so røyken slo yver han, og på den måten meinte dei å hindra, at galskapen kom vidare. Eldane tende dei upp med „naudeld“, so me kann skyna, at skikken er gamal.<sup>170</sup> Naudeld hev vore brukt heile Europa yver som ei råd mot ymse sjukdomar og til å driva burt trollkjerringar og vonde makter som vilde skada buskapen og grøda.<sup>171</sup> Årseldane meinte dei hadde same verknaden, dei med, so mykje meir som dei i gamal tid brukte naudeld, når dei tende dei. Det er soleis ikkje godt å gjera større skilnad på dei. Fleire døme tyder på, at dei opphavleg hev vore brukt som purifikatoriske (reinsande) og profylaktiske (avbægjande) råder. Men i og med dette fremja dei sjølvsgagt samstundes grøderikskapen.



274. Kistill, Valle

N. F. 735—11

Til joli er knytt nokre skikkar som vel gjeng ut på det same. Fyrst og fremst hev me „Joleskjerka“. Her tykkjest samanhenger vera den, at dei trudde det i ymse tre, serleg dei som spratt fyrst um våren, var ei guddomleg makt som vann yver den kalde og harde vetteren, m. a. o. sjølv livsmakti. Denne makti kunde ein få lut i, når ein tok burt i treet, eller når dei vart dengde med ein kvist eller ei grein av det. Skikken er vanleg yver heile Europa og i India.<sup>172</sup> Til ymislege tider, men helst ved dei store årshøgtidene, i fasta og fyrst i mai, slo dei folk, fé og vokstrar, so dei

kunde verta friske og sterke, trivlege og fruktsame. Av folk var det helst kvendi som vart dengde av „livsgreini“, sjølvsgagt med den meining, at dei skulde få mange born. Til dengjingi er det ofte knytt andre rituelle skikkar som gåvor eller offer av egg og brød.

Ein annan skikk var å hava jolekake. Frå Setesdal veit me lite um ho, berre formi kjenner me — ei høne som ligg på egg — og so det, at ho låg på bordet heile joli. Sjølvsgagt hev dei ete ho upp; men kva tid, og um dei hadde noko sérs ritual, når dei åt ho, veit me ikkje. I Telemarki hadde dei ei jolekake dei kalla „Folebonden“ eller „Hælhesten“, og ho gøymde dei til Kyndelsmess, fyrr dei åt ho upp.<sup>173</sup> Men det er alt. Vil me vita meir um desse kakone, lyt me til Sverike. Der hev dei nok av dei. I Sverike nytta dei oftast jolekaka til sákake. Dei gøymde ho i kornbingen til plogønne byrja, og fyrst då åt dei ho upp med visse seremoniar. Sume stader fekk alt levande på garden både folk og fé ein bit av kaka, andre stader skulde „plogen skjera henne“, og so åt dei ho på åkeren med plogåsen til bord. I Leksand i Dalarne hadde dei ei kake, som dei åt tjugande



276. Ause, merkt B A S F 1839

N. F. 1016—13



277. Kistill, Valle

N. F. 687—97



280. Kistelok, Valle, frå 1730

N. F. 808—13

dag jol ute i sauefjose, og sauene fekk noko av kaka dei med. Den kjende granskaren Hammarstedt som hev skrive um dei,<sup>174</sup> meiner at dei m. a. hev vore nytta til eit maktemne til å styrkja liv og gror og serleg til å fremja grøda på åkeren, men dessutan til å fremja grøderikskapen i det heile. Vidare sluttar han av dei ymse formene såkakone hev, hjul, kross, høne, galte, bukk o. s. b.<sup>175</sup> at fleire av dei hev si rot i utgamle religionsformer eller religiøse fyrestellingar.

Lite og inkje tyder på, at jolekakone våre hev vore nytta til såkakor; men so kjenner me heller ikkje stort til dei. Skikken hev kvorve burt tidleg. Eitt kann me likevel mest vera visse um, og det er, at dei meinte det låg ei sers makt i jolekaka, og at ho difor hev vore eit rituelt brød som dei truleg hev nøte til å fremja grøderikskapen. Den formi kaka hev i Setesdal, tykkjest tyda på det. Eit betre bilete på utvikling av liv, vokster og gror enn høna som ligg og klekkjer ut kjuklingar, kann me vel snautt finna. Her som i Sverike hev visseleg både folk og fé fenge av kaka.<sup>176</sup>

Eit liknande innhald hev truleg skikken å gjeva krøteri god mat jolemorgonen eller rettast jolenotti. Hesten fekk soleis malt, og at malt var eit sers maktemne, kann det berre vera ei meining um. Elles var det i Setesdal som andre stader andre joledagen som var heste- og krøterdag. Då møka dei i fjøset for kvarandre og drakk møkstrerus. Etterpå „reid dei um Hus“ og kappreid eller kappkøyrd



279. Bomme, Valle

N. F. 902—11



278. Bomme, Setesdalen

N. F. 833—96

til „Frobrunnann“. Umlag same skikkane finn me att i dei fleste nord-europeiske landi.<sup>177</sup> Vanleggjekk kappridingi under namn av „Stefansridt“, Stefansreid. I Setesdal er so vidt me veit, dette namnet ikkje nytta;

men vatnet hestane drakk denne dagen, kalla dei „Stefansvatn“, og ei vidje dei sette kring eine foten på hestane, når dei batt dei, hadde namn av „Stefansbragd“ (fig. 106).<sup>178</sup> Stefanus hev elles ikkje noko med desse skikkane å gjera. Når hans namn er nytta, kjem det berre av, at andre joledagen i kalendaren er hans dag.

Stefansreidet heng ikkje i hop med dei andre joleskikkane, anten dei so er kristne eller ikkje. So mykje vissare tykkjest det vera, at skikken hev sitt opphav i tidi fyre kristendomen. Eit slag parallell til Stefansreidet hev me i den kappridingi skeidet slutta med; men det hjelper oss ikkje stort. Trass i det, at dei kalla heile hestefesten skeid,<sup>179</sup> var kappridingi det minst viktuge, og me hev ikkje døme på at det til sjølv ridingi var knytt skikkar som peikar i leid av grøderikskapskultus. Stefansreidet lyt me difor tyda ut frå

sitt eige innhald. I Setesdal heiter det beintfram, at det kom slikt triv på hesten, når han drakk Stefansvatn. Det var „vigt vatn“. Vatnet i „Frobrunnann“ renn nordetter, og truleg er dette ein grunn til, at vatnet i dei var framum vatn i andre brunnar eller rettast elvar. I folketrui er alltid nordrennande vatn tillagt ei sers makt, m. a. til lækjeråd. Dei hev truleg fyrst og fremst meint, at hestane ikkje vart sjuke i det komande året, når dei drakk vatnet. Framleis heitte det, at den som fyrst kom til „Frobrunnann“, drakk vin. I dette høvet kann vin ikkje tyda anna enn eit maktemne som i likskap med dei andre maktemni me fyrr hev nemnt, tente til trivnad og vokster og fremjing av grøderikskapen, her for hesten og gjenom han for dei andre krøteri på garden.

Elles tykkjest skikken peika i tvo leider. Fyrr dei fór til „Frobrunnann“, reid dei rundt i tunet med skrik og tummel, ja stundom reid dei like inn i stova. Dette tyder på, at det var eitkvart dei vilde jaga burt, truleg draugane, som dei trudde søkte heimatt til tuni og inn i husi i joli.

Joli var soleis ikkje berre ein fest til å fremja grøderikskapen som dei fleste skikkane me til dessar hev havt fyre oss tykkjest å tyda på. Det var samstundes ein fest for dei

døde. Dei døde gjeng under mange namn — oskoreii, vetti, tussane, draugane (jfr. s. 103 og 146). Draugane som eigenleg er upphavet til dei andre, var lite og inkje å vange i joli. I segnene um dei er det mest alltid brotsmenn som vert til draugar, og dei heldt seg på den staden der brotsverket var gjort.<sup>180</sup> Eg kjenner berre ei einaste segn frå Setesdal der me hev dømme på, at draugen kom heim i joli.<sup>181</sup> Men so var dei andre so mykje vissare.

Etter skikkane å døma tok dei i mot dei på tvo måtar. Anten ofra dei til dei og heldt seg godvener med dei, eller dei freista å skræma dei burt. Truleg skriv skikkane seg frå ymislege tider.

Ofri var oftast mat og drikke. Inne i stova stod maten på bordet heile jolenotti og joledagen til endes. Til oskoreii eller „Staalisfæri“ la dei ein stump på basstovomnen eller basstovpallen. Til årevetti sette dei ei ølskål på årepallen, og dei bar ut øl og kling til vette- og tusse-trei eller vette- og tussehaugane.

Elles var det ikkje berre i joli, dei ofra til vetti og tussane. Dei bar ut øl og vorter, når dei hadde bryggja, og saup og kling, når dei hadde kinna, og kvar gong dei flutte frå stølane um hausten, slo dei siste kinnerøra på dørstokken. I Viki i Valle slakta dei ein hane på haugen; men kva tid det var, melder ikkje segni noko um.<sup>182</sup>

Me hev nokre få dømme på, at dei ofra til steinar og små holor i bergi òg. Ein slik stein er „Skjeng“ (fig. 252). Han ligg like ved stølsvegen frå Løyland til Haavestøyl i Valle. Alle som fór framum, gav til Skjeng, „la paa han Blomar og Ber, og Gras itt der var ikkje anna“. Enno ofrar dei til Skjeng. Eg var der for fire år sidan, og då låg det eit grytebrøt og nokre blomar på han. Sjølv sagt ofrar dei no berre for moro. Gløymde dei å gjeva Skjeng noko, eller dei vanæra han på eikor vis, hende det alltid eitkvart gale på vegen. Dei snåva og datt hovudstup e. dl. „I Garo“ i Hylestad „gav dei i Rysefar“. Det var eit merke eller far i berget etter foten av risen. Når dei var i bærskog og fór framum, la dei bær i faret. Dei fann meir då.<sup>183</sup> I Homme i Valle er det ei liti hule i ein stein, „Santolavs Hol“, dei kallar. I dette holet la dei like eins bær. Her hørde det song med til „offerritualet“. Dei song fleire gonger det sterkaste dei kunde:

„Gjev o, gjev o  
Santolav Ber.“<sup>184</sup>

Desse steinane og holone er truleg av nokolunde same slag som alvekvennane, dei me hev so mange dømme på frå Sverike. Her var holone oftast gjorde av menneskehand; men me hev steinar med naturlaga holor òg. I holone la dei ofret, for det meste usalta feitt som dei smurde i; men knappenåler, myntar og små steinar med liknande holor i, hev vore nytta, og like eins dokkor. Dei var laga av klutar av klæde til sjuke folk.<sup>185</sup>

I Sverike var det alvane dei ofra til; men dei er av same upphav som vetti og tussane i Setesdal. Dei er alle same folket, ætta frå draugane, og bak „Skjeng“, „Rysefar“ og „Santolav“ løyner seg truleg draugar like eins.<sup>186</sup> Både ofri til steinane og ofri til vette- og tussehaugane heng soleis i hop.

I den gamle „Beretningen“ frå ikring 1700 stend noko um ofringi på haugane, og av dette fær me litt greide på ritualet, slik det truleg ei tid hev vore; men um det er det upphavlege, er uråd å vita. Det heiter: „Her findes mange Stæder i Gjældet smaae runde Houger, omkring lagte med Steene og udenfor Jord og som det synes — med Huller ovenudj. Item findes Stene omkring, og en Wey rundt omkring all Hougen. Udj disse Houger siges foreskrevne „Rødkadder“ saavel som den gemeene Mand, efter dennem, at have nedgravet Deres Afguder — hvilke De paa Deres hellig Dage, i Besynderlighed gamle Folk — have tient med Bønner og andre Ceremonier, og med at kaste paa

Deres Baand, som De havde om Halsen; og i saa Maade have De gaet omkring disse Houger og, som De sige, sonat sig.“<sup>187</sup>

Dansen kring haugane kjenner me frå andre kantar, t. d. Numedal og Telemarki. I Telemarki låg det ein „Dansarhaug“ like ved Hegland kyrkje i Fyresdal. Rundt haugen dansa alle dei sjuke som var ved kyrkja jonsoknatti. Etterpå lauga dei seg i elvi som rann like ved.<sup>188</sup>

Noko heilt og fullt bilete av offerskikkane og dermed ritualet fær me ikkje av desse få minni; men so mykje skynar me, at ritualet hev vore sett saman av ei rekkje kultiske og magiske handlingar som bønner, dans og mogleg song, offer av ymist slag og lauging. Laugingi hev truleg berre vore knytt til visse høvelege stader og nytta til å heila sjukdomar. Bønene og det andre seremoniellet er



281. Gamlestogskåp

B. M. 5637

gløymde for lenge sidan; men ofringi — serleg av mat og drikke — lever enno i friskt minne, og det kann snautt vera meir enn ikring 60 år sidan dei siste slutta. Som alle vil skyna, er ofri og dei andre skikkane rester av døds- og ættekultus, og det ser ut til, at denne religionsformi hev havt djupe røter i dalen. — Jamsides med at dei ofra til draugane og dyrka dei, gjekk som fyrr nemnt, dei profylaktiske skikkane og at dei bruka profylaktiske råder. I dei høvi tenkte dei seg draugane, kva namn dei so hadde, som vonde, skadande makter. Det er soleis redsla som ligg til grunn for bruken. Ho torer nok vera det fyrste opphavet til ofringi òg; men det er på ein annan måte. Me skimtar her attende til ein utvikla kultus, der i ein viss mun vyrndad, kjærleik og ættekjensle hev havt mykje å segja, medan bruken av dei profylaktiske rådene berre hev redsla til understraum. Dei er plukka upp her og kvar og skriv seg frå ymislege tider. Råder og skikkar med rot i utgamle magiske fyrestellingar brukte dei soleis samstundes med skikkar av kristeleg opphav. Dei tykkjest spenna yver ein lang tidbolk, og truleg er dette grunnen til, at me hev so mange. Som rimeleg kann vera, hadde dei mest bruk for dei profylaktiske rådene i joli, då draugane flest var ute; men dei kom vèl med til andre tider òg, både ved dei viktuge hendingane i livet og elles ved eit og anna arbeidet. Det vilde vera uråd å ta med alle her, so mykje meir som dei fleste er nemnde der dei i samhøve med skikk og bruk høyrer heime, og eg nøgjer meg med berre å draga fram nokre døme.

I joli var det serleg oskoreii dei var redde, og dei hadde mange råder til å fri seg frå henne. Dei mest vanlege var krossar, stål og Simonsvepe. Krossingi er vel helst av kristeleg opphav, men kann vera eldre; for sjølve kross-teiknet er utgamalt. Elles veit me, at hamarteiknet var so likt ein kross, at bøndene let seg narra av Haakon den Gode ved blotet på Lade.<sup>189</sup> Det kann difor godt henda, at hamarteiknet i eldre tid hev vore nytta på same måten som krossen seinare; men um dette veit me lite og inkje. Utum krossane finn me på mange dører utskorne og smidde hjul, ringar og blokkor, som sjølvsgagt hev tent til pryd (sjå fig. 105, 251, 254, 256 og 259 og pl. 18, 22,<sup>3</sup> og 33,<sup>11</sup>); men dei

tykkjest alle vera ætta frå gamle solsymbol og er truleg opphavleg sett der av profylaktiske grunnar (jfr. s. 150). På fleire koppar, skrin og kistor finn me dei same teikni eller rosone (fig. 214, 248, 255, 257 og 260). Ofte stend dei under botnen, og der kann dei snautt vera sett av dekorative umsyn. Me lyt difor helst tru, at dei i desse høvi beintfram er meint til „trollteikn“.

Bruken av stålet heng helst i hop med ei utgamal tru på, at det låg ei sérs makt i metalli. Dette er vel like eins den opphavlege grunnen til, at sylv i mange høve vart nytta som ei råd mot dei vonde maktene; med di det helst måtte vera ervesylv, skynar me at andre synsmåtar hev kome til. M. a. hev dei truleg meint, at sylv som forfedrane hadde bore, av den grunn inneheldt ei sérs makt. Når mjølki var urein, hev me høyrte at dei mjølka gjennom ein ring eller ei sylgje. Her tykkjest ikkje bruken av sylv å vera det opphavlege; men at mjølki rann igjennom eit kvart. Det ureine vart då beint fram sila burt.

Kvifor dei brukte Simonsvepe, torer eg ikkje segja noko visst um. Simonsvepe er ei grein, oftast av bjørk eller fure, med tett samanfløkte kvister. Ho liknar mest på eit fuglereir. Det er berre i Setesdal, Vest-Agder<sup>1</sup> og Telemarki, at dei kallar desse greinene Simonsvepor. Andre stader her i landet heiter dei marekvist, marekvost, murukvist, marklunger o. s. b.<sup>190</sup> Etter namni å døma var det mot mara dei nytta desse kvistene, og truleg hev det ein gong vore slik i Setesdal med. Frå Tyskland hev me nok av døme på, at dei tenkte seg mara i mange underlege


skapnader, m. a. som ymislege dyr og fuglar.<sup>191</sup> Dei fleste stadene her i landet hev dei mogleg tenkt seg henne som ein fugl, og då høver det godt å hengja upp ein marekvist til henne. Han liknar som nemnt eit reir, og truleg hev dei meint, at mara heller sette seg i dette enn på hesten. Namnet Simonsvepe gjeng vel attende på Simon Magus, den store trollmannen frå Samaria og fyrste kristne vranglæraren som stend nemnt i Apostelgjern. VIII 5—24.

Av andre profylaktiske skikkar og råder skal eg nemna bruken av joleljoset som stod og brann heile jolenatti til endes. Til jol fekk borni nokre små ljos, „Pissdøsar“ dei kalla, som dei brukte, når dei måtte ut for døri um kvelden,



282. Krøhyllje

Jördalsbø, Byggland



283. Framsida av ei kiste  
Måla av Olav Torgeirson Sinnes

Byggland

at ikkje oskoreii skulde ta dei.<sup>1</sup> Det er berre so rimeleg, at dei tenkte draugane som hørde myrkret til, ikkje kunde gjera noko vondt, når det var ljost. Ljoset på kisteloket i likferdene hev mogleg upphavleg vore meint til profylaktiske råder. I Aaseral i Vest-Agder som fyrr hørde til Setesdal, bar dei ljosi etter kista heilt ut på tunet,<sup>1</sup> og det same hev vel vore skikk i Setesdal med. I katolsk tid var det djevelen dei meinte å skræma burt med ljosi;<sup>192</sup> men truleg er skikken eldre enn kristendomen, og då var det sjølsagt andre vonde makter dei vilde jaga eller gjera uskadelege.

Skot og smelling, skrik og tummel meinte dei like eins jaga draugane burt. Difor skaut dei inn joli og reid som fyrr er nemnt rundt i tunet og stundom like inn i stova andre joledagen. Dvergen jaga dei ut med ein stav. Dei slo inn under skåp og senger og skreik: „Ut Dverg um Dynn“, o. s. b. Dette gjorde dei andre joledagen i Valle. I Bykle venta dei heilt til tjugande dag. Både i Valle og Bykle hev dei vel upphavleg jaga ut dvergen baa desse dagane. Av segnene kann me skyna, at draugane kom heim jolekvelden og var der til andre joledagen. Men dei kom att nyårkvelden; for då hev me dei same skikkane att som jolekvelden, og dei var difor nøydde til endå ein gong å jaga dvergen, draugen, ut. Tussane stekte dei ved å huva tri gonger, og tussane kunde ikkje gjera dei noko då.<sup>193</sup> I brudlaupi finn me liknande skikkar og råder att som fleire av dei ovannemnde. Dei smellte med hurdi og skaut yver brur og brudgom. På vegen til og frå kyrkja ropte dei og skreik, og dei hadde ringlande bjøllor og blokkor i ridestellet, so det skramla dugeleg.

Utum desse tri hovudgruppone av profylaktiske skikkar hev me ei mengd andre som fell meir spreidde. Gyro Ryserova som ved sida av Sigurd Svein var den høgste i oskoreii, kunde dei soleis jaga ut berre ved å tala til henne, um ho kom inn i stova: „Stytt paa Rova di, Gyro!“ sa dei, eller dei flidde henne ei salmebok. Då rann ho. Like eins når dei kasta ein brødmole på elden. Det same gjorde dei,

um reii hadde teke ein-kvan med seg. Då kom han att med ein gong. Underleg nok kunde han sleppa fri, um han la til og banna òg.<sup>194</sup> Av likferdsskikkane tykkjest fleire å gå ut på å hindra, at den døde gjekk heimatt. Soleis når dei bar liket tri gonger rundt åren og rundt kyrkja. Dei meinte vel den døde vart døgervill då. Elles er det ikkje umogleg, at denne kringgangen er av nokolunde same slag som kringgangen rundt gravhaugane, me fyrr hev høyrte um. Var det ein sjølvmordar, han som låg i kista, tok dei ho ut under svilli. Her mura dei til att, og då kunde ikkje den døde sleppa inn. Som me kann skyna, meinte dei, han måtte gå same vegen inn som han var faren ut. Truleg var det av profylaktiske grunnar dei slo sund stauren dei bar kista på òg. Her torer samanhengen vera den, at dei trudde den døde kunde rida heim att på stauren eller på ei eller onnor vis nytta han til å gjera skade med.

I mange skikkar som tykkjest vera profylaktiske dei med, finn me som eit hovuddrag, at det alltid er eit eller anna dei ikkje må gjera. Fyrste joledagen måtte dei t. d. ikkje so mykje som gå upp i loftet ein gong og henta kyrkjehatten, um dei hadde gløymt å ta han ned dagen fyrr. Då fekk dei heller vera heime frå kyrkja. Ikkje måtte dei møka i fjøs og stall og ikkje leda maten på bordet. Ikkje måtte dei gå til grannen, so det vart lag og gjestebod. Det skulde vera stillt og roleg. Grunnen til dette kann snautt vera nokon annan, enn at dei meinte draugane heldt seg rundt i husi då, og dei torde dei ikkje uroa i utrengsmål. Dei måtte berre gjera det mest naudsynlege. So strengt var det ikkje dei andre dagane i joli; men kva dei so gjorde eller ikkje, for alt i verdi måtte dei ikkje spinna eller bruka ambod som sveiv rundt. Både rokken og navaren var *tabu* i joli. Torsdagskveldane var det like eins. Eg torer ikkje ha nokor viss meining um grunnen til dette; men det heng vel i hop med trui på draugane. Skikken er knytt til den tid og dei dagar, då draugane var å vange. Frå fleire kantar hev me døme på, at det hende noko gale når dei spann torsdagskvelden — eine handi vart t. d. blodug eller òg vart spunen ubrukleg.<sup>195</sup> I Hardanger rømde gardvorden (tunkallen, rudkallen) og då fór lukka frå garden.<sup>196</sup> I Båhuslen i Sverike o. a. st. trudde dei det same.<sup>197</sup> I alle høve hender noko vondt,



284. Kistelok, Valle  
Merkt: ASS TKS SKD 1789


N. F. 822-11

og det tykkjast vera draugane som veld det. At folk til visse tider og dagar brukte ambod som sveiv rundt, var vel ei magisk handling som uroa draugane. Elles torer det henda, at dei tenkte seg svivingi som eit slag „Kringgang“. Som fyrr er nemnt høyrde truleg kringgangen med til ritualet, når dei ofra på haugane. Då var det sjølvsgagt ei magisk handling like eins, men på same tid ei heilag handling, og det er ikkje utruleg, at dei gjorde eit slag heilagbrot, når dei i joli eller um torsdagskveldane spann eller brukte navaren.<sup>198</sup>

Mot trolling og forgjering brukte dei umlag same rådene som mot draugane, og det er berre so rimeleg; for i folketru er trollkjerringane og trollmennene tillagde dei same vonde eigenskapane som draugane hadde, og i so måte hev dei teke arven etter draugane.<sup>199</sup>

Finnane kunde like eins gjera vondt. Dei brukte finnskot. I Setesdal ser det ut til, at dei tenkte, finnane beint fram skaut ut ei kule som råka krøteret. Det vart djupe holor i skrøvet innunder hudi. Som me hev høyrte brukte dei å skava bly av ei kule det var skote reint med, og dette gav dei krøteret. Det er ikkje godt å segja, kva som ligg til grunn for denne rådi. Truleg heng ho i hop med, at dei meinte sjukdomen kom av eit skot. Etter det gamle prinsippet „similia similibus curantur“ (liknande råder heilar liknande sjukdomar) måtte difor ei kule eller noko av ei kule det var drepe med, sjølvsgagt hjelpe.<sup>200</sup> Finnane kunde setja uro på folk òg. Dei sende ein kvervelvind av garde. Mot dette ser det ut til, at dei hev nytta stål. Dei kasta kniven midt inn i kvervelvinden. Men det var ikkje alltid, det hjelpte. I dei dømi, me hev, råkar dei finnen eller rettast finska i eine auga, og då fær dei ikkje fred på seg. Dei lyt fara til dei møter finska og fær tala med henne. Oftast er det elskhug med i spelet frå finska si side.<sup>201</sup> Dei kunstene finnane kunde, gjorde trollkjerringane òg. I setesdalsk folketru er dei baa av same slaget — skilnaden ligg berre i namni — og som trollkjerringane hev sitt opphav i trui på draugane, hev truleg finnane som vonde makter det like eins.

Me hev no havt fyre oss dei mest vanlege profylaktiske skikkane. Liknande skikkar kjenner me frå mange andre land.<sup>202</sup> Alle stader var dei mest nytta i joli, myrkaste tidi på året, då alt som draugar heitte, var ute og ferdast. Men hermed er ikkje sagt, at dei hev sitt fyrste opphav i trui på draugane. Mangt og mykje tyder på, at fleire av skikkane er eldre. Som englar og djevlar i kristen tid hev teke arven etter draugane, hev vel dei ein gong arva ymse



285. Mjølkesil

Valle

naturmakter og naturdemonar, og ender og då skimtar me attende til „makter“ som er endå eldre. Koss dei tenkte seg desse maktene, veit me lite og inkje um; men dei med tykkjast ha vore mest fârlege i myrketidi. Sume av skikkane, og serleg dei som attåt er purifikatoriske som t. d. laugget og bruken av eld og ljøs, hev visseleg ein gong vore nytta til å avbægja fârar og skadar dei meinte skreiv



286. Ause, Valle

N. F. 681—11

seg frå desse maktene. Som me kann skyna er bruken av profylaktiske råder utgamal.

Ved sida av dei profylaktiske skikkane gjeng alltid dei prognostiske. Når draugane eller „maktene“ er å vange, kann ein få vita noko um lagnaden. Det folk fyrr vilde vita var oftast, um dei skulde døy i det komande aaret, kven dei skulde verta gift med, og ender og då um året vart godt eller ikkje. At mange av desse skikkane gjeng langt attende, er det vel snautt naudsynleg å nemna, og like eins at me hev nok av døme på liknande skikkar frå andre land.<sup>203</sup> Der som i Setesdal tok dei merke av visse fuglar og dyr, av røyken frå eldar dei tende upp på høgtidsdagane, av koss sko e. dl. dei kasta upp i veret, fall ned (rhabdomanti), eller dei gjekk attetter rundt huset o. s. b.<sup>204</sup> Å „klæda jolestolen“ tykkjast vera ein serleg norsk skikk. Sume stader heiter det „å fasta på kjærasten“, og truleg høyrde faste med til fyrebuingi.

Det kunde vera mykje meir å skriva um setesdalsskikkane, og mange fleire kunde vore tekne med; men i dei fleste høve vilde det krevja serlege etterrøkjingar som det ikkje er rom til her. I det som er skrive hev eg difor nøgt meg med å berre draga fram dei mest vanlege skikkane og prøvt på å ordna dei i grupper etter sams innhald. Det er berre få skikkar som t. d. „Brurestuten“ og „Brureostane“ me ikkje hev døme på frå andre kantar; men jamvel dei er me mest visse um hev vore nytta i Telemark, der „Gøyehoggi“ og umlag alle skikkane, me kjenner frå Setesdal, hev vore i bruk langt ut i 1700 åri.<sup>205</sup> Som det ofte er nemnt, er soleis ikkje Setesdal noko for seg sjølv. Dalen hev aldri vore avstengd og avgøymd. Skikkane der er dei same som andre stader. Dei hev si rot i heimskulturen.

## MERKNADER

- <sup>1</sup> Arkivet åt Norsk Folkemuseum.  
<sup>2</sup> Skar I, s. 10.  
<sup>3</sup> Eilert Sundt: Om husfliden i Norge, Kr.a 1867, s. 118 ff.  
<sup>4</sup> Skar I, s. 5.  
<sup>5</sup> Skar IV, s. 132.  
<sup>6</sup> Skar IV, s. 135.  
<sup>7</sup> Skar IV, s. 138.  
<sup>8</sup> Skar IV, s. 137. Torleiv Hannaas: Ordsamling fraa Robyggjelaget fraa slutten av 1600-talet, Kr.a 1911, s. 57.  
<sup>9</sup> Skar IV, s. 138 f.  
<sup>10</sup> Skjala kjem av gln. *skjala* = røda, tala med kvarandre.  
<sup>11</sup> Snjovanna = freda. I Setesdal let dei krøteri ganga på bøen ei stund um våren.  
<sup>12</sup> Skar IV, s. 141.  
<sup>13</sup> Skar IV, s. 139.  
<sup>14</sup> Skar IV, s. 141.  
<sup>15</sup> Skar IV, s. 108 f. og 135 f.  
<sup>16</sup> Skar IV, s. 174 ff.  
<sup>17</sup> Skar IV, 169.  
<sup>18</sup> Skar IV, s. 192.  
<sup>19</sup> Skar IV, s. 187.  
<sup>20</sup> Skar IV, s. 184 f.  
<sup>21</sup> Torleiv Hannaas' l. c., s. 34. På vanleg mål lyder klumsingi slik:  
 „I namnet Jesu slepp eg mitt fê og „bui“ (buskap).  
 Eg driv det yver bekkjer og yver bru,  
 der stend jomfru Maria fru  
 hev sine nyklar i hond  
 og vil læsa (binda) ulvetonn.  
 Klumsa vere ulvetonn,  
 og klumsa vere bjønnelabb,  
 klumsa vere alle dyr i skogen,  
 utan kjetteklo  
 og raketonn  
 få Guds ord.  
 Amen.“  
 Umlag liknande klumsingar og våbøner som dei i Setesdal hev me dømme på frå mange andre kantar av landet. Sjå A. Chr. Bang: Norske Hexeformularer og magiske Opskrifter, Kr.a 1901—1902, s. 150—178.  
<sup>22</sup> Skar IV, s. 185 ff.  
<sup>23</sup> Skar IV, s. 182 f. og II s. 13.  
<sup>24</sup> Skar IV, s. 182 f. og II, s. 13.  
<sup>25</sup> Skar IV, s. 199 f.  
<sup>26</sup> Skar IV s. 201 f.  
<sup>27</sup> Skar IV, s. 198.  
<sup>28</sup> P. M. Sægaard: I Fjeldbygderne, Kr.a 1868, s. 48.  
<sup>29</sup> P. Blom: Beskrivelse over Valle Præstegjæld, Gjøvik 1896, s. 12.  
<sup>30</sup> Skar IV, s. 202.  
<sup>31</sup> Skar V, s. 81.  
<sup>32</sup> Skar IV, s. 136. Tykka mjølk er mjølk blanda med rjome og litt surt uppi. Dei hev ein grand mjøl på og kokar det so lenge, at ei skei mest kann stå i det.  
<sup>33</sup> Top. journ., h. 26, s. 29.  
<sup>34</sup> Skar IV, s. 158 f.  
<sup>35</sup> Skar IV, s. 171.  
<sup>36</sup> Skar IV, s. 107.  
<sup>37</sup> Skar IV, s. 169.  
<sup>38</sup> Torleiv Hannaas' l. c., s. 10.  
<sup>39</sup> Skar VIII, s. 123.  
<sup>40</sup> Skar IV, s. 168.  
<sup>41</sup> Skar III, s. 145 ff. Trui på, at ymse steinar kunde fri ein frå vondt og elles lækja sjukdomar, gieng langt attende; ho var serleg sterkt spreidd i millomalderen, då dei hadde korpesteinar, ørnesteinar,

svalesteinar, ormesteinar o. s. b. Her i landet hev me havt fleire steinar av liknande slag som busteinen, soleis „Lausestein“, „Ganstein“ og „Finnkula“. Sjå um desse steinane Fr. Grøn: Træk av norsk folkemedicin i Tidskr. for norsk bondekultur, Bergen 1906, s. 97 ff.

<sup>42</sup> Skar IV, s. 168 f.

<sup>43</sup> Top. journ., h. 26, s. 118 f. Finnskot kunde dei lesa burt òg. Det heiter frå Valle:

„Møte Finkjerring ve ein Bek  
 med ein Tjyrkop.  
 Lat o Bekskoer bite,  
 lat o Bloe længstom drite,  
 te at o derme Kyre boter.“

Sjå A. Chr. Bangs l. c., s. 61.

<sup>44</sup> Skar VIII, s. 127.

<sup>45</sup> Skar IV, s. 168.

<sup>46</sup> Skar III, s. 120.

<sup>47</sup> Skar IV, s. 166 f.

<sup>48</sup> Skar IV, s. 168.

<sup>49</sup> Skar IV, s. 50. Ein liknande skikk kjenner me frå Telemark. Sjå H. J. Wille: Utrykte optegnelser om Thelemarken i Hist. Tidsskr. Kr.a 1882, s. 187.

<sup>50</sup> Skar IV, s. 169.

<sup>51</sup> Skar III, s. 124 f.

<sup>52</sup> Etter A. Schneider, Norsk Folkeminnnesamling, Kr.a

<sup>53</sup> Skar IV, s. 139.

<sup>54</sup> Top. journ., h. 27, s. 11.

<sup>55</sup> Torleiv Hannaas' l. c., s. 31.

<sup>56</sup> Skar III, s. 28 og IV, s. 225.

<sup>57</sup> Top. journ., h. 26, s. 58 ff.

<sup>58</sup> Skar IV, s. 110 f.

<sup>59</sup> Skar IV, s. 109.

<sup>60</sup> Skar IV, s. 109.

<sup>61</sup> Skar IV, s. 106.

<sup>62</sup> Skar IV, s. 111 f.

<sup>63</sup> Skar IV, s. 105 f.

<sup>64</sup> Reinferdsla i Setesdal hev folk tala og skrive so mykje um. Ingen stader var det so svart og fælt som i Setesdal. Der var det ikkje ko lort og filleskap. Det var helst turistar som lyste slike ord, dei fór so svint gjennom dalen sumarstider. Det var just verste tidi. Då hadde ikkje kvendi tid til å stella so mykje i huset. Dei var med på utarbeidet både seint og tidleg. Elles var det ikkje so ille som folk skreik upp um. Professor Yngvar Nielsen som reiste der i 1870 åri, skreiv soleis, at reinferdsla i minsto i Valle var større enn i dei andre fjelldalane våre. (Reisebrev og Folkelivsstudier, Kr.a 1880, s. 81). I eldre tid stod det vel ikkje so rart til; men då var det ikkje stort likare andre stader heller, og so var det det, at dei ikkje måtte gjera for vel reint. Det var tru. Denne trui hev hange noko lenger att i Setesdal enn andre stader.

<sup>65</sup> Skar IV, s. 107.

<sup>66</sup> Top. journ., h. 26, s. 30.

<sup>67</sup> Skara elden = grava glørne ned i øska.

<sup>68</sup> Skar IV, s. 99 f.

<sup>69</sup> Skar IV, s. 27 f. og 34.

<sup>70</sup> Skar I, s. 83 ff.

<sup>71</sup> Skar IV, s. 111.

<sup>72</sup> Skar I, s. 6.

<sup>73</sup> Skar I, s. 103.

<sup>74</sup> Skar IV, s. 113 f. og VIII, s. 104 ff.

<sup>75</sup> Skar I, s. 18, 20, 29, 35 f. og 108 og IV, s. 25.

<sup>76</sup> Skar III, s. 100 og IV, 30 ff.

<sup>77</sup> Kap. 15 i Haakon den Gode si saga og kap. 6 og 7 i Gulatingslovi d. e.

<sup>78</sup> Etter Schneider i Norsk Folkeminnnesamling, Kr.a

<sup>79</sup> Um denne slaktemåten hev sin grunn berre i fåkunna eller det er restar av ein gamal rituell skikk, torer eg ikkje ha nokor meining um. Frå andre kantar kjenner eg ikkje dømme på ein slik slaktemåte.

- <sup>80</sup> Skar III, s. 6 f.
- <sup>81</sup> Skar III, s. 21 ff. og 26.
- <sup>82</sup> Skar VIII, s. 117 f.
- <sup>83</sup> Skar I, s. 202.
- <sup>84</sup> A. Chr. Bangs l. c., s. 22.
- <sup>85</sup> „Dei saag „Heiebit“ i Skogarne stundom. Det var kaldlegt som der var rive i Borken. Gunnstein Skaamedal saag Heiebit i Skaamedalen: „Di maa alli gjæte paa Røyslandshómen; Bjønne ha legje der,“ sa han; „han ha tekje Heiebit som der var rispa me'n Vendehekji,“ sa Gunnstein.“ (Skar IV, s. 46).
- <sup>86</sup> Fylle = skinnfell.
- <sup>87</sup> Då den gregorianske tidrekningi år 1700 vart innførd, måtte dei flytta joledagen 12 dagar attende.
- <sup>88</sup> Samlògrusi er gamle. Me finn påbod um dei i den eldste Gulatingslovi, kap. 6 og 7. I Norges Land og Folk, b. X 1, s. 452 ff. stend ei utgreiding um samlògrusi.
- <sup>89</sup> Skar I, s. 21 ff.
- <sup>90</sup> Alt um joli, utan det som er merknad ved, er teke frå Skar IV, s. 38 ff.
- <sup>91</sup> Skar IV, s. 50 ff. Dei ti dagane er: Tridjedag Jol, Påske og Pinse, Trettandedagen, Jonsok, Mikkelsmess, Helgemess, Marimess, „Sviptunsok“ og „Marie Renselse“.
- <sup>92</sup> Norske Univ. og Skoleanaler r. 2. 5, s. 309.
- <sup>93</sup> Torleiv Hannaas' l. c., s. 6 f. og 24. At dei heldt laurdagen heilag kann snauvt vera anna enn ein rest av den katolske læra. Johan Fritzner hev ei utgreiding um dette i Hist. Tidsskr., I b., Kr.a 1871, s. 187 ff. Om „Lørdagshelg“ i Norge før og efter Reformationen.
- <sup>94</sup> Skar II, s. 62, Torleiv Hannaas' l. c., s. 60.
- <sup>95</sup> P. Hansen: Archiv for Skolevæsenets og Oplysnings Udbredelse i Christiansands Stift, 2 b., Kbh. 1803, s. 36. Skar VIII, s. 119 f.
- <sup>96</sup> I Festskrift til H. F. Feilberg, Maal og Minne, Kr.a 1911, s. 183 ff. stend ei utgreiding um torsdagshelgi av Reidar Th. Christiansen: Litt om torsdagen i nordisk folketro.
- <sup>97</sup> I ein gamal „beretning“ frå Setesdal, truleg frå ikr. 1700, (m. s. nr. 197, Kildeskriftkommissionen, Kr.a) stend soleis: „En miil fra Bykle staaer en gammel Boe kaldet Koup-mands Bua, der synes Nordmændene og Sæterbyggerne at have mødt hvert Aar med sine Warer at sælge. Nordmændene med Salt, Heste, Klæder, Lærret, Fisk og andet saadant, Sæterbyggerne med Buskap, Huder og Skind.“
- <sup>98</sup> Me hev fleire skildringar av skeidi, serleg av det i Valle, soleis av Gjellebøl, Top. journ. h. 26, s. 55 ff., av presten Frantzen i brev til Jørgen Moe, prenta i Norges Land og Folk, IX 1, s. 544 f. og av Schneider i Norsk Folkeminnesamling, Kr.a. I Skar IV, s. 204 ff. stend den beste skildringi, og den er nytta her.
- <sup>99</sup> L. Daae: Norske Bygdesagn, Kr.a 1870, s. 51.
- <sup>100</sup> O. A. Øverland: Illustreret Norges Historie, I b., Kr.a 1885, s. 385.
- <sup>101</sup> R. Keyser: Nordmændenes private Liv i Oldtiden, Kr.a 1867, s. 118. (Efterladte skrifter, 2. b.).
- <sup>102</sup> Barnet klær dei slik: Fyrst hev dei skjorte på, so eit par reivar, ein kring magen og ein rundt føtene, eit kinnplagg legg dei under nakken og sveiper det fram yver bringa og hendene. Til slutt lindar dei. Dei byrjar nede ved føtene og veivlar linden rundt. Yver bringa gjeng han i kross.
- <sup>103</sup> Johan Fritzner: Lappernes Hedenskab og Trolddomskunst i Hist. Tidsskr., b. IV, Kr.a 1877, s. 155 f.
- <sup>104</sup> Skar IV, s. 120 f.
- <sup>105</sup> Det meste um barsøl og sengeferd er teke frå Skar IV, s. 117 ff. Resten er frå arkivet åt Norsk Folkemuseum.
- <sup>106</sup> P. M. Sægaards l. c., s. 53.
- <sup>107</sup> P. L. Lunds Beskrivelse av Valle, m. s. nr. 417 b, Univ.bibl. Kr.a.
- <sup>108</sup> Skar IV, s. 75.
- <sup>109</sup> Top. journ., h. 26, s. 33 f.
- <sup>110</sup> Top. journ.. l. c. merknad under.
- <sup>111</sup> Skar IV, s. 78 f.
- <sup>112</sup> Skar IV, s. 75 f.
- <sup>113</sup> Skar I, s. 67 og arkivet åt N. F.
- <sup>114</sup> Skar IV, s. 22.
- <sup>115</sup> Skar VIII, s. 118 ff.
- <sup>116</sup> Skar IV, s. 42 og V, s. 153.
- <sup>117</sup> Skar IV, s. 77 f.
- <sup>118</sup> Skar IV, s. 76.
- <sup>119</sup> Top. journ. h. 26, 41 ff.
- <sup>120</sup> Torleiv Hannaas' l. c., s. 26.
- <sup>121</sup> Torleiv Hannaas' l. c., s. 18 f.
- <sup>122</sup> Torleiv Hannaas' l. c., s. 4. Botolvsvaka er 17. juni.
- <sup>123</sup> Skar IV, s. 85 f. Frå Tyskland hev me døme på, at det berre var fallne kvende som gifte seg onsdagane. Adolf Wuttke: Der deutsche Volksaberglaube der Gegenwart, Berlin 1900, s. 368.
- <sup>124</sup> Torleiv Hannaas' l. c., s. 21.
- <sup>125</sup> Top. journ. h. 26, s. 44.
- <sup>126</sup> Skar IV, s. 87.
- <sup>127</sup> Skar IV, s. 81 ff. Der det ikkje er sers merknad er resten etter egne uppskrifter i arkivet åt N. F.
- <sup>128</sup> Top. journ. h. 26, s. 43 ff.
- <sup>129</sup> Torleiv Hannaas' l. c., s. 23 og 65.
- <sup>130</sup> Kildeskriftkommissionen, Kr.a, m. skr. nr. 197.
- <sup>131</sup> Torleiv Hannaas' l. c., s. 3 og Skar V, s. 116 f.
- <sup>132</sup> Skar IV, s. 95.
- <sup>133</sup> Skar II, s. 161.
- <sup>134</sup> Skar IV, s. 22.
- <sup>135</sup> Alt um fyrebodi er teke frå Skar IV, s. 127 f. og VIII, s. 120 f., frå P. Hansens l. c., s. 361 f. og 365 f. og frå egne uppskrifter i arkivet åt N. F.
- <sup>136</sup> Skar I, s. 57, II s. 65, 79 og 115 og V, s. 62 og 64 f.
- <sup>137</sup> Skar I, s. 151.
- <sup>138</sup> Skar VIII, s. 124.
- <sup>139</sup> Skar VIII, s. 125 f.
- <sup>140</sup> Skar I, s. 42, 124, 134, 173, 182 og 190, II, s. 66 og 76 og III, s. 124.
- <sup>141</sup> Skar IV, s. 128 f.
- <sup>142</sup> Skar IV, s. 129.
- <sup>143</sup> Skar IV, s. 130.
- <sup>144</sup> Top. journ. h. 26, s. 46 f.
- <sup>145</sup> Skar II, s. 156.
- <sup>146</sup> Top. journ. h. 26, s. 48.
- <sup>147</sup> Skar IV, s. 131.
- <sup>148</sup> Danske studier 1904, s. 35 f. og Fr. L. Grundtvig: Livet i Klockergaarden, Kbh. 1909, s. 255. W. Golther: Handbuch der germanischen Mythologie, Leipzig 1895, s. 290 f.
- <sup>149</sup> Kristian Bugge: Norske Høstskikke, Festskrift til H. F. Feilberg, Maal og Minne, Kr.a 1911, s. 161 f.
- <sup>150</sup> Paul Sartori: Sitte und Brauch, b. 2, Leipzig 1911, s. 82.
- <sup>151</sup> W. Mannhardt: Wald und Feldkulte, b. 2, Berlin 1905, s. 155—168.
- <sup>152</sup> Sjø Kristian Bugges l. c., s. 166—170.
- <sup>153</sup> W. Mannhardt: Mythologische Forschungen, Strassburg 1884, kap. V.
- <sup>154</sup> L. Daae: Norske Bygdesagn, Kr.a 1870, s. 51.
- <sup>155</sup> Gudmund Schütte: Hjemligt Hedenskab, Kbh. og Kr.a 1919, s. 172.
- <sup>156</sup> Paul Sartoris l. c., s. 55, 79 og 144 f.
- <sup>157</sup> W. Mannhardt W. F. K. II, s. 227 f. og 248—253.
- <sup>158</sup> N. E. Hammarstedt: Säkaka och såöl, Medd. från Nord. Museet 1903, s. 252 ff.
- <sup>159</sup> H. J. Willes l. c., s. 198.
- <sup>160</sup> J. Grimm: Deutsche Mythologi, b. III, Berlin 1878, s. 478.
- <sup>161</sup> Torleiv Hannaas' l. c., s. 47.
- <sup>162</sup> Grimms l. c., s. 481 og Sartoris l. c. b. 1, s. 90 f.
- <sup>163</sup> H. J. Willes l. c., s. 186 og d. s. Beskrivelse over Sillejords Præstegjeld, Kbh. 1786, s. 242. Grimms l. c., s. 482.
- <sup>164</sup> I Setesdal er vetti hokynn (femininum). Det heiter alltid „ei vett“.
- <sup>165</sup> Sigurd Erixon: Ynglingalaget. En gengångare i samhället, Fataburen 1921, s. 116 ff.



<sup>168</sup> Sjø m. a. J. Grimm: D. M. b. I, Berlin 1875, s. 513—521, W. Mannhardt: W. F. K. I, s. 507 og 510 ff. og N. E. Hammarstedts l. c., s. 235 ff.

<sup>169</sup> Å brenna slik eld kallar dei „å daura“. Det er mogleg, at dette ordet er det same som taura, tauvra = trolla.

<sup>170</sup> Peder Claussøn Friis: Samlede Skrifter, utg. av Gustav Storm, Kr.a 1881, s. 28.

<sup>171</sup> Sjø m. a. W. Mannhardt: W. F. K. I, s. 518—521.

<sup>172</sup> W. Mannhardt: W. F. K. I, s. 251—303.

<sup>173</sup> H. J. Wille: Beskrivelse over Sillejords Pgd., s. 245.

<sup>174</sup> N. E. Hammarstedts l. c., s. 235—278. Dessutan tvo andre av avhandlingane hans: Søkaka och Gullhøna, Medd. från Nord. Museet 1899 och 1900, s. 22—40, og Brødets helgd hos Svenskarne, Samfundet för Nord. Museets främjande 1893 och 1894, s. 16—38.

<sup>175</sup> Fleire av desse formene finn me att i brødi i Bergen. Sjø G. Stoltz: Litt om bergensk brød, Maal og Minne 1916, s. 90—106.

<sup>176</sup> Granskaren Høfler ser i dei germanske jolekakone eit offer til draugane som serleg var ute i joli (sjå Max Høfler: Weihnachtsgebäcke Eine vergleichende Studie der germanischen Gebäckebrote zur Weihnachtszeit, Zeitschr. f. österreich. Volkskunde, Supplement, Heft III, Wien 1905, s. 76 f.). At dei ein gong kann ha havt denne meiningi med jolekakone er ikkje umogleg. Eit namn som „Hælhesten“ kann tyda på noko av kvart i den leid; men det hindrar vel ikkje at kaka kann ha vore eti til å fremja grøderikskap og. Det tykkjest mange gonger vera ein viss samanheng millom døds- og ættekultus og vegetasjonskultus.

<sup>177</sup> Mannhardt: W. F. K. I, s. 402—406 og Sartoris l. c. III, s. 51.

<sup>178</sup> Andre stader, t. d. Gudbrandsdalen heiter denne vidja „Olavsbragd“.

<sup>179</sup> Etter Aasen tyder skeid bane, veg, køyreveg millom åkrane på ein gard. I Setesdal må skeid ha havt ei vidare tyding, t. d. tevling. Skeidvollen heitte det der hestane slost, leikvollen der dei kappreid. I folke-målet hev ofte skeid (eit skeid) obsøn tydnad. Denne svarar heilt til innhaldet av skikken.

<sup>180</sup> Skar III, s. 97—107.

<sup>181</sup> Skar III, s. 100.

<sup>182</sup> P. Blom: Beskrivelse over Valle Præstegjæld, Gjøvik 1896, s. 137 f.

<sup>183</sup> Skar IV, s. 200 f.

<sup>184</sup> Skar II, s. 6.

<sup>185</sup> N. E. Hammarstedt: Svensk folketro och folksed, h. 1, Stocholm 1920, s. 5—12.

<sup>186</sup> At risen sitt namn er knytt til ein slik kultus er berre rimeleg. Han er av same ætt som vetti, tussane og alvane. Litt onorleis er det med St. Olav; men i folketrui hev han teke so mykje i arv frå våre gamle gudar, vette, tussar og troll, at han godt kann ta mot eit drageoffer med. Sjøng er det underlegaste namnet. Det tyder ei breid stripe eller ein lang flekk. Det kann tyda ein stripute, skyfarga hest og. Det er mogleg, namnet kjem av, at dei hev tykt steinen likna ein stripute hest.

<sup>187</sup> Kildeskriftkommissionen, Kr.a, m.skr. nr. 197. Forfattern hev

visseleg rett i, at dei hadde grave sine avgudar ned i haugane; men det er berre ikkje rudkallane som hev gjort det. Tvertum lyt me tru, at det var dei som låg i haugane og var sjølv avgudane. Ymse saker dei grov upp or haugane, og som dei ikkje skyna meiningi med, hev dei teke som avgudar. Ein slii „avgud“ er truleg t. d. „Hernosi i Rike“ (sjå s. 90).

<sup>188</sup> I. M. Lund: Forsøg til Beskrivelse over Øvre Tellemarken, Kbh. 1785, s. 222 f. og N. Nicolaysen: Norske Fornlevninger, s. 172, 217 f. og 236. Vegen som gjeng rundt slike haugar, meiner Nicolaysen berre er ei greft til å leida vatnet burt frå haugen. Han tek vel i mist her.

<sup>189</sup> Kap. 18 i Haakon den gode si saga.

<sup>190</sup> Ivar Aasen: Norsk Ordbog, Kr.a 1873, s. 480.

<sup>191</sup> Adolf Wuttkes l. c., s. 272 ff. Johannes Hoops: Reallexikon der germanischen Altertumskunde b. I, Straszburg 1911—13, s. 66 f.

<sup>192</sup> Troels Lund: Dagligt Liv i Norden (ill. utg.) b. XIV, s. 215.

<sup>193</sup> Skar III, s. 59.

<sup>194</sup> Skar III, s. 5—20.

<sup>195</sup> Reidar Th. Christiansens l. c. 187 f.

<sup>196</sup> Th. S. Haukenes: Natur, Folkeliv og Folketro i Søndhordland (Hardanger) VI, Bergen 1888, s. 209—233.

<sup>197</sup> Grimm D. M. III, s. 481, Troels Lund: Dagligt Liv i Norden VII, s. 97 og Adolf Wuttkes l. c., s. 69.

<sup>198</sup> Karl Simrock hev sett fram ein teori um grunnen til, at dei ikkje måtte spinna i joli. Han meiner, det kjem av, at soli, når ho er på det lågaste — frå jolekvelden og tolv netter utetter tykkjest å kvila, fyrr ho vender attende, og i den tidi måtte korkje rokk eller kjerrehjul sviva rundt. Sjø Karl Simrock: Handbuch der deutschen Mythologie mit Einschluss der nordischen, Bonn 1878, s. 566 og H. F. Feilberg: Jul II, Kbh. 1904, s. 82—88.

<sup>199</sup> Paul Hermann: Nordische Mythologie, Leipzig 1903, s. 72.

<sup>200</sup> Sjø Fr. Grøn: Træk av norsk Folkemedicin, Tidsskr. for norsk bondekultur, Bergen 1906, s. 107—111.

<sup>201</sup> Skar III, s. 121 f. og 126 f.

<sup>202</sup> Troels Lund: Dagligt Liv i Norden VII, s. 28, 33, 44 ff., 50 ff., 61, 183 f. og XIV, s. 215. H. F. Feilberg: Jul I, Kbh. 1904, s. 184 og 199 og II, s. 64, 66 og 303 og d. s. Dansk Bondeliv II, Kbh. 1913, s. 25. Adolf Wuttkes l. c., s. 60 ff., 94 og 73. Sartoris l. c. I, s. 41 ff.

<sup>203</sup> Sjø m. a. O. Schrader: Reallexikon der indogermanischen Altertumskunde, Strassburg 1918—19, s. 606 ff. Johannes Hoops' l. c., b. IV, s. 505 ff. Paul Hermanns l. c., s. 58, 61, 238, 344, 373 og 530—538.

<sup>204</sup> Sjø m. a. Troels Lund: Dagligt Liv i Norden VII, s. 45—50 og XIV, s. 25 f. H. F. Feilberg: Jul II, s. 73 ff. og Dansk Bondeliv I, s. 285 f. Adolf Wuttkes l. c., s. 189—206, 226 ff., 230—238 og 249 ff. Robert Wuttke: Sächsische Volkskunde, Leipzig 1903, s. 332 f. Grimm: D. M. III, s. 482 ff.

<sup>205</sup> H. J. Wille: Utrykte optegnelser om Thelemarken, Hist. Tidsskr. Kr.a 1882, s. 182—205 og d. s. Beskr. over Sillejords Pgd., s. 250—264. Chr. Glükstad: Hitterdals Beskrivelse, Kr.a 1878, s. 62—72.



287. Ljosestake, Bykle N. M. 8061  
Skören av Olav Skölaas ikring 1830



288. Frå koret i Bykle kyrkje

Måla av A. A. S. Wasshuus 1826

## KUNSTARBEID OG HANDVERK


AV GISLE MIDTTUN

Um ein ikkje plent kann segja, at husbunad og gogner i Setesdal er noko for seg sjølv som me ikkje hev døme på frå andre bygdelag, so skil dei seg likevel ut, og i ei samling der det er saker frå ymse kantar av landet, kann ein lett finna fram dei frå Setesdal. Det som skil dei frå andre, er ikkje so mykje formi og heller ikkje det dekorative utstyret — um det kann vera sérsvipa nok det med — det er meir vyrket og sjøve arbeidsmåten. Bord, benker, senger og annan husbunad er laga av tumetjukke plankar, og jamvel kistillar, ølbollar, ostestaup og andre smågogner verkar store og tunge. I alt som er laga av tre, tykkjest me sjå øksehoggi, og hamarslagi syner greidt på hurdjarn, låsar og annan smidd heimil. Det er noko sterkt, støygt og

storfelt yver alt som er laga i Setesdal. Serleg gjeld dette alt mannsarbeidet eller handverket.


Kvendarbeidet er mindre sérmerkt. Det gjer liksom so lite av seg, og samanliknar me det med arbeidet i andre bygdelag som t. d. Telemarki eller Gudbrandsdalen, fell det igjenom. Det kann vel gjera sitt, at me hev so lite etter av gamal setesdalsk vevnad og saum; men so pass er det då, at i minsto litt av det sérmerkte skulde synt seg i tilfanget vårt, um det hadde vore noko større av det.

Me hev minst av vevnad, serleg åklæ og tæpe, og dei me hev, er ikkje gamle. Dei gjeng snauvt lenger attende enn til ikring 1800. Koss det var fyrr den tidi, veit me lite um. I ei ordsamling frå Robyggjelaget frå slutten av 1600



289. „Skåp og kvilu“, Mosdøl, Bykle

Mål av Knut K. Vatnedalen i 1857



291. „Skåp og kvilu“, Lauvdal, Bygland


Snikkra av Eirik Østerhus ikring 1822  
og måla av Jorund Tjørehom i 1850

åri er nemnt „*Huus-bonur*, de stoere væfuede Klæder, som tilforne vare brügelige at omdrage vegene med udi Bryllupper og Giestebudd<sup>1</sup>. Disse husbunadene hev vel helst vore bilet-tæpe, so me skynar, dei hev havt slike i Setesdal med; men det er visst lenge sidan, dei var i bruk. Alt i slutten av 1600 åri ser me, at dei høyrde forntidi til, og i skifti som gjeng attende til 1698, er ikkje nemnt eit einaste tæpe som me hev grunn til å tru var vove med bilete. Elles finn me i det heile lite med tæpe i skifti, og dei hev difor visseleg ikkje havt so mange av dei. Sengklædi var mest kvitlar og skinnfeldar, og berre ender og då finn me noko slikt som „it Theppen, 1 Rudet Sengeklæde, 1 sribet Sengeklæde, 1 Broget Seng-Klede“ o. s. b. (sjå s. 188—190). Svenske tæpe er derimot nemnt fleire gonger (sjå s. 192 f. og 194 f.). Koss svenske tæpet såg ut, veit me ikkje visst. Truleg er det eit tunt tæpe med varp av lin og veft av lin like eins, men ilag med ullgarn som mønstret er vove med. Ullgarnet er farga i leter som for det meste skifter frå brunsvart til ljost gult, og tæpi ser ut som var dei sauma. Mønstri er so ymislege — rutor, krossar, bordar o. s. b., men mest alle desse tæpi hev ei stor firkanta rute midt på. Ho skil seg ut i fargen. I Sverike gjeng ho sume

stader under namn av „presteruta“.<sup>2</sup> Her hev eg ikkje høyrte noko namn på ho. Mangt tyder på, at desse tæpi er innførde frå Sverike, og um so er, hev dei vore vanleg marknadsvare; men elles kann det godt henda, at det berre er mønstret og arbeidsmåten som er hermt, og at det er grunnen til, at desse tæpi i Setesdal i 1700 åri gjekk under namn av svenske tæpe.


Dei vanlege åklædi me kjenner frå Setesdal, er vovne i rutor med saksebordar kring kantane; men me hev åklæde med stjernor og ymislege mønster i rutor utan saksebordar og. Ender og då er åttebladrosa nytta til mønster, og stundom finn me, at stjernor med ei liti åttebladrose innanfor er brukt. Endeleg hev me eit motiv som er sett i hop av valknutar med fire vinlauv. Liknande åklæde kjenner me frå Vest-Agder, og same vevnaden finn me att på Vestlandet; men åklædi i Vest-Agder og Setesdal skil seg likevel ut i ei skarpt avgrensa gruppe. Dei er større enn vestlandsåklædi og alltid sydde i hop av tvo smale stykke som er vovne kvar for seg.<sup>3</sup> Men som nemnt hev me ikkje mange åklæde frå Setesdal, og dei er heller ikkje gamle. Me hev difor lite og inkje å byggja på.

Småvevnad som „lindar“, belte, „gjurdor“ og band hev dei meir



290. Seng, Valle

N. F. 803—13



292. „Skåp og kvilu“, Lauvdal, Byggland

Snikkra og måla av Torgeir O. Solberg i 1881—82



294. Stolpehus, Jördalsbo

Sett upp av Mikkel Aanonsson Kross-stog i 1731

av, og her finn me mange gode mønster og vent arbeid. Mønstri som er sett saman av rette og skrå strek, krossar, rutor o. a., gjeng langt attende. Heilt til det siste hev dei brukt so utgamle vevgognar som „spjollvev“ (brikkevev) og grindvev i Setesdal, og dette hev sjølvsagt gjort sitt til, at dei gamle mønstri hev halde seg. No brukar dei ei sers „bandvevrei“ som eg ikkje kjenner frå andre kantar av landet. Ho liknar ei uppstadgogn; men ho er mykje mindre, og veften slær ein nedover og ikkje oppover som på uppstadgogni. Elles kann ein veva dei same mønstri både på „bandvevrei“ og på grindvevgogn. Vev ein „med spjoll“, vert det onnorleis. Dei hev namn på mønstri. Me hev soleis band, belte og lindar med „krokar“, ein krok i „tylebandi“ (flettebandi) (pl. 4, 17) og tri og fire krokar i belte og lindar (pl. 4, 19). So hev me med „skjekkju“ (pl. 4, 18), med „kross og kringle“ (pl. 4, 21), med „hølo“ (pl. 4, 16), „kambrennt“ (pl. 4, 7) og „Slettevoddvevna“ (pl. 4, 11). Det siste namnet er frå Valle, og det skal koma av, at ei gjente på Slettevollen vov slike band eller „gjurdor“. Sokkeband vev dei like eins, og mønstret er „skjeregang“ (saksebord). Elles er sokkebandi oftast „slengde med hondo“ — brigda som det heiter på Vestlandet.



293. Seng, Tveiten, Valle

Truleg arbeid av Torgeir E. Uppstad

Liknande bandvevna som i Setesdal hev me truleg havt i mange andre bygdelag. I minsto finn me dei same vevgognene mest alle stader i landet.


Saumen i Setesdal, både den eldre og den nyare, heng i hop med telemarkssaumen. Den eldre saumen finn me på kinnplagg (pl. 4, 1 og 14), bundingsvottar (pl. 4, 12) og hatteklutar (pl. 4, 10). Kinnplaggi der åttebladrosa er hovudmønstret, hev me plent maken til i Telemarki, og hatteklutane liknar mykje på lik-krossane derifrå. Mønstret — bladgreiner og stiliserte blomar — er det same; men fargevalet er onnorleis. Dei hev brukt meir raudt i Setesdal.

Frå ikring 1840 og utyver hev me „bleiesaugen“. Han er mest nytta på barnehuvor og kinnplagg eller „bleiu“ som kinnplaggi oftast er kalla, og av det kjem vel namnet. Det kann godt henda, at denne saumen er eldre i dalen enn 1840 åri; men eg hev til dessar ikkje funne noko døme på det. Bleiesaugen er tett som var han voven, og mønstri minner um vevna like eins. Det er rutor og sikk-sakk band (pl. 4, 3, 5 og 13) eller hakekrossar og eit slag dobbeltkrossar som tykkjest ha kome frå valknuten (pl. 4, 2 og 15). I bordar o. dl. er sikk-sakk mønster og oppløyste rankemotiv nytta (pl.



295.

N. F. 636—11



296. „Høne“

Mærkt: O: O: VIGEN MDCCCLXXXVIII

B. M.



297. Tine, Jördalsbø

Laga av Jø-  
rund Mele

4, 2, 13 og 15). Dei same mønstri finn me m. a. att på skjortekragar og handlingar i Telemarki. Der er saumen tvillaust eldre, so i dette høvet lyt me tru, at setesdølane hev hermt etter telemarkingane. Det same er tilfellet med „krullesau-  
men“ som me hev på bunader og på vottar (pl. 4, 4). På bunadene brukar dei elles mykje „rutesaum“. Som namnet segjer er mønstret rutor. Korkje denne saumen eller krullesau-  
men er gamal i dalen.

Dei hev mykje vent spøt i Setesdal — sokkar og vottar; men spøtet er snautt eldre enn 1830—40 åri. I minsto byrja dei fyrst då å spøta sokkar.<sup>4</sup> Mønstri derimot er gamle. På sokkane (pl. 47, 4—6) finn me både tvo- og tribandsflettingar, strekornamentikk og rutor. Sokkar o. a. spøt er alltid einleta — svart eller kvitt — og dei hev ikkje som mange andre stader laga mønstri ved å ymsa på fargane. Fyrr brukte dei mykje å binda; men so vidt eg veit, var det berre vottar og leistar dei batt og so sileklutar („silhår“) av nautehår. Desse siste bind dei enno. Sokkar hev dei visst aldri bunde. Dei sydde dei av vadmål. Å binda er ei gamal kunst, me hev døme på bundne leistar frå Egypt frå 4—6 hundradåret.<sup>5</sup> Det er alltid saum på dei bundne vottane og leistane i Setesdal (pl. 4, 12).

Når kvendearbeidet i Setesdal som fyrr er nemnt, gjer so lite av seg, kjem det av, at kvendi hev havt so mangt anna å gjera. I alt vinnearbeidet gjekk dei til liks med karmennene, og attåt det hadde dei heile husstellet. So lyt me hugsa på, at dei spann, vov og sauma alt dei trong av klæde til huslyden. I alt slikt gagns- og nyttearbeide hev setesdalskvendi vore likso flinke som kvendi andre stader.


Mennene hadde betre stunder og kunde difor gjera seg meir fyre med arbeidet sitt; men elles er vel dette snautt grunnen til, at hus, husbunad, gogner o. a. — m. a. o. det mennene

hev laga — stend so mykje høgare enn kvendearbeidet. Grunnen er helst den, at i dei fleste høve er det fagfolk som stend bak. Sjølv sagt kunde nokon og kvar timbra, snikkra, smida og gjera anna arbeid so til husbruk; men skulde det vera på beste måten, måtte dei til som kunde. Me kann vel snautt kalla dei handverkarar i vanleg tyding — dei fleste var gardbrukarar og hadde ikkje handverket til hovudleveveg;<sup>6</sup> men tek me omsyn til det dei hev gjort, kjem dette namnet nærast sanningi. Og det dei hev gjort, vitnar um, at dei hev vore duglege. På mange umkverve held dei fullt mål med handverkarane i andre bygdelag.

For å taka timbermannsarbeidet fyrst, so er det snautt, me finn slikt arbeid andre stader. Husi er store med fint verka timber og med godt hogne laft. Det mest vanlege laftet i dalen ser me på pl. 34, 5 IV. Me hev vissa for, at det hev vore brukt heilt frå slutten av 1500 åri og ned til våre dagar.<sup>7</sup> Liknande laft hev eg set i Vest-Agder og Telemarki. I høybuer og andre uvande hus, finn me det mest primitive laftet. Her er stokkane hogne i hop på halv ved (pl. 34, 5 I a-d). I nokre stolpehus og kvernhus som er bygde upp av kløyvde stokkar, hev me „sinkelaftet“ (pl. 34, 5 II). Eit av kvernhusi ber årstalet 1563, so sinkelaftet er minst so gamalt. På pl. 34, 5 III hev me eit uvanleg fint hogge laft der det er lagt serleg vinn på at novene skal vera tette. Det skriv seg frå millomalderen (sjå s. 171). Andre slag laft enn dei som no er nemnde, hev eg ikkje funne i dalen.

So vidt me kann skyna, var dei fleste timbermennene snikkarar òg. Bygde dei eit hus, gjorde dei det fullt ferdigt med all den husbunad som til høyrde. Dei laga bord, benker, senger og skåp, og det hende, at dei til og med laga dei få stolane som skulde til.

Den husbunaden dei hadde i eldre tid, då dei sat i gamlestovone, kann me



298. Skåp, Jördalsbø

Snikkra av Mikkel Aa-  
nonsson Kross-stog i 1757



299. Tine, Jördalsbø  
Merkt: A K S D E H A R 1798



300. „Høne“  
Merkt: G G S E H 1751



301. Tine, Byggland  
N. F. 436—97

mest segja er timbra i hop, laga som han er av tjukke, breide plankar og sett saman med naglar og bløygar. Fyrst i 1700 åri, då nyestovone kom, byrja snikkararbeidet. Då laga dei husbunaden med råmeverk, listor og fyllingar; men jamvel då var det vel i dei fleste høve timbermennene som gjorde snikkararbeidet.

So lenge dei budde i gamlestovone, heldt dei primitive formene seg. Det einaste er i skåpi. I listverk, fyllingar o. a utstyr hev dei sterk renessansesvip (sjå m. a. fig. 116 og 281). Dette er so rimeleg; for av dei gamlestoveskåpi me kjenner, er ingen eldre enn slutten av 1600 åri, og det er eit spursmål, um dei hev havt skåp i stovone sine fyre den tidi (sjå s. 155). Elles var det fyrst i 1700 åri, at renessansen sette sine merke på husbunaden; men so hev han halde seg heilt til det siste. I seinare tid, frå 1830 åri og utetter, ser me rett nok av listverk og fyllingar, at empiren ikkje er heilt framand for setesdalssnikkarane (sjå m. a. pl 19), og i den tidi kjem inn nokre nye møbel-former (sjå fig. 145 og 282); men i hovuddragi er det renessansen som rår. Med stolane er det litt onnorleis. Sjølv sagt hev me mange stolar som hev si rot i renessansen (sjå fig. 134, 136, 138, 139 og 263); men dei eldre formene (sjå fig. 135) gjeng trutt ved sida. Serleg er ein stol med tri føter og bøygd brugde (rygg) vanleg (sjå fig. 264 og 266). Desse stolane lagar dei enno.

Ved sida av timbermanns- og snikkararbeidet dreiv dei med treskjering. Sjølv sagt var det ikkje alle timbermenn som kunde skjera ut, og heller ikkje alle treskjerarar kunde timbra og snikkra; men i det store og heile trur eg det hørde med til timbermannsfaget, at dei kunde alt dette, i minsto i eldre tid. I dei fleste høve

er det visseleg timbermannen sjølv som hev skore svalstolpane og beiteskiene i loft og stovor. Dei mange små skrin, øskjor, drikkekjerald o. a. småbidne derimot lyt me helst tru er laga av det ein kallar hendige folk, som kunde bruka teksla, kniven og skjersaksi framifrå godt. At det ikkje var kvar manns arbeid skynar me m. a. av det, at mange av desse småbidni er laga av same mannen. Dei same fyrebokstavane med E H (eigi hand) etter stend innskorne i botnane.

Skurden i Setesdal er på mange måtar noko for seg sjølv, og med undantak av Vest-Telemarki hev me ikkje noko liknande i andre bygdelag. Han trong difor ei både mykje større og betre utgreiding, enn eg kann gjeva her.

Den eldste skurden me kjenner frå Setesdal hev me på dørstolpane frå Hylestad og Austad kyrkjor. Dei er frå det 12. og 13. hundradåret (sjå Dr. Wallems avhandling, s. 122—133). Vidare hev me eit par beiteskier som like eins skriv seg frå millomalderen (fig. 256). No stend dei i eit loft på Bø i Valle; men dit hev dei vel kome frå kyrkja i Valle eller òg Nomeland. Etter den tidi kjenner me ikkje treskurd i Setesdal, fyrr me kjem ut i 1600 talet. Millom dei skorne sakene me då hev, er vel nokre brugdebenker eldst (den eine sjå fig. 261). Dei hev degenerert, samanfløkt romansk ranke- og bladornamentikk med bilete av Roland og Holger Danske eller Soldan. Me tykkjest finna att litt av den same karakteren me hev i skurden på kyrkje-stolpane; men elles hev me lite og inkje som tyder på, at skurden frå den tidi hev havt nokon innverknad på ornamentikken i dalen. Den vanlege skurden er onnorleis.

Eit motiv som alltid gjeng att, ser me på pl. 35, 9 og 36, 6. Upphavet til



302. Skåp  
Merkt: ANSTEN EIRIC SØNI AFVER GIORT 1715

B. M. 5636



303. Kiste, Hegland, Austad  
Merkt: J S E H ANO MDCCLXVIII

N. F. 223—10



305. Kiste, Byggland

Måla av Hallvor Ashjornsson

dette ornamentmotivet som er grunnlaget for det meste av setesdalsskurden, hev me i den romanske ornamentikken som atter hev sine røter i klasiken. Denne palmettranka, um me kann kalla ho so, tykkjest ha kome av, at tvo romanske rankor er lagde ved sida av kvarandre. Alle yvergagnsformene er det uråd å finna her i landet; men innanfor den motivkrinsen som frå Bysans spreidde seg utyver Europa, hev me døme på ei sovori utvikling, og dit må me søkja, vil me vita noko um opphavet til motivet. Dette orientalsk-bysantinske element kann ha kome upp til oss på tvo vegar, ein i aust yver Russland og Sverige og ein i vest yver Tyskland; men på austvegen vert ornamentet so degenerert,<sup>8</sup> at det snautt kann ha vore fyrebiletet for dei norske treskjerarane, so det er helst truleg, at me hev det frå Tyskland<sup>9</sup> der me på seinromanske kyrkior og bindingsverkshus finn eit ornament som er i slekt med vårt.<sup>10</sup> Me finn det att i ei kyrkje i Västergötland i Sverige og i sydengelske katedralar; men i Sverige er det meir degenerert<sup>11</sup> og i England gotisert.<sup>12</sup> I Noreg kjenner me motivet frå tvo stavkyrkjeportalar, frå Aardal og Gransherad kyrkior,<sup>13</sup> medan det heilt vantar på setesdalsportalane.

Den setesdalsornamentikken det i dette høve er tale um, skriv seg som fyrr nemnt frå ei langt seinare tid. Det er difor uråd å vita, når han hev kome inn. Men han hev fenge ein sersvip som truleg kjem av påverknad frå den gotiske karveskurden. Dei romanske bladformene er laga um, so dei hev vorte kvassare

(sjå pl. 36, 2-5), og me lyt difor helst tru, at leivningar av den ovannemnde motivkrinsen hev halde seg i dalen gjenom heile millomaldere, og at det er den me ser dei siste restar av i 16 og 1700 åri.

Som nemnt er ornamentet svært vanleg, og det er variert på ymse måtar (fig. 251 og pl. 18). Det tykkjest ofte ha mennt seg med ringkjeda<sup>14</sup> som me like eins finn i dalen (fig. 311). Desse tvo ornamenta må ha vore ihopmengde tidlegare ein gong, fyrr dei nådde upp til oss, og denne dobbeltpåverknaden hev gjort, at det ofte ikkje er so godt å skyna, kva som i kvart høve ligg til grunn for ornamentet (fig. 254, 275 og 277).

Ender og då møter me eit ornament, t. d. fig. 297 og 301, som minner sterkt um den gamle palmettranka; men det er lite truleg, at eit ornament som var fullt utforma i den klassiske forntidi og endå lenger attende,<sup>15</sup> hev halde seg ubrote so lenge, og likskapen må ha ein annan grunn. Me veit at i renessansetidi dukkar alle dei ovannemnde ornamentmotivi uppatt yver heile Europa. Her i dei nordiske landi hev me dei òg.<sup>16</sup> Dei kann ha nått upp til Setesdal; men mest truleg er det, at det er den romanske stilen som ligg til grunn no òg.

Det kjende bollemotivet (sjå m. a. pl. 54, 1) som Dietrichson<sup>17</sup> og Visted<sup>18</sup> hev skrive um, og som Dietrichson meinte skulde vera Kristus på krossen, er like eins gjenge ut frå den romanske motivkrinsen. Utgreidingi til Visted er visseleg i det




304. Kiste, Jördalsbo

Måla av far og son, Eivind Lande og Tor E. Lande



306. Kiste, Bø, Valle

Truleg måla av O. A. Reierdal



308. Kiste, Byggland

Truleg måla av Torgeir E. Uppstad

N. F. 941-18

store og heile rett. Upphavleg er motivet eit romansk blad-ornament som hev vorte meir og meir oppløyst. Litt etter kvart hev det, under påverknad av den flata det skulde høva til, gjenge yver til eit fast avgrensa ornament. Seinare hev dei ikkje skyna det upphavlege, og so hev dei laga det um etter eige godtykke (pl. 54, 1 og 3, fig. 225, 227, 229 og 238). Jamvel på ein bolle som den me ser på pl. 54, 4 og fig. 245 der den gotiske karveskurden mest rår grunnen åleine, er det den romanske stilen, som gjev ornamentet karakter.

På dei fleste av dei utskorne kistone er det same motivet nytta. Det hev like eins teke form etter den flata det skulde høva til, og ute i kvart hyrna hev me fenge eit ornament som liknar ei dobbeltøks (fig. 159 og 274). På kistillar er det ofte berre ei einskild øks; men so er det midt på kome noko bladverk til som vel er ætta frå gotikken (fig. 295). På ei og onnor kista er øksane heilt burte, og det er kome bladverk i staden (fig. 303).

Etter Visted si meining hev mannsliket (menneskebiletet) kome til ved at ornamentet ned igjenom tidene hev vorte brigda og mistydt, og dette er vel helst det rette; men eg vil peika på, at det kann ha kome inn etter påverknad frå eit anna bollemotiv, det me ser på fig. 228 og 231. Her er det utskore fire mannslik, kvende. Føtene av dei rekk nedum bollebotnen, og bollen stend på dei. Me kann tenkja oss, at desse mannsliki er flutt høgare upp, og at dei so hev gjenge inn i det fyrr nemnde romanske ornamentet.

Me hev no havt fyre oss det mest sérmerkte av setes-

dalsskurden. Som me hev set, hev han si rot i den romanske ornamentikken. Denne hev, ser det ut til, liksom for alle tider sett sitt stempel på skurden i dalen. Dei skiftande stilformene ned igjenom dei seinare tidene hev aldri slege so djupe røter, endå um me finn ikkje so lite av dei heller.

Serleg gjeld dette den gotiske karveskurden. Som me hev høyrte, hev han i dei fleste høve mengt seg med den romanske stilen; men ender og då er han nytta åleine (fig. 198, 258, 260 og 299). Solsvivismotivet tykkjest vera svært vanleg og er variert på ymse måtar (fig. 258 og 260). Elles hev me lite av gotikk i dalen, og den som er, ser stiv og livlaus ut, som på kista fig. 280 og skåpet 281. Det same lyt me segja um ornamentikken på sengl, fig. 290, der kasettemotiv frå renessansetidi er mengde med degeneret gotisk bladverk, men slik, at dei ymslege motivi er skilde frå kvarandre og nytta kvar i sitt felt. Kasetteornamentikken kom truleg tidleg inn i dalen. I den gamle Valle kyrkja som vart nedrivi i 1840 åri, var det mykje av denne skurden, serleg på pulpituret.

Etter nokre restar å døma var det skore i 1620 åri. I eit skåp som er laga i 1715, gjeng denne skurden att (fig. 302). Elles hev me lite renessanseornamentikk i dalen og endå mindre frå dei seinare stilperiodane. På tina, fig. 271, hev me ein liten snev av rokokko, og den same stilformi tykkjest å ha påverka bladverket på stolane fig. 138, 139 og 264; men ingen av dei er eldre enn 1840 åri.


Den einaste stilen som i nokon større mun tykkjest vera nytta og ført vidare, er dei einfelde flettemotivi som me best kjenner frå messinggrytor



307. Kistelok, inni, Neset, Byggland

Måla av Jørand Tjørehom





309. Kistill, Valle  
Svidd av «Halte-Torgjei Aakre».

N. F. 849-11

og mundlaug frå midt i 1600 åri.<sup>19</sup> Av deim var det mange i Setesdal. Ornamentikken på bomma, fig. 278, der det romanske bladverket ligg til grunn, tykkjest vera sterkt påverka av flettemotivi. Det endelausa samanflokte bandet som i denne tidi er so vanleg i smiekunsti, serleg i Tyskland,<sup>20</sup> hev truleg gjort sitt; men det meste hev vel kome frå den rike symbolske ornamentikken me finn so mykje av i dalen (fig. 279 og 310). Etter kvart fløkjer dei romanske bladi og bladfletningane seg meir og meir i hop til ein uløyseleg knute der det heile er so degeneret, at det er mest umogleg å skyna, kva ornamentet eigenleg gjeng ut på (fig. 223).

Ikkje so sjeldan er biletmotiv nytta, serleg bibelske. Benkeryggen me ser på pl. 7, 4, er skoren etter nokre av tresnitti i Kristian III sin bibel.<sup>21</sup> Like eins er det truleg, at motivi til skurden på benken, fig. 132, er tekne frå biletbiblane. Elles tykkjest skurden her å vera sterkt påverka av skurden på kruthorni som det var mange av i dalen. Dei motivi me ser på skrinet, fig. 267—269, og bollen, fig. 222 og 224, der me m. a. hev bilete av David og Goliat, Olger Danske og Soldan, Aksel og Valborg o. s. b. er henta frå kruthorni like eins. I det store og heile er det eit intimt samband millom biletskurden i Setesdal og skurden på kruthorni. Bollen, pl. 55, 2 og fig. 226, er truleg beint fram skoren av ein kruthornskjerar, Ola Olason, i 1692. Det er vel ein setesdøl; men elles trur eg ikkje, at mange av kruthorni er skorne i dalen. Dei fleste av dei er signerte; men av dei namni eg hev set, er det berre få som er setesdalske. Namni tykkjest heller å peika burtetter til Åmlid ovanfor Arendal, og det er ikkje so umogleg, at me her hev havt eit sentrum for „kruthornfabrikasjonen“ på Sørlandet.

Me veit lite og inkje um, kven som ned igjenom tidene hev vore timbermenn, snikkarar og treskjerarar i dalen. Like eins er det med dei andre handverkarane. Det er berre få slike namn som lever på folketunga, og i dei litterære kjeldone finn me sjølvsagt endå færre. Dei hev havt for mange kjempor og andre gilde folk å minnast til det.

Ender og då stend det innskorne namn og årstal på hus og gogner; men det er mest alltid berre fyrebokstavane i namnet, so me vert like kloke, og ofte er det vel namnet til eigaren som stend der og ikkje til meisteren. Utum den ovannemnde Ola Olason som er den eldste treskjeraren me kjenner til, veit me namnet på ein timbermann og truleg treskjerar attåt. Det er Knut Torjusson Helle. Etter segni er det han som hev bygt Oselofti,<sup>22</sup> og truleg hev han sett upp nokre fine loft på Helle i Hylestad òg; men noko meir veit me ikkje um han. Mikkjel Aanonsson Krossstog hev bygt fleire av stolpehusi i Byggland. Eit som stend på Attistog i Jørdalsbø (fig. 294) ber årstalet 1731, og eit på Neset er merkt: „M A S E H : A C T V M : N E S : D E N : 31 APRIL : A N O 1732“. Mikkjel Aanonsson var samstundes ein flink snikkar. M. a. hev han laga det gilde skåpet, fig. 298.<sup>23</sup> Anstein Eriksson hev laga skåpet, fig. 302, i 1715. Eiter arbeidet å døma hev han vore dugande både snikkar og treskjerar.

Frå seinare tid hev me Torgeir Knutsson og Torgeir Eivindsson, båe frå Uppstad i Hylestad. Dei arbeidde i fyrste hølva av 1800 åri.<sup>24</sup> Torgeir Eivindsson hev snikkra skåpet og sengene me ser på fig. 124. Han hev truleg laga sengi, fig. 293, like eins. Ikring 1814 var Olav Jonsson Vaa frå Raulandsstrondi i Telemarki og snikkra i Bykle kyrkje. Pulpituret og ymist anna som hev kome til då, er truleg hans arbeid. Olav Skörlås frå Bykle var god til å skjera ut ljosestakar. Han brukte for det meste den gamle akvamanileformi (fig. 287). Ljosestakane selde han aust i Telemarki og heile dalen utetter. Dei eldste stakane hans gjeng attende til 1830 åri. Jon Torgeirsson Flateland var snikkar og treskjerar. Han var litt „rar“ av seg og laga mest berre stolar, tolv nye til kvart år. Stolen, fig. 139, er hans arbeid. Eirik Øysterhus frå Evje hev ikring 1822 snikkra og skore ut skåpet og sengene me ser på fig. 291, og Anders Syrteit, like eins frå Evje, bygde kyrkja i Valle i 1844. So seint som frå 1860 åri og utetter veit me namni på fleire snikkarar og treskjerarar, og eg nemner i fleng: Aasmund Nikolausson Flateland, Sigurd Eivindsson Berge, Augund Taraldsson Bø, alle tri frå Valle, Olav Knutsson Vatnedalen, Bykle, Aanon Andresson Øynæ, Byggland, og Torgeir Olavsson Solberg frå Sirdal, men ætta frå Setesdal. Han arbeidde so seint som i 1880 åri i Byggland (fig. 292).<sup>25</sup>

Ved sida av skurden var den svidde ornamentikken svært vanleg; men det var berre på mindre gogner som skrin, øskjor, bommor, ambarar, tinor o. dl. dei brukte å svida eller brennemerke som det heiter i dalen. Dei eldste svidde ornament (sjå fig. 199, 200, 207 og 208) ser geometriske ut og er truleg påverka av karveskurden. Seinare, etter at rosemålingi hadde teke til, byrja dei med rankor, blommar og

bladverk (fig. 211 og 309). Flettemotiv og symbolsk ornamentikk som „endelaus kross“ (fig. 310) og valknutar (fig. 248) er ofte nytta. Elles fell det liksom av seg sjølv, når me tek umsyn til den flata ornamentet skal høva til, at einfelde bordar og band vert det mest vanlege (fig. 201, 203, 212, 215 og 216).

Det er berre få „brennemerklarar“ me veit namnet på. „Halte Targjei Aakre“ frå Valle som levde i 1820 åri, skulde vera sørs god. Han hev svidt det vene skrinet, fig. 309. Like eins var Tarald Sveinsson Haamaaren som arbeidde umlag på same tidi, av dei beste. Nystøskja, fig. 310, skal vera hans arbeid. Hallvor Bjørnsson Uppstad hev svidt mange nystøskjor i si tid. Han døydde so seint som i 1904; men då var han rett nok 84 år gamal.<sup>25</sup>


Rosemålingi i dalen hev på langt nær havt so mykje å segja som treskurden og ho er heller ikkje gamal. Både Valle<sup>26</sup> og Austad<sup>27</sup> kyrkjor veit me var rosemåla; men dei er nedrivne, Valle i 1843 og Austad i 1868, og nye er bygde upp att, so kor gamal målingi var, veit me ikkje noko um. I Bykle kyrkje hev me enno rosemåling (fig. 253 og 288); men ho er ikkje eldre enn frå 1826. Fyrst ikring 1850 byrjar dei å rosemåla stogeinneidningane („skåp og kvilu“). Stogeveggene hev vore umåla heilt til det siste; men då er det sjølv sagt ikkje rosemåling lenger. Berre ender og då hev dei måla bilete på veggene. På Uppigard Kveste, Valle, stod dei fem kloke og fem dårlege jomfruone og dessutan eit par hermenn til hest (Roland og Soldan?). På Sygard Tveiten, Valle, hev me det same, og dei stend vel enno, um ikkje stoga er nedrivi. Denne målingi skriv seg frå tidi ikring 1800. Dei einaste gogner eg veit um at dei rosemåla fyrr den tidi, var ølbollane og ei og onnor kista.

Dei fleste rosemåla ølbollane i Setesdal skriv seg frå 1700 åri. Rett nok hev me der som andre stader i landet ikkje so få bollar med den fine, tunne målingi frå ikring 1600; men dei hev visseleg kome fullt ferdige heim frå byen eller marknaden, so me skal ikkje hefta oss med dei. Fyrst i 1700 åri finn me bollar som er måla av bygdemålarar. Den målingi me då hev (sjå pl. 7, 3 og 53, 3 og fig. 239 og 241), stend svært nær den ovannemnde tunne renessansmålingi. Ender og då tykkjest kasettemotivet som me kjenner best frå skurd på kyrkjeinventar frå 1620 åri, å vera lagt til grunn (fig. 234). Alt dette gjeld målingi litt fyre og ikring midten av 1700 åri. På bollane frå tidi 1760–90 er akantusrankor og tulipanar det mest vanlege motivet (pl. 7, 1 og 53, 1 og 2 og fig. 246). Til dessar er setesdalsmålingi plent lik målingi i Vest-Telemarki, og truleg er det telemarkingar som hev vore i dalen og måla. I minsto veit me, at den eldste målaren me kjenner, var telemarking. Det er Tore Napper, som visseleg var frå garden Naper i Fyresdal. Arbeidi hans

er lett kjennelege (fig. 239) og ofte er dei signerte. Han brukar mest alltid latinske innskrifter, og rett som det er hev han bilete av kongane som var med i Den store nordiske krigen og av slotti deira.<sup>28</sup>

Ikring 1800 vert målingi i Setesdal sterkt påverka frå Vest-Agder. På denne tidi hadde dei der, serleg i Fjotland, fleire duglege målarar som for vide rundt ikring bygdene. Det var Ole Toresson Kvinlaug, Gutorm Eftestøl, Torgrim Olsson Knaben, Aslak Kolbeinsson Haaland o. m. fl. Um nokon av desse var i Setesdal, hev eg ikkje fenge spurt; men i minsto var fleire av dei i Aaseral som den gongen hørde til Setesdal, og der ifrå hev truleg Vest-Agder-målingi kome. Motivi er mest dei same som på telemarksmålingi, rankor, tulipanar o. a. blommar; men dei er måla med breidare pensel og er etter mi meining mykje meir dekorative (sjå pl. 5, 2, 7, 5 og 8, 1). Bilete, serleg med motiv frå brurelidi, er mykje nytta (fig. 243 og 249 og pl. 55, 1).

I 1840–50 åri kjem eit par telemarkingar yver til dei øvre bygdene og set skot i målingi. Det er Halvor Asbjørnsson frå Vinje og Kjetil Saaheim frå Tinn eller „Fille-Kjetil“ som han helst vert nemnd. Kjetil heldt seg i Bykle og i Oveinang i Valle, medan Hallvor var nede i hovudbygdi i Valle. På fig. 160 ser me litt av målingi hans. I Byggland arbeidde umlag samstundes Jørund Tallaksson Tjørehom. Han var frå Sirdal, men setesdøl av ætt. På Lauvdal hev han m. a. måla ein stogeinneidnad (fig. 291) og på Neset ei gild kiste. Inne i loket hev han sett namnet sitt (fig. 307). Truleg er bollane me ser på pl. 6, 7 og fig. 244 hans arbeid like eins. Etter han kom i Byggland Andres Sørensson Brattland. Han er liksom den siste rettelege rosemålararen i Setesdal (pl. 5, 4). Han tykkjest å vera sterkt påverka av Kjetil Saaheim. Bjørgulf Jonsson Mannspann eller Heggebakkje frå Valle er litt eldre. Han hev måla hengjeskåpet, pl. 8, 2,



310. „Nystøskje“, Valle  
Svidt av Tarald Sveinsson Haamaaren

N. F. 802—13

i 1862. Målingi hans er mykje herming etter Hallvor Asbjørnsson; men han er på angnt nær so god.

U... dei eg her hev nemnt, veit me namni på nokre få til. Den eldste er Ellef Nielsøn Odde, truleg frå Evje. Ølskåli, pl. 7, 2 hev han måla og signert i 1738. Bollen, fig. 241, er truleg hans arbeid like eins. A. A. Washuus frå Raulandsstrondi hev måla i Bykle kyrkje i 1826 (fig. 253 og 288). Ei liti tine, pl. 6, 6, hev visseleg han havt handi si på. I Bykle hev Olav Knutsson Vatnedalen eller Buseten som han oftast vart kalla, ikkje måla so lite (fig. 289). I Valle kjenner me Olav Grosson Kjelleberg frå 1830 åri og utetter; men „han va' 'kji ko ein klattmåleri“. Hallvor Olsson Haugen i Valle, som måla i 1860 åri, „va' mykje bet' hell Olav Grosson“, Elles hev me Olav Bakken frå Bjørgum i Hylestad og Olav Gautsson frå Valle i Audnedal, Vest-Agder. Den siste arbeidde i Byggland so seint som i 1880 åri.<sup>25</sup>

I det store og heile er ikkje rosemålingi i dalen so særmerkt som treskurden. So vidt me kann skyna, var det fyrst seint, at setesdølane sjølv byrja å måla, og i målingi si hev dei mest levt på lån, som me hev høyrte både frå aust og vest. Fargane derimot er gode, sterke og friske, og her syner seg det setesdalske huglyndet.

Sylvsmedar, smedar og andre handverkarar hev det ikkje vore so få av i dalen, og etter arbeidet å døma hev dei vore hage; men me kjenner lite til dei. Eit av dei få namni eg hev høyrte, er Salmon Haugebirkje frå Valle. Han var sylvsmed og laga mest sylgjor, „Salmonsygjor“ dei kalla dei, og hornringar (fig. 192). I 1838 fekk han seg ei bot. Han hadde ikkje lovleg løyve til å driva som sylvsmed.<sup>29</sup> Sjølv sagt hev dei havt sylvsmedar i dalen fyrr Salmon Haugebirkje, so mykje sylv som der hev vore; men elles er det gamle sylvet, „stutesylvet“, dei kallar det, plent likt det gamle sylvet i andre bygdelag, so me lyt helst tru, at det er byarbeid. I mange høve hev me vissa for dette.<sup>30</sup>

Frå 1850 åri og utetter hev me mange sylvsmedar. Dei lagar mest knappar, sylgjor og hornringar. Det tykkjest ikkje vera so stor skilnaden på dei. Dei arbeider umlag etter dei same mønstri alle i hop. Ein av dei mest kjende sylvsmedane i Valle frå seinare tid var Aanond Torgrimsson Flateland. Han arbeidde i siste hølva av 1800 åri. I Hylestad var Eivind Heggland, bror av Bjørgulf Uppstad, sers dugande. Elles veit me namni på nokre austmenn som arbeidde i dalen i 1840—50 åri. Det er „Kjara Vaddi“ frå Mo eller Vinje og Lars og Olav Blekum frå Skafse. Kjara heldt seg i Bykle og Lars og Olav i Valle. Lars blanda so mykje kopar i sylvet sitt, at han fekk vednamnet „Kåpårhaugen“. Frå 1870 åri og utetter hev me so mange sylvsmedar i dalen, at det for romet si skuld er uråd å nemna dei, og dei er so nye, at det er lite lønt òg.

Um dei gamle setesdalsmedane veit me svært lite. Her hev me berre det gamle smedarbeidet å halda oss til, og det vitnar um, at dei hev vore sers dugande. Som me ser av fig. 105, 251, 254, 259 og pl. 22, 2 og 37, 1-3 er det milloalderformene som rår, og dei hev halde seg heilt upp til våre dagar. I so måte gjeng smedarbeidet og treskurden ved sida av kvarandre.

Ein av dei eldste smedane me kjenner namnet på, er Tor Bjørgum frå Hylestad. Han levde ikring 1800.<sup>31</sup> Torgeir Jonsson Rysstad og Gjermund Torgeirsson Rysstadmoen, bae frå Hylestad, arbeidde fyrst i 1800 åri. Torgeir gjorde dirkefrie låsar, rakeknivar o. a. finare arbeid.<sup>24</sup> Olav Drengsson Hovtuft frå Valle var ein flink smed. Han hev m. a. laga låsen på hovuddøri i Valle kyrkje i 1844. Eivind Halvorsson Berge gjorde like eins låsar og endå til byrsepipor. Han arbeidde fra 1850 til 1880 åri.

På Rysstadmoen i Hylestad hev det alltid vore mange smedar. Dei smidde ljå og svarva rokkar. Som det heiter i eit stev:

„På Rysstadmonen e' husmenna nie,  
sume svorve og sume smie,  
ha dei 'kje vore so nyttugt fokk,  
so ha dei 'kje kunna livt på den kjurre mo.“

Rysstadljårne er kjende vide vegnene ikring. I Valle hev det vore mange ljåsmedar like eins. Eg hev høyrte namnet på eit par av dei mest kjende. Det er Olav Aanonsson Flateland og Svenkje Knutsson Dale. Dei arbeidde i 1840—50 åri.<sup>25</sup>

Fleire handverk enn dei me no hev havt fyre oss, hev ikkje vore drivne i dalen, i minsto ikkje i nokon større mun. Sjølv sagt var der både hatte-, kambe-, vevskei- og klokkemakarar, knappestøparar og folk som støypte messingsylgjor og tobaksdåsar; men det var mest farande, utanbygdes folk, ofte fantar, som gjorde sine visse turar gjennom dalen. Soleis hev me „Dilgeran“ som selde og vølte klokkor,<sup>32</sup> Svein Gylaugsson frå Aaseral og Torbjørn frå Nissedal, bae hattemakarar,<sup>33</sup> „Johannis Frærrikson“ laga vevskeier og kambar,<sup>34</sup> Ole Olsen Stuverud som fór frå sokn til sokn og støypte knappar og sylgjor,<sup>35</sup> og endeleg Tor Olsson Berge som var god til å laga messingdåsar til skråtobak.<sup>24</sup> Dei fleste av dei her nemnde levde fyrst i 1800 åri.

Desse namni lærer oss ikkje stort; men dei gjev oss likevel eit lite bilete av, kor heilt onnorleis livet var fyrr. Den eine vandrane „handverkaren“ etter den andre drog gjennom bygdene. Rosemålarar og snikkarar hev like eins fare rundt, endå dei var av eit støare slag. Av dette skynar me, kvifor me i Setesdal, som i alle våre andre bygdelag, møter so sterk påverknad frå mange kantar. Dei ymislege stilartar og former kann dei mange vandrane handverkarar ha kome med. I Setesdal er denne påverknaden etter måten

minst. Det hev me det tunge, sterke og konservative huglyndet hjå folket i dalen å takka for, og det hev gjort, at setesdalskulturen er ein av dei mest sérmerkte i landet.

### MERKNADER

- <sup>1</sup> Torleiv Hannaas: Ordsamling fraa Robyggjelaget fraa slutten av 1600-talet, Kr.a 1911, s. 21.
- <sup>2</sup> Professor dr. Nils Lithberg hev fortalt meg dette.
- <sup>3</sup> Einar Lexow: Gammel vestlandsk kunstvæv, Bergens Museums Aarbok 1914, avh. nr. 2, s. 17.
- <sup>4</sup> Arkivet åt Norsk Folkemuseum.
- <sup>5</sup> Maria Collin: Sydda vantar, Fataburen 1917, s. 76 f.
- <sup>6</sup> Dette skynar me m. a. av, at det i folketeljingslistone ikkje stend nemnt ein einaste mann som er handverkar, og når presten Aamodt i 1811 nemner nokre menn som er „duelige i alslags Haandværk“, er dei alle bønder. (Valle prestearkiv, protokollen for Sogneselskabet for Norges Vel i Valle).
- <sup>7</sup> Dette laftet hev me i Rygnestadloftet som er sett upp i slutten av 1500 åri (sjå s. 173), og timbermennene i dalen høgg det enno.
- <sup>8</sup> Arne: Fornvænnen 1911, fig. 24, 26, 30, 31, 111 og 112.
- <sup>9</sup> Hampel: Alterthümer des frühen Mittelalters in Ungarn, b. 3 Taf. 75, 80, 101, 111, 114, 134 o. s. b.
- <sup>10</sup> Schäfer: Holzarchitektur Deutschlands.
- <sup>11</sup> Roosval: Sveriges kyrkor, fig. 252.
- <sup>12</sup> Rupricht-Robert: L'Architecture Normande, pl. CLXVIII.
- <sup>13</sup> Dietrichson: Den norske Træskjærerkunst, s. 34. Norske bygninger fra fortiden, h. 1, 1880, pl. XXII.

- <sup>14</sup> Einar Lexow: Ringkjeden, Bergens Museums aarbok, 1917—18, Hist.—antikv. række, nr. 1.
- <sup>15</sup> Riegel: Stilfragen, fig. 20, 27, 67, 168.
- <sup>16</sup> Gregor Paulson: Skånes dek. konst, fig. 22. Billedbog fra Frilandsmuseet i Lyngby, fig. 22 og 24.
- <sup>17</sup> Dietrichsons l. c., s. 82 ff.
- <sup>18</sup> Kristofer Visted: Tidskr. for norsk bondekultur, Bergen 1906, s. 130—144.
- <sup>19</sup> Sjø Fett: Norges kirker i det 16. og 17. aarh., fig. 331 og 334.
- <sup>20</sup> Ortwein: Deutsche Renaissance, b. 1 I, pl. 95 og b. 1 II, pl. 18.
- <sup>21</sup> Thor B. Kielland: Christian III's og Frederik II's billedbibler som mønsterforlag 1550—1750, Norsk bokkunst, årg. 1, s. 51 f.
- <sup>22</sup> Skar IV, s. 98.
- <sup>23</sup> Etter segni var han ei tid aust i Telemarki, og der såg han slike. Då han kom heim att laga han maken. Truleg er segni sann; for skåpet hev telemarkssvip.
- <sup>24</sup> Valle prestearkiv, protokollen for Sogneselskabet for Norges Vel i Valle.
- <sup>25</sup> Der det ikkje er nokon sers merknad, er opplysningane um setesdalshandverkarane etter eigne uppskrifter i arkivet åt Folkemuseet.
- <sup>26</sup> P. M. Søgaard: I Fjeldbygderne, Kr.a 1868, s. 35.
- <sup>27</sup> Skar II, s. 31 f.
- <sup>28</sup> Kristofer Visted: Vor gamle bondekultur, s. 200 f.
- <sup>29</sup> St. a. Ekstra retsprotokol 2, s. 26.
- <sup>30</sup> Me hev soleis brurekrunor, sylvbelte o. a. „bondesylv“ som er stempla av bygullsmedar.
- <sup>31</sup> Skar II, s. 92.
- <sup>32</sup> Skar IV, s. 108.
- <sup>33</sup> Skar IV, s. 60.
- <sup>34</sup> Skar I, s. 83.
- <sup>35</sup> St. a. Forhørsprotokol 2 (25/11 1808.)



311. Ljåhus, Valel

N. F. 896—97



## REGISTER

- Aaklæder** (husbunader) 229, 251 fg.  
**Aakre** (Valle) 31, 77, 91, 107\*, 156\*, 181\*, 182\*, 237. Pl. 26, 42, 43, 44, 45, 46, 56  
**Aakre**, Bjug 13  
**Aakre**, Gyro 91  
**Aakre**, „Halte“-Targjei, kunsthåndverker 258, 259  
**Aakre**, Jon 92  
**Aakri**, Hadvaar Knutsson „Sogemannen“ 10, 15, 26, 97\*  
**Aamli** 12, 49, 75\*, 122\* (fund), 133, 134, 135, 143, 144. Pl. 10, 23, 39  
**Aamlidstoga** 148 fg., 157\*. Pl. 23  
**Aamodt**, Christen Thorn, prest 63 fg., 67, 69, 70 fg., 137, 261  
**Aaneland** (Evje) 43  
**Aaraksbø**, Sandnes 11, 39 (fund), 69, 80, 135, 143, 215, 224  
**Aaraks-fjorden** 10, 11  
**Aardal** (sogn) 10\*, 19, 22 fg., 28 (målprøve), 43, 58, 60, 80  
**Aardals kirke** 10, 48, 49, 119 (runefund), 122, 207  
**Aare** (ildsted), 151 ff., 163, 182  
**Aaseral** 9, 10, 14, 20, 49, 82, 135, 246  
**Aasgaardreien**, „Oskorreii“ 149, 170, 184, 244, 245, 246  
**Aasmundsson**, Talleiv, til Rygnestad, 99  
**Abel**, provst (Bygland) 136  
**Andersson**, Kristoffer, foged 82  
**Ansigtstyper** 18\*, 20  
**Antropologi** 16—21  
**Arbo**, C. O. E., brigadelæge 18, 20, 21  
**Arbo**, prest 88, 93  
**Arkæologi** 30—44  
**Asbjørnsson**, Halvor, rose-maler (fra Vinje) 256, 259 fg.  
**Austad** (sogn) 11, 14\*, 19, 22, 27 (målprøve), 41, 43, 48, 58, 60, 74, 82, 135, 224, 256  
**Austa**, Grunde Olavsson 77  
**Austad kirke** 97, 122, 123, 125\*, 130, 255, 259  
**Austad**, Knut 26, 94, 108  
**Austad**, Olav Eivindsson 27, 96  
**Avaldsson**, Olav 50  
**Avgudsdyrkelse**, 89—91  
**Aviser** og tidsskrifter 77  
**Baardsson**, Mons (Rosensværd), Lagmand 83  
**Badstuer**, badstueovne, 145 ff., 173\*, 178 ff., 199, 218. Pl. 38, 39  
**Bagge**, Stig Skafsten 51, 77, 82  
**Bakke** (Aardal), tingsted 10, 49, 52, 55, 69, 83  
**Bakken**, Olav, rose-maler 260  
**Bankvæsen** 75  
**Barkebrød** 78  
**Barnefødsel**, barnestel, 225 fg., 249  
**Barnedåb** 226  
**Barnedødeligheten** 20  
**Barselskikke**, 225 fg., 249  
**Barns arbeide** 65, 212  
**Bebyggelse**, bosætning 31 fg., 35, 43, 142 ff.  
**Befolkningsforhold** 57 fg., 60  
**Begravelsesskikke** 70, 212\*, 235 ff.  
**Beneficeret gods** 67  
**Berg** (i Hylestad) 11, 135  
**Berg**, Hans, prest 61  
**Berge** (Valle) 49, 134, 135, 143, 148\*  
**Berge**, Eivind Halvorsson, smed, 260  
**Berge**, Sigurd Eivindson, træskjærer 258  
**Berge**, Thor Olsen, kunsthåndverker 260  
**Berge**, Tollef Nielsen, Skoleholder 69  
**Bergverksdrift**, se: Grubedrift  
**„Beskrivelse over Setesdalen“** 200 ff., 208, 244, 249  
**Besteland** 11, 134  
**Betalingsmåter** 50, 62, 68, 69, 72, 78, 79, 80, 82, 83  
